THE UNIVERSITY
OF ILLINOIS
LIBRARY
839.83
L83
v.1

Digitized by the Internet Archive
in 2016 with funding from
University of Illinois Urbana-Champaign Alternates

https://archive.org/details/vaerker01llan

17127

Blodstyng

og andre sogor

av

Rasmus Løland.

Kristiania.
Utgjevi af Bertrand Jensen.
E. Walle & Co.s bogtrykkeri.
1895.

Innhald.

Side.

Blodstyng 5

Torgeir smedegut 27

Vanfør 65

Or vegen 79

839.83
L83
V.1

95'30 Krogh

Blodstyng.

726361

Han hadde prøvt mangt i si tid, sa han altid, han Per Saastad uppi fjellgrendi; men det var no smaating alt mot aa vanta paa helsa. Det hadde han fengje finna etter han byrja aa eldast, gu'betre.

Det som serleg hadde vore korset hans no lengje, var allslags vonde styngjer — i ryggen og alle stader. „Det er alt ein *slit* og lid vondt i si tid, som kjem att paa denne maaten", sa han. „Det legg seg i blodet tilslutt, so det kan ikkje anna enn verta styng av". Og med styngjerne fylgde tyngsla og uhimseskap paa alle maatar, so det var aldri umsnakkandes.

Det saag elles ut som dei hadde litt samanheng med umskifte i veret og, desse styngjerne, totte folk. Dei passa nemleg so ofta paa aa koma just som det saag ut til regn og styggever. So maatte han gaa fraa arbeidet og rusla beint heim og leggja seg, det fanst ikkje onnor fura. Dei fór ikkje med spurlag, um det var *tid* til sovore, styngjerne.

„Stakkars Per, han fær rektig verta kjend med det som *naggar*", sa ho altid, ho Madli, kjeringi. So gjekk ho stad og kokte ein kopp

dugeleg sterk kaffi og baud han — ei raad ho no hadde brukt i yver dei sju aari.

„Det nyttar væl ikkje stort med *sovore* sutl“, murra han altid, men lét seg likevel støtt yvertelja til aa freista med det. Han tok svert smaatt til seg i fyrste laget, og sat med den nedtyngde mina, som var vorti so kjennesleg hjaa han, naar han hadde styng. Men rett lengje var det aldri, fyrr han tok betre svelgjer. So breidde han yver seg, so ein saag atti berre haartopparne og ofta ikkje det helder. Medan det so ringde og dreiv ute og tenararne hans og grandarne gjekk vaate og grov med kvar sit, var det sjeldan rett lengje fyrr det tok til aa rjota og pusta tung som fraa ein hest burti den varme sengi.

„Gudskelov og takk . . so lengje ein fær sovefred er det altid ei *von!*“ sa ho Madli.

Denne heimeraadi hjelpte vonom oftare; men altid — aa nei, sa'n. Det var ikkje so væl. Det hadde 'kje vore aa kjæra for daa. Styngjerne stod stundom so kvasse, at det hjelpte kje meir med ein kopp kaffi enn med ein skvett surmysa. Der maatte grundig doktering til, og dette fekk han gjort paa tvo maatar: han fekk henne Kari Ura-Plasset til aa igla seg, naar det vonde blodet sat djupt, og setja paa kopper, naar det sat meir spreitt. Det trefte seg so bra, at ho kunde med baade slagi, ho Kari. Og det var so velsigna væl, at det jamt hadde vore gode

hjelpi i det og. Um det ikkje plent orka aa trekkja styngen ut med e i n gong, so gav han seg jamt etterpaa.

For aa faa det vonde grundigt ut hadde han tilslutt gjort det til fast skikk aa ta seg ei rektig stor-igling kvar vaar og haust — enten han so hadde styng plent daa elder ikkje. „Betre aa vera fyre vár enn etter snar", sa han.

„Og jammisæl var det eit sant ord det", sa ho Kari.

Men naar er noko aa full-lita paa i denne verdi? Det skulde han Per, stakkar, *og* faa finna tilslutt. Det var endaa den same vaaren som „Almuevennen" spaadde so sikkert krig og ho Serina miste den haustbære folgekui si so sneplegt.

Ho Kari hadde i vaar som vanleg vore hjaa han Per og helde stordoktering ein dag. Umfram at det var tid for vaariglingi hadde han ein leid ryggstyng, som det var bra aa verta kvitt. Han hadde sote toleg som eit lam ein heil dag og teke mot hogg og bít paa ryggen, og ho Kari hadde fengje løni si — ein smørklatt og tri braudsleivar for kvar doktering, fast pris.

Men styngen stod like vond enno, han, og gjekk korkje av paa tri elder fire dagar som fyrr. Han vart berre verre etterkvart; midt i veikaste smalryggen so forbrestande ill; ill som ein kvass pompespiker.

Han laut henta henne Kari att. Ho sette

det største koppehornet ho aatte og hadde yver styngen og saup *aat*, so det kunde ha trekt ut dubbelnaglar or ein dørstokk.

Men kanskje det hjelpte? Pompespikeren stod der enno han, so han Per gjekk der snupt gjerandslaus midt i travnaste vaaronni.

No hadde han Per baade høyrt av han Spaa-Hallvard og lese paa prent i Henrik Müllers „hviletimer", at alle gode ting er tri, og at tredje gongen sæter det. Der gjekk altso bod til Ura-Plasset for tredje gongen. Og ho Kari var ikkje furti. Ho gjorde sit beste, so smalryggen hans Per tilslutt tok til aa likjast ikkje lite paa den gamle stovestabben.

„Hjelper det ikkje no, so gjeng det yver *mit* vit og visst eit stykkje inn i baade provsten og bispen sit", sa ho Kari. Men ho kunde ikkje tvila no. Den same sterke voni hadde baade Per og Madli og. Han var for saar i ryggen til aa kunna gaa paa arbeid sidan um dagen nettupp. Men om morgonen etter gjekk han ut paa aakeren heilt råk i ryggen. Ho sa gud ske lov og ære, ho Madli.

— Eit par timar etter stod ho aaleine heime i kjøken og kokte grauten til dugurs. So høyrde ho med eit tunge stig inn gjenom gongen aat stova — ho kjende fotalaget hans Per. Og so kom der ei tung knesting og bresting i sengi. Det var midt i arbeidsykti og saag korkje ut til regn elder vind; Vaarherre trøyste oss . .

Altfor snart fekk ho vissa for otten sin. Daa ho kom inn, laag mannen til tvers paa sengi, graa i synet og hadde fengje styngen att tri gonger verre enn fyrr!

Han reiste seg med stynjing og ank, tok til aa driva paa golvet med lange stig, banna og sputta tobak, so det frøste etter. Rare greior detteher midt i vaaronni! Og aa henta henne Kari fleire gonger kunde ikkje nytta. Hadde ho kunna noko, so maatte det ha hjelpt for lengje sidan. Ein annan mann skulde kosta paa krekset lenger.

„Men um me fekk fat i han Nils Ækraa", kviskra ho Madli fortenkt. Det hadde hendt, at *han* hadde kunna eitkvart, der ho stod fast.

Han Per stansa, klaadde seg djuptenkt i hovudet og sputta att.

Han Nils, ja . . Hadde det vore berre greitt med den karen au. Men det var det det helder ikkje var.

Han var kudoktor for grendi og for mange fleire grender med, han Nils Ækraa, og kunde attaat det med folkedoktering og. Mange meinte, at han nettupp i dette var allerhævast. Men hadde han lært noko av doktors*kunsten*, han Nils, so hadde han misæl lært av doktors*dyrleiken* og. Han tok aldri mot matbitar som ho Kari. Der maatte stødt blanke pengar til — aldri minder enn ein ort. Han Per hadde difor altid søkt henne Plassa-Kari, naar

ho kunde gjera plent same gagnet. Men han Nils paa si sida hadde ikkje likt det meir enn so maatelegt dette, at ein so bra mann som han Per trudde meir paa ei iglekjering enn paa honom. Han hadde ofta slept or seg spitord; og daa dei i vinter bad han doktera ei sjuk ku, sa han snubbe nei. Dei kunde *igla* kui si, hadde han sagt. Elder koppa henne med Kari-kopper — sa han, og dei for sin part hadde sidan lete henne Kari bera mangeslags ord or huset um Ækre-doktoren.

Det var difor ikkje visst, kor viljug han var no helder. Og dubbelt sneplegt var det aa lota smaameinka seg til aa be den biksen um noko no.

Han Per heldt paa aa klaa seg i hovudet, medan kona laut springa ut til grautegryta att. Men best som ho stod der, høyrde ho han ropa, so det stôk gjenom huset. Daa ho kom inn fljugande, laag han so lang han var med stive augo paa ein benk og orka snautt aa snu seg elder banna lenger berre for styngen.

„De fær ned og høyra, um det ikkje er ei raad med han Nils, lell, og det paa timen!“ jamra han, og um nokre augneblink var ho Madli utpaa aakeren og sende han litle-Per som ein elding nedyver til Ækraa.

Det var ikkje annor skapt raad enn aa gløyma alt anna, naar so laakt tilstod, og ho hadde orda guten ut best ho berre kunde. Han skulde seia som so, han litle-Per, at no hadde dei havt

henne Kari til husar dei tri gongerne, men ikkje meir til batar enn ein vindsmell i lause lukti. No laut dei setja si lit til han i naudi. Ein fekk sjaa aa løyna det for henne Kari; men skulde so illa henda, at ho fekk nussen om eitkvart, so fekk ein sjaa aa blidka henne med ein smørklatt til elder so. Ein fekk sanneleg ikkje knipa paa nokoslag, naar Storemannen snakka so aalvorlegt med oss, sa'n.

Ein halv times tid etter var han litle-Per attkomen, og det var gjenge yver venti bra. Han Nils hadde vore kalleg bøsen og fronten i fyrste laget og grine aat heile styngen. Men daa han fekk høyra dette um Karidoktering og vindsmell hadde han trast fjelgna i storom og tilslutt lova aa koma.

— Folki var just heime til dugurs, og ho Madli hadde skipa i stova, til doktoren skulde koma. Daa lyddest det ei varsam kremting utanfor, og inn steig den vigtuge mannen Nils Ækraa. Han var høg og skrinn, hadde svart haar og skjegg og tanketunge rukkor i skallen. Han helsa i handi og takka for sist.

„Sjaa du fær sitja nedpaa!" kviskra ho Madli og flaug etter ein stol.

„Takk her er raad til aa faa sitja".

„Me legg nok bry paa deg me, gu'betre; . . du er meir enn snild du vil sjaa til oss".

„Aa nemn ikkje det, Madli! Det er ikkje

meir enn som til høyrer, naar det trengst i *naudi!*“ sa han med stor verdugskap.

Gudskelov . . han var nok komen rektig i godlag i dag; — der datt som ein tung stein av henne Madli.

Han Nils hadde sett seg og saag med djuptenkte minor burt paa sengi .Der stakk fram ein fot; men elles var den laake mannen nedbreidd under eit aaklæde, og ei jamn rjoting gav von um, at han hadde funne ei liti gløymsla for plaagorne sine. Ho Madli laut burt og ruska i han. Han risste lengje berre paa seg som ein arg bjørn og etterpaa var det enno ei lang geisping og klaaing, fyrr han raadde skikkeleg or.

Han litle-Per laut bakum tenestguten og knisa, og hine ved bordet raudna og. Men den som saag paa baade geisping og klaaing med det djupaste doktorsaalvor, var han Nils Ækraa.

„Det ser pusje ut, detteherane, sa'n . . han hev det med *betydeleg* tyngsla og, kan eg sjaa!“ sa han.

„Paa allslags maatar!“ sukka ho Madli.

„Aa ja, d'er so . . hm!“ sa han Nils.

„Aa ja ja, gu' sjaa til oss nokokvar, naar me skal verta so puskne!“ sa ho Madli og laut radt upp i augo med breiddi.

„Dei er so mange dei leisi, ja“, sa han Nils.

Han Per kjendest endeleg ved den framande, og der vart helsing og prat med dei. Han Per gjorde seg so blid som han berre orka, sidan

doktoren hadde vore so snild aa koma, og lagde ut um styngen. Det maatte vera det rakkars blodet der var kome byssele vondt i no.

Han Nils kremta.

„Ja“, sa han, „der kan vera noko i det. Men no maa me hugsa, at her er mangslags styng i verdi. Her er *blodstyng* ja, og so er her *finnstyng, uverstyng, hugbitstyng* og *gigtstyng,* som maa resolverast med spansk fluga. I alt er her sju sorter av styng, sa gamle-provesten Tams, og han hadde fulla fornaring paa nokokvartslag, den kaksen. Han var nok ikkje fri han hadde vore baade i Tysland og Grækkenland og kjeka i sjølve svarteboki. Me maa difor *sjaa* oss fyre, kva me gjer; for gu' naa' og hjelpe den, som tek i mist i slike vidløftigheiter“.

Han snakka langsamt og med trykk paa tredjekvart ordet.

Dei tok til aa sjaa kalleg fortenkte ut baade Per og Madli yver slike vanskar og djupe lærdomar. Men han Nils trøysta dei trast. Kvar styngsorten hadde sine eigne kjennemerke, sa han, so det maatte no vera *ei* skapt fura aa faa greia paa det, naar ein funderte og fuska det væl ut.

Han gav med ei handvitting alle uvedkomande teikn til aa gaa ut, som ein doktor skal gjera. Berre ho Madli skulde vera att og hjelpa til med eitkvart. So fekk han Per av seg skjurta med stynjing og ank.

Der gjekk ein smil — ein døyvd smil yver det verduge andlitet hans Nils, daa han saag den hakkutte ryggen.

„Her hev nok vore doktering *fyrr* og her!“ sa han.

Dei kjende seg kalleg brydde, Per og Madli; men det var endaa væl, at han tok det paa den maaten — berre smilte aat det.

„D'er kje an'leis . . ein toskar og prøvar med allslags skitt og tyras i naudi“, klaga han Per, og ho Madli sanna med.

„Aa ja . . d'er so . . hm!“ sa han Nils, men tagna so; berre smilte ein gong til. Han stod so høgt yver iglekjeringi, at han ikkje eingong brydde seg um aa seia stort vondt um henne, lyddest det. Daa vaaga Per og Madli og aa ta det med løgje, og dei fekk seg sistpaa ein god laatt aat igletyraset alle tri. Ho Madli kniste, so ho stod berre og klapsa seg paa stakken. Etterpaa kika ho ut i døri og vindauga, um der skulde finnast grannekonor elder andre utanfor, men som væl var fanst der ikkje krælingen.

So tok han Nils til aa fuska ut den sjuke ryggen. Det var trast sjaaandes, at det var noko h e i l t anna til umtanke detteher enn hjaa henne Kari, som slumpa og sette iglar, der iglar best beit. Han banka med nuarne heile ryggen yver; stansa og grunna med minst sju rukkor paa skallen; sputta tobak; banka lengje att; klaadde seg vonom lenger uppi haargarden og

lagde slutteleg fingretopparne paa aarorne her og der.

Det var so stilt, med' han „fuska", at ein gjerne kunde ha høyrt ei loppa hosta. Ho Madli anda mest ikkje.

Men so retta han Nils seg endeleg upp og sagde med djup vigt: „Blodstyng, *blodstyng* . . du hev rett, Per!"

„Var det ikkje det eg kjende!" ropte han Per lettna.

„Og det av argaste sorten og!" lét han Nils. „Ein tek ikkje lett i mist her, sa'n. Berre kom og sjaa, Madli . . her finst mest ikkje aaror. Der maa ha sett seg fast ei myrja med tjukt gamalt blod, so blodlaupet er snupt forstoppa!"

„Er det ikkje fælt!" sa ho Madli mest skræmd.

„Du seier sant, Madli! d'er spøkjeverk med sovore trollskap, sa'n. Fær ein ikkje løysa og tappa ut slikt blod, so vert det liggjande, til det er baade svart og rote, og daa maa du tru det vert *styng!*"

„Hær'n bevars! er det soleis? Nei rett naar ein forstend det!" ropte ho Madli med undring. „Men det er vel ikkje for hendtlegt aa faa ták paa, gu'betre?"

„Hm nei . .!" sa han Nils og reisste tungt paa hovudet . . det var nok ikkje for Jan og katten *det*, sa'n. „Ein maa berre ikkje *innbilla* seg, at ein kjem langt med kopper og" . . den andre amerasen vilde han ikkje eingong ta paa

si synduge tunga. Men fekk han stim paa det fraa sjølve djupni med blodbillen, so maatte det misæl vera ein meir ein løgjen og forgjeven styng, som ikkje skulde lata *pei*, likevel.

Han smilte sjølvtrygg og tok til aa finna fram reidskapen sin. Han hadde ikkje meir enn eit „instrument" baade til folke- og felækjing. Men so var det ogso eit kunstigt eit, dette eine. Der stod ord av det i heile gjældet. Det var ein blodbill, som skar seg djupt i kjøtet, naar ein berre trykte paa ei fjør. Ho laut radt halda for augo, ho Madli, for aa ikkje sjaa den uhugleg staalblanke eggi, medan han Nils kveste og strauk og sistpaa plystra tri gonger yver staalet.

Dei fekk han Per fram paa ein krakk, og doktoren fann plassen der styngen stod og hogget altso skulde setjast.

Stundi var komi: ein tvo . . *klikt!*

I neste blinken lyddest der tri slags ljod: fraa han Per kom ei hard anking, og ho Madli sette ut eit lite skrik; men den varsame doktoren sjølv kom i skade for aa setja ut ein saftug hestehandlareid. Billen hadde som vanleg gjort si skyldna og hogge eit dugelegt hogg; men der kom likevel ingen blodsprøyt! Berre sovidt det tikla og rann.

„Hm . .! Det maa vera noko reint fa'ns burti ville-veggjerne med heile *blodsirkelasjonen!*" ropte doktoren. (Han hadde i si doktorstid samla ikkje so faa medisinske ord og).

„Her *skulde* liggja ei aara, sidan vondskapen graserar so nettupp her; og so ikkje koma sole sufto!“

„Det maa nok vera *altfør* ille!“ kviskra ho Madli forsjupsa; — ho hadde vore fullferdug til aa detta i uvit, som ei skikkeleg kona skal gjera, naar ho ser ein blodsprøyt; men det var gjenge væl yver, daa ingen blodsprøyt kom.

„Men um me freista upp att?“ vaaga ho aa kviskra.

„Du fær hogga til det kjem eingong!“ ropte han Per steinhard.

Han Nils sa „hm“ tri gonger og tok til aa kvessa og plystra att.

„Du Nils“, vaaga ho Madli aa spyrja um eit bil, „den blodsirkelasjonen, det er no vel eitkvarslags innverdes det og?“

Doktoren kunde ikkje halda seg for aa smila.

„Eg *spaar* det, at det er innverdes!“ sa han. „Det er sjølve blodsens *gong* det, ser du, Madli. Blodet *siklar* og renn i aarorne, og so skrivst det sirkelasjon. Det er med det som med namnet „sjørbug“. Denne sjukdomen heiter so, avdi han spilar ut bugen, som naar ein drikk seg full av sur skyr og fær ein mage som ei utspilt mjølhit“.

„Nei enn *alt* det her er, som me stakkarar ikkje skynar oss paa!“ sa ho Madli — ho heldt radt henderne ihop yver magen av undring.

„Aa ja, hm“, sa han Nils tankefull, „det er

no so, at det ikkje er alle gjeve aa ha innsigt i like mange ting her i denne verdi, sa'n". Men elles so vaaga han no trygt aa seia, at her var nok av dei, som maatte hjelpa seg med minder skyn og fornaring enn ho Madli Saastad og.

„Aa ja, Vaarherre veit,. kva her er!" sukka ho Madli audmjukt.

Billen var ferdug att, vart sett burt mot styngen litt lenger uppe, og der lyddest eit nytt klikk. Denne gongen gjorde det so vondt, at det radt bura nedi halsen paa han Per. Men ho Madli stupa ikkje i uvit av liknament til nokon blodspryt no helder. Billen hadde — korleis i verdi det no var — raama burt i ein knok, so der kom endaa minder blod no!

„Aai, aai!" stynja han Per, og den, som fekk mykje aa gjera uppi haargarden, det var han Nils Ækraa.

Kven i det svarte kunde skyna . .!

„No hev eg tappa baade ring og rik, baade lensmann og lensmanns*madam* . . men maken til pokkersgjeve! Men kven piskatre kan treffa det rette her, der alt er so forstoppa, at her finst korkje liknelse til sirkelasjon elder aaror!"

Han stod reint uppraadd eit bil og sputta. Men daa han hadde fengje or seg fem-seks tobaksklysor, tok han til aa sjaa ein utveg att.

„Aarorne ligg visst nærare uti skinnet og er lettare aa faa stim paa lenger *nede* . . um me freista . .?"

„Det vert væl ikkje onnor raad", stynja han Per. Sant aa seia, so kjende han ikkje so mykje att av styngen no, sidan det var byrja med slikt hogg og belegg paa den usæle ryggen. Men han var ein altfor røynd mann til aa lata seg lura av sovore. Det var ikkje fyrste gongen dei gjorde den pretta aa kverva burt for eit lite bil, styngjerne, just som ein skulde til aa doktera seg for dei. Han sat altso like stiv under tredje hogget. Og tredje gongen sæter det — dei hadde sin store rett spaa-Hallvard og Henrik Müller. Blodsprøyten stod som eit skót lukt upp i nosi paa blodtapparen; ho Madli datt so lang ho var paa golvet i eit skikkelegt kristelegt uvit; og fraa mannen sjølv lyddest der eit djupt gruff av vælkjensla.

Sjeldan er væl nokon komen so svint i godlag av ein blodsprøyt midt i synet som han Nils Ækraa denne gongen.

„Eg *visste* det skulde lota *pei!*" ropte han, lo høgt og heldt ein stor steinkopp under blodstraumen. Daa det rann yver, heldt han paa saaret med ein fing og bad henne Madli finna eit kjerald til aa tøma i (ho hadde kome seg vonom snarare av uvitet). Berre *ein* slik liten hønsekopp full gjorde skitten for ein slik innbarka styng, sa han, og dei maatte sjølvsagt bøygja seg for den høgare kunleiken. Han fekk eit stort trefat, som han tømde blodet i. Dei prata i munnen paa eiannan alle tri, og ho Madli

vaaga aa slaa burtpaa um *sine* sjukdomar og plaagor og. Det synte seg daa, at ho hadde vore ikkje so lite mødd av styng ho helder, stakkar, frametter aari — um ho ikkje plent hadde havt alle dei sju slags provest-Tamsa-styngjerne.

„Aa nei det *hev* seg so; det er nok ikkje mange, som slepp *den* krossen", sa han Nils. Men daa han skulde til aa tappa att, vart det eit heilt uventa avbrôt i dokteringi. Der vart urolegt bakum omnen, og dei uppdaga med forbining, at der var folk — han litle-Per kom gravandes fram.

Han hadde havt so fælande hug til aa sjaa, han litle-Per, og so hadde han stukke seg usedd innfor omnen, daa hine gjekk. Der hadde han sidan sta' og kika og havt eit hardt stræv med aa ikkje sprikka, daa han Nils hogde i misst. Men daa blodfossen tilslutt kom, og dei snakka um aa ta enno meir, vart han med eit so rædd, at han skolv og kunde ikkje staa roleg lenger.

„Vil du ikkje slutta no?" spurde han bleik og med graaten i halsen. Dei laut setja i aa læ alle tri.

„Er det litle-Pel, dutten min? . . du er no væl ikkje rædd du, som er slik ein kar?" sa doktoren gjølande.

„Men er det ikkje spelegt? kan ikkje alt blodet renna ut her, liksom naar ein slagtar kalvar og griser?" stota guten.

Han Nils var ikkje fri han kaldgrein; men han slapp for aa koma med nokoslags saklegt motlegg: for ho Madli trødde i golvet, so det skrall, og baud ungen halda kjeft. So tok ho han i luggen og skjussa han ut og lova han tri slags peis, um han vaaga aa besa ein knyst av det han hadde høyrt.

Daa ho kom inn att, hadde han Nils alt tappa ei skaalfull til og slege i fatet og stod no og tetta saaret med spindelvæv og plaaster. Ho var ikkje fri ho kom i hug kalveslagting ho Madli og, daa ho saag blodfatet; men ho slog trast fraa seg slike ugudelege tankar og sa gudskelov og ære for det hadde runne so godt.

Han Per kjende ikkje vidare meir til den store styngen no. Men daa han sku' kjenna etter, hadde der flytt seg ein liten nygg litt lenger ned. Dei var difor vortne samde um aa tappa litetær der og.

Han var vorten kalleg graa-blaa no etterkvart, han Per; men han heldt seg like stiv. Han hadde sett i seg aa ta det vonde skikkeleg med *roti* no, sidan han hadde gjort so mykje til det.

Han Nils pudsa billen og var no komen so i godlag, at han tok til aa fortelja um doktorsbragderne sine fraa fyrr og. Det var soleis berre ein maanads tid sidan han var i heisen med ein stut her nede. Daa han kom, laag stuten i aavelte med alle fire beint i veret. „Men daa eg hadde vore i persen med han med vaksinepulver og

greior eit kvarters tid, daa *stod* han misæl i baasen. Men eg vilde ikkje ha gjeve *radt* mykje for den stuten, um eg var komen ein *halv* time seinare!" — dette siste sagde han med eit fælt tankefullt blinks til henne Madli.

„Berre ein halv time . . er det ikkje *svært!*" ropte ho og leda paa hovudet. „Men kven veit", tok ho laagare i, „um det ikkje er sovore med vaksiner og vondt blod, som vantar kyrne hans Torstein burti garden og? — no hev dei kome med daudkalvar mest alle. Men kanskje dei hev fengje deg til aa sjaa paa dei?"

Han Nils berre frøynte og blés uti nosi til svar.

„Aa nei, dei hev væl ikkje . . Dei trur nok d'er trollskap!" sa ho Madli løynsk.

„Dei trur d'er vonde grandar, som trollar vondt paa krøteri!" sa han Per og freista aa læ.

„Og herein dagen", kviskra ho Madli, „hadde dei jaggu ei fant inne til aa lesa og mana trollskapen burt. Han las nok yver den kranke foten hans Torstein med det same. Og han gjorde ikkje dette for inkje, sa'n. Ein halv dalar og eit spekelaar, snakka ho Serina um!"

„Og det hjelpte væl *svært* for sjukdomarne og dette?!" sa han Nils og kunde ikkje anna enn setja upp eit stort, stort grin.

„Eit par dagar etter skaut endaa ei ku bor'n!" sa ho Madli og tisla og lo.

No lo doktoren *og* høgt, endaa der laag kallege rukkor paa skallen hans.

„Er det ikkje ei skam med slikt *fanteskap!*“ ropte han og hefte seg reint burt med billen. „Kva kan væl ei slik lesing ut i vind og ver gjera meir enn det som hunden . . mh! — slepper? Eg hev tidt nok sagt det, eg; men naar folk plent *vil* lata seg juksa so . .!“

„Ja rett den toskeskapen, den toskeskapen, han er paa *mange* maatar!“ sukka ho Madli.

„Sant, sant!“ sa han Nils og vitta med handi. „Toskeskap ja, Madli! Dei fær fint dragast med plaagorne sine dei, som trur paa sovore, *stakkars arme folk!*“

Han var vorten radt høgtidsleg i mælet ved tanken paa folks daarskaper.

„Stakkars folk . . *stakkar!*“ sukka ho Madli og.

„For sjukdomar og plaagor hev sine naturlege kondisjonar og maa takast med naturlege elementer“, sa han Nils med verdugskap.

„Sant, sant!“ sa ho Madli med yvervitning, um ho ikkje nettupp vaaga aa seia, at ho skyna so til botnar detteher um kondisjonar. Soleis hadde ho altid høyrt dei hermde etter dei lerde doktorarne og, lét ho.

Men hadde ho trutt, at dette siste skulde vera so bra aa høyra for han Nils, so uppdaga ho trast, at ho hadde teke ein grand i misst. I staden for aa vitta med handi og sanna med kremta han noko langt.

„Doktorarne ja“ . . sa han; „ja der kan vera noko med det, at dei skynar vonom meir,

dei og". Men sku' han nettupp seia si meining, han, so totte han det gjekk so reint for mykje ut i *smaastull* med dei — drôpar og sovore rakri for altslag.

„Det kan vera væl nok for fine byfolk, som hev vondt i magen av dei forét seg paa finmat og lækker kveitestomp. Men kva duger det for oss hardbalne bondefolki?"

„Det duger som *skitten* gjer det!" murra han Per. „Eg fekk ei flaska av ein doktor, eg, daa eg laag paa eksisen og hadde magakneppo; men hadde eg teke og hivt henne beint paa bekken, so hadde eg gjort væl. Det hjelpte som sputt i næven. So vart eg leid og tok heile tyraset i *ein* sup; men endaa hjelpte det ikkje — eg fekk berre dubbel kneppa for umaken".

„Høyr der ja!" ropte han Nils. „Nei — der maa anna enn *skrap* til for oss, san. Og dertil so er det ofta meir enn vesalt med den fornaringen dei hev paa sjukdomarne hjaa bonden og, dei kararne. Liksom no med *styng*. Dei kan vera so sprenglerde dei vil og ha lese baade den duble doktorskakjisma og tysk og prøisisk og merikansk; men piskatré um dei finn noko um sovore i bøkerne. Naar dei so kjem upp i bygdarne, so stend dei der snupt i vildro og dividerar og dygrar med draapasutlet sit og hev ikkje *den* fornaringen, at sovore maa *tappast* ut".

„Det maa tappast ut ja!" sa han Per og; og ho Madli, som hadde sta' litt flat og tagt eit

bil, sagde no, at det var so sant som det var sagt kvart biduge tæret.

Billen var ferdug att, og det gjekk som smurt med tredje blodløysingi og.

So vilde dei hjelpa mannen til sengjar att. Men just som han reiste paa seg, seig han etter ledi som ein stokk og vart liggjande i aavelte paa golvet med lukte augo og steingraa i andlitet. Kjeringi stokk, so ho sette i aa ropa gu' hjelpe seg og bleikna reint av; men doktoren berre hyssa og vitta med handi.

„Du skynar det ikkje, du Madli . . du *forstend* det ikkje; d'er berre eit lite uvit med det same styngen lyt sleppa taket for godt!" kviskra han og sprong etter vatn. Daa dei hadde vætt og knika sjukingen eit bil, slog han augo upp og vart hjelpt til sengjar.

„Det var svært dette . . so hardt det tok paa!" sa han Nils. „Det *syner,* at det var ein styng av forgjevnaste sorten. Men no er du væl kvitt han, Per?"

„Ja . . ja", svara han Per med eit mæle so grant og skjelvande som ei fuglepipting.

„Sjaa, um han ikkje maatte *lystra,* traven!" ropte doktoren byrg. „Tak deg no nokre koppar dugeleg sterk kaffi kvar dag og drammar av og til, so skal du sjaa du snart fær nytt godt blod att".

— Eit bil etter hadde doktoren drukke kaffi og var ferdug til aa gaa. Etter blodtâket hadde han ogso doktert alle Kari-saari paa ryggen med

noko salva. Det var ekte reinspikka kvak-salva, sa han, som var komi heilt austanfraa Arendal; for i Stavanger var ikkje sopass til apetikk at dei *hadde* den sorten.

Ho kosta sine spíkne tri ort og seks for flaska; men han skulde likevæl lata henne gaa for to ort denne gongen, sidan det var so kjens folk.

Det var so store ting alt detteher, at dei aldri visste, korleis dei skulde fulltakka han best. Han Per trykte honom lengje i handi, og ho Madli fylgde radt ut paa vegen og sa takk og ære enno ein gong.

— — — — — — — — — — — — — —

Det var sjaa-andes paa han Per, stakkar, at det hadde vore anna til stygg blodverk denne gongen enn fyrr, sa ho Madli, naar folk sidan spurde etter han. Gjekk han ikkje der baade graa og haakjen og kunde snaudt koma um døri ei heil vika etter dokteringi. Og endaa maatte han pæsa paa kaffi ein heil fjortandags-maate og kosta paa seg for seks ort i drammar, fyrr han orka aa kreka paa arbeidet att.

— Men i all denne vesaldomen var der *ei* trøyst og det ei god og. Styngen kjende han ikkje stort meir til, korkje daa han laag til sengs elder sidan um vaaren. Det var Nils sit verk, og han svor med seg sjølv, han Per, at han etter denne dagen aldri skulde tru paa nokon annan doktor enn Ækre-doktoren.

Torgeir smedegut.

1.

I mange aar hadde ho Gunhild fare kringum i bygdi paa legd. Ho var upp mot dei seksti aar gamal, men saag ældre ut; ho var mjov som ein skinnveng og hadde eit ørlite, rukkut andlit. Heile dagarne sat ho i omnekroi og spøta elder halvsov i krakken. Men kom nokon av vanvare for nær, fór ho upp med ein eid og truga med lensmannen og alt vondt. Sær og vond var ho elles og, so konorne aldri hadde visst nokor raad. Det hjelpte ikkje eingong med kaffi.

Men no dei siste vikorne framyver sumaren var der vorte eit heppelegt umskifte i dette. Folk hadde funne paa ei raad til aa gjera henne fjaag, um ho var aldri so olm. Det var naar ein slog paa snakk um sonen hennar, han Torgeir, elder visste nytt fraa han.

Ho hadde ikkje vore gift nokon gong; sonen var fraa den tid Olsen, blekkarbeidaren, heldt seg i bygdi. Men so gjorde han svenske av seg, Olsen; — svenske var han no elles og. Ho vilde helst ikkje ha noko snakk um *dei* tunge dagarne og den tidi ho fór kringum med

gutungen. Men so mykje gildare var det aa snakka um han no. Han hadde vore i arbeid ute i næraste byen dei siste aari og var vorten so fin og stormannsleg sist han var heime, at ho snautt kjende han att. Ho trudde sikkert, at det med tidi vilde verta noko rett stort av han.

Det same meinte alle, som snakka med henne og gjerne vilde sjaa henne blid. Dei hadde sjølve set, at han var mykje til kar sist; dei visste jamt litt nytt um han og. Dei hadde høyrt, at han hadde god von um eit rikt gifte med dotter aat ein grosserar i tvedragt og bomullsty, elder eitkvart anna rart.

„Du narrar ikkje Gunhild med *drøs!*“ sa ho, men gjorde paa same tid løynske minor og fekk lange rider av godlaatt.

Aa ja ja sa'n . . det skulde nok ein gong verta anna slag for henne *og* enn aa reka kringum paa bygdi! slutta ho altid.

Daa han var heime sist, hadde han lova aa hjelpa henne alt han kunde, sosnart han kom litt fastare paa fot; og han hadde vona det ikkje skulde verta lengje til. Ho gjekk no og venta taalmodug paa denne hjelpi.

Kva Torgeir i røyndi gjorde i byen, gav ho aldri greia paa og visste det kanskje ikkje helder. Han hadde fyrr vore i smedelære; men no vilde ho ikkje vita av noko so smaatt. Hine bygdarfolki visste derimot litt meir. Dei visste, at han var smedegut enno, berre at han

var komen paa ein annan plass no. Sist dei saag noko til han i byen, stod han i ei smidja i Nygata og trødde belgen. Det vart nemleg fortalt, at dei hadde greior til aa belga med foten der, liksom naar ein trør ein rokk — noko som korkje var høyrt elder spurt hjaa han Roald smed nedpaa strandi herheime, der ein stod og baksa upp og ned med ein lang paak.

Hjaa denne same Roald smed paa strandi hadde Torgeir fraa fyrst av gjenge i smedelære. Han kom der trast han var sloppen fram for presten i syttanaarsalderen og var der eit heilt aar. Og ingen skulde ha det aa seia paa Torgeir, at han var lat og likesæl. Han hamra og smeda i sit andlits sveitte, naar der var ei stund tilovers fraa belgingi. Men korleis han stræva, so vart det med dette som fyrr med bokleksorne: det vilde ikkje gaa nokorleis. Altid laga jarnet seg skakt og skjeivt, just naar det galdt um aa ha det beint. Han Roald bala lengje og banna alle dei eidarne han kunde; men daa ingenting hjelpte, jagde han tilslutt guten paa dør med sjølve sleggja. Dermed enda læretidi der.

Dagen etter stod Torgeir i stallen uppaa ein av gardarne og fyllte i ei kjerra. Han hadde bedt um arbeid i si naud og skulde faa vera der for maten. Han var glad dess, han, og ynskte han aldri saag smed elder smidja meir. Men daa mor han fekk vita dette, kom ho og

jagde han or tenesta med det same. Guten hennar var ti gonger for god til aa slita seg ut med slikt. Det hadde altid vore hennar store draum, at han skulde vorte handverksmann og sin eigen herre som faren, og ho tvila ikkje paa, at han skulde læra hjaa ein betre smed. Det var ikkje vitet som vanta; det var den steinulven paa strandi som sjølv ingenting kunde. Guten skulde til byen i real lære, han.

Torgeir fekk sistpaa den same gode trui, han med, og strauk ein god dag utetter fjordarne til byen. Ein kjenning heimanfraa hjelpte han til aa faa plass. Guten raaka rett bra upp i det. Han fekk trast plass hjaa ein smed uppi utkanten av byen.

Men korleis det sidan i røyndi gjekk med denne læren var ikkje lett for folk her heime aa verta klok paa. Han skreiv aldri heim. Men um vaaren halvtanna aar etter kom han sjølv slengjande ein dag. Han var vorten kalleg graableik og skrinn; gjekk med ein frakk, som var fillutt i alle kanter. Han gjekk og dreiv og vilde ikkje ha snakk med nokon, minst av alt um smedelæren. Det saag ut til aa vera reint paa avveg med han, stakkar. Folk lo aat han og kalla han byherren; men bygdestyret tok alt til aa tenkja paa aa sleppa „hjemstavnsretten“ hans. Den einaste som hadde god tru enno var mori. Ho totte han hadde lært mykje folkeskikk og stødleik og meinte han hadde nok

lært meir og. Ho klappa guten og bad han minnast mor si, naar han kom lenger fram i verdi.

Han svara ikkje stort, men rék nokre dagar etter til byen att med ei vedjegt.

— So var det ei heil tid frametter dei ikkje høyrde meir til han att; men frampaa sumaren synte han seg med eit for andre gongen — daa fekk dei anna aa sjaa, som fyrr hadde lætt aat han.

Det var ein sundag med solskin og fint ver der kom ein eimbaat med byfolk inn aat fjorden og lagde til nedved landhandlarbryggja. So kom ein storkar i svær, sid yverfrakk, flosshatt og hanskar skridande uppetter og helsa paa nokre bygdarfolk som stod der. Litt etter var han uppved kyrkja, daa folket kom ut, og helsa og bukka med stormannsleg skikk til alle kanter. Stasen hans var rett noko luvsliten, naar ein kom nærare; men endaa var det so gromt, at det var lengje, fyrr alle kjeringar og ungar og mange av mannfolki med kunde skyna forvel, at dette var han Torgeir, sonen hennar Gunhild. Men so var det no likevel. Sjølve klokkaren og lensmannen og fleire gode menn laut stansa og helsa paa han.

Ho Gunhild var ikkje til aa kjenna att i dag; — ho var just paa legd i nærleiken og trefte til aa vera ved kyrkja. Der fanst snautt rukka i kattuleandlitet hennar. Fyrr ho visste

ordet av var den framande storherren komen og kalla henne mor! Ho laut tru seg sjølv til slutt.

Han hadde mange aa helsa paa, so ho ikkje vaaga aa fylgja han; men han gløymde ikkje mor si for det, han. Fyrr han gjekk ned paa eimbaaten att (han maatte reisa same dagen denne gongen), tok han henne med burtfor ei husnóv og snakka eit heilt bil med henne. Smedelære nemnde han ikkje no helder. Han sagde berre, at han var komen godt i veg hjaa fine folk, og med det var ho fullnøgd. Ho var so rørd, at ho grét ved skilnaden. Sjaa um ho ikkje hadde havt rett i aa ha god tru til han, likevel! Sælare mor fanst ikkje. — Det var fraa denne dagen, at litt drøs um han Torgeir var visst paa aa gjera henne blid.

— — Men korleis var det gjenge til, at Torgeir smedegut so svint var vorten slik storkar? Heile bygdi undra seg, til der kom folk heim fraa byen som visste litt. Men vil ein faa skikkeleg greia paa det, lyt ein fylgja Torgeir til byen.

2.

Det fyrste aaret Torgeir var i byen dreiv han det mest med aa belga, som nye læregutar skal gjera, og so lengje gjekk det rett bra. Men so reiste ein ældre læregut burt; Torgeir skulde fylla plassen hans, og dermed byrja vanlukka aa fylgja han likso trufast her som heime hjaa

han Roald. Um eit halvt aars tid var det ute med taalmodet hjaa meistaren her og, og Torgeir fekk graa avskil att. Det var reint raadlaust med faamingen.

Det var ikkje onnor raad enn aa freista lukka enno ein annan stad, og han var so heppen aa faa plass att; denne gongen i eit lite hol nedved hamni. Men drifti var ikkje so stor, at det var nokon jamn plass ved belgen her. Torgeir maatte til aa smeda trast. Meistaren var desutan en stor grinar. Det var soleis or oska aat elden med ein gong for Torgeir, stakkar. Han gjekk sistpaa so han skalv, medan han stræva mest livet av seg med aa gjera sit beste. Men det hjelpte alt det same. Um eit halvt aars tid var han ferdug her og. Det hjelpte korkje aa be elder lova godt. Meistaren vilde langt helder bitala mulkt for brot paa kontrakt enn dragast med sovore.

Aa høyra seg um etter ny plass i lære vaaga han ikkje lenger. Han vart gangande og leid vondt som ein hund i nokre vikor og slong tilslutt heim. Det var denne gongen han kom so fillutt og vesal.

Men kva skulde han her? Han orka ikkje aa gaa paa tungarbeid paa gardarne no att, og mori kunde ikkje leggja tvo straa i kross for han. Ho gjekk berre med so gode tankar um han, at han ikkje eingong kunde faa seg til aa fortelja den tunge sanningi. Han slong til byen att

utan aa vita kva han vilde lenger. Det var berre ikkje fullt so leitt um det var smaatt for han *der* som heime, der alle kjende han.

Paa nytt lag gjekk han i heile fjortan dagar og baud seg til arbeid og svalt. Men sistpaa var han hamna i ei smidja att — reint yver all von. Det var paa verkstaden hjaa Jensen burti Nygata. Ikkje i lære no. Han hadde berre fengje be seg inn til aa belga, bera kol og slikt grovarbeid. For det skulde han ha maten og husrom so lengje. Han grét mest av takksemd. No kunde han staa trygg og gjera si skyldna ved belgen, medan hine smeda. Og det var nok av dei, som gjorde det her, um ikkje han vart plaaga med det. Arbeidet vart drive stort her med ein heil hurv av sveinar og læregutar. Dei arbeidde paa jarngreior til ein skipsbyggjarverkstad.

Men det var ikkje berre denne sikre plassen ved belgen, som var ein god ting her. All griningi av ein sær meistar slapp ein ogso. Meistaren her var ein velhalden og fin mann, som sjeldan stod i smidja meir enn eit bil um fyremiddagarne. Resten av tidi hadde den ældste av sveinarne uppsynet, og arbeidet kunde daa i lange stunder gaa med snakking og skjemt og altslags slengjeord millom dei kolutte gutarne.

Torgeir var altid bljug og utrygg millom framande og heldt seg varleg attende. Men daa han hadde set paa desse sorglause andliti ei tid,

kvikna han upp, han med. Han lo, naar dei lo, og song takten til belgingi liksom dei gjorde, naar dei sleggja.

3.

Den lange bleike belgaren, som smaug so stilt og aalvorsamt fram, hadde tidlegare fengje staa mest uansa ved arbeidet sit. Han hadde fengje eit lite kot for seg sjølv uppunder taket hjaa meistaren, so dei saag ikkje stort til han utanfor arbeidstidi helder. Men no laut dei leggja meir merkje til han. Var det eit nytt syn for han aa sjaa glade smedegutar, so var det eit likso underlegt nytt syn for dei aa sjaa den lange bondestylken, naar han lo og song med ein underleg snurlande naseljod. Han saag sant aa seia ikkje ut til aa ha funne upp krutet i si tid. Han saag helder ut til aa vera ein kar der kunde vera litt moro aa faa av. Og *det* var altid kjærkome. Det friska i kroppen som tobak og øl. Det galdt berre aa finna ein lett maate aa ta han paa, og ein slik var snart funnen. Han smiska altid best, naar dei snakka um „pigerne“ — eit prat der jamt var mykje av. Dei tok daa til aa smaasnakka med han um gjentorne allesaman og spyrja etter, um han ikkje hadde seg ein kjærast elder tvo. Ein av dei slog endaa paa, at han hadde set 'n driva med ei gjenta ein kveld.

„D'er lygn!“ stota Torgeir bljug; han hadde

aldri havt nokon kjærast han. Men at dei kunde tenkja so stort um han, det smilte han aat likevel — enno betre enn fyrr.

„Ja ja, so er vel Torgeir Olsen ikkje ringare guten, enn at han kan tenkja paa aa faa seg ein daa med det fyrste," meinte dei og nemnde ei, som han burde sjaa paa: ho Juliana, den yngste av tenestgjentorne hjaa meistaren. Det var slik ei ven og søt liti erla, kvik og glad og ikkje trulova enno.

Torgeir vilde ikkje høyra paa slikt og bad dei raudnande aa tia. Men dagen etter kom han til aa høyra paa det, likevel. Ein av smedegutarne — ein stutt, tjukk svarthærd ein, som altid var største skjemtegauken i smidja og til kvardagsbruk vart kalla Svarte-Andres — visste nemleg aa fortelja, at den litle vene gjenta hadde slege so ofta paa snakk um den nye smedeguten; ho vilde so gjerne vita, um han var trulova — og so for ein dag.

Det vekte stor undring dette, og Torgeir fekk løynske augnekast fraa alle kanter. Kanskje ho alt hadde eit godt auga til han —?

Dei vart samde um aa sjaa etter, kor augo hennar fór, naar dei skulde inn til maals. Jau: daa alle sat og glytte so paa den lange belgaren, tok ho til aa gjera det same; lo og gjorde minor.

Torgeir skulde ein annan gong visst ikkje ha lagt so mykje merkje til slikt; men naar det

hadde slik sers grunn —. Han var raud etterpaa no og, men gjekk samstundes med so ljose augo, at dei laut finna paa altslag aa læ aat, smedegutarne.

Dagen etter gjekk det likso godt og den tredje med; — dei var ikkje lenger i tvil um, kva Torgeir burde gjera. Det var beintfram synd aa ikkje halda seg fram, naar ei slik gjenta synte so god vilje. Um ein ikkje plent tenkte paa gifting so snart, so kunde ein ha kjæraste-moro; makan til hugnad fanst ikkje; — *dei* hadde alt vore trulova lengje og væl, lét dei.

Torgeir svara ikkje stort til alt; men at ho var gild gjenta, det var han so storsmilande med paa. Det teikna so bra, at dei um kveldarne tok til aa glytta etter guten uti dørerne. Han saag etter henne med blide, symjande augo, men vaaga ikkje meir i fyrste laget. Men um sundagskvelden gjekk det betre. Han gjorde seg erind inn i kjøken og gjekk der so smørblid, at gjentorne var heilt uppi under. Men ho Juliana fekk snart greia paa tingen. Ho raaka einkvar av smedegutarne uti gongen. Sidan gjekk ho og smilte og gjorde altslags kunster for guten, so han gjekk og smaalo enno dagen etter.

Svarte-Andres kunde ikkje lengje halda tett med, at han visste litt, og slog burtpaa um, at ho venta han nok i kveld og. Det lyddest so paa henne, lét han. Berre so ikkje vera for

bljug av seg, naar han var aaleine med henne bakum døri att!

Dei flein og gleda seg storleg til meir. Men den som ikkje lo lenger var han Torgeir. At ho ikkje kunde halda tett med slikt gjorde honom eldraud og mest graateferdug. Han hivde fraa seg alt og sprang paa døri. Han vilde springa og klaga dei allesaman, fór dei med slikt slarv.

Dei laut springa etter og fekk han endeleg aat belgen att med gode ord; men han var enno kalleg furten og lét um, at han aldri meir skulde sjaa paa det slarvekvinnfolket.

Stakkar; . . han var nok eit reint gudsord enno, og det vilde vera meir enn leitt, um den gode byrjingi skulde skiplast. Ein fekk bruka varsemd og godord. Dei slog seg fælande aalvorlege og var samde med han i, at ho var eit troll, naar ho ikkje var meir aa lita paa. Han var mykje for god for henne. Men for ein gut som *han* kunde det ikkje vera nokon vande aa faa auga paa ei betre. For det var snart aa sjaa, at han hadde ei framifraa gjentelukka, naar ho so svint kunde springa gali etter han.

Dette kunde ikkje Torgeir helder seia just noko imot. Han hadde sjølv set, at ho bar seg merkjelegt. Og det var sjølvsagt ikkje nokor skam aa ha gjentelukka, naar han ikkje sjølv vart skulda for noko leitt. Langtfraa. Det var

berre bra. Han tok til aa ljosna att som ein fullmaane etter regn.

For aa syna enno betre kor ærlege og snilde dei var, hadde dei sidan fengje fat i ei flaska øl til aa drikka venskapsskaal med han. Han vart attaat klappa paa aksli og gjølt for som ein liten prins. Og der skulde ikkje mykje til aa gjera guten glad. Han gjekk snart berre og trykte alle i handi paa godt venskap. Han saag, at dei i grunnen var berre snilde allesaman, naar han lærde aa kjenna dei skikkeleg. Det var berre han som hadde vore furten.

Sidan um dagarne gjekk det i same duren utan nokor venskapsskaal. Han var snart so modug, at han lo og skjemta med alle og song visestubbar. Soleis var det gjenge til, at daa han kom ut i den slitne frakken sin um sundagen etter, var han midt i ein krins av berre hjartans gode venner. Og venskap var noko han visste aa setja pris paa, vennelaus og usæl som han altid hadde vore. Han var so sæl som han skulde ha vunne ein rikdom. Han vår berre smil og godvilje mot felagarne sine og all verdi.

4.

Sosnart dei var kvitt meistaren i smidja dagen etter, tok Svarte-Andres til aa ha eit auga etter Torgeir. Han lo attaat med seg sjølv, so dei maatte til aa spyrja, kva der kom aat han.

„Jau no hev eg set det *og* . .!“ sa han. „Me hev snakka um gjentelukka og slikt fyrr um dagarne me; men i gaar fekk eg syn for segn paa ein heilt annan maate!“

Dei stansa forvitne med bankingi. Andres var enno løyndomsfull, men laut sistpaa ut med det, likevel. Han vilde aldri nemna, at ho Juliana og tauserne burtetter heile gata fleinte med gode augo etter guten i gaar og. Men daa han gjekk burtetter Nygata i gaarkveld —. Stutt aa fortelja, det var ei verkeleg liti fin frøken. „Ho stod uppi ei dør pynta og søt og saag med undring og smil etter han, radt til han kom or syne. Og etterpaa snudde ho seg mot ei onnor dama og spurde raudnande, um ho kjende den guten. Ho totte nok eitkvart, ho med“.

Du store . . slik ei fin dama og! — dei stod med opne munnar av undring allesaman. Han var nok meir til kar, enn dei drøymde um, guten.

Dei maatte til aa hamra att; men millom hamringi var der frametter heile resten av dagen ikkje anna aa høyra enn kviskring um dette merkjelege og um gjentelukka idetheile. Og alle var samde um, at det var ei guds gaava av hævaste slag. Det kunde hjelpa til godt og rikt giftarmaal so lett som ein dans, naar ein berre bar seg litt fint. Ein av dei kom sistpaa upp i fortelja ei heil lang soga um ein slik gut. Det var fraa fyrst av berre ein stakkars kusk. Men

gjentorne saag ikkje paa det. Dei saag paa guten; laup galne etter han i alle lag og leikar. Dette gjorde han modug. Han gjorde seg til for ei rik grosserardotter, og . . Ja no gjekk han som ein av dei feitaste storkarar i heile byen.

Torgeir stod sistpaa berre og smilte bljugt beint nedfor seg. Det var sjaa-andes, at han ikkje kunde tvila paa sanningi, naar so framifraa gode venner sagde det. Og enno bljugare vart undringi hans, daa han fekk vita kven den fine dama var. Det var ingi ringare enn frøken Brun, dotter aat Brun herburte. Torgeir kjende henne og visste, at det var ei av dei gildaste damor i heile byen.

Svarte-Andres lét honom staa so lengje. Men um kvelden fylgde han med upp paa kotet hans. „Naar so store ting hender", kviskra han, „so maa du tenkja meir paa ein ting, enn du hev gjort, Torgeir — fiffa deg betre upp. Dei ser so paa det og, damorne".

Torgeir snuffa og skyna trast sanningi i dette med. Men det var pengar —. Gode raad var dyre. Men Svarte-Andres visste raad, han. Han var ein framifraa gut i raad. Hjaa ein mann, som selde brukte klæde burti eit smog, kunde ein faa ein fin frakk for mest ingenting, og han lova aa gaa god for betalingi, til Torgeir tente ihop so mykje.

— Det var sundag att, og den som daa var vorten fin, var han Torgeir. Andres hadde

helst ynskt aa faa fat i ein „sneppkjole“ aat han; men daa ingen slik var aa faa for rimeleg pris, hadde han valt ein sver avlagd yverfrakk. Han hadde kalleg med „glans“ under aalbogarne og paa ein viss plass bak, men var elles heil og bra. Torgeir sjølv totte det stod herlegt til. Han hadde aldri i sit liv vore so fin. Han var sæl som ein smaagut og gjekk ut og dreiv i gatorne fraa tidleg um morgonen.

Det var just midt paa sumaren; vere var vent, og folk gjekk i lett, ljos sumarbunad. Det var difor altid einkvar som saag etter denne karen, som kom der siglande uthyrd som midt paa vinteren. Dei skakktrødde skorne og ei liti flat hua uppaa haartopparne gjorde vel ogso sit til aa sermerkja han. Nokre gamle fruor burti gata tok honom visst for ein forfrosen emissær elder methodistpreikar; for dei snudde paa seg og smilte blidt til han. Torgeir smilte attende blidast han kunde, barnesæl ved aa verta so aatgaadd. Han fylgde folkestraumen aat kyrkja, høgtidsleg som ein brudgom, sette seg millom berre fine folk og snuffa og song høgt alle salmerne.

Hine smedegutarne var ikkje uppe, daa han gjekk, og daa han kom att, var dei gjengne ut. Han var snart ute og dreiv att og trefte nokre av dei trast burti gata.

Det vart ei undring og gratulering! Det vilde ikkje halda upp med undring. Dei gjekk

rundt og saag paa han, so Torgeir stod som paa fjører av audmjuk byrgskap. Dei dreiv burtetter gata til ein stad der ein kunde faa øl, naar ein vilde, og drog Torgeir inn. Dei maatte hunden ta meg spendera ei skaal paa han, naar han var so gild. Torgeir var so i høgtidslag, at han helst vilde ha sloppe for sovore i dag. Men han vaaga ikkje aa bjoda av helder. Det maatte no ikkje sjaa ut som han var vorten stor paa det med frakken sin. Dei fekk plass i ei liti myrk bakstova.

Og det svara kostnaden no som fyrr aa friska litt paa modet hjaa guten. Han var snart so upplyft, at han fortalde utan blygsla, korleis gjentorne lagde merkje til han i dag. So drog Svarte-Andres han med seg burt i ei kro. Der vart ei kviskrande godrøding, som snart kom inn paa frøken Brun. „Lagde ei so fin dama merkje til deg sist, Torgeir, kva kan me so ikkje venta i dag?“ Han maatte altso sjaa aa raaka henne forast han vann; — Svarte-Andres vilde idetheile som ein god ven seia, at han trudde det var klokt aa tenkja paa meir der. Væn og søt var ho, so ein maatte vera halvdaud, um ein ikkje likte henne; og dertil rik som ein gullfugl. Og kva var umogelegt, naar ein hadde gjentelukka og heldt ut? Det sku' verta andre greior enn aa staa træla i ei smidja det og ha seg ein tausekjærast!

Torgeir som i byrjingi var berre smil, var

etterkvart vorten svert tankefull, liksom han fann det vaagesamt enno, dette. Augo hans feste seg spyrjande ved hine gutarne. Dei tok tingen med djupt aalvor og ettertanke, dei med. Men tilslutt blinka dei samtykkjande med ærleg yvervitning allesaman. Daa retta Torgeir seg upp, tømde byrg eit glas og saag ut som han skulde ha teke ein stor, stor tanke.

Han var ikkje fri han var ustød etter alle „skaalerne“ daa dei kom ut, men ikkje verre, enn at han kunde gaa nokorlunde strák. Han siglde burtetter mot Brun i Nygata, og sidan hadde dei den makelause gleda aa sjaa belgaren speika att og fram der med sver „holdning“ heile ettermiddagen. Han gjekk ikkje lenger so høgtidsfull no. Han lyfte hovudet modug upp, smilte blidt beint upp i augo til alle vene gjentor og kika etter, um dei saag etter han. Og ein gong var han so heppen, at han trefte frøken Brun sjølv og. Dei hadde inne paa ølstova gjeve han full rettleiding um, korleis han skulde bera seg i eit slikt høve, og han fylgde det trufast. Han smilte breidt, reiv av seg hua og bukka, so han stod i vinkelkrok.

5.

Etter solskin kjem det regn. Daa Torgeir kom aat smidja um maandagsmorgonen var han graableik og hiren som han skulde vera dregen

or sjøen. Han var vorten fyllesjuk i gaarkveld etter han kom inn og hadde havt ilt heile natti. Der skulde nok ikkje mykje til paa den vesle heilen. Han svara ikkje eit ord, daa dei nemde gaarsdagen, og sette seg i ei kro med' hine gjekk inn til middags. Han vilde ingenting ha.

Daa dei kom att, hadde dei ei liti stunds kvild fyrr dei byrja. Dei sette seg i ein krins til aa kviskra og røda som dei aldri saag Torgeir.

Svarte-Andres fortalde, at han nettupp hadde vore ein svint burt paa kraambudi hjaa Brun, lyddest det, og der kom altslags løynske ord um „den fyren" og „ho sjølv", som hine lydde paa med stor undring.

Jau sjaa —. Den kryla ryggen hans Torgeir retta seg som ein snegel; det slakke andlitet vart spana, dei dimme augo livna; han lydde tilslutt etter med open munn.

„Nei sjaa den sjelmen, um han ikkje frisknar til no!" ropte Andres med eit og sprang burt til han. Torgeir stræva faafengt aa løyna forvitenskapen sin, og han slapp for aa staa lengje i uvissa. Det var altfor rart nytt til dess.

Kraambuddamorne hjaa Brun hadde fyrst vore berre smil og undring yver den fine herren, som helsa so paa frøkeni i gaar. Og tilslutt kom ho sjølv *og* og spurde raudnande eit og anna um „den fyren". Ho kjende nok litt til han fyrr og, men vilde vita meir. Og han svara alt det beste han visste.

Andlitet hans Svarte-Andres var so ærlegt, at Torgeir kunde ikkje anna enn skyna, kor gode merkje dette var, han med; det blenkte i augo og lyste i kinnarne han.

„Ser du ikkje no, at det var godt du vaaga deg fram til aa gjera ei byrjing?“

Torgeir blinka og kunde ikkje negta det.

„Men hadde du vaaga det, um du ikkje hadde fengje deg litt til hjartestyrkjing?“

Hm . . nei; det gjorde visst mykje.

„Men ser du ikkje daa, at det er godt aa ta seg ein liten sup av og til og ikkje bry seg um litt ulag etterpaa?“

Mja . .; Torgeir laut tilslutt halda med det og; det kunde visst turvast aa faa bugt med ræddhugen han altid hadde so mykje av. Ein liten fyllehir var soleis ikkje det slag aa bry seg um. Han lo aat det heile og belga med dubbel fart, og i denne gode stundi var Svarte-Andres paa ferde med ei god raad att.

Naar ein var komen so langt som Torgeir no, so var det ikkje nok aa vera full-fin herre i eit; ein maatte vera det i alt. Attaat slik frakk maatte ein ha fin flosshatt og kvite hanskar. — Torgeir totte altid det vart mykje dette, men gav seg trast for dei som betre visste. Og pengespursmaalet vart greitt enno lettare enn sist. Andres visste um ein passeleg flosshatt hjaa handlaren burti smoget og gav Torgeir

skjelingar til aa kjøpa for. Dette gjorde hine og høgsinna; dei skaut saman til hanskar.

Neste dagen i middagsstundi hadde han alt fengje stasen heim og hatten paa — ein gamall røyktut med flekkar paa her og der — og hadde undringi vore stor um sundag, so var ho no dubbel. Dei kom snart ikkje til aa kunna snakka til han paa gata lenger.

Torgeir gjekk mest ør av gleda og synte seg, og at han skulde ha alt dette til gjevandes gjekk heilt yver vitet hans. Det var ein godleik han aldri hadde drøymt um. Han var nok komen millom dei snildaste gutarne i verdi. Han takka alle i handi og var mest vaat i augo av takksemd.

Sidan um dagarne hadde dei full sjau so ofta dei hadde ei stund til aa læra han aa bera røyktuten fint, strjuka han fint av for damorne og snakka fint. Han tok alt med det største aalvor og gjorde store framstig.

Han var beintfram bitaling verd, stylken.

6

Det gjekk leitt. Daa sundagen kom og Torgeir skulde syna seg i all sin glans, var det uver og regn, so korkje han elder damorne kunde driva ute. Men aa lota venta heilt til ein annan sundag var kalleg drjugt.

Daa vart Svarte-Andres snau for tobak ein kveld, og etter litt kviskring med Torgeir

klædde denne seg i skinande puds med floss og alt og strauk burt paa kraambudi til Brun for aa kjøpa tobak.

Sidan um kveldarne gjekk han paa same vis etter andre ting. Det trefte just ikkje ofta, at dei hjaa den fine „manufakturhandlaren" hadde det han spurde etter; men det var Brun si skuld det og ikkje Torgeir si.

Utanfor kraambudvindauga stod altid einkvar av smedegutarne og saag, korleis det gjekk. Og det gjekk rett bra. Torgeir med flossen bruka fin skikk, so det var svære ting. Kraambudgjentorne stirde uppi under etter den rare skapnaden og smilte; no fekk han sjølv sjaa det; her var nok av syn for segn.

Dei visste nok elles alt, kva det var for ein. Der var ei gjenta i huset, som var syster til Juliana og visste eitkvart fraa smidja.

Brun budde ovanpaa i huset, der han hadde kraambud. Det var soleis ikkje uraad, at Torgeir kunde raaka upp i aa treffa sjølve henne og. Dei fyrste kveldarne laga det seg ikkje; men fjerde kvelden var lukka god: ho stod beint innanfor disken og saag paa noko ty. Torgeir svinga seg som ein viskelermann med sæle smil og gjekk beint burt til *henne* og spurde etter det han skulde faa i kveld — denne gongen ein pose skopinnar. Der gjekk eit lite vrid um munnen hennar; so synte ho han berre burt til hine med ei fornem handvitting og gjekk sin veg.

Torgeir var ikkje fri han var lang i andlitet, daa han kom heim utan pinnar og fortalde dette; — han løynde ikkje lenger noko for vennerne sine. Svarte-Andres hadde eit heilt stræv med aa faa han til aa skyna, at ho berre var so bljug enno, sidan der var so mange til stadar. Men var han ikkje enno fulltrygg, so vart det heile greitt dagen etter, sundagen. Torgeir og eit par av smedegutarne dreiv i stort puds burti gata midtfor Brun og uppdaga med eit eit smilande kvinnfolkeandlit i eit vindauga uppi andre høgdi. Det gjøymde seg so svint, at Torgeir ikkje var sikker paa, um det var ho.

Men so lét dei han gaa attende aaleine for aa sjaa, um ho ikkje daa vaaga seg betre fram. Jau det var ikkje fritt. Ho stod med andlitet attum ein blom og vitta ned til han med handi gong paa gong — vitta enno etter ho var kvorvi attum gardinerne att.

Torgeir gjekk sidan heile dagen som i ein sæl draum, fri for alt som heitte uvissa, og smilte til vennerne sine. — Dei for sin part hadde tidlegare snakka med tenestgjenta, syster aat henne hjaa smeden, og fengje henne til aa lova aa gjera eitkvartslag — um det trefte seg so.

— Um kvelden høyrde dei Torgeir tusla uppe i timevis uppaa kotet sit og stulla med stasen. Han trong ikkje lenger paaminning um aa vera fin. Frami vika fekk han seg uppstaaande krage som ein byfut og ein lysande

fire-skjelingsring, so der var store voner til sundags att. Men daa gjekk det paa nytt lag bakvendt. Ho var reist paa landet og skulde vera der ei heil tid. Det var soleis suautt von um aa finna henne paa nokre sundagar.

Forbanna greior. Torgeir var lang i andlitet og hine gutarne ikkje minder. Men for det kunde han no ikkje løyna ljoset sit under ei skeppa i all denne tidi helder. Dei drog han med seg til eit „forlystelsessted“ uppi utkanten av byen, der det var moro og dans um ettermiddagen, og heldt seg sidan der kvar sundag.

Torgeir hadde alt gjort store framstig i aa vera modug millom folk og kom seg her enno meir. Han song og tralla midt i sveimen av framande, sosnart han hadde drukke eit glas. Med dansekunsten hans stod det just ikkje rart til; men det han kunde fekk dei viljug sjaa. Han var snart komen upp i aa svinga seg paa ustøde kalvebein heile salen rundt med dei gjentor, som berre var aa faa med. Maken til jolebukk hadde enno ingen set paa ei dansebud. Alle vilde vera godvenner med han og faa spendera paa han. Den bljuge guten, som for ikkje lengje sidan var graaten nær for eit lite drjugt ord, var ikkje til aa kjenna att. Han snakka mest ikkje um anna enn gjentorne; skrøytte av, kor galne dei var etter han, og fortalde til alle baade gamle og nye venner, at han var daudsens

hugteken i ei fornem dama og alt komen mykje i kjenskap med henne.

— Det var altid ei kalleg sykja um maandagarne etter slikt; men dette skræmde honom ikkje lenger. Det laut til, naar ein skulde vera kar millom gode karar. Det var kome dertil, at han ofta um maandagarne *bad* um ein liten sup til aa stiva seg upp med. Song so eit flott vers for aa syna, kor lett han tok det. Men det var ikkje den blide, barnslege songen som i byrjingi, dette. Det gjekk med underlege andpustne rykk upp og ned. Der var idetheile kome noko urolegt, uppøst ved all aatferdi hans. Han belga lonutt og ujamt, og ein kunde ofta høyra han driva att og fram lengje etter leggjingstid uppaa kotet sit.

— Gjentegrillorne var nok komne for fulle aalvoret no, sa Svarte-Andres med stor gleda.

7.

Det var gjenge heile fire vikor sidan frøken Brun reiste, og enno var ho ikkje attkomi. Heldt seg inni fjordarne ein stad.

Det vart drjugt dette. Dei laut til aa snakka med Torgeir att. Brev; — ikkje friarbrev enno nettupp; det hasta ikkje. Men litt helsingar og gode ord, so saki ikkje leid nokor avdovning.

Torgeir fann som vanleg vennerne sine slugare enn seg sjølv, og han Andres var som

vanleg hjelpesam; brevet, paa rosepapir, kom same kvelden i posten.

Dei byrja um nokre dagar alt aa vona so smaatt paa eitkvartslags svar. Men fyrr det vart noko, kom der eit heilt uventa godt aaføre til aa sjaa henne att. Der skulde gaa eimbaat paa „lysttur" radt inn i fjorden til heimbygdi hans Torgeir um sundagen, og i siste augneblinken fekk dei vita, at ho og var med. Ho var komi heim i gaarkveld og vilde inn att dertil ho heldt seg.

Der gjekk eit rykk i Torgeir. Her var tvo flugor aa slaa: syna seg for *henne* i all sin glans og dertil faa syna seg for heimbygdi, der dei hadde helde han so ring. Han sprang paa livet laust og pynta seg og fór nokre minutter etter ned til bryggja som ein brudgom, bukkande til alle damor. — Meistaren hadde nyleg gjeve han litt i løn for den sidste maanaden, so han hadde aa greia seg med denne gongen.

Daa Torgeir kom aat smidja um maandagsmorgonen var det snart aa sjaa, at det maatte ha gjenge framifraa. Han gjekk som med sol i augo etter gaarsdagen enno. Sosnart meistaren var gjengen fekk dei ogso fullgod greia paa alt.

Det var denne gongen han sette heile bygdi der heime i undring, daa han kom der som ein storkar. Men det beste var det dei der ikkje drøymde um: attaat at han i heile fire timar fekk blenkja for henne hadde han fengje baade

helsa paa henne og lura seg til aa snakka nokre ord med henne nedi ei tropp. Og det kunde visst ha vorte litt meir og — vona han, hadde ho ikkje stødt vore so umringa av andre dámor og sidan laut gaa i land fyrr enn han.

Sæle guten.

I middagsstundi nokre dagar etter var nokre av smedegutarne i ferd med eit brev att. Det var skrive fraa Karoline Brun paa roseraudt papir; det takka Torgeir i blide ord for brevet hans sist og klaga for, at ho fekk snakka so lite med han millom alt folket um sundag. Ho blygdest so. Men no var ho komi heim att og hadde tenkt ut ei raad til aa gjera det godt att. Papa og mama skulde i kveld ut til nokre kjensfolk; men ho vart heime. Kunde herr Torgeir Olsen ikkje daa ha tid til aa koma innum til henne, medan ho sat der aaleine? Best var det, at han venta til det var passeleg skymra. Men han maatte for guds skuld halda dette i djupaste løynd og gaa stilt i tropperne. Det var berre med bankande hjarta ho vaaga dette. . .

Litt etter kom ein gutunge aat smidja med eit lite fint brev til Torgeir. Han var nok ikkje sterk i skrift, men stræva seg gjenom det lell og vart etterkvart som fjetra — eldraud og andpusten. Heile hurven flokka seg kring han for aa faa vita nytt; men denne gongen slapp dei for aa faa vita so mykje som eit ord. Han brende brevet og tagde som ein mur.

Dei laut lata han i fred med løyndi si og tok i staden til aa røda um gjentorne; slog burtpaa um stemnemøte og slikt rart og kom upp i eit langt prat um, korleis moduge gutar kunde stella med gjentorne, naar dei hadde dei soleis for seg. Det gjekk um runde barmar, kyss og myrke rom — drjugare og drjugare. Torgeir vart sistpaa so uppøst, at han var som fraa seg; han gløymde aa belga, lo underlege stutte laattar og snofla nokre gonger i koll i sine eigne lange føter. Ein kunde læ høgt utan at han gaadde noko.

8.

Det leid paa sumaren, so netterne alt var myrkna mykje no. I kveld var det desutan tungt skoddever. Det var svært godt laga for Torgeir, som kom smjugande ut still som ein katt, i beste pynten sin, ein times tid etter arbeidet var slutt. Og likso godt trefte det for Svarte-Andres og eit par andre smedegutar, som smaug etter for aa sjaa.

Det var ikkje berre uppspinn dette um dotteri, som sat heime aaleine. Dei hadde av eit slumpehøve høyrt det av gjenta derburte; — det var nettupp dette, som hadde sett fart i det heile just no. Men det var ikkje til aa negta, at det var vaagesamt *og* dette. Trefte han henne, so kunde det ikkje enda paa meir enn *ein* maate: at han vart send paa dør og heile elskhugssoga dermed øydelagd.

Uraad var det ikkje, at sjølve han Torgeir daa kunde faa eitkvartslags mistru. Men det fekk skura likevel. For eit slikt spel laut ein noko vaaga, og løgje var det, um der ikkje skulde verta *ei* raad til aa sneda det til att. Ein fekk greia ut for han, at han berre var komen ut for ei hugsnikja, hjelpa han i veg med eit nytt enno betre frieri og trøysta han med ny stas. Best var det vel og, at han slutta paa ein slik einskild plass, fyrr det gjorde leitt for nokon.

Det gjekk ikkje fort med han burtetter. Han gjorde allslags krokar gjenom smogi og stansa sistpaa still som ein skugge under husveggen tvers yver for Brun.

Det var myrkt i alle vindaugo i huset so nære som i eit uppi andre høgdi — kanskje nettupp romet hennar. Der rekte folk i gata, so han stod uviss eit bil; men endeleg vart det ein augneblink so tomt, at han vaaga spranget yver gata med hatten djupt i augo; stengde døri etter seg.

— Lurararne var komne fram i gata eit stykkje burtanfor. Fraa hin kanten kom ein politimann, ein flokk sjøgutar og fleire. Daa lyddest det med eit ein smell i golvet som av ein velt stol ovanpaa i huset hjaa Brun og eit vitskræmt rop, so folk burtetter heile gata vart uppskræmde. Ljoset var i det same slykt, so heile huset stod der myrkt som natti; der lyddest hyssing som av eit kjøvt, forskræmt mannfolksmæle og nye skrik um hjelp fraa eit kvinnfolk.

Politimannen og sjøgutarne var i ein blink aat døri, men fann denne stengd. Dei laut rundt aat bakdøri, kom seg inn gjenom kjøken og fann ljos. Idetsame kom eit kvinnfolk hovudstups ned troppi — dotteri i huset. „Tåk han, styggen!“ skreik ho, seig som i uvit ned yver ein stol og fekk ikkje fram meir. Det maatte vera ein tjuv elder eitkvart enno verre. Politimannen sende folk til aa passa paa dører og vindaugo og steig upp troppi med tvo hjelpesmenn. Litt etter kom dei halande ned att med eit langt mannfolk.

Utpaa gata var det alt eit heilt uppstyr. Det hadde spreitt seg som eld i gras, at der var gjort innbrót hjaa Brun. Kjeringar oo gutungar kom laupande fraa alle kanter og trengde seg skraalande um tjuven. Men svint stansa skraalet og alle saag forbina — fyrst paa tjuven, so paa einannan. Tjuven hadde flosshatt, sid yverfrakk, kvite hanskar og greior. Heile uppstyret saag ut til aa vera eit stort mistak mot ein fin herre — til dei kom burt mot ei gatelykt og fekk sjaa han betre. Daa uppdaga dei, at stasen var gamal og folna som paa ei fugleskræma; han stirde i kring seg me vitskræmde augo som ein utslept daarehusfange og vilde ingenting svara, daa politimannen spurde etter namnet hans. Folk flytte seg mest rædde fraa han, og der var ikkje anna aa gjera enn aa faa han paa politistasjonen. Dei tok til aa hala i

veg med han. Daa vart fangen med eit som fraa seg. Han gav politimannen eit spark yver leggjerne og rykte rasande til, so han kom laus. Som ein galen sette han paa spranget og slog yverende kven som kom i vegen. Etter kom politimannen som ein blodhund, medan heile hopen skreik og huja. Torgeir heldt paa aa koma unda inn i ei sidegata; men der rende han seg yverende i ei tropp og vart teken att. Han vart bakbotten og utan naade sett paa fangeholet. Det saag ut til aa vera ein fant av verste slaget. Stashatten var no blesen av han og nedtrampa i gata; han blødde i skallen etter fallet mot troppsteinarne, so det sila nedetter andlitet, og frakken hadde fengje ei lang rift i ryggen.

Som skræmde hundar kom dei tri lurararne etter heilt upp aat stasjonen for aa sjaa aa faa den blinde larmen nedsont. Men der var ingen ting aa gjera. Torgeir sat bakum bolt og jarn og skulde verta avhøyrd neste morgon.

— — Dagen etter var hendingi hjaa Brun kjend yver heile byen, og det var kome upp, kven den „paagripne personen“ var. At han var gjengen ut paa aa stela fanst det ikkje teikn til; han hadde ingenting rørt i huset; men kva var han so gjengen etter?

Dei underlegste sogor tok til aa spreida seg. Smedeguten skulde i lang tid ha gjenge utfjøra i denne villmannsstasen og vore etter frøken

Brun. Ho skulde tilslutt ha vorte so rædd, at ho snautt vaaga seg ut aaleine. Men daa han ikkje fann henne paa onnor vis, hadde han i gaarkveld lurt seg radt inn paa soveromet hennar og blese ut ljoset, so ho vart skræmd mest fraa vitet. Det maatte vera ein villmann, som hadde ein skrue laus.

Det saag ut til det same, daa han vart teken fram uppaa politistasjonen og. Han stirde ned for seg med eit underleg vitskræmt andlit, var eldraud i augo som han skulde ha vakt yver, snakka med seg sjølv av og til og vilde enno minder enn i gaar gjeva svar paa noko. Dei visste ikkje onnor raad enn aa senda bod etter doktor. Med det same vart Jensen og smedegutarne hans bedde um aa møta paa politistasjonen; dei vilde faa betre greia paa, kva han var for ein.

I smidja var det i dag ingen som lo. Der lyddest berre ein og annan sinna eiden millom bankingi. Faamingen vilde sjølvsagt sleppa att, naar samanhengen um møtet kom for dagen. Men kom det upp, so var det ikkje aa venta, at han kunde skjola noko av alt det andre helder. Ei ven surpa for politiet! Fa'nsmagt, at dei skulde ha sent han til slik ei jaala som slog seg gali. Det einaste der var aa gjera var aa ljuga fraa seg so mykje som raad var. Han kunde aldri faa plass her etter dette, so det var

ikkje vandare i. Dei tok einannan i eid paa aa halda eit.

. . Det kom ikkje til aa turvast.

Daa doktoren kom, fór den underlege fangen mot han som eit villdyr, gloraud og med skóm i munn. Han var gjengen heilt fraa vitet. Det var ikkje anna aa gjera med stakkaren enn aa faa han paa daarehuset ovanfor byen.

— Dagen etter var Svarte-Andres og ein annan av smedegutarne deruppe og fekk sjaa inn til han gjenom ein glugg; — dei totte dei laut sjaa han enno ein gong. Daa gjekk han med febervill fart og pudsa den sundrivne frakken sin, saag seg i ein spegel, som ikkje fanst, og gledde seg til stemnemøtet enno. Eit stemnemøte med ei fin dama . . den venaste i heile byen . . lukka seg inne i myrkni . .

Det var eit syn til aa fæla av lengje etter. Stakkaren, kven skulde ha tenkt slikt. Det var nok gjenge rundt i hovudet hans heile tidi etter den mottakingi han fekk ved møtet, og sidan hadde det andre gjort resten.

Dei lét vera aa banna og snakka grovt ein heil dag etter og var glade, at det ikkje vart noko av med ljugingi paa han.

9.

Ein dag eit par vikor etter kom det eit brev fraa styraren av sinnssjukehuset i byen til lensmannen heime i bygdi. Det var um ein smede-

gut Torgeir Olsen, som høyrde heime her. Ummelde gut var avfaren ved dauden eit par dagar etter han var sett inn paa daarehuset. Daa dei vilde byta klæde paa han og faa av han ein fillutt frakk, tok han paa uppassararne og bruka magt, so det sprang eit blodkar i han.

Smedemeistaren hadde teke paa seg alt utlegget for han og lét i dag det vesle, som fanst etter han, verta sent heim til mor hans, som dei hadde høyrt skulde ha det smaatt. Lensmannen vart bedd um aa gjera henne kjend med dette.

Av ein mann som same dagen kom heim av byferd, fekk dei sidan vita heile soga um den usæle kvelden og endelykti paa det.

Ei stygg soga, som det ikkje var gildt aa fortelja mori, stakkar. Ho var paa ein gard tett ved og kom kvar dag til lensmannen, som ogso var postopnar, og spurde etter brev fraa sonen. Han hadde lova aa senda henne eit portræt av seg, som ho dagstødt venta. Ho kom snart i dag og og ropte smilande i døri etter brev.

Lensmannen berre peikte paa ein sekk, som skulde til henne.

Ho gjekk forbina burt og saag i 'n. Der var ein dult med gamle slitne klædeplagg og eit lite skrin, som hadde vore Torgeir sit. Klædefillorne saag ogso ut til aa ha vore hans.

Kva meinte han med aa senda henne sovore? — ho stirde handfalli paa lensmannen.

Han berre kremta; ho gaadde med det same, at han var so uvanleg aalvorleg og still, og at alle hine, som var der etter post, stirde so underleg paa henne. Ho fekk som eit vondt hugskót og sprong burt mot dei.

„Det er no vel ikkje noko i vegen med han?“ skreik ho.

Lensmannen flutte seg mest skræmd unda og kunde ikkje negta sanningi: det var arven etter han ho her hadde fengje.

Ho stod ein augneblink som klumsa — som ho ikkje skyna. So fór ho mot lensmannen med knytt næve, med stygge, gule augo og graa i andlitet.

„Er han daud? . . du lyg, elder dei hev drepe han for meg . . du lyg!“ skrik ho mest kjøvd. Lensmannen berre peikte paa brevet, og daa ho hadde fengje det uttyda og saag paa dei gamle klædi att, kunde ho ikkje tvila lenger.

Og kanskje han alt var komen i moldi, fyrr ho visste ordet av det?

Ja — for nokre dagar sidan.

Ho spurde ikkje meir; ho sette i ein ylgraat som eit saara villdyr og fór ut med henderne for andlitet. Dei laut hjelpa henne heim og sidan halda vagt paa henne uppaa eit loft. Ho vilde springa paa sjøen og drepa seg sjølv med det same.

Dagen etter var ho rolegare att, men ikkje den same som fyrr lenger. Ho var so underleg

i augo; der hadde lagt seg som ei graa dimma yver dei. Ho gjøymde seg i ei myrk kro burti eit tomt fjos og vart sidan sitjande der dag etter dag som eit uvette; dei høyrde henne røda med Torgeir og lova blodug hemn yver alle, som hadde gjort han vondt.

Folk vart tilslutt so vande med dette, at dei ikkje saag meir etter henne; ho kom altid inn frampaa kvelden.

Men so var det ein myrk haustkveld ho ikkje kom og var ingen stad aa finna. Dagen etter var halve bygdi av paa leiting. Daa fekk dei tilslutt auga paa noko svart, som rék nedved elveosen; — det var ho Gunhild som laag der og rék.

Vanfør.

Einar stod utpaa dørhella og surmulte. Og han tenkte med seg der han stod, at ingen hadde det so leitt som han. Ingen var so plaaga som han — aldri nokon. Og alt det berre for den broren si skuld, den krylryggen, som han støtt laut ha etter seg som ein hund. Han skjeggla burtyver tunet til broren, som stod der og tusla attved ein stabbe og saag hit. Det var ein liten iktebroten tusling, broren, medan Einar sjølv var stråk og sterkvaksen.

Det var ikkje altid han hadde set paa broren med slike augo som no. Han Paal, broren, hadde ei tid vore frisk og velskapt han og, og dei hadde vore mest jamngode i alt. Dei hadde spronge og leika saman og vore med granneborni saman. Men so kom den sjukdomen yver han Paal; den svære sjukdomen. Det varte ein heil vinter med verk og vondt, og daa han endeleg kom paa føterne att, var han heilt som vanskapt. Han hadde fengje ein stygg kryl paa ryggen og var vorten so liten og fimren; akslerne stod høge og kvasse og hovudet liksom so laagt. Og for dette fanst det ingi raad. Han laut vera soleis all sin dag. Ho mor grét og Einar var

ikkje minder usæl ved aa sjaa broren soleis. Og kunde han gjera noko for han, so gjorde han det. Han laga leikety aat han; leidde han ute og henta bær og blomar og alt han visste aat han.

Det var i fjor dette. Men sidan . . Etterkvart som Paal kom seg til aa kreka og gaa, vilde han vera med alle stader, der broren og grannegutarne gjekk; og kor dei kom bisna og stirde folk paa han — burti grannestova, ved kyrkja, alle stader. Endaa verre vart det, daa han kom aat skulen att. Ungarne lo, hermde etter han paa baket og kalla han Kryle-Paal. Og det var plent som noko av alt dette gjekk ut yver *honom* og, totte Einar. Det var ikkje greitt aa sleppa for, naar han eingong var broren. Tilslutt tok dei endaa til aa *kalla* han Kryle-Paalsbroren, naar det gjekk med vondt. Kva skulde han svara paa sovore?

Han tok til aa leiast og skjemmast av heile broren. Han fann honom stygg og vesal med krylryggen, han og, og vilde helst sleppa for aa ha han med. Men det var lettare sagt enn gjort, dette. Sprong han fraa han aldri so lite, so var det ei tuting og graating utan all ende med stakkaren. Foreldri vart og vonde og skjente og hadde eit par gonger endaatil gjeve han ris.

Han tok tilslutt radt til aa hata broren, som var skuld i alt dette. Han hjelpte han aldri med leikety elder nokoslag lenger og gjordest paa og sprong fraa han, naar han berre vaaga det.

Men aldri hadde han harma seg so yver alt dette som i dag likevel. Det var buførsdag i morgo, og alle dei som skulde vera med og driva buskapen heim, reiste upp til støyls i dag og var der natti yver. Han hadde fengje lov til aa vera med og hadde gleda seg til dette i lang tid; for noko gildare enn denne buførsnatti paa støylen fanst ikkje. Dei samla seg i eit sel allesaman og heldt moro og song; dei koka buførsdravle og kveikte baal utpaa bergi, so det flama himmelhøgt. Det var ei høgtid som ei liti jol. Olaus og Knut burti stova vilde og vera med og mange gutar nedanfraa gardarne.

Men han maatte sjølvsagt ikkje ha broren aa dragsa paa, um det skulde verta nokor gleda. Han hadde ikkje eingong kome paa aa syta for det denne gongen, so lang veg det var. Men jau — daa dei byrja aa reida seg til, lyddest det ikkje betre, enn at han gjorde seg tankar i dag og. Han tuta og bar seg, so ho mor tilslutt gav han lov til aa vera med, han og. „Han maa vel kunna fylgja, naar de ber han yver bekkjerne og gjeng som folk," sa ho. Men ho kunde seia kva ho vilde: han *vilde* ikkje ha han med denne gongen. Rakkaren kunde gaa til støyls med den møslingen. Han hadde fyrst tenkt aa laupa beint fraa han, men fann sidan paa noko betre for aa sleppa uppstyr og staak. Han hadde vore burt til grannegutarne og sagt,

at dei kunde gaa uppi vegjerne eit stykkje og venta paa han der. So vilde han seia, at han vilde vera heime og faa Paal til aa tru det; og so lura seg i veg, so han aldri gaadde noko.

Det var alt eit heilt bil no, sidan dei tvo var gjengne, og dei vaksne buførsfolki var og farne. Men aa faa lura seg av stad — det var ikkje so lett enno, det. Han Paal hadde nok som ei mistru; for han gjekk og heldt augo med han, kor i verdi han so snudde seg. Ute og inne som ein ræv. Einar var so sinna, at han hadde hug til aa banna og slaa, men laut fint bita det i seg. Paal maatte ikkje gaa' nokon ting.

. . Einar var no komen ut paa dørhella visst for femte gongen og stod berre og ølmde, medan broren stod burtved stabben og passa paa. Det forargelege kreket.

Men sjaa der . .; der var Paal sidstpaa komen til aa snu ryggen til han og tusla med noko nedfor seg; knytte skoreimarne sine. Einar anda snautt og tok til aa glida ljodlaust som ein katt nedetter mot stovenovi — um nokre augneblink var han komen i skjol. Hjarta hamra, og paa fljugande spranget bar det burtunder stova. Kunde han no berre koma burtum løda og upp langs bekken, der det var skog, so var han alt berga. Men der, aa piske det! . . der høyrde han alt broren ropa og koma burt millom husi. Det var jkkje tid til aa koma attum løda; han laut smetta

innum laavedøri so lengje. Men skulde no broren og koma beint hertil? Han fekk auga paa ein stige og klauv svint som ein elding upp paa høystaalet, smaug inn i eit langt hol og kika ut gjenom ein glugg under tekkja.

Han Paal gjekk dernede og leitte uroleg kring noverne, men saag ikkje ut til aa ha tanke um, at han var i løda. Berre han no vilde krakka seg inn aat stova og leita der, so han kunde faa smetta i veg. Han byrja alt aa gaa den vegen, tuslingen; men so trefte han henne Olina og fekk nok vita, at han ikkje var der. Han kom beint attende og flaug sidan alle husi rundt med roping og leven, so det var uraad aa vaaga seg av flekken. Og tilslutt kom han og sette seg beint ned paa laavekloppi, tuta og gret og gav seg reint yver.

So forbanna . . nettupp der! Der var ingen annan utgang enn gjenom laavedøri, so han var reint fast no.

Graaten sakka sistpaa av; men enno sat ungen der, smaahigsta og grov i moldi.

Det kokte av sinne i Einar; men fint roleg laut han halda seg likevel. Høyrde Paal honom tusla aldri so lite, var alt øydelagt. Her var ikkje anna aa gjera enn aa venta med taalmod, til han kunde dra' seg vek eingong. Han lagde seg ljodlaust bakyver i høyet.

Ja ja . . det var no god dag enno og, um han laut venta eit bil. Soli stod eit godt stykkje

yver fjelli. Og vegen visste han, um Olaus og Knut ikkje gav seg tid til aa venta. Han kunde gjerne liggja, um det so var ein heil time for det; — lenger kunde no aldri ungen setja seg fyre.

Han skaut pusten og slog seg til ro best han orka.

Det var daudstilt i kring han; han høyrde ikkje eingong Paal smaahigsta no. Men han *var* der enno; han saag atti han gjenom ei rivna. Men naar han no laag daudstill, til han hadde rekna til tusand . .? Ein, tvo, tri, fire . .; han heldt paa til femti; so gjekk det i surr.

Stilt, stilt . . berre bekken sikla jamt og sovidt høyrandes bakum løda . . surr, surr. Og det susa for øyro som ein ljod langt burte. Han tok til aa kjenna, at han laag godt i høyet. Der var so mjukt og varmt. Og inn gjenom gluggen stod som eit lint, svalt pust mot han. Han lét augo glida att og døyvde svint eit stikk av uro, som vilde koma att. Det *var* ingi braahast, naar han no ikkje rokk i dei andre likevel, og no *vilde* han gjera seg trygg. Det verste var i grunnen vunne no han var or augo hans . .

Nei, men rektig godt laag han ikkje, likevell. Der var noko hardt midt under ryggen — ein klump høy elder ein knagg. Men det var ikkje vaagalt aa røyva paa seg og vøla det . .

Han tenkte sistpaa paa ingen ting og vart so tung i hovudet av den sterke høyangen.

Tyngre og tyngre. Det var noko han laag og stræva med aa hugsa, men kunde ikkje finna det att. Han visste berre, at det ikkje var noko godt. Samstundes var det som han vogga upp og ned, upp og ned — —

Aa no saag han det: han sat i eit tog og føykte seg. Det var i laaven. Han Olaus stod ved sida og huska og føykte han. Det var so han kjende vinden strøyma mot andlitet. Han byrja aa kjenna seg so kitlande glad og sæl — hadde det ikkje vore det, som tyngde han paa ryggen. For der *var* noko der, som ikkje skulde vera. Han hadde visst kjent det eit heilt bil. Men kva *var* det i grunnen? Han steig sistpaa ned or føykjet, gjekk burt aat ei kro og kjende seg paa ryggen.

Det fór ein vond støkk gjenom han med det same. Jau, det var nok altfor mykje noko i vegen med ryggen! Der var kome ein stor, fæl klum som ein kryl paa han — liksom den han Paal hadde elder enno verre.

Men kunde slikt vera raad, likevel? Tru det ikkje var berre draum og vas altsaman? Han smaug stilt utpaa laavekloppi og kjende betre etter. Nei, gudhjelpe — det var ikkje so væl, at det var draum. Krylen stod der stor og fæl som eit kvelvt fat. Og just idetsame høyrde han gutarne ropa paa Einar uppi laaven. Sku' dei no koma og sjaa detteher . .!

Han rømde paa livet laust inn aat stova . . høyrde so heile gutehopen koma etter uti døri, læande og skraalande. Dei hadde visst alt set noko. Han slog upp vindauga og flaug ut. Der var høgt, men han kjende snautt, at han kom nedpaa. So smaug han burtunder stova og bakum alle husi. Men enno høyrde han ropi og kjende seg utrygg. Han laut springa innyver bøarne og gjøymde seg tilslutt bakum Haslehaugen. Der slengde han seg ned og vilde pusta ut; men med eit skrik fór han upp att. Det gjorde so vondt, daa krylen støytte mod marki, at det sveid og brann. Han sveiv i tunn og reiv av seg klædi for aa kjenna rektig væl, korleis det stod til paa ryggen.

Aa du, aa du, som det stod til! Aa! Krylen stod beint ut i veret som ei tung, overhendig rullepylsa og so saar som krut. Det var so visst som han livde no, at han var vanskapt. Og so var det aldri, *aldri* tanke um aa verta god att helder. All si tid maatte han gaa soleis. Kva nytta det so aa gjøyma seg? Dei vilde eingong faa sjaa det likevel. Kva vilde dei so seia . . far, mor, allesaman . . alle som hadde lætt aat han Paal?

Han hadde gjenge i ei uklaar rædsla for dette heile tidi; men no tok det han so hardt, at han skolv yver heile kroppen. Og aldri meir kunde han vera med, naar hine gutarne var ute

og sprong helder no. Han fekk all sin dag tusla her med den vanskapte broren . . .

Broren ja . .; han kom med eit til aa hugsa alle dei gongerne han hadde vore vrang mot han og laupe fraa han. Alle dei gongerne broren laag etter og grét so øjelegt. Men no fekk han sjølv smaka same retten.

Ja . . kanskje det nettupp var kome yver han alt dette, avdi han hadde bore seg soleis? Han skolv verre og verre og sette i aa graata — aa kor han grét. Det silrann or augo. Han slengde seg gruv ned paa marki og smelta reint burt i graat. Han freista aa lesa fadervaaret, men hadde gløymt det heilt ut. Det sveiv berre for han, at der var noko um „magten og æren", og so stræva han med dei ordi upp att og upp att. Dei vart tilslutt til tvo tjukke klumpar, som stod fast i halsen paa han. Soleis vart han liggjande som valen lengje, lengje — lenger enn lengje . . .

Kva *var* det? Det ropte att — utfor haugen. Kanskje dei kom her og, gutarne? Han grov seg upp og kika fram gjenom buskarne. Jau det var dei. Men dei kom ikkje her. Dei var ferdaklædde og fór uppetter støylsvegen. Aa no hugsa han: dei skulde til buførs i kveld! Og han *og* skulde ha vore med. Men so var dette kome . . aa no slapp han aa hyggja seg til det meir!

Graaten braut fram att. Idetsame uppdaga han, at der ikkje fanst buskar framfor han. Han stod midt i augo for alle og var dertil fljugande naken med styggeskapen paa ryggen; — han hadde gløymt aa klæda paa seg att! Og der uppdaga dei han og kom! Alle skuleborni var der og. Dei ropte og lo. Han vilde røma, men stod fast som steinen. Vilde ropa, men var maallaus og. Han tok sistpaa eit tâk, so det svartna for augo, og fekk fram eit kvin — — — han fór upp og vakna.

Kor *var* han? Han saag seg forfjamsa i kring — so laag han uppi høystaalet, der han hadde lagt seg og venta paa, at broren skulde gaa or vegen!

Ryggen — — han fór svint med handi bakyver. Der var ingenting i vegen. Men daa han skulde til aa sjaa, so hadde han sige djupt ned i høyet med hovudet og føterne, medan ryggen hadde lege tvers yver ein bjelke under høyet — det var klumpen paa ryggen!

Han sprang fortumla fram og ned i laaven. Broren var gjengen or vegen, og soli var gjengi ned.

— Eit bil etter kom han smjugande ut or stova. Han hadde sove i væl tvo timar, so det var for seint aa gaa til støyls no. Han kunde raaka spelege hestar og altslags i halvmyrkni. Men det fekk vera det same og. Han var so glad for, at den avstyggjelege draumen ikkje var sanning, at sorgi for buføret kom reint burt.

Han høyrde smaasystkeni sine nedi hagen og skunda seg ned til han Paal, som vart uppi under av aa sjaa han att no. Einar sagde ikkje stort noko; men han var med honom og laga leikety og var so snild frametter heile kvelden, at Paal snautt visste, um han skulde tru seg sjølv.

Or vegen.

Det er midt paa vinteren; snø yver marker og fjell; iskald, aulande vind fraa austheidarne og utetter fjorden; bleikt solskin yver fjell og fjord. Nettupp same halvgraae kvardagsveret i dag som i gaar, som i fyrdags. — Inne i stova paa Bakkarne er det og som vanlegt — som i gaar og kvar dag. I den bleike solstrima burtetter golvet ligg ein katt og freistar aa sola seg. Burtved vindauga sit ei gamal tenestgjenta og spinn. Ved omnen sit husmori rukkutt og gamal og spinn, ho og. Golv og veggjer er jamngraae av alder og sjeldfengd vask, husbunaden sliten og uvand; men elles er alt væl tilskipa og golvet sopt.

Ingen seier noko; inkje anna enn rokkesurren og ei haltande tikking av den gamle stoveklokka er aa høyra. Gamlekona ser av og til upp paa klokka, um det snart er tid til aa tenkja paa nonsmaten, og so hev ho eit auga burt til sengi, um gamlingen ligg roleg. Jau, gudskelov, det gjer han no. Godt for han sjølv, og godt at det er raad til aa faa spinna i fred eit lite bil og.

Det er gamlefaren som ligg i sengi. Han ligg der so liten og burtkomen under aaklædet, at ein snautt skulde merkja der var nokon, hadde ein ikkje set hovudet stikka upp paa høyendet. Han er sjuk, gamlingen, stakkar; andlitet er bleikgraatt og skrint, so det er mest berre skinn og bein; augo ligg innsokne i hausen. Det er sjaa-ande, at det ikkje er nokon braa-komen sjukdom, ein fraa i dag elder i gaar. Nei, det er den lange sjukdomen, den siste . .

Han hev i all si tid vore rask og rørig, han Jo. Ein slæpar, som ikkje hev skytt vind elder væta og aldri spart seg sjølv. Men i dei siste aari hev det teke til med verk, gigtverk i lemerne. For eit aars tid sidan tok det sistpaa so yverhand, at han laut til sengs, og daa han ein gong var komen der, laut han sidan vera der. Det var ein verk natt og dag, som var til aa verta galen av; verk i innste beini, so han tilslutt stivna til som ein stokk. Og eit mas berre han skulde snu paa seg, so han sytte lengje framfyreaat.

Paa det siste var det endeleg som det hadde dovna av att med verken; det var som der ikkje lenger var noko aa verkja paa. I staden hadde det slege seg for brystet. Hosting og uppharking dag og natt, so det snart var som tomt der og. Det var berre dauden aa venta paa, ingenting utan dauden; — alle i huset visste det, og best av alle visste han det sjølv. Og kanskje det

ikkje vart lengje til helder no etter denne vendingi. Ein fekk ikkje gjera sig nokoslags tankar, naar soleis til-stod. Og det fekk i guds namn koma som det vilde og. Han hadde stræva og gjort seg ferdug so vidt han hadde orka. I dei gode dagarne hadde det vel ikkje altid vore so rart med aalvoret og ettertanken. Ein gløymde so lett det vigtugaste. Men i dette aaret var det visst ikkje gjenge ein dag, utan han hadde stræva og bedt for seg og lese bøner i salmeboki. Presten hadde og bedt for han paa preikestolen. Han visste ikkje meir aa gjera, han for sin part, og so fekk han vaaga og vona det beste.

Han hadde rett altid fyrr trutt, at det skulde verta so mykje annorleis, naar enden nærma seg, — trui so mykje sterkare, tanken paa himmerike so mykje klaarare og lengsla so mykje større. Der stod altid so mykje um det i bøkerne. Men han skyna ikkje . . han kunde aldri faa det rektig til med dette; han kjende ikkje eingong vidare lengt etter aa koma til himmelen og vera med Kristus, endaa han hadde havt det so vondt so lengje. Himmerike var no som altid fyrr so underleg bleikt og langt, langt burte — ofta berre som ein draum han hadde havt ein gong langt attende i barndomen, og sjølve tanken paa Vaarherre var so altfor veik. Det var ofta so han radt maatte minna seg paa, at alt dette i grunnen kom honom ved — minna seg paa, at dauden i det

heile *var* noko anna enn den lange, lange kvild i moldi og gløymsla for alt.

Ja ja . .; men rædd og uroleg kunde han ikkje gjera seg for dette, korso. Det var vel syndi og kjøtet, som formyrka tankarne i lengste laget, so ein ikkje saag klaart nok. Ein fekk vona, at det klaarna betre upp tett inn mot enden. Og ein fekk ikkje venta for mykje helder. Ein fekk vona, at Vaarherre *og* visste, kor veike og blinde me var, og var naadug. Her var ikkje anna aa gjera; nei. Berre no enden ikkje maatte verta for strid. Aa ja, aa ja, san . . .

Den gamle salmeboki laag paa krakken framfor sengi ved sida av ei stor skaal med vatn. Han hadde for eit bil sidan lese ei av bønerne i „sygdom og nød" visst for hundrande gongen. Det var altid linnast med hosten eit bil midt paa dagen, og han skrimsla sovidt og saag den kjende lesnaden og daa. Han laag no og freista aa samla tankarne paa det lesne. Men dei vilde ikkje festa seg. Det var slikt eit stræv; og han var liksom so ferdug med alt det. Augo gleid att, og medan rokkarne surra og alt anna var so stilt, tok tankarne til aa fara sine eigne underlege vegjer, vida og langt — langt.

Solskin i dag; — det skjein gult gjenom dei tunne augneloki, naar han snudde seg mot veggen, der soli glein innpaa. Men det var ikkje noko skikkelegt solskin, dette. Det var

liksom aldri noko skikkeleg blankt solskin no som fyrr — for lengje sidan, helst svært lengje sidan — liksom den tid han var liten gut og stulla med leiketyet sit i solskinet paa golvet, medan ho mor og bestemor surra og spann, nettupp som kvinnfolki gjorde no. So lengje det var sidan . . so lengje . . yver dei seksti aari! Men likevel nettupp i denne same stova. Var det ikkje underlegt: all si tid gaa nettupp i dei same fotefar . .

Han vart liggjande still, so han snautt pusta, og stirde inn i gamle syner, — saag kor det blenkte inn i mori sit rokkehjul, i vindaugo i kveldingi, og utyver fjelli der vest, naar soli frampaa vaarparten gjekk so langt upp og skjein raudgult i snønutarne og i avlange skyer uppyver. Men dette drog med eit med seg minnet um ein annan vaar, ein endaa ljosare vaar, — den fyrste vaaren han og Margit var gifte. Dei var tvoeine i stova frametter haaballen og brydde seg ikkje um fleire i verdi helder. Naar dei stod upp um mornarne, glima soli uti lauvet paa dei gamle askarne burtpaa bakken — var det den same soli, som no berre so vidt orka aa kasta ein skitengraa flekk inn paa veggen? *var* det? . . ho skjein i lauvet, so det glima heilt inn. Og yver alt var som ein daam av sundag. Sundagarne, ja. Daa vart dei liggjande til langt frampaa . .; so varme og gode; rødde um alt og inkjevetta . . tenk, det var nettupp

her i denne same gamle sengi. Og so glade dei var. Og so moduge. Og so lang ei tid dei hadde framfor seg, totte dei; — so blaanande lang. Vilde faa giort so mykje; byggja og rydja; og drøymde visst aldri so langt fram som til no. Aa nei, dei hadde anna aa tenkja paa, dei . . .

Og no var det alt gjenge og til endes kome alt saman, — alt, alt. So underleg fort i grunnen, endaa kvart aar kunde vera so drjugt. Fort so ein aldri visste ordet av det; — inkjevetta, naar ein skulde sjaa attende. Kvorve som skuggar. Og alt dei gledde seg til frametter tidi, alt dei vilde faa gjort, — kor var det vorte av? Aa . . Nei, han kunde mest ikkje skyna det sjølv. Barn etter barn; liten gard; mykje slit og slæp, so ein altid hadde so nok med seg . . alt saman hadde liksom graana so svint og var sidan aldri vorte annorleis. Dei lette stunderne altid so faa mot dei tunge, dei slitfulle, dei ottefulle. Det var nok ikkje mange som skulde ha kjent att henne Margit no, der ho sat og span . . aa nei. Og han sjølv. . So sterk og spræk, at han ikkje stod fast for noko slag; — han saag seg som i eit solljost syn gaa uppi bakkarne og slaa av ein dagsteig til nons for aa faa god tid til aa springa til fjells, der ho var . . Og no . . eit stakkars krekse, som maatte stellast med som eit reivebarn . . vesall. Ikkje til noko anna enn til aa ha i ei svart

kista og grava ned i moldi. Det var enden paa alt, paa styrke og venleik og store voner og tankar . . moldi, moldi . .

Han stansa ved denne tanken og brydde seg ikkje um aa kava med aa minna seg um alt det andre, som skulde fylgja etter dauden; han var beintfram som trøytt av det. Han berre stirde inn i dette sjølvgjevne um den svarte kista og moldi, og vart tilslutt so underleg full av saar medkjensla med seg sjølv, som no skulde dít. Godt var det nok aa faa kvila seg; men likevel . . Halsen vart full, dropar sprengde upp augneloki; — det kom jamt so svint soleis no, naar han tenkte for mykje. Men han skunda seg og svelgde det att med det same. Det var liksom so leitt, um kvinnfolki skulde sjaa det. Han lukte augo att, og medan rokkarne surra, spann tanken paa den svarte kista seg vidare. Han saag, korleis dei stod samla og song yver han; korleis kista vart nagla til og likfylgjet fôr nedetter vegjerne, medan songen ljoma, ljoma med sin tunglynde ljod; — det var radt so han høyrde ljoden. Og so vart det tomt etter han her i stova, tomt, tomt for all tid. Tomt der han hadde tusla ut og inn no i dei sytti aari. Tomt etter han her i sengi, der han hadde havt so mang ei tung stund. Tomt etter han utpaa bøarne og uppi markerne, der han hadde lagt etter seg so mang ein tung arbeidsdag. Aldri so mykje som ein skugge av han nokon stad

meir . . aldri. Berre minni . . Tru dei ikkje vilde tykkja det var underlegt aa sjaa den tome plassen etter han her? Tru dei ikkje vilde sakna han i lange dagar og kveldar? . .

Aa ja, han hadde vel ikkje altid vore plent som han skulde, han helder. Men sit beste hadde han no for det meste gjort, det torde han seia. Han hadde visst ikkje ofta sagt eit vondt ord til henne Margit elder kravt for mykje av henne. Og borni . .; ja det var ikkje altid so greitt i dei dagar dei alle var i uppvoksteren. Men fall det snautt, so hadde han helder spart for seg sjølv, enn at dei skulde lida skort. Og dei tyngste arbeidi hadde han aldri lagt paa dei, so lengje han sjølv orka aa taka dei. Um dei ikkje plent skyna paa alt dette *daa*, so sveiv det vel ein gong attum, naar han ikkje var meir. Og no var det denne gamle, utslitne faren dei skulde leggja under torva . .

Det tok til aa fyllast i augo att og denne gongen sterkare. Daa gaadde han med eit, at rokkesurren var stilna av. Han letta paa hovudet og kunde ingen sjaa helder; dei maatte vera gjengne aat løda elder kjøken. Han lagde hovudet ned att og let graaten fritt koma. Det gjorde liksom so godt og løyste so. Men daa det ein gong var kome paa glid, tok det han sistpaa meir enn han vilde. Det sleit i den saare bringa og var ikkje til aa stagga; det rykte og sveid. Han reiste seg sistpaa med stort stræv

og fomla etter vatsskaali for aa faa svelgja. Men kva var dette —? Han vart so underleg med det same. Det var som det losna noko nedfor brystet, og det gjekk ei underleg skjelving gjenom han, liksom av frosing. Var det dauden —? Ei uklaar rædsla tok han, so han sette i aa ropa .. — Ein halv times tid etter sat kvinnfolki og spann, og alt var som vanleg i stova att. Men ho Margit saag noko urolegare burt paa gamlingen enn tidlegare. Underlegt kvifor han vart so uroleg for eit bil sidan. Han fekk rett ei vond rid med brystgang og hoste; men det var ikkje so mykje verre enn vanleg, og no laag han roleg att med att-latne augo. Men det var som augo var meir innsokne enn fyrr og pusten tyngre. Kanskje det var eit varsel, dette? — Aa ja, herregud: ein gong maatte det vel losna for han og, stakkar.

— Det kom til aa gaa som ho Margit spaadde: det vart eit varsel. Frampaa natti etterpaa vart ho vekt av ei saar hosting og anking, og daa ho fekk i ljos, hadde gamlingen hosta upp blod, so det tedde langt burtetter golvet. Det kunde ikkje vera anna enn enden, som kom no. Alle i huset vart vekte og vakte resten av natti, og um morgonen vart der sent hastbod etter tvo av sønerne, som var av i tenest, og tvo døtter, som var burtgifte. Frampaa ettermiddagen var dei alle samla, og han sansa seg enno, so han kjende dei. Ho Margit gjekk aat budi og saag

um likklædi, som ho alt lengje hadde havt liggjande i kista.

Men livet var seigt enno — det. Han slokna ikkje den dagen og ikkje dagen etter helder. Det hekk i dag etter dag — fæle dagar. Bringa verkte, og dei utpinte lemerne tok og til aa verkja att, so ein hadde fullt mas med han baade natt og dag.

Herregud, at det ikkje ein gong kunde løysast upp for ham! Dei av borni som var heimhenta, laut reisa att, daa det ikkje vart annorleis. Dei som var heime, ældste og yngste sonen og gamlemor, gjekk radt forkomne av vaking og kav, og medkjensla med armingen minka tilslutt burt for leidskap og utaal yver, at ein aldri kunde verta han kvitt. Her hadde dei dregest med han heile aaret, og so dette attpaa.

Endeleg frampaa natti ei vikes tid etter vart det ei endelykt. Han seig ned etter ei lang rid med open munn og kalde, stive augo, — han hadde utstridt. Ho Margit skunda seg og hadde att augo hans.

So underleg liten og innfallen han med ein gong vart, daa livet var ute! Han seig ned i sengi som ein skugge, og det var med eit vorte so stilt i stova etter all ankingi, at det var heilt fælslegt.

„Ja no uroar ikkje han oss um netterne meir," so ho Margit; mælet hennar var kjøvt, og ho laut upp i augo med den skrinne neven.

Ingen svara. Dei saag ned, kjende som ein saar styng ved aa hugsa, at dei kanskje ikkje hadde vore mot han som dei skulde, og stræva med graaten. Men fyrr den vann fram, hadde ho Margit teke handi fraa augo og saag paa klokka. Det leid so langt, at dei maatte skunda seg aa koma til ro no eit bil, um det skulde verta nokor roing av i natt, sa ho. Og det kunde væl trengjast, at dei fekk kvila seg eit lite bil no; for i morgon var det aa byrja med nytt starve. Var han slokna, so maatte dei skipa til likferds og. Dei gjekk stilt ut, og litt etter var heile huset myrkt og daudstilt. Ho Margit hadde funne seg eit par aaklæde og laag paa golvet uti koven; det var so underlegt aa liggja inne, naar der var lik.

Um morgonen etter var dei tidleg uppe, og det fyrste dei maatte gjera var aa bera liket burt aat budi. Det var vedkjømelegt aa tenkja paa, at dette var hans sidste avskil fraa den gamle stova. Men ho Margit turka trast augo: der var alt anna aa tenkja paa enn sorg og saknad no. Dei hadde meir enn nok med likferdstarvet.

Det vart ei fælande strævsam vika. Vasking ute og inne; baking og bryggjing. Og verre ver til aa bala med sovore kunde det aldri ha treft. Det lagde til med snørok og kaldt um dagarne, so det var um aa klaka millom henderne, kva dei skulde taka i. Og so var det aa koma til

landhandlaren og faa heim alt dei trong i dette fæle veret. Ho Margit var um aa verta reint sjuk av alt kavet; men gjerast maatte det likevel. Han Jo, stakkar, maatte jordast med same æra han som andre folk. Han laag imedan paa eit par fjøler burti budi, og ingen hadde tid korkje til aa sjaa um han elder hugsa vidare paa han.

Likferdsdagen kom. Liket var kome aat kista, og syngjararne gjorde sit beste burti budi og sidan ute paa tunet. Ho Margit heldt seg i dag for andlitet med ein lommeduk. Men denne gongen var det snautt, um der var dropen aa turka. Og det var der visst ikkje meir hjaa dei andre av huslyden helder. Hadde der vore anna aa tenkja paa fyr um dagarne, so var det endaa meir so i dag. Berre det no kunde vera komande utyver til kyrkjegarden paa folkevis! Det var mest tvo mil langt, og snørôket var i dag slege um til vestanver med regn og storm, so det stod i eit rôk innetter fjorden, naar byorne kom. Men nokon annan veg enn sjøvegen fanst ikkje; fjell og ville uror paa baade sidor. Gud viste, korleis ein skulde gravla seg fram.

— Tungt og seigt drog ferdi nedetter vegen i den uppbløytte snøen; mannfolki i oljekjole og sydvest langt ned yver øyro, kvinnfolki intulla i plagg og trøyor, so ein snautt saag atti andliti; — for *dei* var det elles ikkje tanke um aa vera med lenger enn til sjøs. Songen lyddest daarlegt i den tunge lufti og kom av og

til heilt burt i vindflagorne. Folk saag hirne og fortenkte paa einannan, og vart der sagt eit par ord, so var det ikkje um han dei fylgde aat gravi. Det var um, korleis dei skulde grava seg fram i slikt ver. — —

Fire-fem dagar etter var likferdi og alt endeleg yverstarva. Det hadde gudskelov vorte ei raad til aa koma utyver til kyrkjegarden den dagen, og sidan var der helde eit gasta gjestebod. Ætti var vidspreidd, og ingen maatte setjast etter. So hadde det vore eit par dagars stræv med aa faa huset i skikk og alt i det gamle gjenge att. I dag var dei endeleg ferduge med det og. Margit og gjenta hadde teke inn rokkarne og surra og spann, daa mannfolki kom inn til nons. Ute var det slege um til vind og upplett kaldver att og soli kasta ei bleik straala burtyver sengi. Alt var som fyrr, — berre at der var tomt der burte. Men — det var ikkje lenger noko nytt dette tomromet no, so ein nettupp kunde kjenna det so vedkjømelegt. Ein maatte berre vera fegen og takksam, at det var so væl fraaseg-gjort. Og so var der so mange andre ting aa tenkja paa — no og. Ein maatte tenkja paa erveskifte og so mangt, som ein ikkje hadde fengje skipa med, so lengje gamlingen laag der. Ældste sonen hadde lengje tenkt aa riva ned denne gamle skarvestova og byggja nytt og kunde no byrja, so snart vaardagen kom. Ein annan son skulde prøva med eit gardstykkje

han hadde kjøpt og faa mori med til aa stulla huset so lengje.

Ho Margit hadde kokt kaffi attaat maten, og dei var i grunnen so lette og glade i dag som dei ikkje hadde vore paa lengje.

— — Utpaa kyrkjegarden kunde ein ikkje lenger skilja grefti hans Jo fraa hine. Snøen hadde sletta fint og jamt yver, liksom han vilde, at gamlingen skulde vera gløymd her som heime . . gjøymd og gløymd.

NERVESLITEN

NERVESLITEN

FORTELJING

AV

RASMUS LØLAND

KRISTIANIA
UTGJEVI AV BERTRAND JENSEN
1896

Det er falle i min lagnad aa faa fat i skulemeistar Pedersen sine skrifter og dagbøker. Ein stubb av dei kjem her. Maatte det so sant berga namnet hans fraa aa gløymast altfor snart.

S. & Jul Sørensens boktrykkeri

I.

Eg var nervesliten, gudbetre det, og hadde altfor god grunn til aa vera det. Fraa det friske livet i heimbygdi mi utpaa havkanten var eg med ein gong komen upp i bøker og leksor til yver øyro. I eit kjøyr hadde eg fyrst kava meg gjenom dei tvo aari paa seminariet, sidan i samfulle fem aar vore lærar inne i tettaste byen og visst havt dei verste trollungar i heile Bergen aa dragast med. Det hadde teke so paa meg, at eg snautt kjende meg sjølv att lenger. Eg var skinnturr og gulna som ein gamal vegg. Eg hadde daarleg mathug, hjarteklapp, kald og varm sveitte og laag som i eit hav av vonde draumar um netterne. Um barneskrik i romet nedanunder elder smell med dørerne i skuleromi vil eg helst ikkje snakka eingong: det kunde faa meg til aa fara upp verre en ein turk. Ein hane nedi gardsrómet, som livde etter det gamle ordet, at morgonstund hev gull i munn, hadde eg

jamvel gjort løyndarmord paa paa ein slik maate, at det var ei lukka, at dyreverjings-samlaget ikkje fekk teften av det. Eg skulde visst ha gjenge til doktoren for lengje sidan og trutt, at eg leid av ei hær av sjukdomar, hadde eg ikkje vore ein so vitug mann, at eg skyna det altsaman var berre nerveslit. Og for det visste eg det var berre ei raad: aa kvila og koma paa landet og ha det godt so lengje som raad var. Ein kan daa tenkja seg, kor glad eg var, daa den siste skuletimen i fyrstningi av juli var utsliten, og eg var fri; fri i tvo lange, lange maanar.

Og eg hadde enno ein grunn til aa gleda meg, eg. Eg skulde sleppa for aa bu ute millom framandfolk og ha pengeutlegget aa syta for. Eg skulde faa bu hjaa eit systkenbarnet mit, som var gift med en landhandlar heilt uppi Sogn ein stad. Dei hadde for lengje sidan bedt meg um aa koma og vera hjaa dei i sumar-fritidi, og eg tok meir en gjerne mot tilbodet. Ho var fødd og uppvaksi her i byen, ho; men me hadde vore mykje saman, so det var heit som aa koma heim aa koma der. Dei budde inni ein av dei fagraste fjordarne i heile Sogn og var rike folk etter landsens tilhøve. Dei hadde vore gifte i berre eit par elder tri aar, og giftarmaalet deira var eit av desse sæle elskhugsgiftarmaal, som liksom vert sjeldnare etterkvart. Ho hadde ord for aa vera meir en vanleg ven i sine gjentedagar; og

han paa si sida var ikkje ringare. Han var ein byrg og mansleg gut og like ung aa sjaa til, endaa han var ikkje lite yver dei tredive. Han var elles av god gamal ætt, fødd her i byen han og, og uppvaksen her, til foreldri hans kjøpte landhandlarplassen dernord. No var dei avfarne, og han aatte alt etter dei.

Han var her i byen paa handelsferd, daa dei vart kjende med einannan i eit danselag. Han var tryllt av henne med ein gong og brukte sidan ein heil maanad til aa skriva brev paa vers aa prosa paa velinpapir til henne. Daa gav ho seg yver og elska likso heitt som han. Etter eit halvt aars sæl trulovingstid vart dei gifte og reiste ein vaardag som tvo sæle born nord til heimstaden hans. Sidan hadde eg ikkje set dei; men av ymse brev visste eg, at lukka deira for væl eit aar sidan hadde fengje ein ny auke: ein liten søt, vælskapt gutunge.

Jau, skulde hyggen nokon stad i verdi finnast, so maatte det vera der. Serleg for ein halvgamal sveinkall som meg, som i so mange aar hadde kava aaleine og butt aaleine paa eit uhuglegt rom utanfor alt som heitte heimsleg hygge. Heimehygge, hushygge — kven veit kva det er, fyrr ein hev sakna det so lengje? Eg lengta som eit sjukt barn etter aa faa kvila ut millom kjende og kjære, i livd for alle stormar. Og no hadde eg vissa. Det bivra av gleda i dei sjuke nerverne mine, daa eg tidleg um morgonen

dagen etter skunda meg ned paa ein av fjordbaatarne, reidug til ferd.

II.

Det leid mot kveld, daa eimbaaten endeleg byrja paa den siste mili innetter mot maalet for ferdi mi. Eg dreiv paa dekket og turka kaldsveitte av skallen. Veret var fagert, naturi storlagd og fjord- og fjell-lufti herleg, det stod ikkje att paa det; men kva hjelpte det alt, naar ein hadde nerver som mine? Den skarve baaten risste som ei dryftemaskin; eg var mest kvæld av rumling med heisegreior, turistprat og engelsk maaløydeleggjing; og eit ubeist av ei kvinande eimbaatspipa hadde paa dei tjuge stoppestaderne gjeve meg nervestøkk til aa faa uvit av. Gu' naade og ponitere den hottentotungen paa skulen, som hadde gjort halvparten! Det var ikkje godt aa vita, korleis eg ein annan gong skulde ha kome heilfaren fraa slikt; men i dag bar eg alt som ein helt. Berre taalmod, taalmod til i kveld! — Eg gjekk tilslutt ned og freista aa kvila litt paa ein pute-benk, so eg ikkje skulde sjaa altfor jammerleg ut til daa. Eg var visst burt mot aa somna og. Daa vart eg med eit støkt upp av ein avskræmeleg smell, so eg var komen heilt upp aa dekket, fyrr eg visste forvæl, um eg heldt paa aa stupa av nerveslag elder ikkje. Var dampkjelen sprongen sund? Folk

rundt meg lo og visste ikkje av det. Der var berre løyst av eit skot med den vesle kanona frami stamnen til æra for ein rik Bergensmann, som skulde i land her i H . . fjorden og til fjels og fiska.

H . . fjorden? -- eg var altso framkomen, eg og. Eg glante ikring meg, med baaten lempa seg innaat, og det synet som møtte meg var so ovvent, at eg reint gløymde aa kjenna etter, um eg hadde fengje unormalt aareslag.

Framfor os laag ein liten fjordbotten, blømande og grøn som ein hage. Høgt uppaa fjelli glima kveldsoli paa kvite snøfenner. Nedanunder stod lavande bjørkelidar i skugge. Enno lenger nede i den vesle dalbotnen stakk det fram gardar her og der, og beint framfor os paa strandi stod eit lite hotel og landhandlarplassen litt burtanfor til vinstre. Eg kjende med ein gong att heimstaden aat systkenbarnet mit; eg hadde 'n paa bilæte heime. Paa eine sida av vegen sjøhuset og kraambudi; paa den andre sida eit lite kvitmaala stovehus med en lauvfull hage mest rundt, som ein heim for all verdsens fred og hugnad. Altfor ofta er synet bleikt mot den tanken ein gjer seg um ein ting; her gjekk det helder hin vegen. *So* vent hadde eg aldri tenkt meg det. Hin og den maatte ha nerver, som ikkje sterkna her.

Det var visst ikkje mange, som i denne stundi skulde ha skyna, at eg var ein skikkeleg

nervesliten skulemeistar. Eg hoppa i land som ein kaat gutunge med reiseskreppa i neven; eg var alt uppi gangen i landhandlarhuset, fyrr nokon annan var komen skikkeleg upp paa bryggja.

«Uff daa, kva er det dei larmar og skyt so fælt for?» høyrde eg einkvar ropa med urolegt mæle inni stova; — eg kjende mælet hennar Ane, husfrua.

«Aa det er visst til æra for meg og nerverne mine . . godkveld, godkveld! det er nok *eg* som kjem med slikt fa'ns braak!» svara eg i døri og lo.

«Du Hermann . .!» Ho var laag i mælet og for med handi upp mot bringa, so eg maatte mest læ att. Eg hadde nok reint skræmt henne.

«Jauvisst er det nok han, kallen!» ropte eg. Eg risste henne i handi til eit hjartelegt takk for sist og retta samstundes hi handi paa løgje burt til mannen, som sat i sofaen og saag i eit blad.

Det var ovende reint og pyntelegt i stova — det synte seg, at det var ho Ane som raadde her. Blomar i vindaugo; friske markblomar i eit glas paa bordet, so heile romet var fyllt av god ange. Og burti vogga, under eit rosutt klæde, laag ein liten raudkinna ein og smilte i sømne.

Det er visst ingen som undrast paa, at synet

av al denne hyggen gjorde meg svimlen. Eg lo enno, fortalde i ein rivande fart um nervesykja mi og gjorde løgje med alle nervestøyti eg hadde fengje i dag. Det er altid noko løglegt i vaare eigne knipor, naar me er komne vælberga or dei.

Landhandlar Henriksen hadde reist seg upp og alt nokre gonger bedt meg sitja ned.

«Du skal vera vælkomen . . me hev venta deg kvar dag. Du veit du er *altid* kjærkomen her i denne einsemdi,» sa han. Han snakka litt laagt og varsamt han og; — eg skyna med det same, at det maatte vera for aa ikkje vekkja guten, som sov.

«I denne einsemdi! Segg helder i denne freden og hyggen!» lo eg litt varlegare eg og, og sette meg. «Ja, korleis liver de no daa, godt folk? Eg hev so annvint med meg sjølv, at eg reint gløymer aa spyrja. Godt, kan eg sjaa . . som perlor i gull — var det ikkje so ho spaadde dykker, spaakjeringi, daa ho fyrst hadde fengje ein blank dalar for umaken?

Eg blinka løynsk til dei; — det var nok ikkje fritt han hadde feista den raadi og, Henriksen, i dei dagar han rita vers og prosa paa velinpapir.

Mannen og kona saag snøgt paa einannan, men lo ikkje. Han kremta.

«Jau takk, me er bra . . paa ein maate. Vesle Alf hev nok havt litt kolla; men no er

han bra frisk att,» sa han laagt som fyrr og smaahosta.

«Ja, me maa vel takka Gud so lengje me er . . sopass,» sa kona og løynde berre daarleg ein sukk etterpaa.

Eg stirde forbina paa dei.

«Sopass berre? . . men er det daa noko som vantar?»

«Nei . . hm . . du høyrer . .» sa mannen; tonelaget skulde vera lett; men det var altfor lett aa høyra noko tilgjort i det. Kona fekk det med eit annvint burtved vogga liksom for aa sleppa meir snakk um dette. Mannen dreiv att og fram og skunda seg aa slaa innpaa um ver og vind. Eg laut vera med paa det same som ingenting var, men fylgde i grunnen berre daarlegt med. Dette var so ulikt dei og ulikt den fagningi eg hadde venta, at her *maatte* vera noko som skakka. Eg uppdaga samstundes meir og, som eg ikkje hadde gaatt i den fyrste gleda. Der var liksom noko underleg fortrykt, bleikt i minorne hjaa dei baae — mest kanskje hjaa han. Eg høyrde kona sukka ein gong til burtved vogga. Og her var kanskje den rette grunnen til, at dei snakka so laagt og. Kanskje det var noko aalvorlegt, so eg var komen heilt i utide?

Dei usæle nerverne mine, som nyleg hadde svinga so langt den eine vegen, svinga med eit yver i ein vond otte, so eg vart gjenomkald.

Hyggen i huset var som blesen burt, og eg sat berre og svelgde av skjemsla yver den styvne skraalingi eg var byrja med. Men god skikk forbaud meg aa spyrja meir, naar dei sjølve vilde ha det løynt.

Kona gjekk ut i døri og bad kjøkengjenta skipa til kveldsmaten, og me sat litt etter ved bordet alle tri. Me gjorde vaart beste med aa halda liv i ei samrøda um bynytt eller kva som fall; men noko liv vilde det ikkje verta likevel. Det var og vart berre pligtarbeid. Eg lagde derimot merkje til, at han med stor mildleik vakta paa kvart ynskje fraa henne. Og ho hadde det paa same maaten mot han. Det var mest som dei førde ein løynleg kappestrid i so maate. Likevel var der noko ustødt i augo hjaa baade, mest som dei var utrygge for einannan.

Aa soleis! — eg fekk ein tanke og var i same blinken stød paa, at eg skyna altsaman. Eg maatte vera komen nettupp etter eit lite huslegt uver, slikt som det kan finnast hjaa sjølve dei beste parfolk, og no var atterslaget med træge og mildleik kome! Tosken eg var som ikke skyna *det* fyrr. Støkken var burte att, og eg lo i løynd. Var slike smaa uver stride, so vart det berre so mykje meir velsigna solskin etterpaa. Eg totte alt, at det tyngste var yver hjaa kona; for daa Alf i det same vakna og ho kom til aa fortelja um alt det merkjelege ved den guten, sukka ho mest inkje.

Eg tok vesleguten paa fanget og song og føykte han. Han var so stor, at han kunde stabba og gaa og snakka litetær — just i den alderen, daa ungarne er paa det søtaste og morosamaste.

Eg var ferdatrøytt og laut sjaa aa koma til ro so snart som raad var. Henriksen fylgde meg ovanpaa og synte meg eit rom, der eg skulde bu og stella meg som eg vilde. Heile romet anda av hygge; sengi var kvit som snø, mjuk som ein draum. Mnam, mnam, det skulde vera for dei trøytte limerne mine. «Og slikt eit utsyn yver fjell aa fjord!» — eg for burt i vindauga og saup den friske kveldslufti inn i lange drag.

«Aa ja . . hm,» sa landhandlaren og geispa trøytt.

«Ein maatte verta nervesterk her, um ein aldri tenkte paa det!» meinte eg.

«Mjah . . kanskje det . .» sa han som burte i ei annor verd og hosta turt.

Eg freista aa faa i gang litt snakk um turistferdsla i bygdi; men like liti raad var det med han. Eg vart beint fram arg; for dette *gjekk* for vidt. Um dei so hadde vore i haartottarne paa einannan, maatte det vel vera nok med furtehengjeng no etterkvart. Er ein sjølv glad, vil ein gjerne sjaa andre og glade, og eg hev aldri brukt lang tid til umtanke; eg gjekk beint burt og lagde handi paa aksli hans.

«Høyr her, Henriksen far!» sa eg. «Eg likar altid aa snakka beintfram. Eg ser ikkje dei glade andliti, som eg hadde venta her . .»

Han saag so underleg forfjamsa paa meg, at eg laut læ.

«Ja ja, eg skal ikkje vera nasevis. Men eg hev høyrt laata um, at det i sjølve dei beste og varmaste hjonskap stundom kan verta litegrand *for* heitt . . er det ikkje so? Nokre uvarlege ord? Og so kan dei baade etterpaa, naar dei gjeng og tregar det, so lett gjera eit mygg til ein elefant . . tru det ikkje er so? Men gjer me daa ikkje best i aa blaasa av os slike myggar, fyrr dei vert til elefantar?» Eg lo skjemtande. Han for eit par stig attende og stirde skræmd paa meg.

«Uvarlege ord . . kva *seier* du . .? Nei det veit Gud, at eg passar meg for . . men snakka ikkje so høgt!» kviskra han andpusten og tok til aa driva uroleg paa golvet her og.

Dette gjekk beint fram yver vitet mit. Det einaste eg skyna var, at eg maatte ha teke grundigt imist med gløggsynet mit enno ein gong.

«Er nokon sjuk . .? Eg lyt faa vita det,» stota eg.

«Jau du hev rett . . her er altfor mykje i vegen . . du lyt so faa vita det ein gong likevel,» kviskra han. «Det var godt du kom no; men du gjorde mig mest rædd, daa du heldt

paa aa spyrja so nedi stova . . Eg er so ottefull, so ottefull . .»

«Men gudhjelpe meg, kva *er* det daa?»

«Ja, eg veit ikke plent, kor langt det *er* kome; men det kan so lett . . Eg er so ott . . (hoste). Men hev ho aldri nemt det i brevi til deg?»

«I brevi? Nei men . .!«

«Aa nei; ho hev vel ikkje det. Ho vil ikke vera ved det for *meg* eingong utan so halvvegjes. Det er byrjingi til en snikjande . .» (andpuste).

«Ein snikjande . .?»

«*Hjartesjukdom* . .» kviskra han — det var som det gjorde han vondt berre aa faa ordet fram.

«Hjartesjukdom . . kven . . ho?» Eg var so forskræmd, at eg *kunde* ikkje kviskra lenger.

«Hys, hyss . . *hyss!* . . lat ho ikkje høyra det! . . Det er ho Ane, skynar du vel! Kan du ikkje sjaa det paa henne?»

«Jau, ho er visst noko bleik; men . .»

«Ja gudbetre det, ho er nok altfor bleik. Eg hadde set det alt lengje og gaatt, at ho tok seg yver bringa, naar ho kom i sterk uro for eitkvart; men eg trøysta meg med, at det berre kunde ha seg av nattevakingi, daa Alf var liten. Men tids nok skulde eg gaa mistaket. Eg uppdaga fyrst, at aareslaget hennar var hardt og liksom ujamt. Just paa sama tidi stod det i

bladi um ei ung kona, som var dotti daud ned av hjarteslag inni byen. Eg vart uroleg og laut røkja betre etter eingong ho sov, og eg fann daa med rædsla, at det alt var kome so vidt, at eg kunde høyra hjarta hennar banka urolegt, um eg ikkje eingong lagde øyra nedaat brystet. Og sidan hev eg høyrt det same mange gonger.»

«Men doktoren . . hev du ikkje fengje han heim?» stota eg.

«Ikkje enno . . nei, nei . .; ulukka er, at ho vil det ikkje sjølv. Det er altid soleis med sovoren sjukdom . . det fyl slik *otte* med han. Den sjuke sjølv tolar so lite aa høyra 'n nemd. Ho bleiknar av som ho skulde vilja faa uvit berre eg slær burtpaa um doktor. Herregud, eg maa ikkje ta so paa! bed ho.»

«Men kjære deg, kan du bry deg um det, naar det gjeld so mykje?» kviskra eg mest maallaus.

«Aa slikt er lett nok aa seia for den, som ikkje er i min stad! Men tenk deg til . . Eg hev snakka med doktoren, so ho ikkje visste det, og han sagde som me alle veit: ein slik sjukdom kan gjera alt *av* i ein einaste augneblink, dersom ein ikkje er varsam. Varsemd framfor alt! Ei einaste sterk sinsrørsla, og det avgjerande slaget kan koma. Og tenk deg so til, kva som kunde henda, dersom eg no med stort braak skulde tvinga doktor inn paa henne og

gjera henne tridubbelt forskræmd av sjukdomen sin?»

Han tok til aa driva paa golvet att. Eg kunde ikkje seia eit ord.

«Eg fekk ei livande kjensla av, kva ein *støkk* kan gjera paa henne, for nokre dagar sidan. Alf datt ikoll med ein kniv og sette i eit skrik, so ho blaana og seig i kne . .; eg hev snautt havt ei roleg stund sidan og minder en nokon gong vaaga aa skræma henne med doktor. Men kanskje det er likso faarlegt aa ikkje søkja den hjelpi, som er aa faa *og* . . eg veit ikkje, eg veit ikkje . . Det einaste kan vera, at ein doktor ikkje kan gjera stort anna ved ein slik sjukdom han helder en aa tilseia varsemd, og av tvo vonde ting lyt ein daa velja den minste.»

Han laut stansa for turrhoste att; eg heldt paa aa vera maallaus.

«Det er mest som eg hev havt denne støkken for aa missa henne alt fraa ho fekk Alf og hadde det so hardt, at sjølve doktoren vart uviss. Det var som eg fyrst daa skyna, kva eg kunde missa i henne. Gud veit, kva det skal verta av meg og den litle, dersom me misser henne!»

Mælet hans heldt paa aa bresta ved desse siste ordi; men so hugsa han med eit paa, at han kanskje heldt meg vakande for lengje. «Du fær orsaka, men det er som det gjev letting aa faa snakka ut um all si sut ein gong,» sa han

og tvinga seg til aa sjaa rolegare ut, daa han saag, kor forstøkt eg var. Og me maatte sjølvsagt enno freista aa vona det beste, so lengje det berre gjekk an aa vona. — Han trykte meg i handi med eit ynskje um god sømn og gjekk.

God sømn! Eg hadde ofta vore mødd av langvoka; men *so* langt fraa all tanke paa god sømn hadde eg aldri vore likevel. Eg laut ta sup etter sup av kaldt vatn og skalv paa handi, so det skvatt ned yver bord og golv.

Hjartesykja, slag . . so det var eit slikt hus eg var komen til! Detta daud ned berre av ein støkk — ja kor ofta les me ikkje um slikt i bladi? Var det ikkje ei av vaar tids snikjande sotter? Der var noko so uhuglegt ved berre tanken, at eg vart teken reint som av fælske. Og eg hadde sjølv set, kor ho tok seg yver bringa og høyrt sukki — altfor visse merkje.

Men kva vart det so av den hugnad og helsebot eg hadde venta meg her? Eg saag det med ein gong: det var ikkje meir aa nemna. I eit slikt hus var ikkje plassen for nerveslitne folk. Eg kunde grava meg beint til byen att. Kunde eg so sidan sjaa meg utkome til aa koma ut paa ei liti ferd, so saag eg det; kunde eg ikkje, so fekk eg gaa med nerveslitet mit.

Eg sette meg yvergjeven burtved vindauga, men saag ikkje lenger det herlege utsynet. Eg var kaldsveitt etter all dagsens nerveslit og laut upp og driva imillomaat. Endeleg fram mot

klokka tri-fire kjende eg litt sømntyngsla og kraup i seng. Men enno etter eg var somna, laag eg som mareriden og drøymde um kanonsmeller og hjarteslag.

Eg var paa sumarferd til nervestyrkjings no, maatru . .

III.

Langt frampaa morgonen vakna eg av ein frisk fuglesong uti aplarne utanfor og blenkjande sol i vindauga. Eg for upp og vilde rista av meg dei fæle draumarne etter ferdi. Draumarne! — altfor svint hugsa eg den vonde sanningi. Trøytt og slakk og med tungt hovud fekk eg paa meg klædi og smaug ned. Tenestgjenta sat uti døri og stulla med vesle Alf. Ho sagde, at Henriksen nettupp var gjengen burti bygdi eit lite erind, men kona sov enno inni kammerset. Eg vilde ikkje uroa henne for tidleg. Eg dreiv ut og innetter vegen langs strandi.

Aa for ein morgon! Sumarsoli straala yver fjell og lidar. Det anga morgonfriskt av blom og gras, av nyslege høy; fjorden laag der so still og blank, at strender og fjell spegla seg i han. Elvi midt i det vesle dalføret fossa kvit og baud til laug; fraa gardarne lyddest frisk ljaabryning. Kor skulde ikkje alt dette ha vore herlegt nervestyrkjande, dersom ikkje dette usæle

var kome i vegen? Aa aa! Eg var reint sjuk, der eg gjekk.

Ein sumarmorgon som denne kunde likevel ikkje anna en ha si verknad paa meg. Etterkvart som eg gjekk og anda inn den friske lufti, tok den svartaste modløysa til aa gjeva seg, og ei liti von vakna. Var det visst, at det stod *so* ille til som den forskræmde mannen meinte? Kanskje dei uppskræmde nerverne mine ogso gjorde vondt verre? Eg gjekk, so eg var heilt varm og svolten, daa eg kom heim att; daa visste eg, kva eg vilde, og hadde funne mod til det og. Eg vilde *snakka* med systkenbarnet mit, aalvorlegt og beint fram og faa skikkeleg greia paa dette. Det kunde der daa ved Vaarherre ikkje vera nokon faare ved. Den ottefulle tegjingi maatte helder gjera vondt verre. Eg kjende det desutan beint fram som ein urett mot meg, at dei ikkje hadde nemt det i noko brev og let meg koma farande her som ein jaaling.

Ho stod burtved vindauga, daa eg kom inn og helsa godmorgon so lettleg som raad var.

«Aa godmorgon . . hev du alt vore ute paa tur?» kviskra ho.

«Ja det skulde du ogso paa ein slik morgon .. no, korleis stend til?»

«Takk, me skal ikkje nettupp . . klaga.»

No fyrst saag ho upp. Ho saag enno meir fortrykt og lidande ut en igaarkveld, og der var sterk lugt av hofmansdropar i stova. Det hadde

so nære fare ein støkk i meg att; men eg stod det manneleg yver.

«Høyr her, Ane!» sa eg og gjekk beint burt til henne. «Far ikkje med den løyningi. Det *cr* ikkje rett aa seia, at det er bra, naar det stend til som her. Eg veit det . . Henriksen sagde alt igaarkveld.»

Ho for saman og saag paa meg, bleik, uroleg.

«Kva sagde han? Eg høyrde de rødde so lengje . . hev han sagt noko?»

«Han sagde, at du var sjuk; han var so ottefull for deg,» sa eg ustødt; — kanskje eg hadde vaaga hoste mykje likevel.

«Ottefull . . var det berre for meg?» kviskra ho.

«Ja han totte han hadde altfor mykje grunn til det.»

«Men var det ikkje noko anna han var uroleg for og? Nemde han ikkje det . . noko aalvorlegare en dette, som . . dette med meg?»

Eg stirde skræmd paa henne. Noko aalvorlegare en sjølve hjartesjuken hennar . .? Eg saag snøgt paa vesle Alf burtpaa golvet; men han stod der so lysande raudkinna og aat paa ei smørkringla og trampa paa ei fin kakeskiva, at det var uraad aa tru noko illt der.

«Kva meinar du?» stota eg; — med frimodet mit var det alt vonlaust ute.

«Sagde han ikkje noko um seg *sjølv?* . .

hev du ikkje høyrt hosten hans og set, kor bleik han er?»

Eg kunde ikkje negta, at eg hadde gaatt baae parter; men nemt noko um det hadde han ikkje.

«Aa nei, han seier *aldri* noko. Han snakkar berre um meg og vil ikkje høyra, at det er nokon faare med *han*. No hev han havt denne hosten og tungt andedrag radt fraa tidleg i vaar i snøløysingi. Eg tenkte eit bil det var berre kolla, som vilde gjeva seg med sumaren; men no *kan* eg ikkje tru det lenger.»

«Kva trur du no daa?»

«Herregud hjelpe meg, eg kan ikkje lenger løyna det for meg sjølv, naar det held paa soleis og helder aukar etterkvart . . det er alle merkje til det allerverste . . til tæring . .»

«Tæ . . ring?»

«Ja, lungetæring! Han hev nettupp den turrhosten, som alle tæringsjuke byrjar med; han hev den same kalde og varme sveitten um netterne som dei, og same raudningi i kinnarne, sosnart han trøytnar litt . .» Ho heldt seg yver andlitet med baae hender.

«Men kjære deg!» ropte eg, «ver no ikkje so snar til aa ta deg galne tankar til. Med den sjukdomen du hev fær ein so lett sut for smaating.»

«*Prøv* ikkje paa aa føra meg bakum ljoset lenger med slikt!» sagde ho mest harmfull. «Eg

kan ikkje halda modet uppe, naar eg ser og høyrer paa dette. I natt hev han vakt mest yver og lege so heit som han skulde vera kokt.»

«Sagde han ikkje noko daa helder?»

«Nei nei! Aa, men eg skynar det altfor væl, eg: han tier soleis for han er so rædd aat aa skræma meg. Eg trur likevel, at det verste skulde vera likare aa bera en denne tærande uvissa. Eg hev slik sut. Det skal ha vore tæring i ætti hans fyrr og, og du veit . . *den* gjev ikke von. Gud kva skal det verta, dersom . .» Ho braut ut i graat, tok vesle Alf i armarne og kysste han tri, fire, fem gonger, so han stirde paa henne med skræmde, blanke augo. Eg var maallaus att.

«Det vert nok ikkje stor hugnaden for deg helder aa koma her; det gjorde meg so vondt, daa eg saag deg koma so glad,» tok ho i att.

«Aa for meg er det ikkje noko aa kjæra seg. Eg kan reisa att, naar eg vil . . um det so er i morgon dag.»

«Reisa! . . nei men du tenkjer daa vel ikkje paa det alt!» ropte ho. «Kjære deg, du veit me skal gjera det so bra for deg som me berre kan, og det vilde vera den største vælgjerd du kunde gjera, at me fekk ha deg her eit bil. Eg kjenner meg liksom litt tryggare, naar eg hev nokon aa snakka med og klaga meg for. Eg hev ikkje vaaga aa skriva eit ord um dette berre

for aa ikkje skræma deg fraa aa koma.» Ho gret paa nyt lag.

Eg kunde sjølvsagt ikkje anna en svara, at eg meir en gjerne skulde gjera som ho ynskte, kunde eg sosant berre vera til nokor trøyst.

Ho takka graatkjøvd og gjekk ut for aa sjaa etter morgonmaten, medan eg stod etter som klumsa. Kvaslags hus var eg komen i? Tæring attaat . .! Eg freista faafengt aa trøysta meg med, at ho kanskje berre gjorde seg grunnlaus otte, hjarteveik som ho var. Merki *var* der — eg hadde sjølv baade høyrt og set dei no, daa ho nemde det! Hosten og den tunge pusten. Og at han tagde um det, stakkars mannen, var minst av alt aa undrast paa. Attaat otten for aa skræma henne var det noko ein jamt saag hjaa tæringssjuke, at dei i lengste laget freista aa dylja det ned og tru det beste. Heile nerveslitet mit vart i eit hus som dette til ein smaating, som aldri var til aa snakka um eingong. Eg maatte vera ein stor sjølvnytteper um eg tenkte paa det. Eg maatte berre vera glad eg kunde gløyma meg sjølv og vera dei til litt hjelp.

«Hev han ikkje raadført seg med doktoren han helder?« kviskra eg, daa ho kom inn att.

«Han hev ikkje sagt det; men eg hev eitpar gonger kjent det paa meg, at han maa ha vore der likevel!» — ho striddest med graaten att.

Me kom os endeleg til bords. Men no hadde han nye nervestøyten gjort det heilt av med mathugen min att. Med spyrjingi etter hjartesjuken hennar vart det helder ikkje meir. Eg var glad eg vart ferdug og slapp ut i frisk luft att so snart som raad var. Eg dreiv innetter vegen, der eg gjekk i morgon, slengde meg tilslutt forkomen ned i ein skugge og kika mest rædd attende paa det kvite huset i den luvande hagen. *Var* dette den heimen, som eg hadde tenkt meg som eit lite paradis paa jordi? Aldri fyrr hadde kjensla av det uvisse ved all lukka her i verdi lagt seg so blytung yver meg.

IV.

Det leid til middags, og eg hadde etter ei langsam driving fengje hovudverk av varmen og vilde gaa inn att. Daa møtte tenestgjenta meg i døri med hyssing og andslopne minor.

«Er det hendt nokor ulukka . . uvit?» kviskra eg støkt.

«Hyss, hyss!» bles ho. «Han Henrik kviler i sofaen . . hev fengje blunda . . Ho Ane hev sett meg til aa passa paa, at ingen uroar han . . ho og Alf kviler inni kammerset.»

Eg var fegjen eg fekk meg or vegen utan aa gjera nokor ulukka.

Jau, det var verkeleg likt til, at den usæle mannen endeleg fekk seg ein liten rimeleg blund,

som væl var. Eg hadde gjenge og geispa burt enno eit par klokketimar, daa kona kom ut og ropte ottefull paa meg. Eg skulde inn til middags.

Det var trykkjande uhuglegt ved bordet. Eg fekk ei kjensla av, at kona aat utan det slag mathug, for at mannen ikkje skulde verta ottefull, og at han gjorde det same for aa ikkje gjeva henne sut. Dei aat altso etter maaten reint bra baae tvo; det var sanneleg i storom av so helselause folk. Eg lurde meg til aa sjaa paa mannen. Han var bleik ja, stakkar, og ikkje fri han hadde blaa ringar um augo; men elles var det ikkje rett aa seia, at han saag nettupp so naa-vesall ut enno. Andlitet var fyldigt og rundt; han var herdebrei og bringebrei og smal um livet som han jamt hadde vore. Men eg visste altfor væl um den fæle sjukdomen eg til aa ta meg for gode tankar av det. Bar han seg ikkje altfor ofta soleis, snikmordaren — holte folk ut innvertes, medan skalet enno kunde sjaa bra ut, til det usæle offeret fall ihop som eit innrote tre eller stupte av blodløysing? Aa jau, aa jau . .

Det kan gjerne vera, at den samrøda eg freista aa faa i gang ved bordet ikkje var mykje forvitneleg. Men so var daa helder ikkje den hjelpi eg fekk av mannen so mykje hævare. Han tok seg den eine geispen lenger en hin etter kvildi og svara med lange avbrôt; og daa

eg sistpaa slog inn paa handelen og spurde etter dei nyaste kaffiprisarne, fekk eg med ein ny geisp vita, at han ikkje hadde greia paa det; han selde ikkje vidare kaffi no nettupp. Eg tagde. Styvingen eg var. Var det ventandes, at han i all denne naud og ulukka kunde tenkja paa kaffiprisar?

Etter middagen fekk han eitkvart aa gjera burtpaa kraambudi, der eg ikkje hadde set han fyrr. Kona og eg sette os til aa røda, og eg vona, at me endeleg skulde faa os ei litt huglegare stund. Det kunde no aldri vera det rette aa gruvla *berre* yver ulukkorne sine helder, so ille det var. Eg minte um dei gode gamle dagarne og freista so fint og varsamt eg berre kunde aa fortelja nokre smaa skulesogor. Faafengt. Ho brydde seg ikkje dusti um skulepratet mit. Ho sukka berre. Det einaste ho brydde seg um var aa klaga si sut og ausa seg ut for meg enno meir. Og det var ho snart so i gang med, at ho laut baade graata og kyssa den stakkars foreldre-laus-kandidaten minst dei fem gongerne. Det som tilslutt berga meg var, at vesle Alf vart lei av kyssi og slog fraa seg og grein, so eg fekk tilføre til aa smjuga ut paa skapeleg vis. Og paa tide var det misæl. Eg tok etter eit par timar av dette huspratet beintfram til aa sitja der i mit andlits kaldsveitte av nervepinå att.

Um kvelden var det paa same vis som kvelden fyrr; den same ottefulle tegjingi, den

same turrhoste og mildleik. Mannen stræva alt han kunde med aa syna eit rolegt andlit, naar kona var inne. Men so snart ho gjekk ut i kjøken, tok han til aa driva uroleg og *saag* av og til burt paa meg, som han kunde ha god hug til aa ausa seg ut for meg ein grand meir, han og. Eg grov meg burt aat bokhylla og fekk det annvint med aa uppbyggja meg i ein gamal Lars Linderot. Eg skulde nok hjelpa det eg kunde, eg; men korleis eg skulde kunna bera meir hjarteopning for i dag skyna eg beintfram ikkje. Vaarherre maatte vita, kvaslags nye orsaker til sut det kunde avdekkja. Eg var snart ikkje trygg for noko i dette huset.

Han maa visst ha funne, at eg liktest meir paa eit pinsvin en paa ein postillesar, der eg stod; for han sukka berre og tagde, so eg slapp rimeleg heilskinna upp aa romet mit.

V.

Tvo dagar var gjengne, lange og tungsame som det var aa venta i dette huset. Tredje dagen byrja paa same vis; men fram mot middag vart det endeleg eit umskifte — um ikkje nettupp til det gode. Det tjukna til med regn og torebrak. Henriksen og kona kjende seg baade trykte av det uhuglege veret, som ventandes var av so sjuke folk; og eg med nerverne mine var ikkje betre. Me heldt os inne i stova

og dreiv tidi med aa tia og kjenna paa kvar sit livaareslag. Me maatte desutan hjelpa os med kald middagsmat i dag. Mannen hadde stengt kjøkendøri for alt som heitte livande. Han hadde nyleg lese i eit blad um eit ljonnedslag gjenom ei skorsteinspipa, som det steig røyk fraa — røyken trekte ljonet til seg. Det hadde havt den fylgdi, at ein katt hadde fengje svimeslaget. «Men,» slutta bladstykket (han fann det fram og synte meg det), «vi lader enhver skjønsom læser dømme om, hvilke sørgelige følger denne utilgivelige uforsigtighed med ild paa skorstenen under tordenveir kunde have havt, dersom ikke konen i huset som ved en forsynets mærkelige tilskikkelse netop var gaaet paa staburet efter mel.» Ja — tenkje seg til det. Og kva kunde ikkje henda alle stader, der dei dreiv slik utilgjeveleg tankeløysa. For det var sanneleg ikkje sagt, at ein var paa staburet etter mel plent i rette blinken alle stader. Det var ikkje eingong verdt aa vera altfor nær omnen, meinte mannen; ingen kunde vita, kva ljonet fann paa. Han fekk kona og Alf burt i kroi lengst fraa omnen og dreiv sjølv som ein politikonstabel att og fram framanfor som for aa passa paa dei. Det var so uhugleg stilt millom kvart toreslag, at eg kjende det radt som ei letting, daa han til slutt ikkje fann det trygt nok i kroi helder. Ho skulde ut i kammerset og breida seg ned under klædi, so so ikkje saag dei fæle ljoni. Han totte

ho bleikna so for kvart blink og sytte som ventande var for hjartestøyt.

Umfram alt dette hadde eg endaa ein ting aa vera uroleg for, eg stakkaren. Henriksen hadde gjeve meg ei vitring um, at der maatte vera ein grand maate med det bedagsandlitet eg gjekk med ogso — so hard ulukka en var. Kona kunde snart tru, at han hadde gjeve meg ei altfor uhugleg melding um sjukdomarne i huset, og fanga støkk. Eg maatte altso bala og skjekkja alt eg berre vann for aa faa til noko som likna paa smil burt til vesle Alf.

VI.

Fjerde dagen byrja paa same vis inne — men ikkje ute. Toreveret var yver. Skyerne letta. Solglim flaug burtetter doggfyllte engjer, og fiskarne vaka med kaate sprett tett ut for bryggja. Dette maatte vera eit framifraa fiskever. Eg sprang inn etter fiskegreiorne mine og løyste landhandlarbaaten nedfor bryggja. Eg kunde no altid freista, um hugnaden var liten ved alt her. Medan eg stulla med dette, fekk eg auga paa det bleike andlitet aat husfrua uppi eit vindauga. Det gav meg ein tanke. Kunde ikkje ho og vera med paa ein liten baattur i dette ovfagre veret?

Eg hadde umsinna meg litt i desse dagarne. Beintfram aa spyrja meir um hjartesjuken hennar

hadde eg ikkje vaaga no helder; men so mykje trudde eg aa skyna, at ho ikkje plent kunde vera enden *so* nær som eg i den fyrste rædsla tenkte. Største faaren laag vel enno i det det kunde verta til. Men daa kunde det aldri i verdi vera det klokaste aa stengja seg inne i stove- og medisinlugti soleis som ho gjorde. Eg hadde berre sovidt set henne utum døri enno. Slikt var beintfram for ille. Skulde noko styrkja, so maatte det vera denne lufti, og paa ei slik liti baatferd turvte ho korkje forrøyna seg paa nokor vis elder frosa.

Eg flaug inn og sagde, kva eg meinte, og var so heppen aa faa henne med paa det mest med ein gong.

«Eg tenkte sjølv mest paa det, daa eg saag deg nedi baaten,» sa ho. Med større annsemd en eg enno hadde set hjaa henne, gjorde ho seg ferdug og klædde vesle Alf, som ogso skulde faa vera med. Han song av gleda, og me var alt komne nedum hagen, daa me vart skræmde upp av eit andpustent rop bakum os; — Henriksen var komen farande berrhovad ut or kraambudi og vilde vita, kvar det no skulde bera av.

«Aa berre ein liten lysttur ufor strandi og fiska,» sa kona blidt; — for fyrste gongen sidan eg kom, saag eg noko som ein smil paa det bleike andlitet hennar. Mannen hadde sove so rimeleg bra i natt og hosta so lite, at ho vaaga aa gjeva rom for litt ustød gleda. Han vart

standande og klaadde seg løynleg i hovudet. Eg skyna, at han alt anna en likte dette paafunnet; men han vaaga nok ikkje aa skræma henne med aa negta henne beintfram aa vera med helder. Eg let han klaa seg det han berre vilde. Varsemd var bra; men jamenn maatte det vera maate og. Han skulde faa takka meg, han, naar ho kom heim att med friskna aareslag.

Litt etter stod me nedpaa bryggja allesaman, mannen med. Daa han ikkje kunde negta henne dette, hadde han ikkje gjeve seg, fyrr han fekk paa henne kaapor og plagg, so ho saag ut meir som ein høystakk en som ei landhandlarkona. For det kunde altid vera trekk utpaa sjøen, sa han — landtrekk og trekk etter regnet; idetheile: nokokvartslags trekk, som det galdt aa vara seg for. I grunnen burde han for dess større trygds skuld ha vore med sjølv og; men det trefte seg so uheppe, at han ikkje hadde tid nettupp no. Eimbaaten var ventandes, og han hadde nokre brev aa gjera ferduge til dess.

«So, vakta deg . . passa deg! Glid ikkje paa æsingi,» rettleidde han, medan han langa høystakken ned i baaten til meg. «Det var ein gong ei barselskona, som gleid paa æs . .» Med ei høg roping, at han skulde senda meg fiskegreiorne, berga eg os for resten av soga, som truleg enda med, at barselskona fekk uvit elder kanskje beint fram sokk ned og bleiv utfor æsingi. Det skulde ikkje ha undra meg.

«So, glid no ikkje paa tiljorne . . dei er sleipe som saapa etter regnet . . Nei, eg lyt nok lata brevi vera og ro med sjølv, likevel.» Der var ein so daarleg løynt otte i dette siste, at kona heldt paa aa verta skræmd radt upp or baaten att. Men som ein vind fann eg eit stykkje av eit gamalt segl og breidde ut under henne, so den faaren ogso var yver. Eg fekk eit uhuglegt blink fraa mannen, men møtte det som ein mann. Eg var beintfram arg og saag mest med ei uvyri gleda paa den knipa han var i. *Fortente* eg slike krokar, naar eg stræva so væl til beste for alle?

Alf var og komen uti, og me gleid fagert utyver, medan mannen enno ein gong ropte, at me ikkje maatte ro for langt utpaa.

«Nei nei,» trøysta kona og smilte blidt ein gong til.

Alf sette i aa syngja bakum mor si paa baktofta, og for rett aa syna, kor bra alt stod til, tona eg i med:

> Den vesle fiskerbaad
> har baaret frem saa mangen daad
> af *mod og herlig kløgt*,
> skjønt aldrig det blev trykt.

Daa vart songen med eit avbroten av eit skjerande kvin fraa Alf. Aa pokker — det vanta ei tilja bak i baaten, og so hadde han med dei smaa klørne sine kramsa dotten or nygleholet, so vatnet fossa inn. Eg spratt upp og vilde

dytta i att; — men kvar var no dotten? Ungen maatte ha kasta 'n bardus paa sjøen, for han fanst ingen stad. Eg treiv etter lommeduken min i staden; men no var denne sjølvsagt i den siste lomma eg fomla i, so dette ogso tok litt tid.

«Uff daa, sjaa vatnet der!» ropte kona uroleg. Eg vilde svara, at det ingen faare hadde; men mælet mit vart yverdøyvt av eit vitskræmt rop fraa mannen paa bryggja — han hadde uppdaga vatnet, han og, og huja paa nygla.

Alf stakkar trudde nok, at ropet galdt han; for han svara med eit kvin som ein skulde ha sett ein kniv i han.

At so avstyggjelege kvin og rop maatte tyda paa aalvorleg livs faare, maatte sjølv hjartesterkare folk en kona tru. Ho for upp og ropte Gud bevare og trøyste seg; men i hastverket og forfjamsingi trødde ho i dei side yverkaaporne sine, so ho miste jamvigti og stupte beint fram yver meg — nettupp som eg hadde rive lommeduken min i fillor til aa dytta med. Fæle augneblink! Ho skreik og eg skreik; og daa eg endeleg hadde berga meg fraa aa verta kvæld som ei onnor stabursmus i ei fella under alle kaaporne . . daa stod mannen og huja so besett og saag so lik ut til aa vilja springa lukt paa sjøen, at eg visst maa ha funne det vigtugare aa berga han fraa aa enda sine dagar som den usæle barselskona en aa dytta i nygleholet. Visst er det, at eg hefte burt enno nokre augne-

blink. Og imedan heldt vatnet paa aa fossa, fossa inn; baaten var gamal og holet stort; — daa eg endeleg kom til vit att og fekk Alf or vegen, var der alt kome so mykje, at eg i det fæle hastverket ikkje kunde finna att holet!

«Ro i land, ro, ro, ro! . . vil du drepa dykker allesaman!» huja mannen. Eg let nygla vera og fomla avskræmd etter aararne — daa hadde eg gløymt aa leggja dei inn; dei laag og râk heilt framanfor baaten! Tiljor og alt tok til aa flota, og baaten var alt so rank, at vatnet var um aa fossa inn, daa eg storma fram etter aararne og trødde uvarleg ut i æsingi.

Kvit av rædsla og med guten paa armen sprang kona upp paa tofta: vatnet hadde fløymt yver skorne hennar og vætt alle kaapekanterne. Eg heldt just paa aa fiska til meg ei aar, daa eg høyrde mannen huja paa tog.

«Tog? . . hø?»

«Tak i det . . *tak i det*!» skreik han mest kvævd. Eg fekk auga paa ein tog-ende han hadde slengt ut til os. Som ein galen slengde eg aari og treiv tampen. Eg treiv desverre so hardt i, at eg miste jamvigti og stupte framyver drust paa sjøen med det same; men eg fekk svint kloa meg fast i æsingi med den eine handi og heldt toget med den andre, medan han halte i det. Soleis fekk me baaten heppeleg buksert inn aat bryggja, der eg berga meg uppi 'n att.

«Lyft i henne . . *lyft, lyft, lyft!*» skreik

mannen, han hadde alt teke upp Alf og fengje tâk i kona.

Med eit kjempetak, som berre rædsla kunde gjeva meg styrkje til, hjelpte eg til, og i neste blinken stod ho frelst paa bryggja.

Daa fekk mannen eit aagrip av turrhoste, so han blaana snupt av.

«Gud hjelpe oss . . du *sleit* visst for hardt!» jamra kona — ho for med baae hender upp mot bringa, lukte augo og seig i kne . .

«Ho fær uvit . . Gud bevare . . ho hev visst fengje ein *støyt!* — kva er det du hev gjort?!» stynja den halvstrøypte landhandlaren — det siste var til meg. Eg for med ein himmelsprett upp aa bryggja for aa vera til hjelp; men daa hadde mannen alt lyft henne upp att og stod med henne i armarne. Alf hjelpte til med stortuting, tenestgjenta kom farande som ei haukskræmd høna, og fraa alle kanter — heilt burtanfraa hotellet — kom ungar og kvinfolk laupande som til ein laus-eld.

«Ver ikkje rædd, eg hev ikkje naua . .; eg totte berre du fekk vondt, daa du hadde slite so hardt!» kviskra kona, daa faaren for uvit endeleg var lukkeleg yver.

«So maa me takka Gud og den gode lukka . . kva kunde ikkje dette vorte til, dersom ikkje *eg* hadde vore her med tog!!» ropte mannen med bivrande mæle. «Men kom no inn og faa av deg dei vaate klædi, fyrr du vert forkjølt!»

Eg var so fortumla, at eg hadde sonære tenkt det var *meg* meint dette, silande fraa topp til taa som eg stod der; men dei vaate føterne og kaapekanterne paa kona leidde meg vonom snøggare ut or det mistaket. Ho vart leidd uppetter med mannen paa eine sida, ein av grannemennerne paa andre sida og heile fylgjet av kjeringar og ungar og fem bikkjor til baktropp-verja. Eg snikte meg etter som ein vaat hund og kom meg upp paa romet mit.

Daa eg eit bil etter var umbyttt og kom ned i stova, sat kona heilt koselegt i putebenken med varme ulltoflor paa og drakk varm, styrkjande chokolade. Mannen vitta meg ut i gangen og fortalde, at livaareslaget hennar ogso gudskelov slog rimeleg normalt. Men nokor *gleda* var det som venteleg var ikkje aa nemna for det. Den stygge hendingi, som so lett kunde ha fengje den mest rædslefulle endelykt, hadde kasta uhygge og svart støkk yver heile huset. Og tenk um det var treft lenger utpaa fjorden, so det ikkje eingong hadde hjelpt, at mannen var paa bryggja med tog; — kor lett kunde ikkje det *og* ha hendt med ein som meg til baatførar! Det var so fælt berre aa tenkja seg, at han ikkje kunde faa det fraa seg, den usæle mannen, saag det ut til. Han gjekk berre og dreiv heile resten av dagen. Og daa han endeleg kom til ro um kvelden, fekk han ikkje somna — eg er altfor rædd for, at det kom seg av same uroi

i blodet enno. Han laag berre og skubba seg. Dette fyllte tilslutt kona med sut for, at han nok likevel hadde teke skade av slitet nedpaa bryggja; — ho visste altfor væl, at tæringssjuke kunde faa blodløysing og jamvel dauden av ein hard rykk. Ho fekk altso ingen nattero, ho helder. Men dette gav paa den andre sida honom ein stygg mistanke um, at ho nok hadde fengje ein faarleg hjartestøyt i dag lell, berre at ho ikkje vilde upp med det; — dei fortalde meg alt sidan. Dei laut sistpaa kveikja i ljos og henta kaldt vatn. Av dette vakna Alf og tok til aa stortuta, so dei maatte ropa paa gjenta til aa halda styr paa han. Naar det stod soleis til i stova, kan ein tenkja seg til, korleis det var for meg, som laag beint uppyver og høyrde alt ihop. At det gjekk paa med kald-vatn-drikking og kaldsveitte var so vanlegt no, at det aldri er til aa nemna eingong. Me hadde vore paa hugnad-ferd i dag — me.

VII.

Daa eg trøytt og utmasa kom ned um morgonen, møtte eg tenestgjenta i døri med eit glosinna, nattevakt andlit; kona sat bleik og sukkande ved vogga og ikkje so mykje som kviskra eit svar paa godmorgon-et mit; mannen dreiv paa golvet med ei mina som dommedag skulde vera fastsett til avhalding klokka tolv og ein kvart i dag, og sende meg eit par fæle augo; —

det var kjennandes av alt, at eg, syndaren, var upphavet til alt dette. Naar mannen likevel ikkje sagde noko hardt til meg, maatte det koma seg av, at kona var gjengi i bøn for meg; eg kunde ikkje skyna det paa annan maate.

Me sette os til bords med avbroti spyrjing etter, korleis til-stod med einannan — sjølvsagt med so lite snakk um nerveslitet mit som det var verd i eit hus som dette. Eg hadde sanneleg gjort nok skraal um det den fyrste kvelden, eg. Me aat mest ingenting nokon av os — minst av alt Henriksen. Han hadde fullnok med aa geispa, arme mannen, etter natti. Sosnart han var komen fraa bordet, for han med stor fart innetter strandi til ein fiskar, som budde der, og denne rodde ein augneblink etter utetter fjorden. Kva det galdt, sagde han ikkje; men eg hadde mine mistankar lell, eg. Det var nok kome so vidt no, at der maatte hentast sovepulver og styrkjande greior til noko kvar fraa doktoren.

— Soga um fiskeferdi vaar var som venteleg snart fari bygdi yver. Burtpaa hotellet lo dei; men bygdarfolki saag paa meg med hovudristing. Som rimelegt var. For av alt det galne dei hadde høyrt, dei gode folki, var det nok ikkje mangt som tok luven fraa dette: nær ved og søkkja ned den sjuke madammen og barnet (ikkje og nemna seg sjølv attaat) for eit ope nyglehols skuld — hadde ikkje mannen vore

der! Ja, tenk um ikkje *han* hadde vore der! Dei tok til slutt til aa smaakoka i meg, desse ordi; — eg var ikkje fri eg hadde mine eigne tankar um dette. Men eg fekk fint tia, eg. Det var sanneleg ille nok som var, um eg ikkje gjorde vondt verre med nyttelaust snakk etterpaa.

VIII.

At feriegleda mi etter dette ikkje nettupp auka, skynar visst noko kvar. Inne var det mest ikkje til aa halda ut lenger um dagarne for sukk og medisinlukt. Kor den friske blomelukti den fyrste kvelden hadde narra meg! Lukt av hofmansdropar og andre dropar var nok vissaste blomeangen her; og dertil kom rett som det var noko enno verre: lukt av karbolvatn — det fælaste eg visste. Henriksen brukte det til aa vaska Alf i skallen med, naar han hadde dotte og slege seg blaa kullar — noko som hende altfor jamt. Han hadde nok i det heile gjort det til ei rettesnor for seg, den gode mannen, at det var best aa vera fyre var i alt.

Aa sitja uppaa romet mit var ikkje stort betre. Der var berre eit tunt golv ned til stova, so eg til alle tider ikkje kunde lata vera aa lyda etter allslags ottefullt snakk og turrhoste nedanunder. Aa driva att og fram paa dei same smaa vegstubbarne og verta gland etter av alle folk som ein madammordar var helder ikkje rar hugnaden,

og Vaarherre veit, at eg ikkje sette i verk fleire huslyd-lystferder. Henriksen hadde desutan sett ein rett traust nabb for alle slike tiltak — til baats i minsto. Han hadde sett baaten tri famnar upp aa turre land og gjøymt av aararne, so ingen døydeleg fann dei. Um han attaat det hadde spikra ei tvotoms tjukk fjøl yver det usæle nygleholet, torer eg ikkje seia for visst; eg kom aldri til aa røkja skikkeleg etter.

Men veret var vent um dagarne enno; veret var englefagert; — daa eg hadde gjenge og set paa det eit par dagar til, gjekk tungsinnet mit sistpaa yver til argskap. Det stakkars parfolket si ulukka var daa ikkje *mi* ulukka for pokker, og den hjelpi eg kunde gjera, um eg gjekk her og slong i dørerne, var minder en inkje. Kunde eg ikkje ta skreppa paa rygg og draga til fjels og rista av meg litt sut for eit bil? Eg hadde desutan høyrt, at der skulde vera gode fiskevatn strakst uppaa høgderne. Eg sprang inn og gjorde meg ferdug. Husbondsfolki laag just og tok seg middagskvild. Eg sagde til gjenta, kvar eg vilde av, og strauk i veg.

Eg hadde stige godt paa ein times tid og tok alt til aa kjenna fjelllufti strøyma svalande frisk mot bringa. Eg lydde etter einsam fossedur og fuglesong, anga paa gras og blom og kjende eit pust av vaknande von og gleda. Daa vart eg med eit skræmd upp av ei fælsleg skraa-

ling og roping nedfor haugarne — i neste blinken saag eg ein kvinfolkskapnad koma farande i fullt sprang, med flaksande haar; i tredje augneblinken kjende eg att tenestgjenta, ho Martine. Var der hendt noko att? Eg ropte rædd nedyver, men fekk til svar berre eit sinna skraal um, at madammen vilde finna meg og det paa timen — dermed for ho paa spranget nedyver att. Forskræmd fylgde eg etter so fort som beini vilde bera meg.

«Madammen» slæpte seg fram or sengi, daa eg kom inn.

«Du vil daa vel aldri til fjels aaleine, Herman? . . ho Martine sagde du var gjengen. Du veit daa vel, at der nyleg er skote ein fæl bjørn trast uppi fjellet?» kviskra ho.

«Ja men *den* er no vel ikkje speleg . .?» «Kjære deg, Herman, du kunde verta lengje i kveld, og eg fær altid slik sut i meg, naar nokon ikkje kjem i rette tid . .»

«Men . .» byrja eg.

«Kva *men* er det no att?» spurde mannen — han kom ut or kammerset og saag paa meg med augo, som han kunde ynskja seg ein liten bjørn til aa fri huset for meg.

«Eg skal vera heime», sa eg audmjukt og svelgde. Soleis enda denne fjellferdi, og eg fekk strakst som ei kjensla av, at eg var «heime». Det var gjenge so uheppe til, at kona sjølv for eit bil sidan hadde støytt burt i dørkanten og

slege seg ein blaa flekk uppyver eine auga, medan to gjekk med fyreklædet for andlitet og felte taaror for eitkvart. Henriksen hadde trast funne det turvande aa vaska denne same flekken nytteleg i karbolvatn, og Alf hadde nytta aaføret til aa kramsa heile flaska ned, so klædi hans og golvet fekk ein god sjaps smurning med. Og den som fint fekk sitja i denne lukti i klokke-time-vis, det var fulla eg, Herman Olai Pedersen; for daa Henriksen eit bil etter gjekk ut, hadde kona ein grand hus-sut aa gjeva meg part i no og. Og hadde eg som ein god frende vore skuldig aa høyra paa og syna medkjensla fyrr, so skulda eg det dubbelt no etter lyst-ferdi.

Korleis eg tilslutt var komen upp paa romet mit, hugsar eg snautt. Det sviv berre for meg, at eg var komen til aa sitja der og dirra med ei flaska hofmansdropar under nosi, eg med. Gudveit um eg ikkje smurde meg og. Eg gjekk desutan for vissa skuld ned etter ei dugeleg skaal kaldt vatn og lagde meg fastande. Berre tanken paa mat var um aa gjera karbol-upprist i magen min.

IX.

Eg maatte som ein kan tenkja seg etter dette sky alt snakk um fleire fjellferder verre en rottekrut. Eg tok derimot til aa tenkja paa ferd heim til byen att. Eg gjorde berre skade her, og eg maatte sanneleg til aa tenkja

paa mine eigne stakkars nerver ogso no etterkvart. Men det var ikkje so snart gjort aa koma av stad helder. Eimbaaten hadde nyleg vore her ein av dagarne og kom ikkje att no paa heile fem dagar. Eg tok reint til aa smaaundrast, korleis det skulde gaa til, at desse dagarne fekk ein kristeleg ende.

Men naudi gjer paahitten.

Etter dei siste dagars hendingar hadde Henriksen sett igjenom, at kona ikkje lenger skulde forrøyna seg med nokoslags arbeid i kjøken. Det *var* ikkje vaagalt lenger. Ho Martine, var soleis vorti aaleine med alt der, liksom ho fyrr var aaleine med alt anna arbeid i huset. Ho gjekk som ei maskin heile dagarne og hadde ingi tid til aa sjaa til Alf. At det ikkje helder var godt for mori med hennar hjarta aa vera for mykje mødd med honom, sagde seg sjølv. Det minste *eg* kunde gjera i huset var daa, at eg tok meg litt av han for aa spara henne, og eg greip det med baae hender. Alf vilde som alle ungar stødt vera ute; eg fekk soleis tilføre til aa vera ute eg og; me var snart vortne dei finaste hjartans vener me tvo, tok os turar langt ut paa vegjerne elder heldt os halve dagen uppi hagen.

Ein merkjeleg søt liten gut var vesle Alf, det hadde eg visst alt fraa fyrste kvelden. Men sjølve den beste kan altid ha sine smaa særskaper. Han likte soleis altid godt aa riva yver-

ende alle dei kopparne han rokk i paa bordet, trø i sputtekoppen, klyva upp i nedste hylleromi og riva ned alt der og fleire slike smaaspikk. Men kven kunde ha hjarta til aa vera streng mot den vesle skuldlause fuglen for slikt, naar han gjekk der med utsyn til aa verta far- og morlaus? Han fekk i høgdi nokre milde tilrettevisingar av faren, som han ikkje skyna, og til slutt — til aa døyva paa strengleiken — ein kyss elder fem av mama, som han skyna altfor væl. Vesle Alf dreiv daa trygt dei smaa moroi sine og kvein, so det skar gjenom heile huset, naar han ikkje plent paa flekken fekk alt etter vesle søte viljen sin. Og dei same smaa skuldlause kvini kunde eg gjera viss rekning paa aa faa i øyro og nerverne mine i kvart minutt paa utferderne vaare og, dersom eg ikkje stødt var um han som ein viskelerball og fann paa altid nye moro. Vesle Alf hadde soleis snart vant meg av med aa vera slurvutt og tenkja paa meg sjølv.

Det var nok altid ein litt ny maate aa friska seg upp paa etter skulestrævet, dette; men . . naar kvin *var* betre en sukk! Dagarne gjekk trass i alt enno paa ein maate. Ettermiddagen siste dagen fyrr eimbaaten skulde koma att var komen, fyrr eg mest vardest det, og eg sende lukkelege tankar til morgondagen. Men fyrr den kom, kom vesle Alf til aa spela meg enno eit lite skjelmstykkje, og det eit som vog upp mot tvotri andre.

Han var uvanleg sær den dagen, og eg var sistpaa komen til aa traava med han paa ryggen som ein hest eit langt stykkje innetter postvegen langs strandi. Me trefte ein køyrar, og vesle Alf sette med det same ut eit kvin, so ikkje berre nerverne mine, men sjølve folki uppetter gardarne kunde ha ein grand grunn til aa faa ein nervestøkk i seg.

«Aa nei tattal litle, er han ikkje blid i dag?» sa køyraren, ein gamal, skikkeleg bondemann, og stansa hesten. «Kanskje det er det litle spannet der paa kjerra han hev set og vil ha?»

Han slepte taumarne, tok ungen og lyfte han burt paa kjerra. Vesle Alf tok med eit vælnøgt grin etter spannet. Men fyrr me visste ordet av — vesle Alf *var* ein skjemtegauk, lell! — sette han ut eit høgt skraal att og slengde spannet beint ned millem bakbeini paa hesten, so det skralla etter.

Himlen forbarme seg . . hesten! Han hoppa upp, so kjerra var um aa velta, og sette av stad i vitlaust laup, fyrr nokon av os fekk tak i taumarne. Alf spratt ikoll paa kjerra og vart standande med føterne upp og hovud og yverkropp nede millom holkar og sekkjer og annan rape — kvinande som minst tri nyfødde griser paa ein gong.

«Fa'n, han er skræmd og hev gjort vondt fyrr og!» ropte køyraren. Me sette etter som utskotne kanonkulor; men kva hjelpte det etter ein skræmd hest? Han kom meir og meir unda;

kjerra slang fraa den eine sida av vegen til den andre; støytte mot vegsteinarne, so holkar og posar spratt; ein liten holk kom under eit kjerrehjul og gjekk i knas; i neste blinken kunde guten gaa same vegen . .

Eg korkje saag skikkeleg elder anda lenger; eg rende tvo gonger ikoll, men var uppe att som dynamit. I neste blinken kunde . .

Daa saag me som gjenom ei skodd landhandlaren og ein annan mann koma farande upp fraa kraambudi mot hesten. Der lyddest hujing og rop, landhandlaren fekk fat i kjerreskaaki, men vart riven yver ende som ei filla. Men den andre var hepnare. Han laup etter eit stykkje, fekk tak i beini paa Alf og fiska han upp, medan hesten laup vidare. Og den litle sette ut so manslege yl enno, at der var all von um, at han ikkje hadde teke so stor skaden. Gud ske lov og . .

Men lang vart ikkje den gleda! For i same blinken . . i same blinken lyddest der rop fraa ein annan kant *og* . . eit skjerande rædslerop innanfraa kjøken; . . so kom der eit skrammel med grytor og kjelar som der skulde herja jordskjelte.

Me kjende mælet aat kona . . me stupte inn — der laag ho stupt i kne nede millem nokre grytor framfor grua.

«Vart du støkt Ane? . . Gud hjelpe os . . men Alf er berga!» skreik mannen.

«Berga . .? Eg totte hesten for fram-um,

so det alt var for seint!» pipta det i henne . . hovudet seig ned paa bringa, augo luktest.

«Ho døyr visst, ho døyr . . du dræp henne, som slepper guten fraa deg soleis!» stynja mannen kvit i andlitet. Han lyfte henne upp, skubba meg morsk til side, so eg var um aa rumla ned i grytorne eg med, og bar henne som eit barn inn aat stovesengi.

Hjartesjuke . . støkk . . slag! Eg vart standande etter som lamslegen av rædsla, alt til eg høyrde snakking inne. Daa vakna eg som or eit uvit og for inn — kanskje for aa høyra siste sukken fraa kona.

— Gudskelov, so langt var det ikkje kome enno, lell. Ho var komi til seg sjølv att og sat i sengi med ein haug av silkemjuke putor og dynor mura upp ikring seg og med ei luktefflaska for nosi. Men kven kunde vita, kva livet hang etter etter alle desse støyti? Ho sukka, so det gjekk rykk gjenom Henriksen og meg for kvar gong. Daa Alf litt etter vart leidd inn — trøysta og smilande yver ei smørkringla — lagde ho berre handi burt paa hovudet hans og kviskra som eit andepust: «Ver snild mot papa din, Alf . . ver *snild!*» Det tok os, so taarorne var um aa springa fram hjaa os alle. Men ei altfor rørande «scene» kunde snart verta hoste mykje for det arme hjarta hennar, det med. Me maatte gjera os harde som steinar att, snøggast me vann.

Køyraren som no hadde fengje att hesten

sin, kom inn ein augneblink og fortalde samanhengen, so eg slapp nettupp for fleire harde ord no og; men var ikkje *eg* skuldi i alt likevel — eg, som slepte guten or henderne?

Eg skolv, skolv, skolv . .

«Vil du ikkje ha noko aa styrkja deg paa . . litt vin?» kviskra mannen til den sjuke; han laag paa kne framfor sengi og stirde paa ei stygg blaa skraama ho hadde fengje paa armen — ho maatte ha treft mot ein kvass grytekant, daa ho datt.

«Kanskje eg kunde *freista* . .» anda ho. Han fann ei flaska, men hadde ikkje korketrekkjar og laut burt paa kraambudi og leita etter ein. Men der var kanskje ingen aa finna der helder, elder korleis det var. Han vart so lengje, at ho sistpaa med teikn til utaalmod spurde, kvar det no vart av vinen; ho kjende seg turr i halsen.

Eg treiv flaska; — det var daa vel i alverdi ikkje verdt aa gjera nokon vanske for ein slik smaating vel? Eg tok ein brei kniv og køyrde gjenom korken, vreid 'n upp med ein gong og slog i eit glas.

«Venta litt . . eg hev hoste i halsen. Tâk deg eit glas du fyrst . . du treng det», kviskra ho. Eg tømde det i eit drag og heldt just paa aa gjeva det vælfylt til henne att, daa Henriksen kom og saag korken med kniven i burtpaa bordet. Han sette i eit skræmt utrop, og i neste blinken, just som ho førde glaset aat munnen, slog han det or handi hennar, so vinen skvatt og glaset klinga i tjuge stykkje burtetter golvet.

«Men . . er det gali flaska . . gift?» stynja eg laagt — langt nærare til aa tru, at han sjølv, stakkar, var vorten galen av otte.

«Er *du* galen . . er du fraa vitet!» bles han so forkava, at det hjaa sjølve han var sjeldan aa sjaa maken. «Sjaa her hev du rive burti flaskehalsen med kniven, so der visst er kome glassplinter i vinen! . . hev du ikkje nettupp nyleg lese i bladi um den mannen nedi Flensborg, som fekk magen sundskoren og *drap* seg med slike splinter?»

Han var so uppskræmd, at han reint gløymde, at slikt snakk kunde gjeva kona hjartestøkk. «Men kjære deg . . naar eg ikkje hev *smakt* vinen enno!» peip ho høgt.

«Det er berre eg som hev drukke eit glas», stota eg.

No . . so. Ja kanskje det ikkje . . Han glante dumt paa meg ein augneblink, gjekk so burt til kona og saag ut til aa ta det med helder skapeleg samvitsro. Eg armingen hadde derimot so nære fengje enno ein støkk i meg; men som væl var vart der snart heilt vigtugare ting aa tenkja paa en nokre glassplinter i magen min.

Kona hadde fengje eit glas vin or ei flaska, som var trekt upp paa vanleg kristeleg vis, og so tok ho um eit bil til aa geispa; — kanskje ho kunde faa blunda litt, dersom det no vart stilt. Ja *berre* ho kunde faa blunda! So kunde det daa enno vera *von*. Stilt, *stilt . . sti . . i . . ilt!*

Alf vart i ein fart lulla i sømn inni kammerset. Me andre gleid ikring som stille aander og skuggar paa sokkeleisten, og daa det store var hendt, at ho hadde lukt augo, gleid eg upp paa romet mit. Det var alt kveld og tid til aa leggja seg for alle. Berre Henriksen vilde sitja uppe enno eit bil og vaka yver henne. Eg var so utmødd etter den vonde dagen, at eg slengde meg paaklædd paa sengi og seig mest med ein gong inn i ein febertung sømn fyllt av vonde syner og draumar.

Usæle dag . . kven skulde ha tenkt, at ikkje eingong *denne* stakkarslege freden var unt meg? . .

X.

Eg visste ikkje, kor lengje eg kunde ha lege soleis, daa eg med eit kjende noko ruska i meg og ei kald hand fara yver skallen. Eg for upp. Framfor sengi stod Henriksen med ei lykt og med so underleg forskræmde minor, at eg snautt kjende han att. Eg var med eit ljosvaken og sprang fram paa golvet. Var det fæle, hjarteslaget, kome?

Han fikta med armarne og hyssa.

«Nei nei . . ho hev fengje sova godt no og søv enno . . Men daa eg hadde lege paa sofaen eit bil og gjekk burt og vilde kjenna paa aareslaget hennar, uppdaga eg, at saaret paa armen . .» (turrhoste).

Saaret —? Eg stirde paa han og var nær

ved aa spyrja meg sjølv ein gong til, um mannen var vorten ruskande, som kunde bry seg um slikt no. Men tids nok fekk eg vita, at det var nok altfor mykje aa bry seg um, det og. Saaret var svolna upp, kviskra han . . det var svolna upp, so det var noko fælt aa sjaa; og det som verre var: der hadde sett seg dimme blaa strimor langs aarerne uppetter og nedetter heile armen. «Der maa vera kome vondt i det . . gudhjelpe os um det ikkje vert til, elder kanskje alt er vorte til . .» Han var so andpusten, at han kjøvde seg reint burt eit bil, fyrr han fekk fram resten: til blodforgifting. «Du lyt vera med ned og sjaa . . eg vart so otteful, at eg ikkje kan vera aaleine . . Det var nok mot ein rusta grytekant ho slog seg, og ein veit, korleis det er, naar det kjem rust inn i blødande saar . . det er som den reine gift.»

Eg fylgde ljodlaust ned. Kona sov enno med jamt, sunt andedrag og laag soleis, at me kunde sjaa den saare armen berre me letta litt paa dyna; skjurta var glidi upp, so han var berr alt aat aalbogen. Henriksen nærma seg varleg med lykti og lyste.

Eg kunde paa eit heilt bil ikkje faa fram eit ord. Kva *var* dette? — hadde alle verdsens ulukkor svore seg saman til aa herja dette huset? Aldri hadde eg funne otten hjaa mannen so vælgrunna som denne gongen. Skraama var bolna upp til ein stygg, eldraud kull, og dei

blaa strimorne han hadde nemt var altfor berr-synte. Dei rokk alt uppum aalbogen. Fanst det noko som heite blodforgifting, so maatte vel dette vera det. Det uskynelegaste var, at det kunde ha gjenge so hovudstups fort — klokka var ikkje enno stort meir en eit um natti; men det var den rusti, rusti, rusti . . Og so radt uvanlegt var det vel helder ikkje, at det gjekk so fort, kviskra mannen. «Du veit det er ikkje meir en fjortan dagar sidan det stod i bladi um den kjeringi burti Medelpad i Sverik, som reiv ei flerra av neven med persejarnet . . dagen etter laag ho lik . .»

Det var greitt, at her var berre eit aa gjera: senda folk etter doktoren paa fljugande floget. Henriksen hadde vaska saaret med karbolvatn um kvelden, men korkje visste elder vaaga aa gjera nokon verdsens ting no, naar ikkje eingong *det* hadde berga. Eg sprang paa livet laust inn til Per og Hans paa strandi, og nokre minutter etter for dei ut fjorden, so fossen stod; dei hadde fengje vita, at ein tikruning meir elder minder ikkje vart sedd paa, berre dei var snare.

Kona sov like rolegt i dynehaugen, daa eg kom att og, og me tok os væl i vare for aa vekkja henne. Ho trong væl kvildi, armingen, til doktoren kom.

Eit bil etter snudde ho paa seg, so me ikkje lenger fekk sjaa saaret; tok med det same til aa rjota og støyta ut nokre lange, underlege naseljod.

«Ho byrjar nok alt aa kjenna smertorne . . Gud ver os naadig!» kviskra Henriksen.

«Trykk paa nerverne i sømne!» kviskra eg og snudde meg burt for aa løyna, kor skræmd eg var: det barst for meg som dauds-stynjing. Han sprang og vekte Martine ogso til aa vaka, liksom det var lit trøystelegare, di fleire me var.

Det var som alt anna og hadde lagt seg saman til aa gjera natti uhugleg. Det var svartskya, ljon i lufti og uvanleg myrkt til aa vera paa denne aarstid. Det bles og ulte uppi fjelli og reiv i skyerne; tunge regndropar slog av og til som hagl mot rutorne.

«Tru det vert lengje til dei kjem att med doktoren?» kviskra Henriksen alt i eit; han kunde ikkje sitja roleg *ein* augneblink og hadde eit endelaust mas med aa ikkje vekkja kona med turrhosten, som altid vart dubbelt lei, naar han var forstøkt for eitkvart.

Lengje til doktoren kom! Paa minder en fire-fem timar var det ikkje tanke um det enno; han budde mest tvo mil ute. Me gav os maallause til aa venta, og av alle dei lange timar, som folk hev upplivt, vil eg vona, at ikkje mange hev vore lenger. Klokkevisararne tok seg for moro skuld lange stunder til aa beintfram *staa*, saag det ut til. Og tenk no, um doktoren ikkje var heime, so dei ikkje kunde koma med han paa heile dagen? Slikt hende ofta . . Elder um han kom i tide, og ho stod til aa frelsa for

dette: korleis vilde det so gaa med *hjarta* hennar, naar ho skyna den avstyggjelege faaren ho var i? Det vart *støyt!!* Det var aldri til aa tenkja paa altsaman.

Og alt dette *og* . . var det ikkje i grunnen *mi* skuld, som slepte Alf igaar . . *alt, alt?* — Det var yver med den tidi, daa eg kjende hjartebanking berre etter sterke støkkjer: hjarta mit hamra so sterkt utan avbrot no, at der snart var god grunn til aa tru, at det ikkje stod berre væl til med det helder.

— Spurnaden um den store ulukka hadde spreitt seg svint fraa Hans- og Perastova. Daa eg kom ut tidleg um morgonen, hadde det alt samla seg ein heil hop grannekonor og andre utfor døri, som vilde høyra, korleis til-stod med madammen. Ho sov enno, som væl var, so me maatte berre halvkviskra. Henriksen kom i det same farande ut og spurde visst for hundrande gongen, um doktorsbaaten var aa sjaa. Kjeringarne berre riste paa hovudet. «Og tru han var aa finna heime?» Ny hovudristing. Berre eit langt mannfolk, som nettupp var kome med henderne djupt i broklommarne, sagde «hm» so høgt, at Henriksen gaadde det.

«Veit du noko?» spurde han.

«Um doktoren var heime?» spurde mannfolket langdrege.

»Ja — *veit* du noko?»

«Eg kom just siglande utanfraa med jægti

igaarkveld,» sa mannen og sputta med stor umtanke ut ei skraa.

«*Saag* du noko daa?» bles Henriksen.

«Me kryssa just fram-um Kyrkjevik i ein lei motvind . .» tok mannen i, men stansa seg sjølv med ein morgongeisp, som varde — eg hadde kje klokka paa meg, so eg saag plent tidi; men vonom lenger var han, geispen. Den usæle handelsmannen for mot han som han vilde riva augo or han.

«Saag du noko, so seg det, menneskje!» ropte han høgt nok til aa vekkja folk, um dei sov som ein fut paa pensjon. Jægtemannen for skræmd attende.

Jau — han hadde set doktoren reisa utyver paa storbaaten sin til gamleskrivaren igaarkveld, og der vart han sjeldan minder en ein heil, stundom tvo dagar. For det var altid slikt væsen og sjukdomar og koklementer med den gamleskrivaren, maavita . .

Me stod berre og drog etter pusten, saag paa einannan. Dette *og* . . dette og! Henriksen grov seg uppetter troppi paa ustøde bein og heldt seg i dørkarmen . . Daa lyddest det med eit ei høg snakking ovanfor, og i neste blinken kom tvo kjeringar framfor husnovi mest paa sprang. Den eine for beint upp paa troppi og treiv landhandlaren i armen.

«Er ho Ane sjuk . . blodbrann, høyrer eg, og du hev ikkje sent bod etter *meg!*» ropte ho.

Eg skyna strakst, at det maatte vera eitkvartslags doktorskjering, og fekk snart høyra av hennar eigen munn, at det var nok ikkje smaating ho kunde helder. Blodforgifting var ikkje verre, en at ho med Guds hjelp hadde berga for det baade ein og tvo gonger, naar ho berre kom i tide, let ho. «Liksom dengongen han gamle Olas-Torkjedl paa Padl fekk det so *svært* i den eine laar-kalven!

Ein skal berre vaska saaret godt i reint varmt vatn; so skal ein sveipa det godt inn i eit varmt, raatt skinn av ein nyslagta katt; og so . .»

Hadde det vore ein annan gong, so skulde me visst ha lætt aat heile kjeringi og raaderne hennar. Men kva prøvar ein ikkje i den ytste naud? *Alt* som kunde gjerast for det arme menneskjet maatte gjerast. Me vart forvitne baae tvo.

«Og kven veit», byrja eg, «um ikkje den merkjelege *elektriske* kraft, som finst i katte-skinnet . .»

Men her var tid til alt anna en utleggjingar um elektrisk kraft i katteskinn. Henriksen bad kjeringi vera med inn, og eg vart paa flekken send til aa faa fat paa husens katt og faa skinnet av han. Skade kunde det daa i kvart fall ikkje vera i dette. Eg fann katten burtpaa kraambudloftet, malande og blid som ingenting var, stakkar. Men eit halvt minutt etter hadde

han male fraa seg her i tidi, og tvotri minutter etter kom eg inn i gongen med katteskinnet.

Dei var nok alt byrja med dokteringi inne, lyddest det. Men fyrr eg gjekk inn, laut eg upp paa romet mit og vaska av meg noko katteblod, so eg ikkje saag ut som ein villmann.

Daa høyrde eg med eit ein underleg ljod fraa henne Martine nedi gongen; . . kva i verdi var slikt? *Lo* ho? Jau det lyddest beintfram so. Læ her i huset, og det i ei slik stund! — var ho gali, gjenta, elder var eg? Eg for hovudstups ned troppi og trefte henne i kjøkendøri; ho stod og fingra med katteskinnet, som eg hadde lagt etter meg der, og lo so det var reint stygt.

«Kva . . er det?» stota eg.

«Detteher er eit katteskinn!» sa ho.

«Eg ser det», kviskra eg.

«Og inne hev trollkjeringi vaska burt heile blodforgiftingi med lunka vatn!» sa ho og deiste det blaute katteskinnet lukt i kjeften paa meg, fyrr eg visste ordet av. So flaug ho ut bakdøri, det galne trollet, so eg laut gaa like klok inn aat stova.

Der møtte meg eit syn, som var ikkje minder merkjelegt. Henriksen stod med eit lukkelegt andlit burtved kammersdøri og hjelpte Alf paa med klædi; kona sat framfor sengi so frisk etter den lange sømnen som eg sjeldan hadde set henne, medan doktorskjeringi heldt paa aa stella med saaret paa armen hennar. Det var ikkje paa langt nær so svolna og blaatt som i

natt, og heile armen elles — var so kvit og jomfrufin som han vel nokon gong hadde vore.

Det var nokre augneblink fyrr eg fekk upp mælet til aa spyrja, korleis dette hang ihop.

«Karbolvatnet . .» sa mannen med eit underleg langt andlit.

«Karbolvatnet?» sa eg.

Aa karbolvatnet, karbolvatnet! Det heile var kome av eit lite mistâk, og kva kunde kje lettare treffa?

Daa Henriksen blanda karbolvatn igaarkveld til aa smyrja skraama med, hadde han i den fæle hastverks-otte-forfjamsingi vore so uheppen, at han hadde teke urett flaska burtpaa hylla. Han hadde teke ei, som det eingong hadde vore blaatt blekk paa. Av dette hadde der nok funnest ein liten drope att enno paa botnen; det var kome i medisinen og hadde baade gjort skraama ill og vond og farga dimt blaatt upp- og nedetter armen, so langt vatnet kom. Det kom alt for ein dag, daa kjeringi vaska med varmt vatn . .

Kona sat og rødde so rolegt med kjeringi um det vesle saaret, at eg strakst skyna, at dei ikkje hadde skræmt henne med aa fortelja um den fæle natti og otten vaar; Alf tralla og song; Henriksen og eg saag paa einannan . .

Eg veit ikkje, korleis det gjekk til; men eg kunde ikkje for det: eg laut læ midt i aalvoret, eg og. Det smitta yver paa doktorskjeringi og til slutt paa sjølve kona, endaa ho ikkje forstod

det. Henriksen stræva enno med aa halda aalvoret uppe; men daa eg drog katteskinnet fram under trøya og stakk det løynleg burtunder nosi hans, laut han gjeva seg, han ogso — han lo for fyrste gongen sidan eg kom her.

— Liksom sjømannen er glad og sæl og ikkje tenkjer paa komande stormar, naar han lukkeleg hev ride av ein hard storm, soleis var det som suti for brystsjukdomarne i huset reint var komi i gløyme for denne sæle bergingi fraa det, som endaa verre var. Me gjekk berre og rødde i munnen paa einannan, Henriksen og eg; turrhoste høyrde eg mest ikkje fraa hans munn, og han gav i si hjartans gleda ein heil femkrune til kjeringi, daa ho gjekk. Og um kona ikkje nettupp kunde ha del i *vaar* gleda, so maatte ho verta glad berre av aa sjaa mannen so i godlag. Eg høyrde ikkje so mykje som ein sukk, daa me eit bil etter sat og aat til morgons. Me hadde ein mathug, som var den beste eg enno hadde set her i huset, og var til slutt komne upp i aa ordskiftast um — politik. Me fann nemleg blad liggjande fraa siste postdagen, som ingen av os hadde vore rett i lag til aa bry seg um fyrr. Etterpaa gjekk eg løynleg upp paa romet mit og pakka saman sakerne mine.

Det var i dag eimbaaten skulde koma att. Han var faren innetter fjorden til grannebygdarne igaarkveld og var ventandes att no um eit lite bil. Og betre tid til aa reisa en no i denne

ljose stundi kunde ikkje finnast. Eg var altfor klok av skade til aa tru, at dette var anna en eit solglim millem uveri. Daa eimbaaten huja utanfor, trødde eg inn i stova fiks og ferdug til aa ta avskil.

«Men Herman daa! . . *no* alt . . det er vel ikkje aalvoret!» ropte kona og for med handi upp for bringa.

«Men høyr her . . her kjem eimbaat att um berre fire dagar denne gongen!» ropte mannen og for upp av pute-benken, der han hadde byrja aa ta att den sømnen han miste i natt.

Fire dagar til! — tenkte dei paa det, so fekk dei sanneleg til aa trygda livet sit nokokvar og; for uvisst var det, um det vart berre eit katteliv som strauk med neste gongen eg gjorde ulukka.

Eg berre takka so mange, mange gonger for meg, svinga med hatten og for ned-etter bryggja. Og so bar det utetter breie fjorden.

XI.

Klokka ti um kvelden var eg godt og væl komen heim til byen att og sat i toflor og skjurte-ærmar uppaa det litle hyggjelege romet mit.

Hyggjelege? Ja — hyggjelege, og forsnakkar meg ikkje. Dette romet, som for nokre vikor sidan var det verste fangehol eg visste, var no med eit vorte den sælaste livekro. Eg kjende, kor eg heldt av dette vesle, stille, rare romet mit; eg bytte det ikkje burt mot eit slott fullt av uro.

Og nerverne mine . . Ja —. Det hadde visst skake og rumla og sumla paa eimbaaten den lange dag no og; kanskje dei hadde skote og. Men den som snautt hadde gaatt det, det var eg. Ungar skreik uti den trange gata og staaka i romet nedanunder; — eg gaadde det ikkje, utan eg plent høyrde etter. Og vissa um, at eg korkje hadde gjort nokor ulukka i dag elder hadde noko aa syta for i so maate i morgon, gav meg so godt samvit, at eg somna, sosnart eg var komen i seng, og sov som ein hest heilt til klokka elleve dagen etter. So gjekk resten av dagen i det reine festliv av fred att, og likeeins dag etter dag. Eg var vorten so underleg nøgd med aa vera ungkar utan huslyd-hygge, at eg gjerne skulde ha dikta eit vers um det, hadde eg vore diktar. Eg hugsa snautt lenger, at det fanst noko som heitte nervøs hjarteklapping, kald og varm sveitte elder nattevaking og otte for inkjevetta. For kva pokker var dette gamle smaapuslet mit mot det eg no var komen utor?

Vil ikkje fysiologar og nervelækjarar tru dette, so fær dei gjera som dei vil; eg veit det, eg. Kom so og segg, at eg ikkje hadde havt godt av aa liggja paa landet likevel! Jau det er altid ein god ting aa faa liggja paa landet.

— Men korleis gjekk det sidan med dei stakkars landhandlarfolki? vil ein kanskje spyrja. Ja — sidan eg hev fortalt so mykje um dei, lyt eg vel koma med eit par ord til. Eg fekk

frametter sumaren og hausten brev etter brev fulle av otte og sjukdom og sut. Men frampaa vinteren vart dei sjeldnare og stansa til slutt heilt upp. Endeleg eit halvt aars tid etter høyrde eg fraa dei att, men daa ikkje gjenom brev og helder ikkje um sjukdom. Eg fekk av ein kjenning der nordanfraa høyra, at landhandlar Henrik Henriksen so lengje hadde vore uvitande um kaffiprisarne, at *dei* tilslutt tok til aa spyrja etter han. Elder med andre ord: sut for alt anna en handelen hadde nok tilslutt holt ut under den vælstanden, som dei visst aldri hadde tenkt kunde rikkast. Folket i bygdi var gjenge yver til ein ny handlar, som hadde tid til aa røda med dei. Endelykti var, at Henriksen sveiv kalleg burt paa kanten av bu-slit. Elder kanskje det sovidt kunde vera von um aa flota uppe paa ei partbitalings-semja. Det kom an paa . .

Det er ei skam aa fortelja, men altfor sant: eg lo i løynd den dagen eg høyrde det. Eg trudde meg aa ha vokse litt i visdom paa dette aaret. Denne knipa deira skulde no vel ikkje vera ein likso hjelpeleg medisin mot hjartesjukdom og tæring som sumarferdi mi hadde vore mot nerveslit?

EMNE

EMNE

SOGOR

AV

RASMUS LØLAND



KRISTIANIA
UTGJEVI AV BERTRAND JENSEN
1896

Innhald:

Side.

Spelemans-emne 5
Diktar-emne 31
Thingmans-emne 73
Mans-emne 159

S. & Jul Sørensens boktrykkeri

Spelemans-emne.

Eg skal fortelja soga som eg fekk henne av reisefelagen min. Me var av eit slumpehøve komne til aa fylgjast og skrangla og kjøyrde nedetter eit dalføre i Telemarki. Han var av paa hestehandel no nettupp, men var elles fastbuande bonde i ei bygd strakst nedanfor. Attaat reiseskreppa si førde han med seg ei liti felekassa, som han var svert vár um.

»Du er kanskje spelemann og?« spurde eg.

»Aa nei, ikkje noko nemnande,« sa han. »Eg kom berre til aa kjøpa denne fela ein gong og lyt ta henne med heim.«

»Og tena ein skilling paa *den* og?« lo eg.

»Nei«, sa han med eit aalvor, som kom heilt uventa. »Denne tenar eg ikkje paa og vil ikkje tena paa henne helder. Eg kan altid ha henne hangande paa veggen, um eg ikkje kan spela stort sjølv. Ho er for god til aa koma radt paa slong og, tykkjer eg.«

Eg vart forviten og fekk daa vita, at fela i lang tid hadde vore eit ervestykke i ei ætt burti ei av grannebygdarne. Der hang desutan ei soga saman med henne, som visst vilde verta hugsa eit heilt bil. »Eg held henne difor litt gjæv,« sa han.

Eg vilde gjerne faa høyra denne soga, og daa me hadde tidi for os, so fortalde han det vesle, som her kjem:

»Paa Neset, ein gard uppi øvste enden av vatnet i dalen, hadde det i nokre ættled vore spelemenn. Han Jørund, som sist livde, var spelemann; far hans likeeins og enno meir han gamle Gudmund, bestefaren. Dei spela i mest alle brudlaup i heile bygdi. Dei hadde prøvt mange felor; men det var berre *ei* dei lika fullgodt. Det var den som bestefaren kom heim fraa Hardanger med ein haust han var der og kjøpte hest. Ho var gjord av han fele-Hans, den beste felemakar paa langan veg; det sagdest endaa, at han hadde lært ein grand av hinmannen sjølv, so ingen korkje i Bergen elder Hamborgs by kunde gjera det etter. Men no var han fele-Hans daud og burte, og felorne etter han var faa. Han laut nok gjeva ein upris for denne-her, han Gudmund; men han trega det ikkje likevel. Ho var berre liti og ikkje mykje staseleg; nokon rett sterk ljod var det ikkje i henne helder. Men slik ein fin ljod! Ein skulde aldri høyra finare ljod. Ho

var som skapt til aa spela springdans paa. Han brukte sidan altid denne, naar det skulde vera paa det greskaste. Sameleis sonen hans, han Per, og tilslutt sonasonen, han Jørund, som livde no sist. Og *han* kom til aa naa det, han, som ingen av hine hadde rokkje uppi. Han fekk spela for sjølve presten Hjort. Det var slik ein visleg og gudsens snild mann, den presten Hjort. Han kom ein dag inn til han Jørund og bad han spela. »Eg hev høyrt gjete deg,« sa han; for det var fulla nokokvar som hadde høyrt laata um han Jørund. Og han vart so glad i spelet, at han vart sitjande der alt til kveldasét. Han vilde vita namn paa alle slaattarne og skrepte og takka etterpaa. Og so sagde han eit par ord, som han Jørund altid mintest sidan og hermde upp att, naar han hadde ein lette paa.

»Naar det hev vore spelemenn i Nesa-ætti so lenge, so kjem ho nok til slutt til aa fostra ein rektig vidspurd spelemann som Myllaren,« sa han. For det var slik ein framifraa *klok* mann og, den presten Hjort. Det var anna slag en dei bleikingarne, som letst vera prestar no og snautt kan skilja hest fraa merr.

Men det saag just ikkje mykje vonfullt ut for denne spaadomen. Eldste sonen hans Jørund, han Knut som no liver, brydde seg aldri um spel, og ikkje meir gutarne hans, daa dei voks til. Dei tok snautt i fela aat bestefar sin, endaa han ofta freista aa faa dei til. Dei var

tjukkøyrde som morfolket sit. Sameleis saag det ut til aa vera hjaa han Botolf, andre sonen hans Jørund; dei var berre tvo. Han var vorten gift med ei gardgjenta paa Kvamen lenger nedi bygdi. Sjølv var han ikkje laga for speling, og sønerne hans brydde seg ikkje um anna en drykk og dans og staak, naar dei kom ut i lagi.

Men so kom den tidi, daa det vart slutt med staaket og dansingi baade for dei og hine i bygdi. Det kom framande preikarar og vart vekkjing og umvending paa mest kvar gard. Det vart salmesyngjing og beding ute og inne, og felorne tolde dei vekte ikkje eingong aa sjaa; dei skulde brennast. Og brende vart dei visst og so mange som fanst i bygdi, so nære som gamle Jørund paa Neset si. Han vart korkje vekt elder skræmd, han, og vilde ikkje sleppa fela si. Men han trong henne ikkje lenge no. Han døydde strakst etter. So vart det auktion etter han, og der kom fela og fram. Kona hans Botolf Kvamen, yngste sonen, kviskra til mannen sin, at han maatte kjøpa fela for ein liten slikk, so dei kunde faa brenna den og. For dei var vortne vekte i vekkjingsridi, dei med; dei var med dei aller idugaste til aa gaa i bønemøte og vilde nok helst faa dult ned alt som minte um den gamle spelesyndingi i ætti. Men Kvamsmannen saag paa skillingarne, han med, so heilag han var. Daa ein annan — det var endaa han Sundre paa Vollen — baud eit par

krunor for fela, fylgde han ikkje med lenger. Han Sundre fekk henne daa, og han var ikkje so heilag, at han plent vilde gjera av med henne. Men han var ikkje spelemann helder. Han slengde henne millom annan gamal rape uppaa eit loft, og der vart ho so liggjande lenge og vel.

— Mest i alle hus, der det er mange born, finst det i minsto *ein*, som er større vrangstyvel, og minder medgjerande en hine. Soleis var det hjaa Botolf og Gunhild paa Kvamen og. Men vrangmennet var ingen av dei eldste, som hadde vore so framme i villskap og drykk fyre vekkjingi. Det var den yngste, oskefisen, som helst plar vera snildbarnet. Det var lite tiltak i han med han var liten, og han vilde ikkje ta seg noko gagnlegt til etter han voks upp helder. Faren sende honom i attanaarsalderen til ein frende, som var skomakar; men nokre vikor etter var han heime att. Han vilde ikkje sitja og lappa skor. Han klaga seg sjuk for brystet og vart so gangande der og slong som fyrr. Skulde faren sidan bruka nokoslags hardskap mot han, so heldt han berre paa og klagde seg for denne sjukdomen. Ingen trudde vidare paa det; men han var liten og møsleg av vokster og heldt seg altid hol og mjov yver brystet, so det var ikkje so greitt aa vera viss paa noko helder. Det var ingi raad med sovore. Det var ikkje eingong raad til aa faa han til aa bry seg um bønerne og samlingarne. Han gjekk

berre og glyrde aat altsaman og skulka seg fraa, sosnart han kunde. Vaarherre maatte vita, kva det kunde verta av eit slikt krekse. Det var sistpaa berre ein einaste i grendi, som enno hadde nokor tru til han. Det var den gamle skulemeistaren. Nettupp noko glupt lesehovud hadde det ikkje vore paa guten i skulen. Men til eit var han uvanleg. Det var til aa læra allslags tonar og syngja. Han hadde snautt havt maken i all den tid han hadde skula. Guten kunde alt det han sjølv kunde av song og væl so det, daa han slutta. Var han ikkje til noko anna, so maatte det verta ein nytteleg glup klokkar av han, naar han fekk læren, meinte skulemeistaren. Han tala til foreldri um aa senda guten paa klokkarskulen.

Men faren meinte det, han, at der spurdest etter anna en syngjing og galing til aa klara seg der. »Idest guten ikkje noko heime, so er det ikkje meir aa venta der, og eg hev anna aa gjera med dei tvotri skillingarne mine en aa kasta dei burt til faanyttes,« sa han. Guten — Gudmund heitte han — vart soleis gangande der som fyrr.

Men syngjingi hans vart det fraa denne tidi eit bruk for. Etter den fyrste heite vekkjingsridi var det um ikkje rett lenge dovna av att mange stadar. Dei kaataste av ungdomen kunde ikkje halda seg lenger; dei lurde seg saman til dans og leik um helgarkveldarne, kvar dei berre

vaaga seg til, og staaket og villskapen vart verre en fyrr. Men spelemann hadde dei ikkje enno. So var det, at dei fekk han Gudmund til aa tralla og syngja aat seg. Gud visste, korleis det var gjenge til, at han hadde lært alle slaattarne; men kunde dei gjorde han, kva dei so nemde paa, og song so rett som han skulde ha høyrt paa felespel i aarevis. Og han var ikkje traud aa be til slikt. Det var ingen ting han so gjerne vilde.

»Du maa faa deg fela og«, let gutarne og gjentorne. Dei hugsa paa, at han var sonason' hans Jørund paa Neset, og var alle visse paa, at han lærde snart.

Det same meinte han sjølv og. Han hadde med' han var ørliten gut høyrt bestefaren paa Neset spela ein gong elder tvo, og sidan hadde det stødt lege som eit løynt ynskje hjaa han aa faa læra aa spela. Men det var lettare sagt en gjort, det. Han hadde ikkje pengar til aa kjøpa fela for, og det var ikkje tanke um aa faa noko av faren til slikt. Han visste ikkje eingong um nokor fela, som var aa faa fat i for pengar. Han hadde aldri høyrt, at bestefars-fela enno fanst i bygdi.

Foreldri visste ikkje noko um, at han gjekk i desse synduge lagi. Han gjekk aat det med luring; smaug i veg etter dei var lagde um laurdagskveldarne og kom att, fyrr dei var uppe.

Men sistpaa fekk dei vita det likevel. Ein

eldre bror, som ogso hadde vore med i lagi stundom, vart ein dag sinna paa han og sagde alt. So vart det ein svint ende paa den leiken. Faren vart so vond, at han var nær ved at dengja den vaksne paaken, og stengde dørerne, so ingen i huset slapp av flekken um laurdagskveldarne meir.

Gudmund laut finna seg i det og tia. Han vart berre enno vrangare og seinare i arbeidet en fyrr; han gjekk der og plystra og smaasulla for seg sjølv, skar seg fløytor som ein smaaunge frametter vaaren og hadde sistpaa fenge seg eit munnspel, som han riksa og bles paa seint og tidlegt. Men aldri høyrde ein han bles paa noko skikkelegt, som ein salmetone. Altid desse same ville slaattarne. Og naar ein kom yver han i einsemdi, sat han der og trampa med foten attaat spelet og leda paa hovudet som han var trylt elder halvjaalutt. Det saag ut til aa vera ei fa'nsmagt skikkeleg, som hadde tak i han. Faren tok spelet og gjøymde det av og forbaud guten strengt aa plystra elder syngja paa slikt meir; lydde han ikkje, so var riset enno finnandes. Gudmund vaaga ikkje aa seia noko no helder; han var rædd faren. Men han hemnde seg med aa liggja og sova mest til dugurs um dagarne og gjekk sidan og ølmde vond som ein turk og sagde snautt eit ord, utan det var aa egla seg inn paa brørne med tretta og vrangskap.

Men daa dette hadde vart ei tid, tok han med eit til aa faa det so annsamt burtpaa geitehuslemen, so ofta han hadde ei stund. Seint og tidlegt var han der, og takomtil gjorde han seg erind paa bygdi og kom att med eitkvarslags arbeidstøler. Men kom ein der, so var der ikkje noko aa sjaa utan litt smaaspøner paa golvet. Og daa mor hans stundom spurde, kva han fjona med, bad han henne berre aa halda snut. »Det skil ikkje deg«, sa han. Men vilde ho endamaals vita det, so var det berre eit par treskor han smidde paa.

Men sistpaa kom det for ein dag likevel. Han var ein kveld gjengen ned til grannen som snøggast. Faren var i det same komen heim av slaatteteigen og vilde faa Gudmund til aa vera med og gjera eitkvart; gjekk han so upp paa gjeitehuslemen og saag etter han. Daa hadde guten i snøggfarten ikkje gjøymt det han stelte med; det var ei fela. Paa golvet laag ei gamal, sundsprukki fela, som han hadde fenge fat i til aa sjaa etter, og den nye laag paa ein krakk mest ferdug. Det vanta berre skruvar og strengjer og nokre andre smaating. Og so fint som ho var gjord! Ho var lett og ven som han skulde ha gjenge i lære i lang tid. Det var so han snautt visste, um han skulde tru seg sjølv ein augneblink, faren. Men i næste blinken tok han henne hardt i neven og for inn aat kjøken til kona. Ho vart ikkje minder forskræmd. Og

det var ikkje lang stundi, fyrr dei baae visste, kva dei skulde gjera. Hadde dei ikkje skyna det fyrr, at det var fa'nsmagt i denne spele-giren, so maatte dei vita det no. Det saag ikkje verre ut, en at han kunde gjera kva det var, letingen, naar det galdt dette. Han fekk bera seg som han vilde — dette maatte ein bruka aalvoret mot. Dei hadde andsvar for Gud og mann for deira eige barn, totte dei. Det kunde vera for seint altsaman, naar han ein gong hadde fenge smaken paa fela og var komen til aa reka paa bygdi i staak og lag.

Faren sette den nye fela for kne — braut henne i tvo, kasta henne paa elden. Det var nettupp gjort, daa Gudmund kom ruslande nedanfraa grannetunet og smatt upp paa gjeite-huslemen; . . eit par augneblink etter kom han springande rædd og uroleg ned att og inn aat kjøken — nettupp tids nok til aa sjaa den nye fela, meistarstykket hans, brenna paa gruve-elden.

Han tagde ikkje lenger. Med eit skrik treiv han dei brennande stubbarne og hivde etter for-eldri; han slog og banna, han hivde seg ned paa kjøkenbenken og gret som ein unge, sprang upp att og truga med knytt neve. »Er det nokon som hev fa'n, so er det du, som altid snakkar um, at andre hev han!« skreik han til faren, og daa denne tok han i aksli og vilde stagga paa han, reiv han seg laus og rømde innetter bøarne. Mori vart rædd og meinte dei laut gaa og sjaa etter han. Men faren meinte

nei. »Han kjem nok att, naar han hev øst av seg,« sa han. Guten kom ikkje inn og aat til kvelds; men etter dei hadde lagt seg, høyrde foreldri, at det gjekk i døri og upp lemtroppi. Dei trudde det var han og somna rolegt.

Men um morgonen uppdaga dei, at det ikkje var han, likevel. Det var ein annan av gutarne, som hadde vore nedi grannetunet eit bil etter dei aat kveldsmaten. Sengi hans Gudmund stod urørd.

Dei vart rædde og laut av og leita etter han alle mann; fann han endeleg i ei tom utløda langt uppi lidarne. Han hadde ingen ting vondt gjort seg; han laag og sov med raude augnekvarmar og med litt lyng under hovudet. Foreldri takka Gud og fekk han heim til husar. Men daa synte det seg, at denne utelega hadde vore speleg likevel. Det leid langt paa hausten og hadde vore stygt kaldt um natti; det hadde blese inn gjenom dør og rivnor i den opne løda, og han hadde vore berre tunnklædd. Han fekk feber og frost i seg og vondt i bringa, so han vart liggjande daudsens sjuk.

Mange vikor etter var det endeleg so vidt han skrangla uppe att; men frisk var han ikkje, og frisk vart han ikkje meir frametter vinteren. Brystsjukdomen som han hadde skulda so lenge paa, var no komen for aalvoret. Han gjekk der og hosta og skok seg som ein gamal hest; han skrintest burt og kunde ingen ting ta i lenger. Doktoren var

der ein gong frampaa vaaren; han berre riste paa hovudet, daa han hadde lydt paa brystet hans. Og undrandes var ikkje det. Alle kunde sjaa og skyna, kva lei dette bar. Tæring og ikkje anna en tæring. Stod han det eit halvt aar til, so var det i høgdi, meinte folk. Men endaa det var syrgjelegt, at nokon skulde døy i ungdomen, so kunde ingen nettupp seia, at tæringen hadde raama paa uhøvelegaste plassen denne gongen. Det kunde ha vore verre. Berre han maatte ha umtanke for sjæli si, naar timen kom, stakkaren. Men det saag ikkje ut til dess helder. Naar der kom bønefolk og vilde preika han til umvendings, so vilde han ikkje tala med dei eingong. Dei kunde umvenda paa sine eigne, sa han, og hadde altid eitkvart og kasta i dei um farkestykke, som bønefolk hadde gjort. Elles vart han gangande som ingenting var, sær og krokutt som altid; han tilgav ikkje eingong faren det han hadde gjort med fela hans, saag det ut til. Han sagde ikkje nettupp noko vondt med han elder nemde det meir; men han sagde helder aldri et godt ord til far sin meir. Han vilde aldri ha noko snakk med han; minst av alt um noko aandelegt.

Men den er ikkje altid feigdi nærast, som er feig spaadd i eit hus.

Frampaa hausten vart det eit svint og tungt umskifte i huset paa Kvamen. Han Botolf, mannen, vart braasjuk, og ei vikes tid etter laag

han paa likstraa; han hadde havt det med hard-rider eit par gonger fyrr og, so det var vel hans lagnad aa enda soleis, spaar eg. Men daa han væl var komen under torva, var det ikkje mykje att av han Gudmund, sonen, helder. Haust-kulden og ulukka i huset hadde teke han so hardt, at han maatte halda sengi det meste av dagarne.

. . . Eg var nettupp paa den tidi der i bygdi; eg for med namne kraamvaror og kjøpte att gamle ting, sylv elder trearbeid. Kom eg so rennandes innum hjaa han Sundre paa Vollen og. Eg spurde etter gamalt, og so kom han ruslande ned av loftet med ei gamal hardingfela. Ho var dumbutt og graa, og strengjelaus og uhama paa alle maatar; men plent noko sundt var det ikkje paa henne.

»Dette er den siste fela etter Nesa-spele-mennerne,« sa han. »Eg kom til aa kjøpa henne for ein slikk paa auktionen. Men her er ingen, som vil elder kan spela, so du skal faa henne for rimeleg pris,« sa han. Den som ikkje var lenge um aa slaa ein handel, det var eg; eg hadde fulla høyrt gjete hardingfela paa Nes fraa eg var liten.

So for eg lenger, og korleis eg gjekk elder krøkte, so var eg ein kveld trast etter komen til Kvamen til ekkja etter han Botolf og fekk meg hus der for natti. Ho vilde faa sjaa paa kraamet, daa me hadde kveikt i ljos, og so laut

eg ta upp fela og, som laag under skreppelaaket. Eg kom med det same til aa fortelja, kvaslags fela det var, og korleis eg hadde fenge fat i henne. Eg hadde endaatil sett strengjer paa henne ein kveld uppaa gardarne; eg trefte til aa ha strengjer i skreppa, og dei vilde so gjerne høyra det vesle eg kunde.

»Nei, er ho til enno det gamle skrapet,« sa ho Gunhild, ekkja. Det var mest som ho ikkje vilde, at den sjuke sonen skulde høyra dette; han laag i ein benk burti omnekroi. Men han hadde alt høyrt det og set fela. Han reiste seg upp, so han sat i sengi, stirde forviten og andpusten paa henne og bad sistpaa um aa faa sjaa henne betre. Jau, det var raad til dess. Han vart sitjande ordlaus med fela eit langt bil og berre stirde. So saag han upp paa meg med ein bleik smil og spurde, um eg hadde boge; han hadde hug til aa prøva ljoden. Jau, han fekk bogen og tok til aa smaastrjuka att og fram. Det var visst fyrste gongen i sit liv han strauk paa ein felestreng; men det var likevel mest med ein gong som det vart ein annan djupare klang, en naar eg strauk paa strengen. Han førde handi so lett og sat og høyrde paa klangen som paa noko underlegt langt burte.

Han flidde snart fela fraa seg att og sagde ingenting; men morgonen etter, daa eg skulde reisa, sat han i sengi og saag so underlegt paa

meg att. Det var som han vilde seia noko, som han ikkje rett vaaga seg fram med. Eg laut fjona burtved sengi litt for aa gjeva han tid. Daa kom det endeleg, bljugt og ustødt. Han vilde vita, um eg hadde bruk for fela sjølv no nettupp; hadde eg ikkje det, so skulde han vera svert glad, um han fekk laana henne ei tid. »Det skulde vera moro aa strjuka litt paa henne, naar eg er uppe midt paa dagarne og tidi fell lang,« sa han; for enno var det sovidt han grov seg upp eikvar liti stundi.

Jau, han skulde fulla faa henne for meg so lenge han berre vilde; men eg hadde høyrt so ymist um bønefolki paa Kvamen, at eg ikkje vaaga aa lova nokonting, fyrr eg hadde tala med mori. Eg gjekk ut i kjøken til henne og spurde. Daa svara ho det eg minst hadde venta.

»Unner du han fela ei tid, so lat han berre faa henne; eg trur han skal fara varsamt med henne,« sa ho. Me var kjende fraa gamalt og kom til aa sitja der og røda um guten eit heilt bil; ho fortalde mykje av det eg fyrr hev fortalt her og meir til.

»Kanskje me altfor lenge hev sagt nei og brukt tvangi mot han, stakkar . . eg skynar det ikkje,« sa ho tilslutt. »Han trudde det var rettast so, faren, og eg og fyrr. Men sidan han tok so paa for den nye fela me brende upp for han ifjor, hev eg aldri kunne faa det rett fraa meg att. Den graaten hans var so saar og vond

aa sjaa. Gud veit um me ikkje hev synd paa os, likevel. Eg hev tenkt so mangt og mykje sidan; kanhenda dei kan ta imist dei som preikar og, og det er vel ikkje plent den ljoden det er synd i. D'er kje annleis; skal ein gjera det eine, so tregar ein, og skal ein gjera det andre, so tregar ein kanskje daa og. Eg skynar det ikkje; men det er ikkje annleis.« Ho gret, ho Gunhild, daa ho sagde det. Det var slik ei tenksam og grei kona, den Gunhildo, naar ho berre var paa det rette laget, og det var plent som bøneridi var sigi meir og meir av henne no, siden han Botolf, mannen, fall fraa.

— Eg reiste min veg utan fela; men etter det eg sidan fekk spyrja, so gjekk det underlegt til paa Kvamen no ei tid frametter. Han Gudmund sat og strauk paa fela so ofta han berre kunde krjupa uppe. Det var som han aldri vart trøytt av henne. Og so forunderleg snart som han lærde. Det skulde ha vore reint som eit bisn, etter som folk fortalde. Det var ikkje for inkje, at han var av det gamle Nesa-spelemansfolket, lell. Han kunde snart spela mest alt han hadde høyrt og fekk slik ein forlivande klang i det.

Det spurdest snart kringum i bygdi og millom bønefolki, kva ho Gunhild hadde gjeve løyve til, og kva det var for slag guten spela paa. Det var mest for gale til aa tru, totte dei; det hadde vore ille nok, um han hadde vore frisk,

men reint utanfor alt lag no, han gjekk med dauden i neven. Men dei fekk fulla tru det som sant var, det var ikkje raad for anna. Og han heldt paa og heldt paa. Det var snart i fullt traav med vakte kjeringar og lækpreikarar og allslags heilagmenne, som hadde erind til Kvamen og vilde snakka henne Gunhild til rettes og berga sjæli aat armingen i tide. Men ho svara berre stutt og godt som ho hadde sagt til meg, ho: »Me hev lenge nok brukt tvang og sagt nei,« sa ho. »Naar han hev hugnad av det sjølv, so skynar eg ikkje, at det skakkar nokon annan.« Med det laut dei gaa. Jau, det er so sant som det er sagt, at det var ei vitug kona, ho Gunhild, naar ho var paa det.

Men det spurdest snart det, som endaa meir var fraa Kvamen. Det spurdest, at han Gudmund heldt paa aa koma seg att, di lenger han spela. Han var uppe lenger og lenger stunder um dagarne; han fekk betre mathug, og det var som sjølve hosten ikkje var so vond som fyrr. Naar det var mildt og godt ver frametter hausten og vinteren, kunde han jamvæl vera ute eikvar stundi. Det raaka ogso til aa verta slik ein framifraa mild og god vinter. Og so snild som han var vorten mot mor si, han som altid hadde vore slik ein vrangkrok! Det vart so godt millom dei, som det aldri hadde vore. Dei kunde sitja og godrøda lange stunderne. Millom honom og brørne fall det helder ikkje eit vondt

ord lenger. Han var stødt i godlag; han vilde endaatil gjera til gagns slike smaating, som han kunde, og gledde seg til vaaren og sumaren. Daa skulde han bli heilt bra att, meinte han.

Det maatte vera feigdi som gjorde det, tenkte mori; men daa ho hugsa paa, korleis dette umskiftet var kome, kom det for henne, at det ikkje var berre det helder. Sjølve bønefolki, som hadde spaatt ulukka og allslags vondt for denne styggedomen, laut sjaa sanningi til slutt. Dei rista paa hovudet og kunde ikkje skyna dette. Det gjekk yver vitet deira.

Det var ikkje lenge fyrr ungdomen i grannelaget tok til aa koma upp til Kvamen um sundagarne og vilde faa høyra den nye spelemannen. Han var meir en glad han fekk spela for dei, og mori hadde ikkje helder noko imot det, naar dei berre bar seg snildt. Dei fekk jamvæl ta seg ein liten svingum etter spelet hans eit par gonger etter jol. Men daa gutarne tok til aa slaa paa, at han skulde vera med og spela aat dei i lag og leik andre stader og, daa meinte ho nei. »Det er ikkje for han, det,« sa ho. Daa vilde ikkje han helder, endaa han ikkje var verre no, en at han godt kunde ha gjenge eit lite stykke veg, naar han ikkje fraus elder sat for lenge.

Men so kom det ein gong, daa han vart med likevel. Ein systerson, hennar Gunhild var nyleg komen heim fraa Amerika og skulde halda

brudlaup med ei gjenta, som han lenge hadde vore trulova med. Ho høyrde til burtpaa ein av dei næraste grannegardarne. Han sagdest aa ha tent ihop pengar, og so vilde han ha eit brudlaup og, som skulde vera noko. Han brydde seg ikkje um, at bønefolki for lenge sidan hadde gjort det av med dei gamaldagse brudlaupi i bygdi. Han lova ungdomen moro og leik alt det dei vilde ha. Kvamsfolki var og bedde, kan ein vita, og denne gongen var det, at han Gudmund ogso vart med med fela si. Amerikanaren var strakst vorten glad i guten og spelet hans og vilde so fælande gjerne ha han til aa spela i brudlaupet sit. Mori kunde elder vilde ikkje for frendskaps skuld seia beint nei no, og guten vilde ingenting helder en aa faa spela i eit skikkelegt brudlaup ein gong. Det leid mot vaaren, so det var teke til aa varmast i lufti um dagarne no, og vegen var ikkje lenger, en at han godt kunde gaa 'n.

Han kunde ikkje vera med paa kyrkjeferdi og spela der etter den gamle skikken. Men um kvelden spela han heime i storestova i brudlaupsgarden, so det gjekk ord av det lenge etter. Gamlingarne sat langs veggjerne og var mest paa graaten, daa dei høyrde att alle dei gamle tonarne og slaattarne fraa ungdomstidi deira; ungdomarne dansa som dei ikkje hadde gjort det paa mange aar, og spelemannen sjølv sat glad og byrg som ein prins yver alle lovordi han fekk.

Mori var vyrk til aa passa paa han, so han ikkje gjekk ut or den heite stova og fekk frost i seg, og ho hadde fenge han til aa lova, at han ikkje skulde smaka brennevin, um dei baud han. Han heldt det i lengste laget. Men so var det ein gong langt fram paa kvelden, at ho var burti ei onnor stova eit bil. Han trøyttna, og hosten vilde verta lei no. So tok han mot ein dram til aa døyva 'n med. Det gjorde godt, totte han. So tok han mot ein dram til og enno ein. Han sat tilslutt og spela, so sveitten rann. Mange tok til aa verta fulle no, og leiken gjekk i staa eit bil, fram mot midnatt. Korleis det so var gjenge til, visste ingen rett; men han Gudmund var komen ut or stova. Mori hadde nettupp skipa til seng aat han og sakna han strakst. Ho vart uroleg og gjekk og leitte og fann han tilslutt burti laaven. Han var sigen daudsens trøytt ned i ein halmdunge og var somna med fela i handi. Kvelden var isande kald etter solskinet um dagen, og ho skyna strakst faaren. Ho fekk han leidd heim til Kvamen med det same og lagde han i ei varm seng. Men det var alt forseint. Morgonen etter laag han i fæl feber, brystet gjekk som ein belg, hosten var um aa kvæva han. Soleis laag han ei vikes tid. Daa var det greitt for alle, kvar dette bar av: det var enden, som nærma seg. Han hadde ørska mykje dei seinste dagarne, men um laurdagskvelden reiste han

seg i sengi med rolegare augo og bad um aa faa fela. Mori vilde helst ikkje det; men so kom han paa graaten, so han laut faa henne likevel. »Eg vil spela noko, som eg hev tenkt so lenge paa«, sa han. Han tok til aa strjuka paa strengjerne; fyrst fint og varsamt; men um eit bil vart det sterkare og sterkare, tilslutt heilt paa spreng. Han laut stansa for hosten og pusta ut av og til, men tok so paa att; sat som trylt av det. Han var sistpaa komen burt fraa alle gamle kjende slaattar, burt i noko underlegt, som ingen hadde høyrt fyrr. Det var som han stræva med det same og same, men ikkje kunde faa det som han vilde ha det. Det vart sistpaa so uhuglegt, at mori laut burt og ta fela fraa han mest med magt; ho hev fortalt det til meg sidan.

»Nei«, ropte han som i ørska, »eg lyt faa til denne slaatten«. Men dagen etter laag han paa likstraa.

Det vart eit underlegt stilt gravøl etter han. Det hadde lagt seg som uhygge yver alle, at det var gjenge paa denne maaten. Bønefolki leda paa hovudet og kviskra. Sjaa um straffedomen ikkje var komen tilslutt likevel, meinte dei.

Ho Gunhild gjekk ut og inn og letst som ho korkje gaadde elder skyna noko. Men daa ei grannekona um kvelden sistpaa ikkje kunde halda seg for aa slaa burtpaa det og sukka

tungt attaat, daa reiste ho Gunhild seg og var harm i mælet.

»Er her gjort noko gale, so kan Vaarherre leggja det paa meg«, sa ho. »Eg visste heile tidi altfor væl, kvaslags sjukdom han hadde, og trudde ikkje noko paa denne besningi. Eg visste det var berre ei tidarfrist. Kanskje det daa ikkje kunde skila so mykje endaa, enten tidi kom litt fyrr elder seinare. Han vart no den han var og ikkje annleis, han. Elles er eg berre glad for, at eg let guten faa ha litt hugnad den vesle tidi han hadde att. Det var ikkje for tidlegt,« sa ho. Nettupp so sa ho Gunhild. So gjekk ho høg og byrg ut or stova og let dei tyggja paa det. Men daa dei fann henne att, laag ho uti kammerset og gret, so dei visste ikkje, korleis dei skulde stagga henne:

— Ei tid etter fekk eg eit brev fraa henne. »Fela di er uttent her, og du kan faa henne att, naar du vil,« skreiv ho. Eg kom ikkje til aa fara der i bygdi daa; eg hadde ikkje plent noko erind. Fela kom soleis til aa liggja der alt til no. Men no hev eg henne i felehuset her i kjerra.«

Han tagde og smilte, den trurøkne mannen, og tok so upp felehuset.

»Kanskje du kunde ha hug til aa sjaa fela og?« sa han.

»Takk«, sa eg; — eg var meir teken av den vesle soga, en eg sjølv mest vilde vedgaa.

Det var som han hadde sagt: det var ingi stasfela. Berre liti; mest svart av alder, sliti i alle endar, men med slik ein underleg døkk klang i strengjer og ljodstrengjer. Det var med ein age, som det var nær ved aa vera litt ovtru i, eg saag paa det gamle ættarstykket.

»Du hev rett«, sagde eg; »denne fela maa ikkje verta handelsvara.«

»Nei, eg sel henne ikkje,« sa han. »Ho skal hanga paa budaveggen i *mi* tid til eit minne« — sa han.

Diktar-emne.

Eg var komen yver høgfjellet til Austlandet og kom til aa stansa nokre dagar paa ein gard uppi ei av dei øvste bygdarne. Eg var ferdatrøytt og vilde desutan gjerne faa sjaa so mykje som raad var av livet uppi desse einsame bygdarne.

Garden laag uvanleg vent. Eit blankt vatn nedanfor; bratte bjørke- og granlidar ovanfor og slette, fine bøar midt mot soli. Der var godt dyrka og stelt, og eigaren, ein jamn melaldrug mann, saag ut til aa staa seg godt. Eg kunde ikkje ha raaka paa ein gildare kvileplass, um eg hadde leitt lenge.

Det var ein laurdag eg var komen der, og dagen etter kom eg heilt uventa upp i ei liti »familie«-høgtid i huset. Dei hadde eit barn for presten, og hadde um kvelden eit lite gjestebod for fadrarne og nokre frender og grannar. Millom dei var eit par brør aat husbonden

og tvo syster — alle gifte og burtflutte. Den eldste av dei tvo brørne var lærar nedi ein av smaabyarne, den andre uppi bygdarne ein stad. Dei hadde alle ord for aa vera gode hovud. Dette var ogso strakst høyrandes, daa me kom til aa talast ved ved bordet. Samrøda fall lett og grei, og dei var allesaman iduge framstigsfolk. Men medan me sat der og for fraa det eine »spursmaalet« til hitt, var det kome ein ny gjest nede ved enden av bordet, som eg alt i eit laut sjaa paa. Der var noko baade ved utsjaaandet og aatferdi hans, som var so ulikt alle hine i laget. Han hadde sett seg nedum ein brei granne, liksom han helst vilde vera usedd. Han var uvanleg bleik og skrinn; augo var raude ved kvarmarne; haaret var sterkt graana ved øyro og laag tunt og tjavsutt framyver skallen; kring munnen og paa skallen var der fullt av smaa rukkor. Men endaa kunde han ikkje vera yver fyrti aar elder snautt det — etter alt eg skyna. Han saag sjeldan upp; men hende det, so var det med eit par sky, utrygge augo, som strakst veik undan. Naar han tok til maten var det paa same maaten — kvar rørsla var ustød, og han opna ikkje sin munn til eit einaste ord.

Men so ulik han var hine, so var der likevel noko ved andlitsdragi hans, som strakst sagde meg, at han maatte vera bror aat husbonden og dei andre systkeni her. Det var ikkje til

aa ta imist av. Men kva var det for ein bror? Han hadde ikkje vore med paa kyrkjeferdi i dag; han hadde ikkje vore aa sjaa fyrr korkje igaar elder i dag; ingen hadde nemnt han med eit ord, endaa husbonden strakst igaar hadde nemnt hine brørne sine. Som komen ut or berget var han komen i laget.

Han gaadde visst, at eg lagde merkje til han; for so snart me var komne fraa bordet, smaug han ut att likso stilt som han var komen. Det var som hine systkeni saag paa einannan med det same; men ingen sagde noko. Men eit bil etter, daa hine sat og rødde att og eg stod burtved vindauga og saag ut, kom kona i huset stilt burt til meg.

»Du hadde vel ikkje set han fyrr?« sa ho; — eg skyna strakst, kven ho meinte.

»Nei . . men var det ikkje ein bror aat . .?«

»Jau; . . du saag vel det var ein som der var noko i vegen med? Det er ein som lyt fylgja garden, stakkar.« Ho strauk framum og ut i kjøken att.

Aa soleis . . Ein idiot kanskje, som det ikkje so sjeldan finst ein av i systkenlag med gode hovud? Men nei — der hadde vore noko tanketungt ved augo hans, som ikkje rett gav meg lov til aa tru det helder. Det sveiv strakst for meg, at det her maatte løyna seg ein tung lagnad eikorleis, og eg sette meg med det same fyre aa sjaa aa faa vita meir um han. Helst skulde

eg ynskja aa koma i tale med han sjølv. Eg veit ikkje rett, korleis det hev seg, men eg hev altid liksom kjent meg dregen av det forkomne og usæle.

— Ein time elder tvo etter, daa flestalle av gjesterne alt var gjengne, gjekk eg ut og spurde ei tenestgjenta, kor bror aat husbonden heldt seg — han som fylgde jordi. Ho gjekk burt aat ei gamal stova etter foreldri og saag etter han; men han var ikkje der helder, og ingen visste, kvar han for. »Det var just likt han det, tuslingen, aa gjøyma seg burt, nettupp naar brørne elder framandfolk er her; liksom ein ikkje skulde una han hus og mat,« sa ho og drog paa det.

Eg dreiv innetter bøarne og tenkte ikkje paa aa finna han meir for i kveld. Det var greitt, at han skydde os alle.

Det hadde vore litt duskregn um dagen, men var letta upp att no mot kvelden. Skoddi dreiv uppetter lidarne, og doggi hang blank som perlor paa graset. Som eg gjekk der og naut det fagre synet, fekk eg auga paa ein farveg i doggi uppetter ein liten stig fraa kjøyrevegen upp mot bjørkelidi. Det var kanskje . .? Eg krøkte svint av vegen og fylgde fari. Det bar eit heilt stykke uppetter lidi og krøkte tilslutt burtunder eit langt ufsedrag. Eg hadde ikkje teke imist: der sat han, den underlege tuftekallen, burtved ein stein og saag i eit blad. Rundt ikring laag det spønor

og var tiltrakka, liksom han heldt seg der ofta. Han fekk strakst auga paa meg og for sky upp, liksom han vilde gaa sin veg. Men eg var alt so nær, at han ikkje kunde det helder forvæl. Eg skyna, at det ikkje nytta til noko aa spyrja ein slik særling noko um han sjølv enno. Eg fekk sjaa aa vinna litt godvilje hjaa han, so det etterkvart kunde falla som av seg sjølv.

Eg helsa som eg ikkje hadde havt nokon tanke um aa raaka han her og slog paa tale um bygdi og folkeskikkarne heruppe. Han svara greitt, men stutt og godt og tok til aa gaa nedetter att, som han berre ynskte aa koma snart fraa dette. Eg fylgde og fekk so med eit ein tanke. Eg hadde høyrt gjete eit lite fiskevatn uppaa høgderne ovanfor garden og bad, um han vilde vera so snild aa syna meg vegen dit upp i morgon; eg skulde ha hug til aa freista auren. Dette vesle tilviket kunde han ikkje seia nei til, og glad var eg. Paa ei slik ferd maatte det vel verta raad til aa koma betre i tale.

* * *

Morgondagen rann upp so ven som kvelden hadde lova. Det var glimande klaar himmel, sol og fuglekvitter i lid. Dei tvo brørne reiste att strakst um morgonen, og litt etter var Sigurd, tumsingen, og eg paa ferd uppetter. Vatnet laag uppaa ei liti fjellsletta ovanum fyrste fjellbrynet. Me var komne fram paa eit par timar,

endaa han laut gaa seint; han orka det ikkje onnorleis.

Ein underleg huldreheim heruppe. Vatnet laag stilt og djupt som eit einsamt auga. Rundt ikring var det aude myrar, fjellknausar, urer og gamle digre gran- og furutre i livderne; ingen stad saag ein heim til bygdar. Ei livekro til aa gjøyma seg burt fraa al verdi i.

Der var ein liten praam i vatnet, og daa Sigurd hadde vore med so langt, fekk eg han sistpaa med til aa ro aat meg og. Men stor fiskingi vart det just ikkje av likevel. Me gløymde det tilslutt burt baae tvo, der me laag og vogga utpaa det blanke vatnet. Eg hadde alt paa uppvegen vunne meir og meir yver skyleiken hans og strakst funne, at eg ikkje hadde teke imist igaarkveld: det var ingen tumsing. Han hadde helder uvanlege kunnskaper til ein slik einsling aa vera. Serleg hadde han eit kjennskap til dikting og bøker av det slaget, som sette meg i undring. Det var sjukdom og motgang som hadde gjort han til det han var, skyna eg, og daa eg sistpaa utpaa vatnet beintfram bad han fortelja meir um seg, gjorde han det mest med ein gong. Bakum skyleiken laag der nok, naar det kom til stykke, ei sterk trang til aa faa tala ut med einkvar — berre han raaka nokon, som han trudde kunde skyna han. Men det hadde nok ikkje hendt ofta; — eg fekk ei kjensla av, at dette kanskje var fyrste gongen.

Og grunnen til denne underlege tiltrui til meg var nok den, at eg var bokmann — den fyrste av det slaget han hadde tala med i si tid. Der var noko i livet hans, som alle andre hadde so vondt for aa skyna, meinte han. Og kanskje han hadde noko rett i det.

Det vart tilslutt meir som ei lenge innestengd bekjenning en som ei forteljing nettupp til meg. Ei soga med faa hendingar og likevel so tung. Det var som ho sistpaa vov seg saman med dei aude myrarne og fjellvidderne ikring os til eit sorgtungt dikt.

Eg kan ikkje fortelja det att med hans eigne ord. Eg fær vera nøgd med aa gjeva det att i slutte drag med eigne ord.

* * *

Han hadde havt ein lukkeleg barndom og uppvokster. Faren var ein jamn, vælberga mann, og dei var mange systken til aa hjelpa til med arbeidet, so det aldri var vandt um ei fristund. Han gjorde ikkje stort anna en aa gjæta smalen og gjeiterne i skog og fjell um sumrarne heilt til han var sloppen fram for presten. Men han slengde ikkje burt fristunderne for det. Han nytta dei til aa lesa og læra alt han kunde faa tåk i. Dei hadde godt næme heile systkenlaget; lesehugen hadde sote i ætti heilt fraa bestefaren, som var lensmann. Men ingen av dei fylgde

honom. Han hadde lese heile bibelen og Snorre og mykje anna, fyrr han gjekk for presten.

Dei tvo næsteldste brørne reiste i tjugeaarsalderen paa seminariet, og det var alt avgjort, at han skulde same vegen. Og kom han so langt, so var verdi vid til meir og. Men for det fyrste var det ikkje onnor raad en aa venta med taalmod, til hans tid kom. Faren orka ikkje aa halda meir en tvo i skule paa ein gong. Den eldste laut desutan i desse aari faa sleppa ut paa handelsferd og tena seg litt pengar, til han skulde ta garden. Einkvar laut daa vera heime og hjelpa faren med gardsarbeidet solenge, og det fall soleis paa han.

Sigurd hadde aldri havt so godt bryst som hovud. Der hadde nok vore brystsjukdom i ætti fyrr og. So lenge det var gjenge med berre gjæting og smaaarbeid, hadde det ikkje røynt vidare paa. Men no, daa han i attanaarsalderen med eit skulde til med tungarbeid, vart det verre. Det tok honom so hardt, at han ofta var sjuk um kveldarne. Men det var ikkje tid til aa gjeva seg for sovore no. Det galdt berre aa slita seg gjenom desse tvo aari, til brørne vart utlærde, so han sjølv kunde sleppa ut. Di betre gagn han gjorde for seg, di betre godvilje kunde han ogso venta av foreldri til aa verta hjelpt i veg, og han vona stødt paa aa sterkna etterkvart, naar han heldt paa. Det var desutan ei skam aa ikkje kunna fylgja tenest-

guten, som var eit halvt aar yngre, og gutarne burti grannegarden. Han ansa tilslutt ikkje, um han sputta blod um kveldarne; sat ofta uppe og les lenge enno utan aa bry seg um trøyttleiken.

So var det ein haustkveld etter dei hadde gjenge og bore paa raahøy ovanfraa lidarne heile dagen, at han kjende seg so underleg for brystet. Det var som der var sprunge noko laust elder eitkvart var sundsprengt. Ein styng, som han alt lenge hadde kjent nedi eine sida, hadde sett seg midt upp i vinstre brystet som ein kvass, bivrande knivsodd. Heile natti laag han som i ei ørska og totte han hadde ein olm stut etter seg.

Næste dagen orka han ikkje aa gaa paa arbeid lenger. Styngen vart verre og verre; det hamra og banka i bryst og alle aaror, so han var um aa kjøvast berre han lutte paa seg. Han laut til doktoren.

Daa han kom att um kvelden, var domen feld yver han. Det var hjartesjukdom. Hjarteklapporne var svolna upp, so heile hjarta var um aa sprengjast. Han hadde slite og arbeidt for hardt og sprengt seg med det. Naar fyrste hardridi var yver, var det nok altid ei von um aa staa det yver med livet; han kunde endaatil koma til aa liva ei heil tid, sa doktoren. Men god att vart han aldri i sit liv. Og endaa til aa halda livet uppe maatte han bruka endelaus

varsemd. Han maatte aldri arbeida som fyrr elder forrøyna seg med nokon ting; han maatte stella med seg som han var av glas. Ved den minste uvarlege aatferd kunde han døy i ein augneblink.

Han høyrde foreldri tala laagt nedi stova, etter han hadde kome seg upp paa lemen og lagt seg; han høyrde mori graata. Men sjølv var han turr i augo, turr i munnen og turr langt ned i halsen. Helselaus for heile livet og gjort det sjølv — gjort det sjølv med sit vitlause slit! Han laag som sundslegen paa kropp og sjæl og stirde ut i noko endelaust dimgraatt, myrkt gjenom lemvindauga, medan hjarta hamra og skolv og verkte inni brystet. Det var med eit som verken var vorten dubbel no, daa han visste, kor fælt det var.

— Men nokre dagar etter tok voni til aa røra paa seg att. Helselaus for all si tid no, daa han just skulde til aa byrja skikkeleg aa liva — det var altfor fælt til aa tru. Doktoren *kunde* ikkje vita det so visst. Det maatte finnast ei von, kva han so sagde, sosant han var liv laga. Og det var han visst no, daa han hadde stae yver det fyrste aataket. Naar han no berre var varsam, og det fekk god tid til aa koma i lag att. Um det ikkje var nokor besning aa venta i haust elder vinter, so kunde det vel verta eit umskifte til næste aar. Elder um tvo

aar. Tidi lækte so ofta det, som ingen annan visste raad med.

Han arbeidde seg so upp i denne voni, at det var plent som det gav seg med den verste hamringi og verken frametter vinteren og vaaren. Og han var ikkje aaleine um denne voni. Foreldri vona det same og alle kjenningar og vener med. Berre taalmod, taalmod . .

* * *

Ja . . berre det hadde hjelpt noko med taalmod! Det vart sumar att, soli skjein og alt var liv og vokster. Men hjarta hamra og verkte i bringa no som fyrr. Ikkje tanke til besning; — ikkje eingong den vesle besningi han trudde paa i vinter var noko, skyna han no. Berre sjukdom, sjukdom. Sumar og haust og heile aaret gjekk — stødt det same. Trudde han nokre dagar, at det var likare, so seig det i næste vika ned att, so visst som dag og natt. Og likeeins gjekk det eit aar til. Det gjekk tvo aar — det gjekk tri, fire, fem aar, *fem:* so lange som ein mansalder: *enno* gjekk han der og var den same helselausingen. Den fæle sanningi var ikkje til aa negta lenger: han var øydelagd for altid. For heile livet! Doktoren hadde visst, kva han sagde. Som hjarta ein gong hadde forvakse seg, soleis vart det. Mot det hjelpte korkje tid elder lækjarraad. Var det noko umskifte so

var det helder til versning en til besning. Det kom netter, daa hjarta heldt paa aa rykkja seg fast, so han stokk upp i vitlaus rædsla, skalv som eit ospelauv og laut driva att og fram paa golvet i timevis som jagd av vonde aander. Det kunde koma av, at han berre hadde bøygt seg for svint, rist seg litegrand elder var komen til aa liggja for mykje paa eine sida i sengi. Og skulde han freista med aldri so lite arbeid um dagarne, so var riderne visse um natti etter. Elder hjarta kunde ta paa og verkja, so det laag som ei bivrande kula av eld inni brystet. Det var ein sjukdom til aa missa vitet av; det var som aa bera paa livet i ein einaste traad — ein traad som kunde slitna i kvar ridi og likevel heldt som for aa talma han til det ytste.

Og medan han gjekk der og seigtalmadest, gjekk verdi sin jamne gang, som ingenting var. Dei tvo brørne, som var reiste paa seminariet, var for lenge sidan utlærde, hadde fenge seg plass og sat som vælvyrde folk.

Jamnaldringarne hans var for lenge sidan vortne vaksne gutar, som fyllte sit rom i verdi. Dei hadde sit friske gode arbeid sumar og vinter paa eng og i skog og fjell. Dei gjekk i lag og leik um heilagdagskveldarne, moroa seg med gjentorne, gifte seg, fôr til Amerika, livde livet med; livde med' det var tid til aa liva. Berre han gjekk her etter som dotten av sleden. Folk spurde tilslutt snautt etter han eingong. Naar det ikkje lenger

var nokor von, so var det ikkje. Kom han nokon stad, so vart han aldri sedd paa som noko anna en helselausingen, ringare en alle hine. Han skydde tilslutt folk og heldt seg sky heime til alle tider.

Heime ja . . hadde det berre vore større hugnaden der! Men smaatt um senn var det same umskiftet kome der som millom hitt folket. Eldste broren hadde fenge garden; foreldri var flutte aat den gamle folgestova, og han med. Dei skyna likso godt som han no, at det ikkje var nokor besning aa venta lenger. Det var avgjort, at han skulde fylgja garden, dersom han livde yver foreldri. Dei rekna han ikkje med i nokonting lenger. Det einaste som var aa vona um han no, var, at han ikkje maatte verta gangande altfor lenge, fyrr det løystest upp for han. Det vilde vera det beste for han og for hine. Han totte han kunde sjaa dette ynskje paa alle; dei kunde ikkje eingong altid halda seg for aa seia det, naar dei vart leie av aa sjaa han gaa der og slengja.

Og dette skulde verta hans lagnad, som hadde vore det beste hovud av dei allesaman og drøymt seg fram til so mangt! Det var so fælt, at han kunde ynskja seg tusand mil burte og daud og gjøymd langt, langt nede i svarte jordi — hadde berre ikkje dauden vore det han var ræddast av alt i verdi. Berre tanken paa, at hjarta ei natt kunde rykkja seg fast for aalvoret,

so han blaana og datt daud ned, var so vitlaus fæl, at det iste gjenom han. Det var ikkje onnor raad en aa liva livet som det eingong var, utan von elder maal elder tru paa noko — utan tru paa Gud eingong. Gud . . . det hadde i grunnen ikkje vore rart med trui paa han nokon gong. Storparten av ætti hans hadde vore kalde forstandsfolk. Han for sin part hadde gjenge med tvil heilt sidan han les Pontopidan og totte der var so mange motseiingar; og sidan denne store ulukka var komi, var heile den gamle bygnaden kvorven burt som i ei skodd. Han kunde ikkje lenger sjaa nokon plass for ein gud i eit slikt vondt tilvære — ein gud, som let heile livet hans verta øydelagt berre for han hadde vore for trugen til aa arbeida og gjera gagn. Att stod berre otten for myrkret bakum dauden og dei jarnharde naturkrefterne, som drap ned den veike og let den sterke liva — naturkrefterne, som ikkje aatte medkjensla.

* * *

Det var berre ein ting det fanst litt trøyst og hjelp i i desse vonde tiderne: bøkerne. Lærebøkerne let han liggja; han hadde ingen ting aa uppnaa i livet og brydde seg ikkje um aa læra noko lenger. Men der fanst andre bøker og i huset, gamle forteljingsbøker og diktarverk heilt fraa Peter Dass. Ætti hadde frametter tidi samla

bok etter bok, som laag og slong i ei hylla uppaa loftet. Der var desutan ei boksamling i bygdi, der han kunde faa laana mange bøker fraa nyare tid. So ofta han fekk litt fred for verken, sat han og les i desse bøkerne, les fraa morgon til kveld. Dei hjelpte han til aa gløyma sit eige stakkarslege tilvære solenge, og det var store ting berre det. Det var tilslutt vorte mest likso talmande som sjølve verken, at han stødt maatte *tenkja* paa denne sjukdomen, stødt maatte kjenna etter, korleis hjarta arbeidde; stødt maatte grava seg upp med endelaus trege yver, at han ikkje hadde vore varare um seg. Han les sistpaa alt han fekk tak i og livde meir i draumeverdi en i den røynlege.

Ved eit hende kom denne lesingi til aa leia han inn paa noko nytt. Millom dei bøkerne han hadde lese med mest hugnad var ei samling av gamle Telemarksvisor og eventyri av Asbjørnson. Samstundes saag han i bladi, at ein mann i Kristiania gjerne vilde faa fat i gamle visor og sogor, som enno fanst uskrivne i bygdarne. Han kom ved dette til aa hugsa, at han i barneaari hadde høyrt ikkje so lite av slike ting her i bygdi og, og gav seg sistpaa til aa skriva det upp, naar han trøyttna av lesingi. Um eit halvt aars tid hadde han so mykje, at han vaaga aa senda det til samlaren.

Ein kveld litt etter fekk han eit svarbrev med mange takkseiingar. Storparten av eventyri

var nok kjende fyrr, skreiv samlaren; men sumt nytt var der altid og. Det same galdt ogso folkevisestubbarne han hadde sent. Men millom dei var det ei, som var heilt ny og som han lika svert godt. Det var ei, som hadde til yverskrift »Hjuringguten«.

. . Sigurd laag den kvelden uppaa lemen og vakte i timevis etter han hadde lagt seg; men for fyrste gongen i alle desse aari var det ikkje for sjukdomen. Det var nokre ord i brevet, som hadde teke han so underleg sterkt. Det var det um »Hjuringguten«. Der var noko anna merkjelegt *og* ved den visa, noko som samlaren ikkje visste — noko som ingen i verdi visste utan han sjølv. *Det var han sjølv som hadde laga den visa!* Han hadde berre havt eit par smaa gamle visestubbar aa byrja med og ei liti gamal soga aa halda seg til — ei soga um fatigguten, som gjekk vaat og frosen i skogen og vart innteken i fjellet, der det glima av gull og drust, men endaa hadde styrke til aa staa imot lokkingi fraa dei underjordiske. Han visste snautt sjølv, korleis det var gjenge til; — det var kome yver han som eit hugskôt, daa han enno gjekk der med det friske minne um folkevisorne han hadde lese. Men naar han hadde klara dette, og det so lett . . var det daa uraad, at han kunde skriva eitkvart meir *og* — av seg sjølv? Eitkvart som tilslut kunde koma paa prent og verta lese av mange?

Som ein draum langt burte tok ei underleg bivrande von til aa skimra for han — den fyrste paa so lang, lang tid. —

Han let det ikkje gaa av med berre draumen. Han heldt paa med samlingi og lagde samstundes strakst i veg med arbeid av sit eige hovud — visor og vers. Det gjekk ikkje alt so lett, som daa han skreiv »Hjuringguten«. I den hadde han berre fylgt den gamle folkevisetonen og ikkje brytt seg vidare um rim og slikt. Men det var greitt, at i skikkelege dikt maatte det vera rim og klang og rytme; gode rim og god bygnad som i dikti i bøkerne. Men alle desse rimi og greiorne var ikkje so beine aa finna. Dertil hadde han no som altid sjukdomen aa stridast med. Han kunde gaa i dagevis og tyggja paa berre nokre linor; laut kanskje seia noko heilt anna en han hadde tenkt berre for rimet. Men kom gjorde det altid tilslutt paa einkvar maaten; smaatt um senn lagdest vers til vers, so han um eit halvt aars tid hadde ei heil liti samling. Det var um »Solnedgang«, »Blomen i Skogen«, »Alskabningens længsel« og mange andre rare ting — sumt paa bygdemaal, men mest paa bokmaalet. Han hadde desutan skrive ei liti soga paa nokre blad. So tok han mod til seg og sende alt dette ogso til samlaren i Kristiania med bøn um han vilde sjaa det igjenom og seia meiningi si um det. Han kunde ikkje sjølv vita, kva det var

verd, og kjende ingen annan han kunde tru seg til.

Det var ikkje utan otte han venta paa svaret. Daa det um ei tid kom, var det for det fyrste helder ikkje berre godt. Han hadde lese det tilsende so godt han kunde, skreiv mannen. Der var altid eit og anna bra tilspranget i versi; men — »eg vonar, at De helst vil, at eg skal seia mi meining beint og ærlegt« — det meste av dei var enno kalleg umogna. For mykje kunstigt rimsmedverk. Altfor ofta sterk likskap med eldre dikt og. So det var nok for tidlegt aa tenkja paa prenting av noko av alt dette enno.

Den vesle forteljingi derimot — ei kjempesoga fraa oldefaren si tid — lika han mykje betre. Formi trong nok hyvling av og til, og det fanst altid sumt, som minte um andre, der og. Men der var ikkje lite, som tydde paa eit verkelegt forfattarnæme og. Han hadde teke seg lov til aa senda soga til eit blad, som gjerne vilde prenta henne. »Naar De so arbeidar vidare og gjer Dykk umak med det De skriv, so vonar eg visst, at De snart skal koma til aa gjera det betre og. Kanskje me daa med tidi skal faa sjaa Dykk som ein ny mann i rekkja av desse gaaverike forfattarar, som skyt upp snart her, snart der or folksens friske jordbotn og hev lagt so fagre tilskot til norsk bokål« — skreiv han.

Nokre dagar etter fekk Sigurd tvo blad med

posten. Dei inneheldt soga hans, fint prenta. No vart ho altso lesi yver heile landet — alt.

Han gjekk som i ein draum lenge etter. Som ein lokkande song tona dei for øyro hans seint og tidlegt dei underlege ordi um ein ny mann i rekkja av gaaverike diktarar; og den voni, som alt ei heil tid hadde skimra for han, var skoti fram heil og klaar. Han visste kva han vilde no. Han vilde leggja al den kraft han enno aatte att paa aa *verta* til det, som brevskrivaren spaadde; — til *litegrand* av det, i minsto. Kanskje det paa den maaten kunde verta noko aa gjera og eit kall i livet for han ogso — han den nyttelause, vraket! Medan alle andre vegjer i livet var stengde for han, var det det merkjelege, at nettupp denne ikkje var stengd. Nettupp denne eine. Dette kunde han stulla med her heime utan nokon viss lære elder skulegong; dette kunde han enno ha litegrand helsa til, naar han for varsamt fram; — alt han hadde lese utan mêd elder meining kunde paa denne vis verta ein god fyreskule!

Han maatte mest undrast paa, at han ikkje hadde tenkt paa det for lenge sidan. Og mangt anna, som han helder ikkje hadde tenkt paa fyrr, peikte kanskje i same lei. Hadde han ikkje i grunnen altid vore litt av ein underleg drøymar? Han hugsa, korleis han alt i smaagutdagarne ofta sat aaleine uppi lidarne og tenkte so mange underlege ting; han hugsa, korleis han gjøymde

seg av med bøkerne. Og stødt var det som han inst inne bar paa eit løynlegt fyresviv um noko stort i verdi, noko heilt onnorleis en skulemeistar, elder lensmann som bestefaren; han hadde berre aldri skyna, kva lei det bar i. Sjukdomen hadde sidan kvælt ned dette som alt anna; — men kanskje denne tunge sjukdomen no til sjuande og sist hadde vore den steinutte og tronge vegen til aa leia han inn paa hans rette kall . .?

Tenk um den tidi daa endaa kunde koma, daa foreldri og heile bygdi skulde faa sjaa, at han dei hadde helde for ingenting, kanskje var den største som bygdi og ætti hans hadde fostra . .!

Han kjende seg fyllt av ein eldhug og eit livsinnhald, som han aldri hadde havt noko likt til heilt fraa barndomen, kanskje snautt nok daa og. Livet var kanskje ikkje so heilt meiningslaust likevel. Han var radt um aa byrja aa tru paa ein god gud att. Og korleis det var elder ikkje, so var det som brystet ogso vart likare frametter denne vaaren — no daa han ikkje lenger venta det. Det verkte minder, og dei vonde skjelteriderne var han heilt fri.

Han skipa seg ein fast skriveplass uppaa stovelemen og hadde alt sine planar. Han vilde ikkje hefta seg med aa skriva vers meir. Det var slikt eit mas med rimet og laag visst ikkje for han. Han vilde halda fram med aa skriva forteljingar. Han vilde fyrst skriva ei lang soga

fraa bestefaren si tid, som han hadde funne grunndragi til, og til sidan hadde han alt utlinorne til ei bygdeskildring fraa nytidi.

Han var fullt fyrebudd paa, at det hadde sine mange og store vanskar dette *og,* og det fekk han snart full vissa for. Vanskarne var fullt store nok. Det hadde vore meir som eit hende med den vesle soga han hadde fenge prenta — liksom med »Hjuringguten«. Ho var for det meste sett saman av segner han hadde høyrt fyrr. Onnorleis naar han skulde spinna mest alt ut av sit eige hovud og teikna livslagnadar i lange drag. Det kunde sjaa so storlagt og greitt ut altsaman, naar ein sat og drøymde og saag alt i eit heilt syn. Men naar ein skulde til aa maksla det ut i det einskilde, støytte ein paa hundrad av smaating, der ein var um aa staa reint fast. Han maatte desutan arbeida med maate enno, for brystet. Um det var likare en fyrr, so var det aldri rett lenge, fyrr det sagde til.

Men voks vanskarne, so voks modet og. Der var noko i tanken paa aa verta diktar og slaa seg upp or vesaldomen, som bar gjenom alt, um vanskarne hadde vore mykje fleire. Og han hadde fenge ein arbeidshug etter alle dei gagnlause aari, so han ofta hadde stræv med aa halda seg i taumarne.

Um berre nokre vikor var den fyrste soga ferdug. Um eit halvt aar til, fram mot jol um vinteren, var soga etter soga komi paa papiret,

so det hadde hauga seg upp til ei heil stor bok. Nye hugskot kom farande etterkvart som han skreiv. Det gjekk um gjenta og gut som elska, og gjenta og gut som sveik og leid; allslags underlege ting som hjaa Bjørnson og hine skildrararne av folks liv og ferd, som han hadde lese med so stor eldhug. Fekk han no ut dette i ei bok um eit aar elder tvo, so var han alt ovanpaa.

Korkje foreldri elder nokon annan visste det slag um dette enno. Ingen spurde lenger, kva han tusla med, og han brydde seg ikkje um aa seia noko; han hadde for lenge sidan drege seg inn i seg sjølv i alt. Di større skulde undringi verta hjaa alle, naar det ein gong kom. Han kjende seg som han skulde ha funne ein underleg løynd skatt og laag ofta i heile timarne etter han hadde lagt seg og drøymde um den store stundi, daa boki kom.

Men fyrr han skreiv til nokon bokutgjevar, laut han faa einkvar kunnig mannen til aa sjaa paa det denne gongen og. Heilt paa eigi hand var det ikkje vaagalt enno. Han hadde tenkt paa mannen i Kristiania att; men det høvde seg so leitt, at han var reist til utlandet og ikkje aa faa fat i lenger. Og nokon annan var ikkje grei aa finna. Han visste tilslutt ikkje annan utveg en aa skriva til ein bladredaktør, som hadde eit godt namn i slike ting, og han var so

heppen, at han fekk han til aa lova aa ta seg litt av det.

* * *

Det drygde kalleg lenge, fyrr han fekk høyra noko att fraa bladmannen; heile tri maanar frametter mot vaaren. Mangt og mykje hadde han i denne lange tidi tenkt seg um domen hans — berre ikkje eit. Han hadde ikkje tenkt seg 'n som han endeleg vart. Bladmannen fortalde stutt og godt, at han desverre ikkje hadde havt tid til aa lesa alt. Det var so mykje meir, en han hadde tenkt. »Det var jo et helt hestelæs.« Han hadde lese berre dei tvo fyrste sogorne. Men etter dei aa døma, so var det nok ikkje tid til aa tenkja paa utgjeving av noko enno, snautt nok i eit blad eingong. Det var altsaman so mykje for langt og uttøygt; ein maatte kunna fortelja det paa minst det halve sidetal, elder kanskje paa tredjeparten. Dertil kom, at det meste var meir elder minder ettergjort etter andre, serleg Bjørnsons bondefortelingar. At sumt av det var skrive paa eitslags danskblanda bygdemaal, kunde ikkje løyna dette. »De maa arbeide flittigt paa Deres videre udvikling, hvis De tror at ha noget at gjøre som forfatter.

Deres ærbødige
H. M.«

— Hadde han ikkje vore fullt so vyrlaus denne domen, so hadde det vore vondt. Men

dette var so ut av leidi, at han vart berre harm. Den tosken maatte enten ikkje ha lese nokor av sogorne, elder han skyna seg ikkje paa sovore meir enn hesten. Han visste med seg sjølv, at han aldri hadde skrive so mykje som ei lina av etter nokor bok, og stødt passa seg for aa seia for mykje. — Han brydde seg ikkje um aa senda eit ord til takk for umaken. Han berre vølte litt paa eit og anna. Tok so stiget ut med ein gong — sende sogorne beint til ein utgjevar, som just heldt paa aa hjelpa mange unge bokmenn fram, og spurde um han vilde prenta dei.

Det var drjugt no som sist, fyrr han fekk noko svar; men endeleg kom — skriftet sjølv. Ja, og so ein liten brevlepp med. Ein bokkunnig mann hadde lese sogorne, fortalde bokutgjevaren; og domen hans var — stutt og snurte — plent som bladmannen sin. Elder endaa verre, um det var nokon skil. »Umodent«; »for udtværet«; »reminiscenser af ældre forfattere, fornemmelig Bj. B.« Prenting altso uraad — utan grundig umvøling i minsto . .

Det nytta ikkje lenger aa slaa seg sinna. Ein slik samrøystig dom fraa tvo kantar laut det nok vera noko i. *Dugde* han ikkje til aa skriva noko som var gagn i, likevel? Han var nær ved aa verta rædd og modlaus. Men han *hadde* daa gjort det so godt med den fyrste vesle soga, og at innhaldet, tankarne var minst likso gode i desse, var det uraad aa tvila paa.

Dei maatte vel helder vera betre. Ingen vitug mann kunde vel negta det, naar han vilde vera rimeleg. Det maatte altso vera formi, utarbeidingi som det vanta paa enno. Det var nok vandare med slikt, en nokon trudde. Ein kom reint som ein uskodd øyk paa haalisen, naar ein ikkje lenger hadde nokor fast segnform aa stydja seg til. Men aa gjeva tapt for dette no, daa han hadde arbeidt so langt, fanst det ikkje meining i. Berre godt mod, til han raadde med dette og!

Han tok til aa umvøla og umforma sogorne sine att frametter aaret og saag det snart sjølv og: det stod i grunnen alt anna en rart til. Naar han samanlikna forteljemaaten sin med stilen hjaa andre bokfolk, var der heile bladi fulle av tøv og formløysa. Dei hadde nok havt altfor mykje rett dei strenge domararne, likevel. Det var stundom mest leitt, at han skulde ha late nokon sjaa det. Han hadde late draumhugen laupa reint *av* med seg blad upp og blad ned som ein vill ploghest.

Og etterhermingi . . ja ho var sistpaa ikkje alt so vanskeleg aa uppdaga ho helder, naar mistanken ein gong hadde gjeve han gløggare augo. Um det ikkje var etterherming etter bokstaven, so var ho der likevel i tonen, i maaten. Ho kraup tilslutt paa mest kvart bladet. Alt han hadde lese og drøymt yver bøkerne hadde lurt seg ned i pennen, so han aldri visste ordet

av det. Synnøve og Marit og Øyvind stakk hovudet fram paa dei underlegaste stader. Just det han hadde helde for det beste, var kanskje, naar det kom til stykke, den verste ettersnakkingi.

Etterlikning ja . . var det ikkje nettupp det han hadde vore burti radt fraa han skreiv »Hjuringguten«? Just avdi det var so godt ettergjort, hadde samlaren teke det for ei egte gamal folkevisa. Hm . . det var ein faarleg surdeig dette; ein surdeig som maatte grundig utreinskast og utrotast.

Han gav seg til aa skriva seint, grundigt, umtenksamt. Han arbeidde heile dagarne med eit einaste blad, som han fyrr kunde ha rive fraa seg paa ein times tid, men fann kanskje enno ei tid etter, at der var dei ti ting aa retta paa. Han kunde ha hovudbrot i vikevis, fyrr det vart eitslags skap paa yvergongar, der etterlikningi og tøvet var altfor fælt. Gløggsynet til aa sjaa det laake og vrange voks og voks; gløggsynet til aa finna noko betre kom derimot mest ikkje av flekken. Og daa han soleis med endelaust mas og fæl papirøyding hadde stridt seg gjenom ei forteljing, uppdaga han ofta tilslutt, at sjølve *emnet* var berre tufs og inkjevetta. Han laut kasta det heilt og ta paa ei av dei andre sogorne. Det var eit fælt arbeid, helseslitande, verre en han hadde havt draum um. Han vart blaa kring augo, skrinn og bleik som

ein skugge. Som væl var var den litle besningi for brystet vorti varug; utan det hadde alt vore uraad. Men um brystet tolde det paa ein maate, so tolde ikkje hovudet det i lengdi; det var alt anna en sterkt, det og, etter all sjukdomen og vesaldomen. Han vart nervesliten og uroleg, so han tolde mest ingen ting. Han kom av sømnen elder laag og stræva med skriving i draumarne og stod fast heile natti, so han var mest ør um morgonen. Han laut slutta i lange tider av og til, dersom han ikkje skulde arbeida seg reint fraa vitet; han laut driva ute i skog og mark. Det stod ein klem yver heilen hans, som hovudet skulde staa under ein skruve.

Elder han kunde verta so daudsens lei av alle dei blekkutte, skitna papirdungarne sine, at han ynskte det heile paa elden og lengta seg mest sjuk burt paa altsaman — ut or den trange grendi og bygdi, ut og faa sjaa og høyra noko av det store livet utanfor og faa, um det so var berre eit einaste friskt pust gjenom det arme, forpinte livet sit; elder raaka folk som han kunde faa tala med um alle tankarne sine og strævet sit, folk som kunde skyna han, hjelpa han. Gong paa gong stod det i bladi um kunstmenn, som fekk koma ut i verdî i sine unge glade aar, heilt til utlandet, til Rom, til dei solfyllte sudlandi med sin blaae himmel og sit blaae hav — til alle dei underlege stader han hadde lese so mykje um og drøymt um;

berre *han* gjekk her som botten paa hender og føter. Det kunde koma yver han so han kjende seg som teken inn i berget, som livande gravlagd; det kunde leggja seg som kjøvd graat nedfor brystet.

Men det var ingi raad med noko. Solenge han ikkje hadde fenge ut *ei* bok i minsto og fenge ein grand namn, var det ikkje tanke elder draum um noko umskifte; so lenge maatte han ikkje gjeva seg for nokon ting helder. Han maatte og *vilde* halda ut. So snart det berre paa nokor vis gjekk an for hovudet, tok han til med skrivingi att likso samvitsfullt som fyrr. Godt og grundigt *skulde* det verta no, um han so skulde lota halda paa i mange aar. *Eit* storverk i minsto vilde han gjera i sit liv, kva det so skulde kosta. —

Hadde han fyrr vore folkesky, so var han no vorten reint som ein huldrekall. Han brydde seg ikkje um aa snakka med folk heime paa garden eingong — snautt nok med foreldri. Han hadde liksom ikkje noko aa tala um. Det var ikkje ventandes, at dei kunde skyna seg paa tankarne hans, og han var etterkvart komen lenger og lenger fraa alt dei brydde seg um. Dei livde i kvar sin tankeheim. Det var ofta so det gjorde vondt berre aa verta sedd av folk, so han maatte løyna seg snøggast han kunde. Han les ikkje eingong stort noko no. Der var so sjeldan noko nytt aa faa fat i lenger. Det var i grunnen ein faarleg ting ogso med

den lesingi: han kunde aldri vera fulltrygg for, at han ikkje vimra seg burt i etterlikning enno. Og so vart han so snart trøytt i hovudet av all lesing og no. Det tolde minder og minder hovudet, og all den kraft han aatte maatte han spara saman ttl arbeidet sit. Det gjekk ikkje an aa øyda burt noko i uhaaverne.

Folk trudde nok tilslutt, at sjukdomen hadde gjort han halvvegjes galen, foreldri ikkje minst. Dei fylgde han med so underlege augo og var liksom so rædde aat aa spyrja han um nokoslag elder sleppa han langt or syne. All skrivingi og gruvlingi yver papiri kunde ikkje i lengdi løynast, og dette vart nok teke for eit vondt merke med. Men dei fekk tru, kva dei vilde. Han var likesæl. Det var ingi raad med det — til den tidi kom, daa namnet hans vart spurt yver alle bygdarne og kanskje alt landet og dei fekk anna aa sjaa. For dei *skulde* faa anna aa sjaa ein gong. Dei skulde, dei skulde.

Til kyrkja elder nokon annan stad *av* hadde han ikkje vore paa mange aar no, og ungdomen i bygdi var vorten mest framand for han. Men hende det enno einkvar gongen, at han saag ein flokk glade gutar og gjentor fara fram-um um sundagarne, og det byrja aa stikka att i det gamle saaret avdi han var utestengd fraa livet, so berre grov han seg ned i arbeidet sit for aa gløyma og *fann* gløymsla der. Og hende det som ikkje betre var, at synet av ei gjenta vilde

lura seg inn og skipla freden hans, so var same raadi vissaste hjelpi. Han tok seg ikkje fri um sundagarne eingong, naar helsa gav lov til det. Sleit han seg ut med dette, so var det paa same tid den store styttestaven, som heldt han uppe.

* * *

I heile fem aar hadde han tilslutt helde paa med dette; ujamt og ubeint, med hundrad avbrot, men aldri mist maalet av syne, aldri mist voni. Han hadde sote uppaa lemen, til han var blaafrosen og snautt kunde halda pennen, dei hundrad gongerne um vintrarne; stengt seg inne i skugge og dumba dei hundrad blanke, solljose sumardagar; sistpaa snautt visst, kvar han skulde faa skillingar til papir. Men for eit livsmaal laut ein finna seg i alt. Og no var det meste vunne. Han hadde skrift ferdugt til minst tvotri bøker og kunde ikkje finna so mykje som ei lina aa fila og vøla paa meir. Attaat dei gamle bygdesogorne, som mest var um ljose og fagre emne, hadde han i dei seinste aari funne emne til ikkje so faa av eit anna slag og. Det var tunge sogor um vond erv og møda og myrkn i mannalivet. Det var som dette høvde allerbest med huglyndet hans. No laut han skunda seg og gjera noko med dei, og so vaaga han eit stig, som han alt i maanadsvis

hadde samla paa mod til. Han skreiv til ein av landsens namnspurde diktarar, fortalde den tunge livssoga si og um det aarelange arbeidet sit og bad honom slutteleg aa sjaa paa arbeidi hans — elder ein part av dei — og seia si meining um dei.

Han vilde ikkje ha meir av den snurske avdømingi han hadde vore ute for fyrr, og visste ingen han litte meir paa. Han vilde vera fullviss no, naar han kom att til nokon utgjevar.

Fjortan dagar etter fekk han alt brev fraa diktaren; han lova aa gjera alt han kunde for han og bad um aa faa skrifterne strakst.

Berre ein maanads tid etter kom eit nytt brev; han kjende diktaren si handskrift utanpaa. Dette maatte altso innehalda domen. Han hadde i lang tid gjenge som i feber av von og løynd otte; skalv paa handi, daa han opna det. Eit heilt stort ark utskrive; ei underleg fast og viss handskrift; venlegt og vyrnadsamt; men . .

— Han laag vakande uppaa den vesle lemen til langt yver midnatt.

Det var haustar tid, stilt og myrkt, med litt dimgraatt stjerneljos millom dei tunge skyerne — nettupp som den kvelden for tolv aar sidan, daa han kom dømd heim fraa doktoren. Tolv aar . . og likevel plent som han skulde liva upp att det same! Han laag daudstill og stirde gjenom vindauga ut i det graae som daa — vonlaus som daa. *Ein* skil var det likevel: den gongen

hadde foreldri og alle medkjensla med han; dei skyna den store ulukka hans. Men no var det nok ikkje mange som sende ein tanke til han, som tusla her einsam og burtgløymd med dei svikne livsvonerne sine. Ingen visste det elder kunde ha medhug med han; ingen skyna elder kunde skyna det — ingen i verdi . . ingen.

Innunder dei vyrsame og milde ordi i brevet laag domen hard og ubøygjeleg, so ein slapp for aa spyrja upp att. Det var berre den skil paa domarne fyrr og no, at diktaren forstod aa løyna staalodden under blomar.

Um dei fyrste forteljingarne, bygdesogorne, sagde han, at der var mykje som tydde paa, at dei var væl gjenomarbeidde, og at han, Sigurd, hadde auga for god og grei stil. Ein kunde sjaa, at han hadde havt stort stræv med aa vera seg sjølv. Der fanst daa helder ikkje noko, som var endefram ettergjort etter andre. Men likevel . . Trass i alt dette skjein det igjenom i heile bygnaden, at dette ikkje var sprunge heilt ut av han sjølv elder teikna etter det friske, livande livet. Han hadde heile tidi lege under for bokmynster. Um tanken upphaveleg kunde ha vore heilt bra (det *hadde* han visst stundom vore), so var han under utformingi avliva og steingjengen av dette. Og dei nyare sogorne hans leid desverre av det same. Det var her Zola elder Ibsen, som gjenomsyrde alt. Difor vart

ogso det meste av dette so livlaust, so »konstruert«. Dertil kom og, at han i mangt laag liksom so mange aar etter si tid. Dei spursmaal, »problemer«, han stræva med var slike, som bokmennerne for lenge sidan hadde pløygt so mykje djupare i og paa ein maate var komne fram-um.

Det fanst visst blad som vilde prenta sumt og kanskje gjeva noko for det og; men han tvila paa, um nokon vilde gjeva det ut i bøker. Det var i desse tider altfor uppfyllt paa bokmarknaden til dess og altfor liti von um aa faa avsetnad paa dei.

Men domen hans gjekk ikkje berre til dette. »Naar De,« skreiv han, »i so mange aar hev arbeidt so trottugt med dette, og so enno stend paa det stiget, som desse arbeidi syner — so hev eg mine tvil um De ikkje kan ha misteke Dykk, naar De hev trutt, at givnaden Dykkar laag paa den leidi. Det gjer meg ovende vondt aa lota seia dette, og eg hev so stor medkjensla med den tunge lagnaden Dykker som nokon kan ha; men hev De teke imist av Dykk sjølv, so kan det vera enno verre, um De ikkje i tide fær augo upp for dette.

Men De maa ikkje verta altfor modlaus for dette. Der er noko i den klaare, tankerette stilen Dykkar, som gjev god von um, at De enno kan koma til aa gjera gagns arbeid som

bladskrivar — elder liknande. Slutteleg eit godt ynskje um lukka til dette . .«

Det nytta ikkje lenger aa leita etter grunnar til aa halda voni uppe med — ikkje so mykje som eit halmstraa. Ein slik bokdomar tok ikkje i mist. Og naar eit slikt stræv til siste blodsdropen ikkje førde til noko, so var det ikkje meir aa røda um. Noko betre orka han *aldri* aa skriva. Han dugde altso ikkje. Han *hadde* altso ikkje givnaden. Han hadde heile tidi livt paa ei stor sjølvdaaring. Den store dagen, som han hadde drøymt so um dei hundrad, dei tusand gongerne, den underlege dagen, daa foreldri og alle skulde faa sjaa, kva han dugde til, skulde altso aldri, *aldri* koma. Og for eit slikt mistak hadde han kasta burt andre helvti av livet sit, etter sjukdomen hadde teke den fyrste helvti . . Han laag daudstill og stirde ut i det graae endelause og var vorten so underleg liten og burtkvorven, at han visste mest ikkje, um han laag her i sengi.

* * *

Sju aar var gjengne fraa den dagen og til no, daa me sat her i praamen og vogga oss utpaa det stille fjellvatnet. Sju lange aar. Og enno gjekk han her. Foreldri var døyde i desse aari; men det hadde ikkje gjort vidare umskifte i tilværet hans. Han fylgde jordi.

Brystsjukdomen hadde han altid, so han ikkje orka aa gaa paa tungarbeid; men den besningi, som var byrja den tidi han tok til aa skriva, hadde sidan stødt helde seg og kanskje auka litt etterkvart. Hadde han arbeidt helvti so mykje paa noko nyttugt som han gjorde paa skrivingi i alle dei aari, so var det slett ikkje uraad, at han enno kunde ha vorte til eitkvart i livet, meinte han; i minsto kunde han ha vorte skulelærar her heime i bygdi. Men etter den store kneiken var det ingenting vorte. Han orka ikkje aa ta seg saman til noko lenger. Han var vorten liksom so tom i hovudet, so slakk og tiltakslaus. Han var vorten gangande som den tumsingen alle heldt han for. Um det ikkje altid var so rare dagarne, daa han skreiv og stod fast, so saag han det no: det var som ein ljos draum mot denne mergstolne tomleiken. Eit liv utan draum elder maal var ikkje noko liv lenger. Det var berre ein skugge av eit liv.

Daa foreldri fall fraa, var han ei tid mest fraa seg av sorg yver, at dei skulde døy fraa han soleis. Men ei tid etter var det uppi det gamle att. Det var ingi raad med det. Det fekk gaa som det vilde. Og ein ting var daa altid likare no en i dei fyrste usæle sjukdomsaari: han var ikkje lenger so rædd dauden. Al motgangen hadde som teke brodden av han. Det var stundom radt so han ynskte 'n.

Aa senda forteljingarne sine til bladi, som diktaren nemde, hadde han aldri kome seg til med; enno minder var det vorte nokor bladskriving av. Der var noko i han, som sagde nei til alt slikt, naar han ikkje kunde naa det store maalet. Han var helder ikkje plent trongande for den vesle innkoma det kunde gjeva. Han hadde i alle desse aari snautt sett pen paa papir.

Den usæle diktingi si hadde han høyrt nemd berre ein einaste gong — i eit brev fraa ein av brørne. Denne skreiv ein gong, at han paa ei ferd til Kristiania hadde raaka saman med diktaren X. Denne var daa komen til aa fortelja um skrifterne han hadde lese og alt det der. »Er det ikkje nok,« skreiv broren, at du er . . ., um du ikkje attaat skal finna paa slikt, som er leitt for heile huslyden?«

Han hadde aldri svara paa dette brevet, og snautt mælt eit ord til broren, naar denne stundom kom heim. Der var noko i han som negta det. Men likevel — var det ikkje altfor sant?

* * *

Soli kasta det siste raudnande kveldskin yver heid og haug og aude myrar, daa me drog paa heimferd — med eit par smaa fiskepinnar. Me tagde baae tvo. Han var fallen i tankar etter forteljingi, og eg hadde ei kjensla

av, at alle trøystegrunnar i denne stundi vilde vera berre tome ord. Men daa me skildest heime i tunet, sagde han:

»Eg er glad for eg fekk tala med deg. Det var som aa faa gamalt vondt ut or eit saar. Og eg trur eg veit, korleis det hadde seg og no, at eg kom inn paa dei usæle draumarne. Daa trongi til skikkelegt arbeid, som eg altid hadde so mykje av, var stengd, voks ho ut i misvokster og nytteløysa, liksom graset veks ut i kvite, blodlause tæger og broddar i staden for til straa og blom, naar det er stengt burte fraa soli.«

— — Eit par dagar etter skulde eg draga vidare. Eg hadde sidan den kvelden me kom heim av fjellferd snautt set Sigurd meir. Han heldt seg burti veslestova etter foreldri enno og hadde drege seg sky inn i seg sjølv att. Men eit bil fyrr eg skulde reisa, kom han og bad meg vera med burt aat stova. Eg stansa forbina innanfor døri. Det litle romet saag ut heilt som ein verkstad. Kringum paa hyllor og benkjer laag allslags upparbeidde smaating av snikkararbeid, ausor, treskor og mangt anna rart. Og alt so fint gjort, at ein gjerne kunde ha sent det paa ei utstilling. »Dette er no kome i staden for skrivingi,« sa han med ein veik smil. Han hadde i dei seinare aari aldri funne att den gamle hugnad og tidarkort i les-

ingi. So maatte han eitkvart nytt finna paa og hadde funne dette. Der var det gode ved dette, at det leidde burt det verste tungsinnet og røynde ikkje paa hovud elder bryst. Det var difor det likaste han visste. Og so var han so vel for seg sjølv, naar han sat her med dette. Eldste broren var for lenge sidan gift og hadde ein heil flokk born, so han kjende seg meir og meir som framand burti hi stova. Stundom var hugen etter aa vera aaleine so sterk, at han helder sat her mest heile dagen utan mat en han gjekk burt aat hi stova. Han var eingong soleis og kunde kje vera onnorleis. Dei fekk lenge nok kalla han halvgalen; han var so vand med det, at han brydde seg ikkje.

Han fann tilslutt fram eit lite trearbeid, som eg skulde ha med til eit minne. Eg takka og vilde rosa arbeidi hans; men han bad meg berre aa ikkje nemna slikt. Det var som det gjorde honom berre ilt aa faa lovord for desse smaatingi, naar han ikkje hadde vunne lovord for det store han hadde stræva etter. Eg skyna og tagde; berre trykte han i handi til avskil.

* * *

Daa eg sat i baaten nedyver vatnet, saag eg han fara uppetter vegen mot lidi, der han

no hadde gjenge att og fram, att og fram i yver attan aar, fraa ulukka byrja, og vel kom til aa gaa til sin døyande dag. Han saag ikkje nedyver etter meg. Han gjekk og saag beint ned for seg. Kanskje han enno ein gong var fallen i gruvling yver, kva han skulde med dette livet, som var so nyttelaust, so gledelaust og so liti meining i . .

— Usæle guten . . kven veit, um det ikkje likevel paa botnen i han laag ein givnad til noko, som aldri naadde fram — ei diktaraand, som byrja aa skjota knopp i det fyrste han skreiv, men sidan vart stansa i voksteren og kvæld av sjukdom og innestengt vonlaust stræv og einsam upptæring i seg sjølv?

Thingmans-emne.

I.

Endre Storevik var nyleg komen heim fraa dagsverket sit paa skulen og hadde slengt seg ned paa sofaen i det vesle »leseromet« sit.

Han var trøytt etter dagsens stræv — gjenomtrøytt. Det var eit helseslitande mas med dei ungarne no frametter vaaren, daa sol og varme lokka dei ut og gjorde dei steindauve inne. Ein kunde skrika seg haas og endaa ikkje koma av flekken med dei. Og dag ut og dag inn det same, same gnaalet utan skugge av umskifte. Det var til aa verta tom i hovudet av som ein tremann, um ein hadde ein hause som Salomon. Han geispa — langt og tungt som ein halvgamal skulemeistar kan gjera det.

Og kunde ein endaa vera fri for argskap og gnaal, naar ein kom heim fraa skulen —. Men nei, ein ungdomens vegleidar maatte berre ikkje forkjælast av for mykje hugnad i denne verdi, sa'n! — Han var harm, skulelærar Storevik, og skôk seg, der han laag.

I alt maset frametter vaaren hadde han havt ein einaste ting aa gleda seg til. Han hadde so visst tenkt aa faa friska seg upp med ei liti skikkeleg ferd paa landet og til fjels, naar feriarne eingong kom i aar og. Var det noko han baade trong og kunde vera verd no etterkvart, so var det det, totte han. I heile ni—ti aar hadde han no gjenge og stampa her i denne ravnekro-smaabyen og i all denne tidi ikkje kunne koma ut paa ei einaste skikkeleg ferd. Pengeknipa fyrst og sist. Kona og born aa fyresyta; fem born. Dyrt aa liva her . . og han hadde ikkje vore av dei hepne til aa koma upp i matberget, gudbetre det.

Men i aar hadde det endeleg laga seg paa ein maate. Han hadde vore so heppen aa faa litt umfram-arbeid i ein bank og med dette kara ihop ein liten sôm, som han utan altfor vondt samvit kunde bruka til reisepengar.

Men naar det kom til stykke, so var det ikkje raad til aa ha denne fatige gleda i fred helder. Kjeringi . . Ho hadde alt for ei heil tid sidan teke til aa gnaala etter pengar til noko nytt til dei tvo største av borni og ein ny sumarskjole aat henne sjølv; og i same blinken som han kom heim no i dag, byrja ho aa syngja paa same visa. Serleg var det nok denne kjolen det galdt. Beste kjolen hennar heldt paa aa verta so gamal, at ho snautt hugsa —. Madam Per og Paal og fru Nils hadde . .; ein byrja snart aa *snakka* o. s. b.

Ein turvte slett ikkje vera trollmann for aa skyna, kvar ho for. Ho sette voni si til den same stakkars umfram-innkoma, som han skulde gjera ferd for. Ho visste likso godt som han, at utan den var det ingi raad no nettupp — utan aa koma i skuld og vanskar. Og var det noko i verdi han var rædd, so var det skuld. Brent barn . .

Han hadde kvar gong fyrr sloppe fraa henne med utsetjing og lempe; men i dag hadde ingen ting hjelpt lenger, og taalmødet hans tok ein ende. Han sagde beint fram, at dei skillingarne trong han til i sumar, dersom han ikkje skulde verta idiot. Og han totte — naar han skulde seia si ærlege meining — at ho var kje verre stelt, en at ho svert godt maatte kunna greia seg enno ein sumar. Smaafolk som dei fekk bry seg pokker um madam Per og Nils.

Men daa kunde det henda, at ho fekk vatn paa kverni, ho og. Ho var sagta ikkje forgod til aa gaa som ei fatigkjering, ho! Ho kava og sleit med huset og borni berre dei *sju* dagarne i vika, medan han maatte ha seg »landtur« som ein storkar . . uh . . hu! For uveret gjekk sjølvsagt snart yver til regn og tuting — dette gamle kjeringvaapen. So gjekk det fraa baae sidor paa med »egoist«, surmule, knurrepotta og ein heil hop meir av same slaget, til han tilslutt laut berga seg her-inn for aa koma fraa det nokorlunde med livet.

For ei verd aa liva i! Ikkje raad til aa faa snu paa seg utan elende! Ein burde i grunnen — um ikkje nettupp hengja seg med ein gong, so i minsto tenkja paa det. Og raada seg til ein tamp for alle tilfelle.

— — Tenestgjenta kom med kaffi og nokre blad, som just var komne med posten. Han drakk i langsame drag og med slakke minor; tok so etter bladi. Daa uppdaga han, at der laag eit brev inne millom dei. Han tok det geispande fram, men vart med eit tankefull, daa han saag poststemplet. Det var fraa heimbygdi hans. Jaso.

Det var ikkje ofta han høyrde noko fraa heimbygdi si langt burte paa Vestlandet. Foreldri var avfarne for lenge sidan. Den einaste, som einkvar hendte gongen skreiv til han, var ein eldre bror. Men dette var ikkje *hans* skrift.

Han opna forviten brevet, men grein enno ein gong, daa han saag underskrifti. *Han* styvingen! — ein seminarfelage, som for nokre aar sidan hadde fenge post burti fjordbygdi, heimbygdi hans. So kunde ein vita, kva det inneheldt og. Skuleprat og skuleklagesongar; jau sjølvsagt — han for fort nedyver fyrste sida. Og daa *det* tok ende, kom der noko, som det var synd aa seia var betre. Det var ei lang leksa um ein partistrid i heradet der burte. Ein strid um Per elder Ola skulde »beæres« med den elder den tillitsposten — serleg forlikskommissærposten. For der var litt aa *tena* med den — skreiv han.

Dei gamle magthavararne, som ein vel nærast maatte kalla høgre, vilde difor ikkje for alt i verdi gjeva slepp paa han. Det var i sanning fælslegt, kvaslags »midlar« dei hadde smaaminka seg til aa bruka i striden. Trugsmaal og »press« og slarv og endaa mykje meir, som aldri var umsnakkandes; — han maatte for-vaaga seg til aa seia, at det var grovt umoralsk og ein helder stor skamflekk. Men naar han skreiv nettupp no, so var det avdi han »antog«, at Storevik vilde verta glad av aa høyra, at det nye, frisinna framstigspartiet, som talde mest alle de unge under si fana, endeleg hadde vunne. Vunne med glans ved siste val! Live ungdomen under framtidsens fana! Til dette partiet — fane-ungdoms-partiet altso — høyrde sjølvsagt brevskrivaren og, og vart kanskje vald til . .

Aa du heilage einfelde . .! So han verkeleg »antog« det, den karen, at *han* kjærde seg um ein grand smaalegt kjekl um ein stakkars kommissærpost burti ei avkro av ei fjordbygd! — han som dagleg saag i haugevis av blad fulle av politisk tretta, herads-tretta og hat og ilska; han som i sine dagar hadde vore uppi so mykje, mykje av det slaget, at Vaarherre . .

Brevskrivaren fortalde elles, at han no ei tid »fungerte« som »konstituert« klokkar — noko som var hardla rimelegt. Ein maatte misann *minst* fungera som konstituert klokkar, naar ein kunde skriva slikt.

Men der slutta daa endeleg det bygdepolitiske. Der kom eit og anna um felags kjenningar og tilslutt litt »nytt«. Gamle Tolleiv Fosse (paa grannegarden til Storevik) var avfaren ved dauden. Eit uvanlegt stort fylgje gjekk med han til siste kvilestaden; millom andre mest heile heradsstyret. Som rimelegt var; for gubben paa Fosse hadde vore ein av dei beste i bygdi. Ein heidersmann kunde ein seia. Og han let ikkje ervingarne sine tomhendte etter seg, den kaksen. Ola Fosse, maagen, som for fleire aar sidan hadde teke mot garden etter han, sat nok no som den beste gardmann i bygdi, kanskje . .

Tilslutt ei kjerleg helsing.

— Endre Storevik lagde brevet fraa seg og tok til aa driva paa golvet.

Jaso, so gamle Fosse'n var slokna no. Og komen under torva —.

Den litle hendingi hadde med eit neddøyvt harmen og gjort han tankefull og underleg til modes. Det hadde drege fram ei rekkja av minne, som han elles sjeldan elder mest aldri tenkte noko paa i det skiftelause kvardagsstrævet. Det hadde som opna døri til eit rom, der det altsaman laag gjøymt, gamalt og bleikna, klaart som fraa igaar likevel, naar ein berre kom til aa sjaa skikkeleg paa det.

Han hadde kjent denne mannen eingong — denne heidersmannen som no var slokna. Ikkje berre soleis paa det lause som han hadde kjent

flestalle av sambygdingarne sine. Tolleiv Fosse var nær i ætt med mor hans og hadde havt mykje godleik for han, radt fraa han var liten gut. Seinare, i tjugeaarsalderen, var han hjaa han paa Fosse eit heilt aar og var gardsdreng. Og der vart tenkt paa noko anna og meir *og*.

Og no var gamlingen burtfaren utan den minste tanke paa honom, sjølvsagt. Det var berre som eit reint slumpehende, at han fekk høyra um avferdi hans . . .

Han var um eit bil komen til aa liggja i benken att, kveikte ei pipa og vart liggjande og stirde upp i loftet, medan tankarne var burte i hine gamle dagar og som av seg sjølv spann seg vidare i skiftande lange syner gjenom tidi millom daa og no.

2.

Det var foreldri som sette han i tenest paa Fosse. Dei var baae av »god« gamal ætt og hadde ein stor gard innved fjorden, men sat til yver øyro i skuld. Garden var tungvint, og alt vart drive seint og slurvutt. Naar den eldste sonen skulde taka ved garden, vilde han ha meir en nok med aa ta paa seg all panteskuldi. For dei andre systkeni vilde der ingenting verta. Men for honom, den yngste sonen (dei var berre

tvo gutar, resten var gjentor), var der utsedd ein utveg paa ein annan maate. Tolleiv Fosse, frenden, hadde berre døtter, liksom Zelofhad, son hans Hefer, i fjorde moseboki. Han maatte altso eingong faa seg ein maag til ettermann paa garden. Guri, den eldste dotteri, var alt sine sju-otte og tjuge aar, og faren upp mot dei seksti, so der var ingenting aa drygja etter. Og den som vart utsedd, var ingen minder en han, Endre Storevik. Han var ein tidleg vaksen, mansleg og emnerik gut. Gamlingen saag difor ikkje paa, at han ikkje aatte noko. Det heile var avtala millom mor hans og Tolleiv, fyrr han sjølv og Guri i grunnen visste noko.

Men han var noko ung og urøynd enno, og so skulde han for det fyrste liksom vera gardsdreng paa Fosse eit aar elder so og verta heimekjend. Mori gav honom full greia paa meiningi og bad han gjera sit beste. Og det gjekk rett bra. Korkje gamlingen elder Guri var vanskelege aa koma ut av det med. Ho var just ikkje vidare ven, dotteri. Stor og tjukkfalli og freknutt. Men ho var ei snild og godsleg og grei gjenta i all si ferd og var nok glad i han attaat. Um han ikkje nettupp kunde gjeva att denne kjensla, so hadde han helder ikkje noko imot henne. Og det var ikkje smaating aa koma til Fosse. Tolleiv var ein av dei beste i heile fjorden og garden ein av dei fagraste; laag brei og vælstelt innved fjorden med gode vollar og grøne lidar

ovanfor som ein liten mynstergard. Det vanta nok ikkje paa dei, som hadde gjenge der paa friing fyrr og, og no gjekk og misunte han. Kanskje det var storparten av dei beste gutarne i heile gjeldet.

Men so underlegt kom det til aa gaa: den som tilslutt kom til aa bry seg minst um heile lukka, det var han sjølv. Fram mot slutten av aaret var det kome noko imillom; — ei onnor.

Folki paa Fosse og i Storevik hadde altid havt for skikk aa gaa innum hjaa klokkaren og stella seg, naar dei kom roande utyver til kyrkja um sundagarne. Soleis kom han einsundag til aa raaka saman med Laura, klokkardotteri. Ho var gjengi for presten same aaret som han, men hadde sidan vore burte i nokre aar og tent hjaa ein prest i eit av grannegjeldi. No var ho komi heim att vaksi gjenta, byklædd og finsleg. Og vorti so ven, ljosleitt og brunøygd og frisk; — det var berre sovidt han vaaga aa sjaa paa henne den fyrste gongen. Det stod som ljos av henne; ho var reint som av eit anna slag en hine gjentorne i bygdi, totte han. Men likevel var ho ikkje det slag stor paa det. Ho minte honom skrakst um, at dei hadde vore lesarkameratar; ho var som ein gamal kjenning.

Han kunde etter den dagen ikkje sitja heime ein einaste sundag, sosant det var preik. Og med unemneleg gleda fann han etterkvart, at ho var nok ikkje heilt utan godleik for han,

ho helder. Dei greiorne innpaa Fosse visste ho nok ikkje um enno, og han tok seg væl i vare for aa nemna det. Eit bil fram paa sumaren var dei alt vortne so gode vener, at dei lurte seg til aa sitja uppi klokkarhagen, paa benken bakum buskarne, og lesa, medan klokkaren var i kyrkja. Ho hadde altid ei elder onnor boki ho vilde syna han, og denne lesingi vart snart til endaa eit sterkt band millom dei.

Han hadde altid vore glad i lesing og bøker. Han hadde altid vore millom dei fremste i skulen og sta'e nummer ein for presten. Sidan hadde han altid brukt det meste av dei faa spareskillingarne sine til aa faa seg blad, og hadde lese alle dei bøker han kunde skrapa saman med laaning, fraa »Skræppe-Pers hændelser« til Bjørnsons forteljingar og Ole Vigs folkebøker. Fekk han ikkje onnor tid til aa lesa, so sat han ofta inne mest heile sundagarne.

Men altid hadde han vore so heilt for seg sjølv med dette. Faren hadde nok ei tid havt det med lesing han og, men var for lenge sidan komen fraa det, sidan det auka so paa med armodsdomen. Ingen av jamnaldringarne og kameratarne hans brydde seg um slikt. Dei kjøpte seg brennevin, naar han fekk seg eit blad. Gjentorne paa Fosse kunde berre sovidt stava og lesa i ei storstilt salmebok og lo aat bokhengjingi hans um sundagarne.

Laura derimot — ho hadde lese baade so

mykje som han og mykje meir. Ho skyna so godt dei diktararne, som han sjølv var eldhuga for, og der kom som ny klaarleik og nytt ljos yver alt, naar han fekk tala med henne um det. Og so kunde ho syngja so ovvent. Det var so ein kunde koma burt fraa seg sjølv, naar ho song: »Undrer mig paa, hvad jeg faar at se over de høie fjælde.« Det var som underlege ljose eventyr midt i det graae kvardagslivet, desse stunderne. Og so skulde han etter dette gaa stad og gifta seg med den gamle, styvne Guri paa Fosse! Gifta seg for jord og pengar. Selja seg som ein annan gardsgamp . . Det vart so fælskelegt meiningslaust og simpelt og dumt altsaman; det gav usmak berre aa tenkja paa det. Daa det leid mot hausten, flytte han beint heim til foreldri sine att; han hadde teke si avgjerd. Den fekk selja seg som hadde hug til det; — *han* gjorde det ikkje! Aldri hadde han i bøkerne helder set, at det slags handelsgiftarmaal førde til anna en vondt. Det var aa synda mot det beste i seg.

Det vart eit uppstyr og taarevæting med mori, so det var eit reint elende, og Fosse-verfaren vart maallaus og stygg, daa han skyna meiningi. Men det fekk ikkje hjelpa. Han var ingen unge. Han var vaksen og sterk og hadde verdi for seg. Han maatte vel for pokker kunna greia seg sjølv han som so mange fyre han. Og naar han var kvitt dette tullet, so kunde

han ein gong for aalvoret gjera seg von um Laura . . Verdi vart so stor og ljos framfor han.

— Eit par vikor etter visste han alt, kva han vilde. Han vilde paa seminariet. Han hadde tala med sin gamle ven klokkaren um tingen, og denne raadde han til det same — naar det no ein gong var avgjort, at det ikkje vart meir av paa Fosse. Aa faa læra noko og bruka evnerne sine paa den maaten hadde nettupp altid vore det løynlege ynskjet hans. Ein lærar sit arbeid var alt av eit langt finare slag *og* en moldtrælingi kringum paa gardarne. Men det beste var, at dette kunde vera ein so snar veg til aa verta sjølvberga mann og ha noko aa bjoda henne paa.

Det vandaste spursmaalet var skulepengarne. Men det vart ein utveg med dei og. Klokkaren, som var ein væltrudd mann i bygdi, lagde gode ord inn for han hjaa nokre bra menn og fekk dei til aa hjelpa den evnerike guten med eit laan. Sume mislika han nok for aatferdi hans paa Fosse; men andre totte det var nettupp godt gjort, so han var hjelp verd. Nokre vikor etter reiste han til seminariet.

3.

Tvo aar etter var han komen heim att med sin examen. Dei som hadde hjelpt han, hadde

all grunn til aa vera nøgde. Han var millom dei allerbeste for det aaret.

Og ikkje minder gode framstig hadde han gjort paa andre leier. Her var gut, som i det heile visste, kva han vilde, no etterkvart. Uppvaksen og sjølvtrygg, råk i ryggen og med lyft hovud gjekk han ikring og smilte aat det han hadde vore fyrr; — mest av alt, naar han tenkte paa, at han so nære var vorten gardshest hjaa frenden sin. (Der var elles alt kome ein ny, som ho Guri nok ikkje var minder glad i; — godt unt!)

Med henne Laura hadde han no fenge det visst og fast. Han hadde vaaga aa skriva til henne strakst han var komen paa skulen, og greitt ut um, korleis han væl var komen ut or det vaset, som foreldri hadde nøydt han inn i derheime. Og ho hadde svara godt. Ho hadde alt elska lenge — ho liksom han. Den englegode Laura. Sidan hadde dei havt sine sælaste stunder med aa byta brev og finnast heime i feriarne. Det var reine skirsumardagsdraumar. Dei hadde sjølvsagt fenge klokkaren si signing og synte seg no som trulova for all bygdi.

Fekk han seg no ein nokorlunde skulepost, so kunde dei alt um ikkje so lenge halda brudlaup og bu i si eigi stova. Han bytte ikkje med prest elder fut, han — ikkje med bisp helder.

Men sjølve dette lukkelege utsynet var ikkje lenger det einaste store maalet for arbeidet

og framtidi hans, som det ein gong hadde vore. Lenger fram og saman med henne laag der nye og paa ein maate enno høgare maal aa naa. Det nye livet han var komen upp i i skuleaari hadde gjeve tankarne og hugmaali hans eit heilt nytt sving og ny næring, lyft dei upp til synsvidder, der dei aldri hadde vore fyrr, og gjeve han ein styrke han aldri hadde kjent fyrr.

Alt fraa lenge fyrr han kom paa skulen hadde han lese »Verdens Gang« og byrja i all løynd aa verta hugvarm for vinstre- og framstigs-politiken attaat diktararne. »Almuevennen« (som klokkaren og far hans heldt saman) og klokkaren sjølv, som trudde paa Almuevennen som paa bibelen, hadde enno altid lagt ein døyvar paa han. Men no i skuleaari, daa han fekk fylgja so mykje betre med og raaka ungdom med dei same tankar, var umgripet hans i politiken svint klaarna og hadde skote ein manneleg vokster. Tidi var elles soleis *og* no, at det ikkje var lett aa vera likesæl for nokon. Det heldt paa aa draga saman til den store vetostriden. Der vart alt truga med tredje gongs negting av statsraadsaki; i alle blad gjekk politiken høgt; i »Verdens Gang« var det ljon og torebrak mest dagstødt. Og tilslutt kom det: det absolute veto vart brukt. So kom 9de juni — store hendingar slag i slag. Men riksstyret heldt fram med stivnakkeskapen sin like godt. Det galdt difor — som »Verdens Gang« dagleg

peika paa og sannprova — sjølve folksens husbondsrett i landet, um vinstre no ikkje stod fast. Det galdt det norske folks tilvære som fritt folk, dersom det no ikkje ved næste val sende eit storthing, som var sterkt nok til aa slaa mot jordi alle svarte aagrip paa vaar dyraste eign, grunnloven . .

Med sjodande eldhug les Storevik brand- og stridsstykki i bladi. Han kjende, at det *var* ein heilag skyldnad for alle aa vera med og berga landsens fridom no — og fyrst og framst ei pligt for alle dei, som dugde best til aa gjera noko. Og millom dei vaaga han alt so smaatt aa rekna seg sjølv. For kvar gong han hadde lese seg hugheit i »Verdens Gang« var det som han kjende krefter gjæra og vaksa i seg, krefter, som berre traadde etter aa faa gjera noko; og han byrja alt aa drøyma løynlege, langsynte draumar um framtidi. —

Han hadde altid med still undring lese um slike, som fraa eit ringt upphav hadde arbeidt seg fram til aa verta noko stort og namnspurt i landet. Og ikkje sjeldan var dette bondegutar; friske krefter fraa folkeaakeren. Allermest synbert var dette kanskje i politiken. Me hadde Ueland og Jaabæk, dei store bondehovdingarne; Ole Velde, Baard Haugland, Sivert Nilsen, den urædde bonden Øverland og mange fleire, som ogso hadde eit namn det stod ord av. Desse hadde ikkje eingong havt skulegong

til hjelp. Kome seg fram eine og aaleine med sin gode givnad og sin arbeidshug.

Men mest jamt var det eit felags merke ved slike, som var emna til noko større. Dei hadde altid i ungdomen vore ulik stormengdi; dei hadde hungra og tyrsta etter kunnskap; dei var ofta komne i kast med den »fornuftige« gamle skikken i bygdi. Og desse merki . . hadde ikkje *han* og dei so godt som nokon? Var det daa uraad, at han og . . ? Og hadde han noko kall til noko sers, han og, so maatte det vera i politiken. Det var som han kjende det for kvar gong eldhugen tok han.

Men han drøymde ikkje berre, han. Leksorne gjekk det lett med, so han ikkje var botten av dei; han hadde lese so mykje fyrr og hadde so fælande lett for aa læra leksor. Saman med ein flokk likehuga skulegutar skipa han eit leselag, der dei heldt dei mest radikale blad som fanst, heldt kveldsmøte, ordskiftest so flisi fauk, og brydde seg ikkje dusti um, kva lærararne sagde elder meinte. Han, Endre Storevik, var snart fyrstemann i laget; han heldt alt heile talar for den vesle krinsen og tok til aa kjenna seg som ein liten førar.

Og venta berre, til han hadde fenge seg plass og var komen ut millom folket, han. At ein lærar, som dreiv med politik, kunde venta seg noko av kvart av prestar og magthavarar, visste han nok; det var nok av det aa sjaa

i bladi. Men kva var det aa bry seg um, naar ein fekk *folket* med seg? Dei skulde faa sjaa, smaatyranarne. Aa verta folketalar, folkeleidar, valmann i heradet sit; og so kanskje til slutt, naar ein hadde alderen, verta teken fraa det smaalaatne kvardagskallet sit og lyft upp millom folksens korne, vald av det takksame folket . . der var noko stort, lysande ved dette, som var verdt alt arbeid og all motburd ovanfraa. Det var i grunnen større en aa koma i det høgste embættet. Det var som eit storlagt dikt ute i sjølve livet. Og Laura thingmansfru . . ; ja ein skulde ikkje tenkja for stortøkt; men berre at det *kunde* tenkjast langt framme, jaga blodet varmt gjenom bringa hans. *Det* vilde han i minsto vona, at ho ikkje skulde faa grunn til aa trega valet sit.

At det gjekk denne vegen gjenom lærargjerningen, var ikkje helder noko nytt. Mange av dei beste — Ueland sjølv og Jaabæk og fleire — var byrja nettupp med det, dei med.

— — Han løynde ikkje burt dei politiske meiningarne sine etter han var komen heim helder. Niandejuni-vedtaket var teke nettupp same sumaren som han var utlærd; vetostriden byrja aa vekkja til eitslags politisk liv radt inn i desse stille fjordarne, og han kunde her strakst trø upp som den kunnige millom dei, som lite visste. Foreldri og grannarne var forbina yver slik visdom og talegaavor. Lensmannen, som sjølv var

ein gamal Jaabækianar, smilte uppmanande og bad han heim til seg i toddylag ein sundag. Laura, som i dette stykke altid hadde sta'e attende for han, var vonom snøggare vunni for vinstre-politiken, ho med. Men klokkaren, far hennar, som enno heldt truleg paa sin Almueven, bad hovudristande den unge seminaristen aa vera varsam. Slikt kunde vera spelegt.

Varsam? Aa ja. Men kanskje ein skulde spinna seg inn i eit hylster av varsemd, so ingen kunde vita, kva ein dugde til? — Han fann moro i aa smaaskræma den kjære verdande verpapa sin med aa vera rektig »radikal«.

4.

Det leid utetter hausten, og han dreiv paa med aa søkja seg post. Der var eit par leduge burti grannebygdi, som han fyrst og framst sigta paa. Det var just ikkje vidare store postarne nokon av dei; men det var altid gildare aa faa vera i nærleiken av heimbygdi. Med dei gode skulevitnemaali sine gjorde han seg voner og.

Det glapp likevel. Der var nokre eldre, væltente som gjekk fyre. Han vart ikkje eingong paakora til nummer tri.

Han maatte søkja lenger burte og slaa endaa ein grand av paa kravi; — ein maatte nok i det heile ikkje gjera seg for store tankar plent i byrjingi. Men det var endaa den same soga upp

att og upp att: fekk ingenting. Tjuge um eit bein. Det var som . .

Det vilde visst vera bra aa faa seg ein »anbefaling« fraa presten, meinte klokkaren. Men han sjølv meinte nei. Presten hadde alt ei heil tid gjenge og glyrt so underlegt til »radikalaren«, at han brydde seg dunderen um aa ha noko med den karen aa gjera. Han hadde »anbefaling« god nok i karaktersetelen sin, han.

Han søkte tilslutt vidt og breitt kringum i landet og hadde daa endeleg lukka med seg og. Ja — um slikt elles kunde kallast lukka. For den posten han hadde fenge var ein av dei allerminst likelege han enno hadde søkt. Berre liten, og dertil so reint av leidi. I ei bygd ute paa havkanten ned og nord uppe paa Nordmøre. Umgongsskule halve tidi og væl det.

Det var i grunnen for ille, med den gode examen hans. Men kva raad var der? Han hadde no gjenge og drive dank her heime hjaa foreldri fraa tidleg i sumar og frametter mest til jol. Dei *venta*, at han skulde koma seg i veg med noko no etterkvart. Dei hadde ikkje sont seg med, at han reiste fraa Fosse enno, og var i grunnen mest berre fatigfolk, so det var reint leitt aa gaa soleis og liva av dei lenger. Bygdarfolki tok snart til aa flira aat storkaren, som ikkje fekk seg post. Laura og foreldri hennar tok og til aa spyrja forvitne for kvar gong han hadde fenge brev. Og det kunde ta ei fælande tid aa

gaa her og venta paa noko betre. Han visste altso ikkje onnor raad en aa ta til takkar med skarveposten, likevel. Herregud, det var daa ikkje verre i, en at han kunde søkja seg burt att paa augneblinken og faa ein betre post til næste sumar. Lukka kunde daa ikkje altid vera *so* vrang. Aa ha litt røynsla aa nemna vilde og vera ein fyremun til sidan. Og for politiken kunde ein altid gjera noko nordpaa Møre likso væl som ein annan stad.

Ein dag trast fyre jol for han ut fjorden med eimbaaten, medan Laura stod uppi klokkarhagen og veifta eit siste farvæl til han.

5.

Storevik sat uppaa ein lem og skreiv heim til Laura. Lemen var trong som ein baas, fyllt av allslags lausøyre og matvaror umfram sengi hans; og gjenom ei luka, som skulde føra varme upp fraa stova, steig det ein sur ôs av torvrøyk og allslags innestengd stovelugt. Vindauga var lite og blaagrønt, so han berre so vidt saag aa skriva no midt paa sundagen. Ovanfor kunde ein skimta nokre snaue, avblesne bergknausar, nedanfor den vesle heimebøen saag ein atti strandi og ein upprørt graa sjø; lenger ute nokre snaue holmar og smaaøyar. Innyver fraa havet stod det regn og driv.

Regn og driv . . ; det leid alt ei god tid

fram mot vaaren; men enno kunde han snautt hugsa, at det hadde vore noko anna ver en dette. Alle stader like audslegt aa sjaa til, og framum alt: alle stader den same uhyggen. For mest heile tidi til dessar hadde det vore umgongsskule.

Han hadde just ikkje gjort seg høge tankarne framfyreaat helder um umgongsskulen, det var synd aa seia. Men at det var *so* smaatt stell . .

Folket livde av fisking og dei smaa vanstelte jordlepparne sine, fortrykt og armt. Stovorne trange og skitne; lufti i dei ofta fælare en fælt; og fraa den eine til den andre av desse stovorne var det aa tofla som ein annan lægdekall. Flytta og tofla, tofla og flytta. Det var stundom reint til aa verta sjuk av.

Løni — ja um den *og* hadde han visst, at ho ikkje nettupp var so rar, ikkje meir skuletid en det var. Men det tok seg daa altid noko ut, naar det stod der i ein sôm. Men no, daa han skulde til aa greia seg med det paa alle maatar . . ; hm. Han maatte no i vinter paa augneblinken byrja aa punga ut med rentor for skuleskuldi si; etter avtalen endaatil duble rentor dei tvo fyrste aari, avdi han hadde havt pengarne fritt i skuletidi. So var det dei hundrad tingi, som kom inn under det daglege brød; — den fjerde bøni var nok ikkje det slag for vidtfarande, um ho var ei glefsa for dei smaa. Luther hadde greia paa det han, den røynde husfaren. Han

kunde godt ha nemt slikt som sydvest og oljekjole og for det. Og so maatte ein ha litt til aandsføda og; blad, ei og onnor boki . .

Det hadde vore paa ein annan maate for dei, som hadde havt plassen her fyre han. Det var bygdarfolk, som hadde havt jord elder slikt attaat og havt skulen meir som eit vintrearbeid. Dei hadde paa den maaten visst greitt seg bra. Men for han var det uraad aa klussa seg fast med slikt. Det var altso ingi onnor raad enn aa slaa seg paa sparsemd som den mest reinspikka husmann — so mykje saag han alt no.

Det var han som hadde tenkt so stort som aa gifta seg trast han berre fekk plass! Jau han burde misæl det! Han maatte læ, det maatte han. Han hadde alt i eit av dei fyrste brevi til Laura fortalt, korleis til-stod, og alt um giftarmaal var sjølvsagt utsett, til han fekk seg ein skapeleg plass.

Med upplysingi og aandslivet kringum i husi stod det svert nær paa same stiget som stellet elles. Folk grov for maten, bøygde og jordvende; — det var som dei endaatil av vokster var minder en folk lenger sudpaa, totte han. Der fanst ikkje tanke til andre bøker en gamle uppbyggjingsbøker. Av blad fanst det ikkje andre en »Bibelbudet« og eit og anna nummer av »Missionstidende«, som visst ikkje stod langt attende for sjølve Zulukaffarne og Madagaskar-

kvinnorne i myrk lêt. Slikt som tanke for politik og framstig var det daa synd aa venta seg her.

Det var ikkje det aa seia, at det var rett mykje »lyftande« noko av dette. Men . . naa, naa. Han var ikkje den, som miste mod og hovud likevel, han. Ein fekk daa sanneleg vera mann for aa hevja seg yver ein grand motburd for ei liti tid. Ein yvergong *var* daa berre ein yvergong. Han hadde drive skulen med liv og fart og hadde alt strakst vunne tiltru og godvilje hjaa baade ungarne og dei vaksne. Og no var han gudskelov snart ferdig med umgongsskulen for i aar. Resten av skuletidi skulde han for det meste faa halda til i ei fast skulestova i den største av krinsarne inne paa granneøyi og faa bu for seg sjølv. Han skreiv difor med berre godt mod til Laura, trass i alt, og gjorde so smaatt løgje med vanskarne sine.

6.

Gudskelov, han hadde ikkje teke imist: det var ein god mole betre i hovudkrinsen. Han hadde tidlegare havt so nok med torvrøyk og daarleg mat og alt det andre, at han sjeldan hadde kunne faa seg til aa snakka med folk um anna en han var nøydd til. Men no gjekk han strakst i gang med møte i skulehuset for vaksne ogso, um laurdags- og sundagskveldarne. Folk kom viljug og høyrde paa han som i ei gudeleg

samling, og han vaaga seg modig inn paa det han fyrst og framst hadde kalla dei saman for: politiken. Var arbeidskrinsen liten, so fekk han trøysta seg med ordi aat diktaren: »Hvad du evner kast af i det nærmeste krav, det skal bæres helt frem . .« I ein stor folksens fridomsstrid som denne galdt det fyrst og sist saki og ikkje ein sjølv, elder kva ein sjølv kunde verta. Æresykja og sjølvnytte maatte nettupp ikkje vanhelga det store og gjæve fyremaalet. Av *kjærleik* til folksens fridom og vælferd skulde ein ofra all si kraft. Vart ein so sidan boren fram til noko meir, so var det berre den sjølvgjevne fylgdi av, at ein var den mest dugande og hadde arbeidt mest. Det var ikkje meir en som altid var gjort og som rett og rimelegt var.

Det kom eldfulle stunder, daa han saag seg sjølv som den stille saamannen, som gjekk ut aa saa i den jomfruelege folkeaakeren. Han heldt timelange talar for aa faa folk til aa skyna alt fraa grunnen av — og samstundes temja seg sjølv upp i talekunsten. Det var av vigt — det med. Ordi fall lett og rullande for han, naar han hadde lese »Verdens Gang«. Han dunde i veg, so det sokk etter, mot absolut veto og bureaukrati og stormansvelde og allslags andre meinlaagor og meinkrokar for folksens fridom og framstig. Samstundes fekk han ogso folk til aa lesa »Verdens Gang« og andre vinstreblad.

Han arbeidde ikkje til inkjes. Folket i

krinsen tok strakst til aa vekkjast or dvalen og dauvskapen sin og faa samhug for dei ting han arbeidde for. Dei stræva og les i bladi best dei kunde. Dei tok til aa verta harme paa det absolute veto, som skulde snikjast inn i den dyre grunnloven vaar paa tolkningskunsterne sine slimutte vegjer — dei og. Dei vart aalvorlegt og djupt misnøgde med Selmer-riksstyret og ynskte utvidka røysterett og andre folkegagnlege umbøter. Dei var i det heile so merkjeleg samde med honom og fullgode vinstrefolk. Noko som sagde seg sjølv og, totte han. Folks gode vit og sunne sans *maatte* føra til det. Det var so aa seia innsoge med morsmjølki — liksom det hadde vore med han sølv. Det gjekk so bra, at han tok til aa finna seg mest væl til rette i avkroi og skreiv vonfylte brev heim til Laura um saamansverksemdi si. Heradet hadde fyrr stødt sent høgrevalmenn; men etter denne gode byrjingi maatte det vera hevja yver alle tvilsmaal, at vinstre vilde vinna ved det næste store thingval.

— Daa trefte det seg ein dag frampaa vaaren, at der hende noko. Der lyddest ei vårande hyssing yver saamansarbeidet hans millom folket. Komande fraa presten utpaa hovudøyi, sjølvsagt; — det kom elles i liknelse av ein medhjelpar. Presten var ein myndig mann, som i politiken heldt seg til Morgenbladet og Krog i Vestnes; — forbanna sjølvsagde ting, det med. Han hadde heilt fraa han kom vore eineraadig

i skulen og elles i mest alt styre i bygdi. Medhjelpararne og alle andre bra folk i bygdi let jamt vera aa meina noko anna en han.

Han vilde no »forespyrja«, kva det var for eit radikalt staak dei dreiv paa med derinne i Storevik sine skulekrinsar; han hadde høyrt litt um det og vilde be den unge læraren aa hugsa paa, kva som høvde seg for ein lærar.

Medhjelparen som altso bar dette fram (ein mann som fyrr hadde vore preikar og enno let upp munnen sin iblandt), vilde med det same for eigen rekning og av berre godvilje be han um det same: aa bruka ettertanke. »For selv om du ikke agter din timelige skade ved at fare med saadant, som gjør dig ilde anskreven blandt dem, som have at byde og raade over os« (han *kunde* misæl bokmaalet, mannen) — so vilde han be honom tenkja paa sjælebaten sin. For um han ikkje sjølv meinte noko so ille, so stod nok arbeidet hans meir i samband med tidsens gudlause og myrkdoms magter, en han trudde. Dei hadde stendug for skikk aa snikja seg kringum i faarepelsar, desse same magterne — fortalde mannen.

Nei tenk det, so dei var *so* sluge, dei pelsamagterne! — Storevik maatte læ. Dette var just i stilen.

Han gav medhjelparen det stutte svaret, at naar han gjorde sit arbeid i skulen, so hadde ingen meir aa seia. Utanfor den hadde han den

same retten som alle andre til aa arbeida for det han heldt for rett og seia frimodig si meining um statssaker etter Norigs rikes grunnlov, gjeven paa Eidsvoll i 1814 — um dei av eit reint slumpehøve hadde høyrt gjete *den?* Han nemde jamvæl paragrafen.

Skræma um vantrui brydde han seg ikkje eingong um aa svara paa. Alt framstig var vantru for dei folki. Trudde dei, at dei skræmde *honom,* so tok dei svinagtigt imist.

Han gjekk um laurdagskvelden stad og heldt ein storpolitisk tale kvassare en nokon gong for folki sine uppi ei av stovorne; dei skulde ikkje eingong ha det aa seia, at han misbrukte skuleromet. Let det helder ikkje vanta paa snertar um muleband-hug og herskarhug hjaa visse folk. Det var berre ei uppfrisking aa vera funnen verdig til aa faa slaast med dumheita, som trudde seg vis. Det synte, at han var aatgaadd.

Fylgjerne av dette var ikkje lenge um aa syna seg. Han fekk nokre dagar etter eit brev fraa presten, som sjølvsagt hadde kjennehorni sine ute. Det tok upp att i ein truten preiketone alle medhjelparen sine varningsord mot tidsaandi og vantrui; serleg galdt det, at ungdomens vegleidarar i barnetrui tok seg dette til hjarta. Men hjelpte ikkje dette, so vart han desverre nøydd til aa bruka alvorlegare raadgjerder. »Det er min bydende pligt som sjælesørger at paase, at

ikke nogen gudløs bevægelse faar snige sig ind og fæste rod i menigheden . .«

Skjemdest prælaten verkeleg ikkje? Beintfram truga! Kva meinte han? Vilde han straffa honom paa livebrødet kanskje? Som væl var stod dette ikkje i smaapaven si magt enno. Han hadde ingen ting forbrote, so nokon kunde krøkja eit haar paa han; og galdt det aa faa ein betre post, so hadde han no som fyrr papiri sine i orden. Han svor med seg sjølv, at ein skulde faa sjaa, kva ein magta med det slags styvne preikor. Den einaste verdige maaten aa svara paa var aa halda fram som ingen verdsens skapte tingen var. Han sende desutan eit iltert namnlaust stykke um »præstetyranni« til eit av fylkesbladi.

— Det trefte seg so, at han nettupp paa denne tidi maatte reisa burt fraa hovudkrinsen og halda umgongsskule eit par vikor, som stod att. Men so snart han kom attende, tillyste han nye møte i si eigi stova; attaat politiken skulde dei ha upplesing og anna, som kunde vera til hugnad og gagn.

Men kva kom det aat folk no? Der kom berre nokre faa, og dei luska ogso snart burt utan aa syna seg meir. Og endaa minder brydde dei seg um aa spyrja etter bladi som fyrr. Han laut sistpaa kringum og beintfram spyrja, kva som var i vegen.

Eit underlegt syn møtte honom. Dei snilde, truhjartuge folki var med eit vortne so sky og

tagalle, at dei snautt var til aa kjenna att; daa han nemde møti, slog dei det burt i allslags orsakingar. Men sistpaa kunde den sanne grunnen ikkje lenger løynast: dei var vortne rædde for, at det laag noko anna og meir i det nye han for med, en dei hadde skyna; at det laag noko faarlegt under. Noko som førde burt fraa den gamle, trygge sanning til sæla etter dr. Erik Pontoppidans enfoldig forklaring; at han med andre ord hadde villeidt dei.

Aa han skyna, kan skyna! Det var sjølvsagt presten og sveinarne hans som hadde vore ute og pløygt, med' han var burte. Han maatte mest læ aat dei forskræmde andliti, og freista med klaare og gode grunnar aa faa dei til vit att. Men der stod han fint fast. Det hjelpte ikkje dusti med gode grunnar. Det var som aa skjota mot berget. Otten for det fæle, ukjende hadde jagt det sunne vitet deira heilt inn i eit rottehol. Presten hadde sagt det — presten som gjenom alle tider hadde vore sanningsberaren. Dei riste fortenkte paa hovudi og var og vart burtskræmde.

Aa djup av villmansræddhug! Motburd hadde han nok venta seg, men aldri paa ein slik snikmaate. Han kom reint ut av det av sinne og argskap. Dei forskræmde stakkararne kunde det endaa so vera med; kanskje det ikkje var so mykje betre aa venta, nedkuva og presteridne som dei hadde vore ætt etter ætt og gjenge her

og grave i avkroi si. Men kva skulde ein seia um prestarne, som *maatte* vita betre og so brukte folks ræddhug og stakkarsdom til aa halda magti si uppe med. Obskurantar, paveherk! — han kunde ikkje finna namn, som var innharske nok.

Sjølvsagt gav han ikkje tapt no helder; dei skulde faa slikka seg lenge, fyrr den dagen kom. Men det var greitt, at han maatte ta heile arbeidet framanfraa att, og fyrr han kunde samla seg rett til det, gav han harmen sin avlaup med aa skriva eit nytt eitrande bladstykke med yverskrift »Præsterne og feigheden«. Han tenkte paa aa faa det inn i sjølvaste »Verdens Gang« — helst paa fyrste sida. Han totte sjølv, at han aldri hadde vore so ordhitten. Skaltru *det* ikkje skulde ruska ein grand upp i kvepsebolet? Han grunna endaatil paa aa setja fullt namn under: *E. O. Storevik,* lærar.

Daa det kom til stykke tenkte han seg likevel um paa dette. Han kom i det heile til aa tenkja seg ein grand um — litt etter litt.

Det var altfor greitt aa sjaa av denne styvne soga, at den studnad han hadde rekna so paa hjaa »folket« ikkje var so rar lell. Allvisst ikkje kringum i avkrærne. Og dei »overordnede« var nok ein grand verre aa nappast med, en han hadde tenkt. Han fekk snart vita litt meir og av same slaget.

Han raaka ein sundag saman med ein frihuga lærar fraa grannebygdi og klaga si naud

for han. Denne grein daa berre beiskt og hadde ein heil sekk full av liknande klagemaal . . millom anna um løynlege bodskap millom prestarne og dei høgare um kven som var »paalitande« elder ikkje millom lærararne. For desse siste var det nok ikkje so greitt aa koma seg fram. Utan prestebrev for »moralsk forhold« og greior var det nok helder ikkje greitt. Det var i det heile ikkje greitt, nei . .

Hm . . ; han skulde vel ikkje ha vore for stormunna hoste tidlegt likevel? Ein fekk nok finna seg i motburd for den gode saks skuld, det var 'kje det. Men her i dette filleholet —. Ein maatte daa piskejor ikkje stella seg soleis, at ein vart innestengd her helder.

Han gjøymde stykket sit til »Verdens Gang« og rita ikkje fleire slike. Med tanken paa aa ta til med nye møte dovna det og av. Ein fekk no sjaa —.

7.

Storevik var komen i gong med skulen att frampaa hausten, medan storm og driv stod innyver fraa havet dag etter dag. Var det ikkje vidare huglegt aa byrja ifjor, so var det synd aa seia, at det var betre i aar. No visste han heilt ut, kva han hadde aa venta kringum i dei skitne stovorne. Og det var ikkje tale um aa halda modet uppe med nokoslags møte og politik som

ifjor. Han hadde i sumar vore nedyver til heimbygdi og havt nokre lukkelege vikor saman med Laura. Ho *venta,* som rimelegt var, at han snart skulde faa betre post no, so det kunde verta tanke til giftarmaal ein gong. Han maatte daa vera spjokande tullen, um han øydelagde det for seg med eit politikstaak her, der det so ikkje var dusti til gagn likevel. Han let politik vera politik og berre dreiv trottugt paa og søkte — det han elles hadde drive paa med heilt fraa i vaar. Men han var vorten klok af skade no og saag etter, kva han søkte. Det maatte ikkje vera paa nokon avplass som her. Og posten maatte vera nokolitt betre som var noko, skulde det finnast meining i det. Aa koma or oska aat elden var liti berg. Men vaar og sumar og haust var gjengne, utan at denne betre posten enno hadde synt seg. Lang nos og atter lang nos. Lang nos, so han gjerne skulde ha ein slump til sals. Og det saag tilslutt ut til, at det ikkje var berre eldre elder betre søkjarar som var i vegen helder. Tvotri gonger hadde han no set det løgne, at seminaristar som han kjende og visste hadde ringare eksamen en han, hadde fenge betre plasser. *Var* han alt »merkt«? Elder var det berre det moralske prestevitnemaalet som vanta?

Og medan han maatte gaa her klumsa av prestemagt og styvingskap, gjekk politiken høgt kringum i landsens breie bygdar. Dei heldt store møte, budde seg til dei store riksrettsval;

unge, dugande menn steig fram og vann seg eit namn; — det var just slike tider som *var* for dei.

Han visste sistpaa ikkje, kva han skulde trøysta seg elder Laura med. Han kjende seg som ein bjørn i bur. Ein kunde arga seg graa. Men kva nytta det aa sinna seg? Alt gjekk sin skjeive gong, og ikkje eit kræk brydde seg um sinnet hans. Um han helder smeikte og smaug ein grand for prest og medhjelparar, so han kunde faa seg ein »anbefaling«?

Tvi nei! — han jagde tanken fraa seg med avstygge. Det vilde vera hundeferd, moralsk fall. Han fekk freista med bidlund, um han ikkje tilslutt skulde slumpa upp i det, likevel.

— Vaaren var komen etter ein endelaus vinter, og han hadde heile tidi halde paa og freista slumpelukka best han kunde. Men ikkje slumpa upp i noko enno. Ikkje teikn til slumpelukka. Ikkje det som slumpelukka heitte.

Daa svelgde han stilt i seg kautleiken sin ein kveld og slog i bordet attaat. Dette *var* det ikkje meining i. Beint*fram* ikkje. Gjenge der heime som ein liten storkar, trulova seg med sjølve klokkardotteri og skrøytt og vore morsk og so verta gangande her uti havskjeri som ein annan stakkar! Grava pundet sit i jordi i ei slik *stortid!* Hin og den skulde halda paa med slikt lenger.

Han rodde beint ut til postopnaren, sagde upp »Verdens Gang« og tinga »Fædrelandet«.

(Alle hine Verdens Gangar og vinstreblad i krinsarne hans var for lenge sidan uppsagde). Klokkaren i bygdi var postopnar, so dei hadde fulla greia paa slikt nokokvar. Med det same byrja han ogso aa reisa til kyrkje kvar preik og sat slik, at presten maatte sjaa han. Det var ingi raad med det: ein fekk slaa seg ut att so mykje meir hinsidan naaleauga.

Presten gaadde snart umskiftet, og Storevik totte der laag ein løynleg flir yver det verdige andlitet, naar dei høvdest. Det brann i han. Men . . naar det *maatte* tolast —. Han bar det som ein mann.

— Presten var i kyrkjelege saker ein svert rimeleg mann. Han »sympatiserte« med lækpreikingi og var stundom endaatil sjølv med i bønemøte. Skulelærar Storevik vaaga difor ikkje aa halda seg heilt burte fraa *dei* helder. Og det høvde nettupp paa denne tid til aa vera uvanlegt godt tilføre til aa syna seg i bønemøte. Ein aandens mann, som sjølvsagt heitte Peder Pedersen, for kringum i bygdi og preika um den gamle farken yver farkar og gjerningarne hans. Folk strøymde til han i dungevis, der vart spurd vekkjing og vakning baade her og der; (— utrulegt var det elles ikkje, at mannen var hitkalla nettupp no til aa tyna »radikalismen«, som var byrja). Aa høyra paa dei milelange preikerne hans var i grunnen ei kjøtsens spækjing, som burde ha vore uppfunni i

gapestokken sin tidsalder; men kva raad var det her millom faarepelsarne?

Dei var elles snilde folk likevel — pelsarne. Dei smilte ikkje som presten. Dei var svert glade dei fekk sjaa læraren sin millom dei, som hadde trong til ordet. Serleg sidan han hadde vingla inn paa denne styggeskapen med politiken og bladi.

Men um ei tid var det ikkje nok, at han *var* der helder. Daa Pedersen og nokre andre ein gong hadde fenge naade til aa vitna i fem timar og niogtredive minutter i eit kjøyr inni ein av skulekrinsarne hans, spurde ein av dei: »Skulde ikkje Storevik og kjenna trong til aa seia nokre ord til slutningsbøn?«

Kva var der aa gjera? Det vilde ta seg kalleg daarlegt ut, um han som var so glup i kjeften, no skulde seia nei. Derimot vilde ein grand bøn tvillaust gjera godt — um ikkje plent so høgt som i himmelen, so i minsto paa høge plasser i bygdi.

Enden vart, at han sette i veg med dei fyrste dei beste talemaatar han kunde hitta paa.

Han skjemdest av seg sjølv etterpaa, kjende seg simpel og laak som ein ljugar. Men kva raad var der? — daa han hadde gjort det *ein* gong, gjekk det sidan som av seg sjølv fleire gonger og. For dei vekte vilde for ingen pris sleppa taket av han att no. Og folk kjende seg uppbygde av han; Pedersen var i

eit smil, og medhjelparen var um aa klappa han av berre blidskap.

Det var ikkje faafengt. Presten kaldsmilte ikkje lenger som fyrr. Han tok til aa helsa venlegt ved kyrkja. Daa han langt frampaa vaaren heldt skuleprøve inni krinsarne hans, var han svert visleg og nemde ikkje eit ord um uppeglingi fyrr. Ein sundag ei tid etter bad han honom endaatil med heim til middags samam med nokre andre lærarar.

Maten var god i det same middagslaget, og presten nytta tilføret til aa traktera med litt aandeleg mat og. Han hadde nyleg lese bladi og tala i ein upphøgd tone um dei radikale »smuds«-bladi og vinstre sin snikkamp mot all kristeleg samfunsskipnad og barneupplæring. Lærararne høyrde paa med minor som det høvde seg lærarar i ein prestemiddag og gav av og til eit tankefullt samtykkje.

Storevik hadde heile tidi ei kjensla av, at dette serleg var til honom, som var so ny i rette trui. Og han var ikkje enno viss paa, um det ikkje av og til under al blidleiken blinka upp ei uvyri sigersgleda i presteaugo, naar dei var retta mot honom, stakkaren, som sat der so snart kneikt.

Det æste i han. Hadde han havt berre seg sjølv aa tenkja paa — han *hadde* skrike upp, kva so i f. det var vorte av. Men det var Laura, Laura . . ; han tagde.

Men lova med det same dyrt og varmt, at presteherket eingong skulde faa det att, so det skulde lydast vidt yver landet.

— Men daa han var komen so langt, so vaaga han det: han gjekk ein dag litt etter innum til presten og bad um eit vitnemaal. Der var ein ledig post i nærleiken av heimbygdi att, som han sigta paa.

Presten vart forbina yver dette hastverket med aa flytta no, daa dei just tok til aa faa han skikkeleg kjær allesaman. Men daa han fekk høyra um læraren si skuleskuld og det paatenkte giftarmaalet, vart han rimeleg. Han skreiv eit rett bra vitnemaal; klappa honom paa aksli etterpaa og sa, at det var ei gleda for han, at han kunde gjeva han dette vitnemaalet.

»Og eg vonar, at De altid klaarare og klaarare vil sjaa, at De med aa tileigna Dykk sunnare meiningar og skikka Dykk soleis som De no hev gjort, er komen inn paa det rette«; — presten saag kvast paa han, so han maatte sukka samtykkjande.

Lærar Storevik smilte stygt, daa han var komen utanfor. »Sunne meiningar«! — du hev ikkje lukt dei feite augo dine enno, smaapave!

— Han klemde paa og skreiv søknadar att. Sjølv med presteskrivet attaat datt det ikkje nettupp gode postar beint i fanget paa han. Han fekk ikkje den i nærleiken av heim-

bygdi. Men fram ved jonsoktid hepnadest det endeleg. Han fekk ein heilt burte paa austlandet ein stad; skulde byrja skulen trast utpaa ettersumaren.

8.

»Jeg ved derfor ikke noget bedre at slutte med end disse bevingede ord af vor store, folkekjære høvding, *Johan Sverdrup:* hold sammen og hold ud. Ja — venner og meningsfæller! — *hold sammen og hold ud,* til frihedens bevarelse mod alle skumle snigmordsforsøg paa den, til vor dyrebare grundlovs opretholdelse mod alle vetoattentater, til arbeide for folkets, det norske folks, fremgang og demokratisering paa alle omraader, til hævdelse af folkets ukrænkelige husbondsret, saa den lutrede folkevilje altid — jeg gjentager det: *altid* — og under *alle* omstændigheder maa vorde den suveræne bevægende kraft i alle statslivets former i dette land! Et nifoldigt hurra for dette ønskes fuldbyrdelse og for den landets første borger, som har udtalt det!«

Det litle heradshuset i S., der det vart halde politisk møte utetter laurdagskvelden, dunde av hurrarop, medan talaren, den nyleg uppskotne lærar Storevik, steig ned av talarstolen og vart motteken med takk og lukynskjing av dei næraste.

Han var kalla hit av vinstrelaget i bygdi og hadde halde paa og tala i mest tvo timar, framifraa upplagd og i eit godlag, som ikkje trøytna.

Det absolute veto var dengt og medfare, so det var mest synd paa det, arme tinget.

I det same solskinsgodlaget kjøyrde han heim att um natti og fann enno etter han kom heim tid og styrke til aa skriva upp eit og anna til eit møte han skulde vera med paa dagen etter, sundagen.

I det heile: var det noko han ikkje kjende til no um dagarne, so var det trøytleik og ulag. For endeleg hadde han daa upplivt noko, som det ikkje var narring og kluss ved.

Den nye skulekrinsen hans laag midt i ei brei, folkerik bygd uppi Aakerhus. Det var just ikkje nokon feit post dette helder, nettupp. Berre ein smaalaaten andrelærarpost. Men mot den han hadde havt fyrr stod det gildt til. Løni var ikkje so lite større; der var vent, ljost skulehus midt i krinsen; og i nærleiken — i livd av ein liten fin granskog — var der eit lite lærarhus med hage aat han, ei velsigning som var dubbelt gild etter alt det han hadde prøvt. Der var god plass aat ei kona og — naar han no ein gong vart gift. Enno var han det ikkje. Daa han var heimum til Laura i sumar, var dei vortne samde um aa venta, til han hadde fenge skipa seg betre her. Han skulde skriva etter henne til næste vaar og brudlaupet verta halde her; det vilde falla lettast og billegast.

Men størst av alt var umskiftet millom livet og rørsla ute millom folk her og i fiskebygdi.

Det var friskande som eit solskinslaug etter ei lang innestengjing i ein kvalm kjellar aa koma her. Folk les sine blad, var med i riksstellet og var uppglødde for landsens vælferd i mest kvart huset. Dei vaaga fritt aa ha sine meiningar mot baade prest og fut og aa arbeida for dei. Det var just paa den beste tidi han var komen her og. Dei budde seg nettupp til valmansvali framfyre riksrettsthinget. I ikkje so faa fylke hadde vinstre alt vunne; i andre kjende det seg trygt. Men det folkerike Raumarike var slett ikkje so fulltrygt. Der var eit sterkt høgreparti, som dreiv paa paa livet laust. Det galdt um sjølvaste Johan Sverdrup skulde verta attervald elder ikkje. Vinstre maatte difor gjera eit kjempetak; det hadde landsens augo retta paa seg. Og no gjekk det paa det beste. Møte her og møte der mest kvar vika.

Her i heradet var det som so mange andre stader: det stod paa jamvippe. Vinstre hadde nok yvertalet millom dei jamne, vælberga bønder. Men høgre hadde nokre kaksar og pengemagti, og det var spelegt nok; det var altid ein slump smaafolk ho raadde med.

Endre Storevik var med ein gong komen midt upp i den heitaste striden. Han hadde paa augneblinken gjort seg kjend med dei fremste vinstremenn i bygdi. Han var med paa alle dei møte han paa nokor vis kunde koma til utan aa hefta fraa skulen. Han vaaga alt strakst aa

trø fram for dei største folkedungar og knalla av med den eine politiske talen vaagesamare en hin. Harmen yver trykket han hadde vore ute for gav han tridubbelt mod. Han var som ei kraftsamlar, som maatte ha avlaup. Det var ei rein njoting aa faa bruka sterke, radikale ord, regtige kraftord — ord som fingra burt paa strengjerne til majestætsbrôt. Han totte han hadde full rett til det, som han var medfaren.

Han skreiv eit og anna i bladi og, hugheite upprop »til veljararne«; og heime i stova hans flaut det av »Verdens Gang« og andre politiske blad. Han maatte skunda seg og ta att det han var komen i undaskot i den babyloniske utlendingskapen sin. Han brukte ofta mykje av netterne til politiken.

Det var ikkje lenger bønderne Ueland og Jaabæk som var dei store mynstermennerne hans. Det var Johan Sverdrup sjølv. Han hadde set han paa Litlestraumen og høyrt den store programtalen hans. Han hadde sidan gjenge som i ein still rus av eldhug for Sverdrup. Han etterlikna han i talarne sine og byrja mest uviljandes aa likna han i sjølve fagterne.

Det vanta daa helder ikkje paa, at han vart aatgaadd. Det var ikkje mange som fekk so knakande »bifall« for kraftordi sine, og vinstreleidararne i bygdi med lensmannen og Nils Kamperud, ordførar hadde vore, i fyreenden tok mot han med opne armar. Han vart bedd med

i kveldslag og gjord stas av; han var ei ung kraft, eit funn, som ein so mykje minder hadde venta, sidan det serleg var presten som hadde gjort sit til aa faa han hit. Paa det seinste var han jamvel bedd um aa tala paa bygdemøte heilt burti grannegjeldi.

Men kanskje den ans han vekte var endaa betre aa sjaa paa motmennerne. Dei kunde ikkje styra sinnet sit, naar han var med i ordskiftemøte og brukte kraftordi sine; brevskrivarar til eit lite fylkes-høgreblad kunde ikkje finna ord som var hædande nok um det nye »vinstreljos« i X., »seminarist« Storevik. »Seminarist« med feite bokstavar. Dei kunde i det heile ikkje nemna han utan dette hædande seminarist-tillegget. Naar dei skulde vera regtig eitrande, kalla dei han endaa berre »hr. seminaristen« — ikkje aa nemna slike smaa kjælenamn som litle-Sverdruppen og »den politiske peparkverni«. Han maatte læ. Aa verta utskjelt av slike motmenner var berre ei æra; det synte, korleis ordi hans hadde raama. »Og du tarv no ikkje hæda,« sa han unge Raamund. Han skulde nok verta dei ein lei seminarist, han.

Det som gjorde desse smyrjararne allermest olme var nok elles framferdi hans mot prestarne. Desse var sjølvsagt hjelpesame paa kaksesida med si »vantru« og tidsaand og dingeldangel her med, og han tok dei for seg, so folk ofta maatte storlæ. Tanken paa Mørepresten gjorde honom til ein liten berserk. Og han var det utan otte.

Kven var rædd dei svartkapputte nattbysje i dagsljoset? Magti deira var her skrukkna inn til den skuggen ho fortente aa vera. Her var nok av lærarar, ja klokkarar med, som var politikerar uppetter alle bygdarne som ingen prestar skulde finnast. Og endaa um dei *kunde* gjera han ein grand vondt —: han var komen so vidt no, at politiken var det fyrste.

Som ventelegt var kom det um ikkje rett lenge eit »vink« her og — fraa faarehyrdingen i sokni. Og det gjekk sjølvsagt ut paa det same (um en i langt spakare ordelag) som hyrdingerøysti der nord. Han grein eit stort grin — det var alt han gjorde med den tingen; so høyrde han ikkje meir.

— Valmansvalet nærma seg. Det skulde veljast heile 5—6 valmenn i heradet, og vinstre hadde arbeidt so godt, at det hadde god von. Og Storevik for sin part var ikkje fri han byrja aa bera ei løynleg god von — han og. Um han ikkje nettupp sagde valmann enno, so i minsto koma paa tale til sidan. Elder — kvifor plent ikkje valmann? Han hadde for yver eit aar sidan fenge alderen, 25 aar, og fenge seg røysterett paa ein jordflekk heime. Han var noko ny i bygdi enno, sant nok; men kven hadde arbeidt betre i denne vigtuge tidi? Kor mange betre folk hadde dei i det heile? Var det ikkje nettupp unge krefter slike tider turvte? Dei visste desutan, at han ikkje hadde so radt

liti røynsla i politiken fraa fyrr og. — Og var ein fyrst vorten valmann i desse store tider og komen skikkeleg upp i det, vorten kjend med alle riksstellarar i fylket og kanskje med Sverdrup sjølv . . Aari var daa ikkje mange til meir og . .

Det kom stunder, um kveldarne heime og jamvel midt i skuletidi, daa draumarne vart so sterke, at han kom reint ut av det kan skulde tenkja paa. Han saag ein stor, ljos sal med alle dei ærverduge kaarne i. Damor og herrar paa trevet so tett som plass kunde faa, glim og høgtid yver alt. Og med alle augo snudde mot seg stod han der og heldt den fyrste store talen sin i eit vigtugt spursmaal. Stor merksemd og forvitne; — ordet var gjenge fyre denne merkjelege unge mannen fraa dei stille vestlandske fjordarne — »de alvorsfulde fjorde med snefjældskyggers rund«. »Det har arbeidet længe — og stille slægt paa slægt, — før saadan kraft kan sprænge — aarhundreds vanevægt . . Hvad bondens bund kan bære . . det er vor folkeære . .« Det var uppaa trevet dei les dette stilt framfor seg. Han stod likevel kald og stø som ingenting var. Elder han stod med ein liten smil um munn, medan ordi fall tunge og raamande. Det kom an paa, kvaslags sak det var. Der var so mange, mange maatar aa tenkja seg det paa . . — Han skreiv lukkelege brev heim til Laura att, og den gamle draumen um aa lyfta henne upp med seg gjorde no som fyrr ikkje minst

til aa eldna han. Han hadde for lenge sidan fenge henne til aa skyna, kva eit *kall* til noko var; no dulde han ikkje helder so reint planarne og framtidsdraumarne sine for henne.

9.

Valmansvalet var yver. Vitlaus uppøsing paa høgresida. Drege fram kvar den sjæl dei raadde med, halte og blinde og kryplingar fraa gator og smog og vegaskil. Men det hjelpte altsaman ikkje. Vinstre vunne likevel! Glimande siger! Heile hundrad røyster i yvertal. Og same kvelden fekk dei høyra um vinstresiger i mange andre bygdar med, so fylket og Sverdrup var mest trygge. Det vart ei sigersgleda og fagnad millom vinstre, som det aldri hadde vore maken til. Dundrande lag til langt paa natt hjaa tvo-tri av dei valde. Fløymde av talar og god drykk. — —

Storevik gjekk og dreiv aaleine heime i stova si utan aa kveikja i ljos. Han hadde vore med i eit lag hjaa fyrste valmann, lensmannen, trast burti bygdi. Hadde endaa haldė ein skaaltale elder tvo, daa han hadde fenge noko sterkt til livs. Men daa klokka var berre skikkeleg elleve, hadde han fenge ei so underleg trang til aa vera aaleine, at han klaga seg upasseleg for aa faa sleppa heim.

. . Heile seks vinstrevalmenn . . Men ikkje plass for honom likevel. Ikkje eingong vore

nemnt noko slikt. Han hadde ikkje eingong vore innkalla til møtet, der leidararne sette saman valmanslista. Han fekk vita alt etterpaa. Han vart derimot sett til aa arbeida løynleg millom nokre utrygge. *Det* var han god nok til; men . .

Hadde det endaa vore so, at alle dei seks var so framifraa *dugande* folk, at det var uraad aa setja nokon av dei etter. Men kven pok . .

Lensmannen og Kamperuden var nok toleg gode hovud; men hine . .; tjukke bondehausar, som visst ikkje i sit liv hadde tenkt so mykje meir av seg sjølv en hestarne sine. Det einaste ein kunde seia um dei var, at dei var bønder, høyrde til gode ætter i bygdi og kanskje aatte ein slump skillingar. Kva var meiningi med slikt? Det var so løgje, at han ikkje enno kunde sjaa noko so urimelegt i den voni han hadde bore so smaatt paa heilt til i dag: at ein slump av veljararne beintfram skulde brota lista for ein av dei uppnemnde og røysta paa honom. Men det var ikkje so greitt det helder . . nei. Og no var det heile tri lange aar til næste val . .

Han kunde ikkje for, at han trass i sigeren og fylket og Sverdrup og heile sulamitten kjende seg so underleg flat. So flat innvertes. Sigersbrevet han hadde tenkt aa skriva heim til Laura i kveld vart det ingenting av med. Han slengde seg trøytt i sengi, medan dei heldt paa aa tura fest hjaa valmennerne.

— Dagen etter fekk dei full vissa for, at heile fylket var vunne. Gleda og festlagi kveiktest upp att, og den som ikkje sturde lenger var Storevik. Han hadde teke seg saman trast um morgonen. No maatte han hunden ta meg ikkje gjera seg til narr og løgje helder. Den herlege vinningi *var* hovudtingen, som alt anna var smaating og inkjevetta mot. Og detteher med han sjølv, so var han nok for ny i bygdi likevel. Bønderne var nok seg sjølv like alle stader — seige og seine i vendingi. Dei kravde grundig kjennskap til tillitsmennerne sine; — hadde dei ikkje ein grand rett i det og? Ein maatte ikkje vera for braa. Men kom dei seint, so kom dei so mykje meir paalitande og godt, naar dei kom. Og til næste val kunde han ha vunne denne tiltrui grundigt. Det tilskôtet han hadde gjeve til sigeren i aar var vel helder ikkje so lett aa gløyma.

Han kom til aa skriva eit gildt brev heim likevel og slog seg glad med dei glade.

10.

Det hadde vore ein stor vinter. Riksrettskiping og storpolitik i thinget, so folk mest ikkje rødde um anna. Storevik hadde gjenge reint som fjukeferdug, naar dei vigtugaste avgjerder var i vente. Ein kom snart til aa kunna seia um Sverdrup som Alexander um far sin: han vinn so mange slag, at det snart ikkje vert meir

aa vinna for os andre. Naa . . noko vart det vel att likevel. Tiderne skifte og kom altid med nye fyrelaagor; kvar tid trong sine fyregongsmenn. Han sat ofta uppe til langt paa kveld og les høgt for seg sjølv dei beste av Sverdrup sine talar for aa temja seg upp i den rette statsmanstonen. Han budde heilt aaleine i huset sit, so han kunde rusla som han vilde. Han hadde leigt eit kvinnfolk til aa skipa i huset og koka ein gong midt paa dagen, men koka elles kaffien sin og gjorde alt sjølv.

Med verskiftet um vaaren kom det eit verskifte i politiken i bygdi og. I staden for storpolitiken kom heradspolitiken fremst. Det skulde snart vera nye heradsval. Striden millom høgre og vinstre var for ei heil tid sidan komen inn paa bygdestellet og. Men endaa vinstre var so sterkt, hadde det stødt lege under der. Kakselaget heldt so godt saman. Men no var vinstre vorte reint morskt etter den store sigeren i haust. Der vart arbeidt med ein idugskap, som ikkje var so mykje minder en daa.

Det galdt elles ikkje berre sjølve heradsstyret, dette valet. Bygdi hadde ein sparebank, som stod heilt under heradsstyret. Kaksestyret nytta daa sjølvsagt magti si til aa stella eineveldigt med banken og. Til alle dei lønte postar — direktørar, sekretær, revisorar — valde dei aldri andre en av sine eigne og halediltararne deira. Men endaa verre var det, at sjølve

banken vart vanstyrd. Det kunde nemnast nok av døme paa det. Bankstyrararne hjelpte altid fyrst og framst sine eigne folk baade ved laan og inndriving av pengar. Det var ingi løynd millom vinstrefolk som var inne i det, at der vart drive eit fælt slurv med rekneskapsførsla; og yverskotet av bankinnkomorne, som skulde falla til heradet — var so reint *underlegt* snautt no um aari. At eit slikt tilsynslaust sleng skulde ha hals og hand yver banken paa denne maaten var reint ut ei skam og bygdenækjing. Heradet kunde til slutt faa svida hardt for det og; for det var gjenge god for ein ikkje so liten sôm. Men vann vinstre no og fekk halvparten av plasserne i heradsstyret, so kunde det um tvo aar vinna det heile og reinska ut i surpa.

Bankstriden var sistpaa komen inn i bladi og. Ein fysak av ein brevskrivar til eit fylkesblad heldt paa aa gjera alle som fann noko aa klaga paa kaksestyret, til slarvarar og svoltningar, som utan samvit dreiv denne »trafiken« sin, avdi dei sjølve vilde ha fat i bånkpostarne. Eit slikt skamlaust snakk maatte der takast til motmæle mot, og til dette vart Storevik utsedd; han var den hævaste i pennen. Han hadde sin fulle del av arbeidet paa andre maatar og, men slog seg likevel ikkje unda, endaa han visste, at det var baade eit vanskelegt og spelegt arbeid. Han var beintfram sinna og forarga paa denne banksvindelen; det *skulde* knekkjast. Aa verta

innvald i heradsstyret kunde ogso vera bra til grunnlag for meir sidan. Han sat og masa mest kvar kveld ei heil vika med denne skrivingi, so han kom mest ør paa skulen um mornarne.

* * *

Dei hadde ikkje arbeidt faafengt denne gongen helder. Vinstresiger med glans no og! Hurra! — den banksoga hadde sogu havt klem, ho. Det strauk med ikkje so faa flaskor kognak hjaa Kamperuden og fleire av førararne denne gongen og.

Storevik hadde framfyreaat butt seg paa, at han var for ny i bygdi enno til aa verta vald til noko. Slikt var minder aa undrast paa i eit heradsval, der det serleg galdt aa ha fastgrodde folk.

Det synte seg, at han hadde spaatt fullt rett. Ikkje ordet um honom no helder. Han tok det med full ro. Det galdt berre aa halda seg stødt i fyreenden og vaksa seg fastare og fastare i folkemeiningi. So *skulde* hans tid koma — dei vere so seige dei vilde.

Han hadde elles so mykje anna aa tenkja paa og no frametter, at han ikkje kunde bry seg so mykje um slikt. Det var Laura og brudlaupet.

Tidi var altso no komi, daa ho etter avtalen skulde flutta hit. Det var det beste reisever, og han hadde skipa alt paa beste maaten i det vesle huset sit. Ingenting vanta i so maate.

Og han ynskte ingenting høgare en aa faa henne til seg no ein gong, *det* vanta kje helder. Han lengta seg ofta mest hugsjuk etter henne. Men endaa; likevel . . *Berre* greitt var det ikkje enno, gud betre det. Vaarknipa var drjug, ho.

Var løni betre her, so var det ein god mole dyrare aa liva her og. So hadde han seminarskuldi aa dragast med som fyrr. Han hadde ikkje orka aa leggja av ein skilling enno; — han hadde derimot lote laana endaa eit par hundrad krunor i banken, daa han skulde setja seg i stand i huset. Det fanst ingen annan upptenkjeleg maate aa greia det paa. Men mest stridast av alt var det, at det kosta so skam mykje aa vera kar i politiken. Reiseutlegg i tid og utid; »tilskôt til valkassa«, allslags blad og skrift aa halda. Og det *var* ikkje raad til aa vera altfor stor gnikarpinne paa æreskjillingen helder i det laget han var komen i. Han hadde i det heile so underleg nok med seg sjølv aaleine her og. Og so gifta seg paa slikt . .; hm. Gudarne maatte pønska ut . .

Men kunde han paa den andre sida halda paa og laupa fraa det lenger no, daa alt var so visst avtala, og ho hadde venta i so mange herrens aar? Han hadde ikkje eingong dette um betre post aa skulda paa no lenger. Det tok for det fyrste tid med slikt; og for det andre . . var det ikkje meining skapt i aa flytta nokon annan stad no for politiken. Aa

flakka um fraa stad til stad var aa vera rotlaus alle stader og kanskje øydeleggja heile framtidi for seg, so mykje skyna han no. Ei utsetjing no att maatte altso verta ei utsetjing i det blaa . . kva maatte ho til slutt tenkja?

Forbanna aa laupa so huvudstups og bitta seg. Ja . . men utan det hadde han ikkje havt Laura . . vilde han det? Nei, nei . . *nei!* Kva hugnad elder verd var det i altsaman utan . .

Endelykti vart, at han hoppa i det. Han *laut.* Han skreiv og sende reisepengar. Med sparsemd maatte det vel verta ei fura. Fekk desutan sjaa seg um etter umframtenest solenge, naar det var kvild i politiken. Det maatte daa vel ved paven sit haakeskjegg vera eit og anna aa fiska i eit so stort herad, naar ein *vilde* vera arbeidsam.

Men narra henne paa nokor vis vilde han ikkje. Han skreiv beintfram, korleis det var. Vilde ho ta til takkar, so . .

Det var i grunnen syndaleg leitt aa lota koma med slikt no, etter alle dei gode voner han hadde briska med heilt fraa dei fyrste seminardagarne. Forbanna so kvardagssmaatt som alt snudde seg. Men kva raad *var* det?

Det var tilslutt berre *eit* som kasta ljos yver all denne smaadomen: framtidi. Det *skulde* ein gong verta paa ein heilt annan maate, so sant som han heitte Endre Storevik.

II.

Ein maanads tid etter var det alt fraaseggjort med brudlaup og alle formgreior, og han sat der med kona i huset. Og med lukka i huset. Den glade songfuglen som i dei fyrste lukkelege elskhugsdagarne var ho vel ikkje nettupp no lenger; ho var vorti litt bleik og still med sine fem-seks òg tjuge aar. Men den same vene, trufaste, hjartansgode Laura var ho som altid. Ho smilte mest saart, daa ho den fyrste kvelden kom til aa nemna spurnaden hans, um ho vilde ta til takkar med tilhøvi hans. »Slikt skulde du ikkje ha spurt um,« sa ho. »Det visste du fyrr«, sa ho. Elles skulde det nok gaa godt med huslegt stell, meinte ho og. Det var som ho tok ei heil byrda av løynleg skjemsla av han med desse ordi. Han kyste henne av berre takksemd.

* * *

Dei hadde havt rett: det gjekk med huslegt stell. Gjekk svert godt og. Ho var hushæv og greifør og gjorde alt utan tenestgjenta, so det gjekk ikkje so mykje meir til hushaldet no en fyrr. Dei hadde gjort seg altfor stor umsut. Berre godt, at han hadde vaaga stiget. Dei hadde det so huglegt og gildt, at han reint gløymde alle dei andre pengesuterne sine med.

Det var stilt i bygdepolitiken og no ei tid, so ein endeleg kunde ha det ein grand rolegt. Han trong det væl. Han hadde arbeidt seg reint nervesliten. Han nytta sumarfritidi til aa fylgja med i stor-riksstellet i ro og mak, elder han styrkte dei politiske kunnskaperne sine med aa lesa gjenom gamle aargongar av storthingstidende. Hadde Laura ikkje anna aa gjera, sette ho seg attmed han og kika i bladi, ho og, og spurde korleis det gjekk. Ho var etterkvart vorti idug for riksens stell ho med, og trudde fullt aa fast paa givnaden og framtidi hans der. Ho høyrde paa han som paa eit mynster av statsmansvisdom. Han maatte mest læ, samstundes med at det gjorde han so endelaust godt.

Han hadde sagt henne beint fram, at han paa uviss tid maatte vera nøgd med den posten han hadde, for politiken, og ho var samd med han. For eit større maal fekk ein ofra det som minder var, meinte ho og. Ho *var* makelaus. Han visste lite ordet av, fyrr yver eit aar var gjenge i denne stille lukka.

Daa fekk dei ein god dag eit tillegg i heimelukka si: ein liten engel av eit barn. Laura, stakkar, bar det som ein helt. Men etterpaa fekk ho ei lang sjukerid likevel. Ho var ikkje svert helsesterk. Det vart ein helder drjug rekning til jordmor og doktor. Dertil maatte dei leiga tenestgjenta i dyre domar. Fraa tvo vortne til fire. Og rentorne skulde

snart ut att. Stutt aa seia: ei umframfortenest vilde ha kome fælande væl med no. Ein grand tid hadde han og altid aa gjera med etter dagsverket paa skulen. Men det var det leie ved desse attaat-innkomorne, som ein saag so lett til andre tider: naar ein trong dei, heldt dei seg burte. No hadde han havt augo med seg frametter heile vinteren, men snautt funne for fem krunor. Ein gong hadde han rett havt ein fin fisk i syne: daa det i vinter skulde utnemnast ny heradskasserar. Han baud seg so billegt som nokon; det var som skapt for han. Men høgre var for sterkt i heradsstyret enno. Ein »vælsinna« fekk det.

Einaste raadi vart daa aa slaa av og spara, der han aldri hadde tenkt paa det fyrr. Han maatte halda seg burte fraa alle lag, som kosta kongens mynt; lata vera aa reisa nokon stad og endaatil seia upp nokre av bladi han heldt — ei rein meiningsløysa for ein mann som han, som skulde vera paa høgd med tidi. Men det var uraad aa spara paa noko for Laura, stakkar, no, so det laut gaa ut yver han sjølv.

Men taalmod, taalmod. Reven *var* ein filosof, daa han sagde dei ordi um ein yvergong. Vantet hadde visst vore, at han ikkje enno hadde lært aa smeda *snart* nok, naar eit jarn var varmt. Ein mann med *tankar* hadde so mykje anna i hovudet, medan alle dei næruge høkersjælerne berre passa paa aa kara etter

kvar skillingen. Men so fekk ein berre læra seg til aa smeda daa; — verdi var ikkje onnorleis, og han hadde klara verre ting, han.

Han gjekk med lyft hovud, byrg yver aa vera far trass i alt. Naar ein saag paa stor-politiken i denne tidi, var det ogso alt anna en tid til aa vera modlaus. Riksretsdomarne falne; Selmeriet blese burt som agner for vinden; aprilriksraadet likeeins — Sverdrup fyrstekongs-raad! Det gjekk slik, at det var beintfram herlegt aa vera vinstremann. Han song fedre-landssongar med smaagutarne og smaagjentorne paa skulen, so fyrstelæraren (ein »meiningslaus« stakkar i politiken, men elles ein snild mann) vart reint skræmd. Han dikta endaa i løynd eit hyllingsdikt i ni vers med »solo« og »kor« til Johan Sverdrup; — som elles ikkje fann plass i »Verdens Gang«, so laagt sagt.

* * *

Det kom til aa snu seg med næringssuterne og. Ikkje med nye innkomor nettupp. Men paa den maaten, at Laura kom seg att, so ho um eit halvt aars tid kunde stella huset og barnet aaleine. Det var i grunnen for stridt for henne, stakkar. Men naar ho plent *vilde* ta det paa seg so. Og det var ikkje anna aa seia, en at det kom hardla væl med. Han saag seg utkome til aa halda alle naudturvelege blad att og stræva og les best han kunde i barneskriket um

kveldarne frametter vinteren. Han var desverre uroleg og sver til aa tuta, vesle Egil; og det var — desverre — hoste dyrt aa halda det varmt i meir en eit rom, daglegstova.

Vesle Egil var elles ein so søt og rar liten kropp — mori sit ljoslivande bilæte — at ein fekk finna seg i eit og anna. Vinteren gjekk endaa so rimeleg bra.

Men daa det var vaar att og guten noko yver eit aar, tok det so smaatt til aa syna seg teikn att. Teikn som ikkje var til aa mistyda. Stutt aa seia: Laura kunde ikkje so fælande lenge staa i alt. Noko likt til betre innkomor var det derimot ikkje tanke til enno.

Nei denne rakkars posten *var* ikkje for han. Kva hjelpte det, um ein grov til mat og klæde og husvære, naar ein ikkje fekk slaa seg ut? Kvardagsmenne og skulemeistrar kunde vera hjelpte med det, men ikkje han. Hin og den skulde sitja i slikt. Han heldt paa aa koma reint ut av dei store hugmaali sine for berre smaasut. Men just som det saag aller vrangast ut, opna det seg ei von som himmelsend.

Eit par av kaksefolki i heradsstyret var falne fraa, so det maatte varamenn inn, og det trefte seg so ov-heppe, at dei var vinstrefolk. Vinstre *hadde* altso yvermagti og kunde alt no, til byrjingi av det nye rekneskapsaaret i juli, byrja aa »reinska ut« i bankslenget. Det skulde millom anna veljast ein ny direktør og kasserar.

Denne siste var rett bra løna — og kven var nærare til *den* en han? Han budde lagleg; han hadde tid, naar ein berre skipa seg litt rimelegt, og banken var ikkje større, en at han godt raadde med det. Han visste ingen av partiet, som kunde greia det betre; endaa minder nokon, som var det betre verd. Og so sant dei hadde augo, maatte dei kunna sjaa, at ingen *trong* det betre helder.

Ein dag han raaka nokre av »leidararne« paa lensmanskontoret, vaaga han endaatil aa slaa beint burt paa det.

Dei sagde ingenting vidare. Men dei smilte og kremta og var blide, so der var all god von.

Det leid snart til nye heradsval og, og for dess større trygds skuld var han med og arbeidde mest idugare en nokon gong. Valstriden var byrja i vikevis framfyreaat, og sinnet og ilska hjaa motparten gjekk denne gongen reint yver seg sjølv som hjaa alle søkkjande partilag. Det uvyrnaste bygdevaas maatte gjera tenest. Storevik fekk som vanleg sin fulle part. Dei hadde funne noko rett utvalt mot han denne gongen. Det skulde vera kome fraa sjølve presten, sagdest det. Og han hadde det fraa ein prest nordpaa ein stad, der Storevik hadde vore lærar fyrr. Han hadde der gjenge og halde bøner i samlingarne, sagdest det, og rovedilta og smeikt paa det mest skamlause for det kristelege lækfolket og presten for aa bugta seg fram. Men

her var han hovudstups vorten rotrivar og presteetar, daa *det* gav betre von um aa løna seg. Ein stakkarsleg vindhane og livebrødspolitiker, som alle parter burde vanvyrja. Soga kom til slutt i fylkesbladet, med ein god slump tilmat.

Storevik fekk ein stygg støkk i blodet med det fyrste; — det var uhuglegt so væl som dei visste likt og ulikt, dei kararne. Men som væl var brydde ingen av hans eige parti seg um det. Dei berre smilte og tala um høgrelygn. So heldt han berre øyro stive best han kunde og snakka um høgrelygn, han med. Ein fekk seg i verdi snu. Naar ho ikkje var betre — verdi. Og uppe *maatte* han halda seg no.

Ein plass i heradsstyret vilde sjølvsagt ikkje vera aa vanvyrja no helder. Men av nokor vigt var ikkje det no, berre han fekk det som gav i pungen. I denne forbanna kattepina maatte alt anna staa etter det.

12.

Vinstre her i bygdi kunde snart seia med Cæsar: veni, vidi, vici. Det er utlagt: eg slog til meg heile grisen fraa tryne til rovetipp.

Vinstre vann, so det til næste aar hadde kvar plassen i heradsstyret. Ikkje lenge etter kom radi til banken. Og det vart gjort grundigt der og. Det var ikkje til aa bruka filt mot vanstellet, naar ein berre *kunde* gjera noko. Alle dei plasser som kunde bytast no, vart

gjevne til fulltrygge vinstrefolk. Resten fekk ein ta til næste aar; daa hadde ein vissa.

* * *

Storevik hadde um kvelden etter bankvali i heradsstova gjort seg erind burtetter bygdi for aa høyra endelykti; dreiv no heimetter att. Dei hadde halde fælande lenge paa, no det var vorte seint. Det leid langt fram paa vaaren og var slik ein ven kveld. Bygdi laag der brei og trygg og still; det anga av vaarfriske engjer og aakrar. Himlen sumarljos og klaar, blaanande langt, langt ut yver alle aasar; austyver skogtopparne paa den andre sida av kyrkja kom nettupp maanen stor og bleikgul og gav eit draumebleikt atterskin fraa husveggjer, steinar og vasshyljar. Men Storevik saag alt berre som gjenom ei skodd, der han for. Han steig paa med samanbitne tenner og svara ikkje, um han høvde nokon som helsa. Laura saag ventande og vonfull ut gjenom kjøkendøri mot han — han saag ingenting. Han gjekk inn i det litle kammerset ved sida av stova, stengde døri og gav seg til aa driva liksom kvelden etter valmansvalet; han var eldraud i andlitet, haaret laag i kleimne tottar nedetter skallen paa han . .

Ikkje fenge noko no helder! . . ikkje no helder! Ikkje kasserarposten. Og ikkje nokon av dei andre bankpostarne helder . . ingenting! Førararne, bra-folki, heidersmennerne, tjukk-

bukse-gardbrukararne hadde no som ved valmansvalet delt alt fint millom seg . . fyrst ved heradsvalet og no ved bankvali. Plent som daa. Men kasserarposten, som ingen av dei hadde tid til ha (elder som dei kanskje alle misunte einannan?) hadde dei slutteleg gjeve til ein svoltning av ein korporal, som ikkje hadde gjort dusti anna for bygdi en aa vera i stendig pengenaud og aa vera yngre bror til Kamperuden, det nye ordføraremnet. Det einaste *han* hadde fenge var nokre slengjeröyster her og der og ein varamansplass — han visste snautt sjølv til kvaslag.

Kva *meinte* dei med slikt? Ingen kunde daa no lenger med *skapt* meining seia, at han var for ny i bygdi. Endaa minder, at han ikkje hadde arbeidt for vinstre kanskje meir en nokon, elder at han ikkje var so dugande som nokon. Kva *var* so i vegen?

Han hadde paa heimvegen beintfram tenkt aa gaa innum til lensmannen med dette spursmaalet, men late det vera likevel. For han tok til aa skyna utan peikepinne — no etterkvart. Det kunde ikkje finnast meir en *ei* tyding: for denne honki av »førarar« var heile striden for »bygdebaten«, for smaafolks beste, framstiget og alt det der som dei stasa med, til sjuande og sist berre ein strid for aa verta fyrste hanar i bygdi *sjølve* og riva til seg magti og innkomorne — plent som motparten sine førarar! Og naar ein altso ikkje høyrde til elder var passeleg

mykje i ætt med det rette førarfislement, naar ein ikkje var passeleg dum og mygla »heidersmann« — *so* dugde ein helder ikkje til aa verta vald til noko. Jo, kanskje dei i sin dumme bondekautleik saag ned paa »seminaristen«, dei og, med same vanvyrsla som kaksarne, berre at dei hadde tagt med det og med gode minor bedt han med i kalasi sine for aa ha nytta av han!

Han hadde i byrjingi vore mest graaten nær, daa han tenkte paa Laura og kor vondt det vart aa seia henne det; — dei hadde alt ei heil tid rekna med dette som noko mest visst. Men det hadde snart gjeve plass for eit kokande sinne, som enno brann i han. Der gjekk dei folki og meiska seg med sutelaust utkome og innkomor paa alle kanter og *visste, maatte* vita, kor saart han turvte denne litle hjelpi . . og so likevel ikkje, likevel ikkje . . Gaa her og lota slita seg upp i næringssut *han,* som var so *mykje, mykje* for god til det — han som stod so langt, so *ovende* langt yver heile hurven! Slike folk skulde ein kava for! Det var ærelaust, beint-*fram* ærelaust.

Han knytte neven av sinne og harm og visste, kva han vilde no etterkvart. Altfor lenge hadde han tagt; altfor lenge vore taalmodig; altfor lenge trutt det beste. Trudde dei, at *han* var ei fesbikkja, som dei kunde gjera med som dei vilde, so tok dei imist! Dei skulde ein gong faa høyra seg, kva dei var.

Han fann fram skrivegreior og sette seg som so ofta fyrr til aa gjeva harmen sin avlaup i eit bladstykke. Det hadde til yver-rit »koteri-politik« og byrja med aa våra vinstre utyver bygdarne mot aa lata seg »forsumpa« av sjølvnytte liksom høgre. Det var aa undergrava den grunnvollen, som all sann framstigspolitik eine og aaleine bygde paa: det mannjamne beste. Sjølvnyttepolitik i eit folkevenlegt folke-parti! — det var ei til-tekt so meiningslaus og utoleleg, at ho burde knusast, kvar helst ho berre freista aa stikka hovudet fram. Og som eit vårande døme paa slik politik fortalde han soga um dei siste val og bankgreior her i bygdi. Han nemnde ikkje namn korkje paa bygd elder folk, men forma det likevel so, at det var lett aa skyna, kven han sigta til. Han sparde i det heile ikkje paa krutet mot tjukk-buksorne.

Det kunde koma til aa riva sund partiet og gjeva høgre i bygdi magti att . . ? Ja, so lat det berre riva sund daa! Væl unt. Eit parti som dette bygdebølet var ikkje betre verd. Det var ei til-snikjing aa kalla det framstigs- og folkeparti. So fekk ein sidan sjaa aa samla eit *verkelegt* vinstre i bygdi — eit ærlegt folkeparti, som tenkte paa allemansbaten og ikkje var til aa mata »førararne«. Ein kunde byrja ved valmansvalet no i haust att. *Han* skulde ikkje vera rædd aat aa setja seg i brodden

han, um ingen annan vilde gjera det. Ein skulde faa sjaa. Og naar folk berre fekk augo upp for einmans-humbugen, var det meir en furlegt, um han ikkje snart skulde faa med seg heile det jamne smaafolket av vinstre — og kanskje sume av høgre og.

Til underskrift sette han »vinstremann«, skreiv utskrift til eit lite vinstreblad, som vart mykje lese i bygdi, og bad bladstyraren halda namnet løynt — so lenge. Ikkje det, at han var *rædd* for aa setja det under; endemaali hans var opne og ærlege. Men fekk dei raamde tåk i namnet med ein gong, so kunde dei blaasa upp ei sky av vondt mot honom, so heile sanningi gyrmdest burt. Best difor, at ordi fekk falla med si eigi tunge vigt.

— Morgonen etter gjekk han aat posthuset trast han var uppe. Men daa han stod yver postkassa med brevet, kom han til aa tenkja seg um likevel. Kanskje han hadde vore hoste drjug i ordi likevel, um dei var det aldri so væl verd . .

* * *

Ei vikes tid etter fekk han sjølv eit brev ein dag. Det var fraa ein av »leidararne«, ein gamal rev av ein landhandlar. Det var um ein grand rekneskap dei hadde seg imillom. Storevik var desverre ein slump i skuld — der og. Men landhandlaren var fælande rimeleg.

Han lova bidetôl, og det var ikkje so nøgje med rentor. Men sistpaa kom det som av eit reint hende ein liten hale um noko anna og; — um valet komande sundag. For det skulde veljast ein ny forlikskommissær daa. Der var som vanleg uppnemnt tri »gode menn« til aa velja millom. Alle tri var tekne av dei fremste og »beste« vinstremenn i bygdi — millom dei landhandlaren sjølv.

No var han for sin part — so lyddest halen — fullt med paa, at baae dei tvo andre var ovende bra menn og fullt dugelege til tillitsposten. Men verre var det aa vita, kven av dei ein serleg skulde velja paa. Dei var baae paalagde so mange byrder av heradet fyrr, at ein snart maatte sjaa etter, kven av dei ein med best samvit kunde leggja enno meir paa; — han rekna upp »byrderne« deira.

»Eg for min part legg sjølvsagt ikkje det slag vigt paa aa verta vald. Inkomorne hev ikkje so mykje aa seia. Men eg vil ikkje dermed nettupp ha sagt, at landhandlarstillingen min er til noko *sers* hinder for, at . .

Eg gjeng ut fraa, at De med vanleg idugskap vil arbeida for det De held for det rettaste og beste for bygdi. Eg litar som vanleg paa Dykkar skynsemd. — Med ynskje um godt frammøte um sundag.

Dykkar
Andersen.«

Storevik maatte beint fram læ, so han var um aa skræma barnet upp or ein blund. So dei vilde ha han til aa træla for seg enno og det i ei surpesak millom sjølve hundarne, som slogst um eit bein! Kva *heldt* dei han for?

Han hadde gjenge i uvissa med bladstykket sit frametter heile vika og hadde det liggjande enno. Men no gjekk han etter det. Var det kome *so* vidt, at sjølve leidararne grov grunnen under einannan, so var det sanneleg paa høg tid, at der vart ruska upp ein grand. Han hadde visst helder sagt for lite en for mykje. Som væl var var landhandlarskuldi hans ikkje større, en at han skulde vita utveg til aa greia henne. — Han gjekk i roleg argskap av stad til posten med brevet.

* * *

Ei vikes tid etter var stykket kome i bladet. Han hadde ikkje forrekna seg: dei kjende seg att paa flekken. Og det hadde si verknad. Det fall som ljon fraa klaar himmel ned i den smaakjeklande bygdi. Der vart i mange dagar snautt tala um anna, naar folk høvdest. I fyrstningi freista nok sume aa gjera det heile til eit nytt høgrespark under vinstremaska; men det maatte dei strakst tagna med att. Der var for mange prov paa eit godt kjennskap til vinstre sin innanhus-politik til dess. Dei raama æste av sinne; aalmenti av partiet riste paa hovudet og var

fortenkte; men høgrefolki lo som dei ikkje hadde gjort paa lenge. Naar eit rike verder splitagtigt med seg sjølv . . ! No turvte ein daa ikkje snakka um høgrelygn lenger, naar dei reiv so grundigt grima av einannan sjølve.

Storevik lo *og* i løynd. Lat dei no tyggja paa *det* eit bil og ta det til seg, dei det passar paa! Det var ein sann hugnad aa faa tugta ein gong — dubbelt, sidan han sjølv sat so væl løynd.

* * *

Ein dag han nettupp var komen heim fraa skulen, kom det ein og vilde faa tala med han. Lensmannen. Han saag so underleg uppøst ut. Dei gjekk inn i sideromet. Der tok dei trast til aa verta so høgmælte, at Laura vart reint skræmd. Litt etter kom lensmannen ut att og gjekk utan aa seia farvæl. Han var eldraud og stygg aa sjaa til. Storevik fylgde etter ut i døri. Han var bleik og saag uppøst ut, han og . .

Det hadde ikkje nytta med den namneløyningi. Dei hadde fenge mistanke av baade det eine og andre . . stilen i stykket, og at han heldt seg so underleg attende no um dagarne. Daa lensmannen no kravde greia paa dette, hadde han difor korkje vaaga elder brytt seg um aa negta noko.

13.

Dei heldt paa med valmansvalet burti kyrkja ein dag frampaa hausten. So spâk valstrid hadde det ikkje vore paa lenge. Høgre var som svimeslege etter riksretsdomen og alt det som paafylgde; og vinstre, som valde paa »tillid til Johan Sverdrup,« det *hadde* vunne og hadde Sverdrupen sin paa toppen. Kva var der so meir aa braaka etter? Mange brydde seg ikkje eingong um aa møta fram.

Millom dei som ikkje møtte fram, var ogso skulelærar Storevik, endaa han hadde fridag fraa skulen. Han gjekk heime og stelte i den litle hagen sin. Kva skulde *han* paa valet? Han visste det ikkje.

Det var han som skulde »reformera« sit eige meinings-lag og som ein ny folkeleidar verta valmann paa det no i dag! Aa jau, det var vorte umbot av baade paa hovud og limer, sa'n! Gud han miskunne seg for grillor ein kunde ha. Medan alt gjekk i sit tjukke gamle gjenge, var umboti sjølvsagt vorti den, at *han,* stakkaren, var avklædd all politisk æra for aatferdi si. Avklædd til skinnet. Og avklædd det meste av si mansæra med.

At «førararne« lagde han for hat, daa dette um bladstykket kom upp, var ikkje meir en

som ventande. Men dei stod ikkje aaleine, førararne. Aa nei. Dei hadde som altid heile hurven av partiet i hælarne, sosnart den fyrste forbiningi hadde lagt seg. Folk trudde paa heidersmennerne sine som paa Vaarherre. Her som nordi fiskebygdi. Kven hadde nokon gong høyrt elder spurt, at sauerne tenkte sjølv elder vaaga noko nytt? Ein var i grunnen verd ulukka si, som kunde tru noko sovore. Kasta seg som ei bikkja yver sine eigne, just som ein skulde til aa ha gagn av sigeren og arbeida i ro og fred til bygdi sit beste! — det gjekk langt, langt yver vitet hjaa dei kjære sauerne. Det var den reine farkeferd.

Men det var daa helder ingen som tvila um, kvifor han hadde gjort alt dette. Det kunde ikkje vera anna en den lurvnaste hemn, avdi han trudde seg sett til sides ved dei siste vali; dei hugsa serleg, at han hadde gjenge og slikka seg etter kasserarposten. Soga um prestevenskapen og lækpreikingi hans nordi fiskebygdi vart med det same dregi fram att, og det fanst ikkje eit menneske som tvila paa henne no. Der vart det fagraste samhelde millom alle meiningsflokkar, at heile karen var ein matpolitiker av lurvnaste slaget.

Dei mest paatekne av leidararne tala ei tid endaa um aa reisa sak mot han for æreskjemd, men let det tilslutt vera. Det var aa bry seg altfor mykje. Dei hadde so godt samvit, at snakket

hans i grunnen ikkje raama nokon stad. Og med likso godt samvit vaaga dei aa seia, at der ikkje var gjort dusti urett mot han. At ein ikkje nettupp vilde ha den innflutte jyplingen, som sovidt var turr bakum øyro, upp i dei mest væltrudde og vanskelege postar i bygdi, kunde kanskje smaagutar finna paa aa kalla urett; *vaksne* folk gjorde det ikkje. Elles var han synt all rimeleg godvilje, og mykje meir en det, for dei smaatenesterne han hadde gjort. Dei hadde teke mot han med opne armar; dei hadde valt han til formansvaramann, endaa han var so ung, og til næste gongen jamvæl tenkt aa faa han inn i repræsentantskapet elder eitkvart anna. Godt at han avdekte den sanne naturi si i tide. Ein slik kar skulde ein berre halda fraa dørerne sine, so var ein ferdig med han.

Soleis vaaro ordi . .

Han hadde i fyrste laget freista aa verja seg og tala vit i folk, naar han raaka nokon av dei smaa i partiet. Men daa nokre vikor var gjengne, slutta han. Dei berre grein han midt i synet. Han hadde gjort seg grundigt ferdig her i bygdi. Det var endaa gjenge so vidt, at han hadde vore ute for den argaste luring og smaalegskap i sjølve skulearbeidet. Dei hadde visst havt god hug til aa faa han avsett der og, hadde dei sosant berre visst ei raad med det.

— Men so underlegt var det gjenge til utetter sumaren og hausten: ikkje eingong alt dette var det verste ved denne soga. Ho hadde havt i fylgje sit noko endaa verre.

Daa han var komen so heilt ut or all politik og godt lag i bygdi, hadde han frametter sumarfritidi og elles, naar han hadde ei stund, sett seg til aa skriva saklege stykke um eit og anna i riksstellet for aa halda namnet sit uppe utanfor bygdi og samstundes faa litt pengar for dei hjaa bladi.

Det andre barnet var kome frampaa haustparten; men umfram-innkomorne var altso ikkje komne. Han laut daa prøva seg paa dei utvegjer han kunde.

Bladi han hadde skrive til svara altid vyrsamt; dei kjende honom ein grand av namn fraa smaastykke han hadde sent fyrr. Dei var svert vyrnadsame. Dei hadde jamt eit og anna godt aa seia um stykki hans og. Men . . der var det i vegen med den saklege politiken hans, at det var so »altfor almindeligt.« Det var altsaman sagt so altfor mange, mange gonger fyrr. Det var gamle gudsens sanningskorn, som kvar mann kjende fyrr, og mest inkje anna. Og den høgtfarande stridstonen han av og til slog inn paa passa ogso minder no etter den store grunnlovsstriden var slutta.

Dei saag seg difor ikkje raad til aa gjeva noko for stykki hans; dei visste ikkje eingong,

um dei hadde plass for dei. Hadde han derimot noko meir nytt og sjølvtenkt aa bjoda, elder forvitnelegt bygdenytt, so skulde dei med gleda . .

Same svaret upp att og upp att; — »Verdens Gang« svara tilslutt ingen verdsens ting. Dei einaste som vilde ha noko med den saklege politiken hans, var eit par smaa fylkesblad; men *der* var det ikkje snakk um raad til aa bitala noko.

»Altfor almindeligt« . . Hadde det endaa vore noko han hadde rive av seg i ein fart dei dømde soleis. Men no var det slikt som han hadde gjort seg fyre med til det ytste, skrive upp att nokre gonger og lagt alle sine djupaste og beste tanker i.

»Altfor almindeligt« . .; han saag det i grunnen sjølv og no, daa allé sagde det. Der *var* altid noko smaatt »innsent«, skulegutlegt ved dei mot hine stykki i storbladi.

Men kunde ein seia slikt um desse, so kanskje det same kunde seiast um dei politiske talarne hans og?

Han grov fram or skufforne nokre av dei beste talarne sine, som han hadde skrive upp og gjøymt. Og det stod ikkje til aa negta: det *var* ikkje hævt stell dette helder, naar ein les det med kald ettertanke. Det var som motgongen hadde gjeve han andre augo aa sjaa med. Lite av tankar, men so mykje meir av store ord. »Almindelige« ord. Digre ord og lange, lange

bladtalemaatar med svere Sverdrupske sving her og der. »Landets tarv«. »Det norske folks suveræne vilje«. »Den fremadbrusende demokratiske opinion«. »Den parlamentariske statsskiks ukrænkelige princip«. »Magna est veritas et præva . .!« Frasor til aa svimeslaa bygdepolitikerar og setja redaktionssekretærar i forbining med — dette som han ein gong hadde funne so raamande og fenge slike handklapp for! Og ikkje ein grand betre var dei gamle bladstykki hans, som han hadde gjøymt til no.

Men stod det ikkje betre til, so kanskje det var berre innbilling og sjølvdaaring, at han i det heile var emna til politiker elder dugde til det? Ein draum fødd av avislesing og politisk uppstyr, nærd av æresykja og mengdi sine hanklapp til dei digre ordi? Ei stormansgrilla, som so mange vart smitta av i slike tider . . so høgrefolki hadde havt altfor mykje rett i aa tala um politisk skraalar? Og kanskje dei sluge vinstre-bygdepolitikerarne, som han hadde skjelt ut for tjukkhovud, hadde mælt han rettare heile tidi, dei *og*, en han hadde mælt seg sjølv? Men kva rett hadde han so til sjuande og sist til aa verta so vond, naar dei ikkje plent valde han til alt han drøymde um? Vilde han i det heile ha kome so jammerleg i aavelte for ein slump smaa bygdehanar, umso han hadde vore so mykje meir en dei?

Det gjekk tilslutt rundt i det arme hovudet

hans, der det gjekk rundt fyrr ogso av so mange brostne voner og pengesuter; og daa tvilen ein gong var komen der, var han ikkje til aa verta kvitt. Han stod som ein styng nedfor brystet.

Det var endaa som han vart helden uppe paa ein maate, so lenge det var uppstyr i bygdi yver aatferdi hans og namnet hans var paa alle tungor. Men daa det heile stilna av att og han gjekk der som ein vanvyrd politisk fallittspelar, tok det han, so han vart beintfram sjuk. Han orka berre sovidt aa halda ut timarne paa skulen. Elles heldt han seg heime, sturen og folkesky. Daa veljarfolket rusla paa heimveg att i dag, var han gjengen inn for aa ikkje verta sedd av nokon.

14.

Vinter att. Skulestræv um dagarne, modløysa um kveldarne. Med skulearbeidet var han etterkvart komen litt betre til rette att. Men alt det andre, trui paa seg sjølv og draumarne, var og vart margstolne, kor mykje han hadde stræva med aa faa liv i dei att. Og for slike grillor hadde han gjenge her og stræva mest livet av seg og stengt alle utvegjer for seg i dei beste aari! Det var som han var vorten mange aar eldre paa denne eine vinteren. Han saag snautt i bladi lenger og orka ikkje aa snakka politik,

endaa um han trefte folk, som stod utanfor bygdestriden.

Ein skulde arbeida etter evne for dei store tankarne og det mannjamne beste, um ein ikkje uppnaadde nokon ting for seg sjølv *og* . . det var nok so; herregud ein skulde; ja. Men . . I grunnen maatte han grina aat den gamle sjølvdaaringi si.

Hadde han nokon gong lagt tvo straa i kross for »folket«, naar det ikkje var med baktanken um aa arbeida fram den storthingsmannen han bar i magen? Andre kunde kanskje arbeida utan den drivkrafti; det visste han ikkje — endaa han med Gud og æra ikkje hadde set mykje av den sorten, han for sin part. Men det visste han altfor væl, at *han* magta det ikkje.

Og *han* hadde trutt seg rette mannen til aa revsa sjølvnyttepolitik og dei deler!! Hm, hm. Stundom kunde det vera bra, at ein ikkje hadde noko vidkjent namn og; so kom ein daa i minsto ikkje i »Vikingen«.

Det var tilslutt berre *ei* trufast sjæl, som ikkje svigta han og enno trudde paa han i denne vonde tidi: Laura.

Det var tungt for henne, stakkar, daa han kom so syrgjeleg paa kant med all bygdi, attaat næringssuterne. Og endaa verre, daa han tilslutt ikkje lenger kunde løyna for henne si mistru til »kallet« sit. Det var uraad aa tia um det i

lengdi, og han *trong* so væl aa faa letta seg med aa tala ut til henne.

Men herregud, meinte ho: det var for det fyrste slett ikkje sagt, at det var so ille som han i sit mismod saag det. Og for det andre, so hadde han daa sit »kall« i skulen enno. Det kunde enno verta bra, naar han ein gong fekk seg ein betre post.

Betre post, ja! det var berre det litle spursmaalet, kvaslags betre post han kunde venta seg no, so grundigt som han hadde øydelagt det for seg paa alle kanter. Noko prestevitnemaal var nok ikkje nettupp av dei ting han fekk aa briska seg med etter denne dag; og prestarne var nok ikkje so aa skjemta med her helder, naar alt kom til alt. Det var vel ikkje for inkje, at dei hadde nasa upp den soga alt nordanfraa fiskebygdi; det var vel ogso eit spursmaal, um stormengdi av dei lærarar og klokkarar, som hadde vore so modige uti politiken uppetter bygdarne, ikkje hadde venta klokeleg med det, til dei sat i ein god post med alderstillegg og greior.

Han tok likevel til aa søkja med von mot von. Um han so berre fekk ein skarvepost som denne, so var det altid likare en her. Her var den verste plassen han kunde vera.

Han undra seg ikkje det minste, daa søknadarne kom tome attende gong paa gong. Men ein dag frampaa vaaren fekk han noko aa

forbina seg yver likevel: han hadde — reint ut sagt — *fenge* ein post nedi ein av smaabyarne; ein post som endaatil var ein grand betre en denne. Men gaata fekk snart si løysing. Ho Laura kunde ikkje dy seg, ho. Aa Laura, Laura! Ho hadde ein god dag vore paa vitjing burte hjaa prestefrua. Og prestefrua var eit snildt menneske, daa ho fekk innsyn i, korleis til-stod. Ho hadde i løyndom og skjol lova aa tala litt med han far sjølv i stova. Og presten . . Ja bakum alle embættsmanshylster sat der nok tilslutt ein snild mann og. Det var ikkje radt uraad, at han kunde ha skrive eit elder anna nedyver til smaabyen . .

Ho skulde berre ha prøvt seg med slike krokspel med presteskapen fyrr ho! Hm . .! Men no var tidi altso soleis, at han baade fekk finna seg i det og seia takk og pris attaat, naar folk hadde medkjensla. Ja, dertil var det altso kome: ein hadde medkjensla. Med honom, den store politikeren! Hm. Og naar mannfolki laup seg fast, so var det tilslutt kvinnfolki aa lita paa. Som han sagde profeten Esaias i kapitel . . Naa, han hugsa paa augneblinken ikkje so skile, kva kapitel det var i, elder kva han sagde, profeten Esaias. Um han i det heile hadde sagt nokon skapte tingen med tilføre av denne saki — profeten. Han hugsa ikkje eingong det . .

15.

Ein dag frampaa vaaren rulla eit flyttelass nedetter vegen fraa bygdi og ein huslyd i ei kjerra bakanfor; — Storevik med alt sit pjank. Fin og brei laag bygdi der i solskin bak han; han laut snu seg paa sætet og sjaa. Vaaren ljosna paa eng og aaker att. Barskogen stod frisk og fin uppetter alle aasarne. Husi kringum paa gardarne stod der so kvitmaala og trygge med smaa husmansstovor og arbeidsfolksheim imillom. Soleis vart det altso han skulde skiljast fraa denne bygdi, der han ein gong —. Det vilde fylla seg til i halsen paa han; men tanken paa, kor faa det var som vilde sakna han, døyvde det svint ned att. Dei einaste kunde vera skuleborni; dei var glade i han trass i alt og gret ved skilnaden. Elles hadde bygdi nok med seg sjølv, ho — og med bygdestriden sin. Ja — for med *den* var det no loga fullt upp att. Det var banken som var i faare no att — i fæl faare og. Det var berre det skilet, at dei stridande hadde skift plass no. Det var høgre-folki som hadde uppdaga faararne no, sidan vinstre var vorte eineraadugt yver banken. Der vart kviskra dei mest uhuglege ting. Sume av bankstyrararne skulde vera heilt »usolide« folk; dei hjelpte sine eigne, so det grensa til skamløysa,

og yverskotet var so reint *forunderleg* lite no um aari. Det var difor ei vælferdssak, ikkje aa seia ei livssak, for bygdi, at paalitande folk kunde faa reinska upp i svindelen.

Og slikt skamlegt vaas og tøys kunde dei tru um einannan og slaast for! Kvar vart det av alle misbruki, som maatte rettast paa, sist dei byttest um herredomen? Elder kanskje dei i røyndi slett ikkje trudde noko paa skuldingarne nokon av parterne . . berre brukte det til aa øsa upp mengdi med, so dei sjølve kunde koma ovanpaa att? Kanskje *han* var den einaste av »førarane«, som hadde teke det for rame aalvoret og trutt, at det *var* ei livssak?

Aa heilage simplisitas. Det vanta berre, at han med skriveriet sit um banken skulde ha fenge seg ei æreskjemdarsak paa halsen og; det vanta!

Men folket, som alle parter sagde seg aa vera talsmenn for og stræva til beste for — dette same »folket«, som han sjølv altid hadde rekna so paa i alle draumarne sine — folkemengdi av smaabønder, husmenn, arbeidsfolk, tenestfolk — kvar var *det* i alt dette braaket?

Folket? . . aa Gud betre det, »folket«. Nordi fiskebygdarne fylgde det presten og lækpreikararne og kalla det den sanne tru. Her fylgde det likso blindt bygdekultarne og kalla det paa den eine sida »opretholdelse af samfundsordenen«, paa den andre sida »framstig«.

Kva som til sjuande og sist var best . .; Vaarherre fekk helst ta seg ei stund og grunna paa det.

Aa nei, mykje vatn fekk nok renna til havs enno, fyrr »folket« fekk nokon vilje, som var til aa byggja paa, og folket sit »væl« for rame aalvoret vart det einaste store maalet i politiken. Kanskje det ikkje vart fyrr med socialismen og anarkismen?

Elder kanskje alt det braaket som kalla seg framstigspolitik utyver bygdarne, likevel *var* det som skulde føra framyver, berre at *han* hadde tulla seg burt i alt det smaa og stakkarslege og vore for einsynt til aa kunna skilja gullet fraa skrotet?

Nei han visste det ikkje. Han visste i det heile ingenting. Og han var helder ikkje i lag til aa grunna yver tingen. Han fekk berre sjaa til aa halda seg burte fraa elden med kona og born no etterkvart og lata dei andre strida. Av skade maatte ein politiker ogso verta vis eingong . . vel?

16.

Heile ni-ti aar gjengne, og enno gjekk han her i smaabyen. Han hadde aldri søkt seg nokon annan stad av. Han var grundig lækt for all tru paa slumpelukka. Ei langt rimelegare framtidsvon var det, at han med tidi og med trottugt arbeid kunde stiga uppetter til betre

løningsgrader i folkeskulen her paa plassen. Ikkje so faa av lærararne var gamle kallar, som ikkje kunde hanga i so fælt lenge.

Langt um lenge var denne voni byrja aa gaa i uppfylling, og han tok desutan til aa faa alderstillegg no.

Ja, men paa same tid var huslyden og voksen; borni var no fem. Og seminarskuldi og bankskuldi hadde trufast fylgt han med rentekravi sine. Det var ikkje fyrr no heilt nyleg han hadde magta aa klara dei fraa seg. Korleis det var elder ikkje, so hadde han enno stødt og stendugt havt liksom so fullt nok med seg. Dertil hadde han den litt »tvilsame« fortidi si aa draska paa, so han altid maatte passa liksom betre paa seg en andre og hadde liksom so seigt for aa koma fram. Stutt aa seia: han var aldri vorte anna en den Storevik, som for upp som ei løva og ned att som ein skinnfeld. Med tvo ord: skulemeistar Storevik . .

17.

. . Skulemeistar Storevik laag paa sofaen i det litle romet sit og stirde uppunder loftet, tankefull og still, medan klokkevisaren hadde gjort mest ein heil rundgang. Han tok etter brevet frampaa stolen att, men opna det ikkje. Han visste, kva der stod — den gamle kallen derburte paa Fosse var altso slokna no. Og

maagen sat att som ein rik mann paa den vene garden innunder fjelli . .

Fjorden nedanfor; vene grøne engjer og aakrar millom smaahaugarne; bjørkelidar rundt ikring og uppetter alle fjellsidorne; eit herresæte i det smaa . .

Vaar der ogso no; sol og vaar uppi lidar og raaser og urer; grønt under ufserne og i alle bakkarne; heggen hev alt lauva seg og stend snart drysande kvit av blom; sauerne med kaate smaa lam fer uppetter bakkarne; vaarluft og vaarange yver alt — vaarange og sus av elvi, som fossar skomande kvit nedetter juvet fraa snøheidi, »Fosse«-elvi . .; han *saag* det altsaman so væl . .

Tenk um no helder *han* hadde teke henne Guri, likevel, og ikkje vorte hugteken i . . og ikkje vasa seg upp i alt dette andre; sote der no som ein vælstandskakse i staden for aa gaa her som ein forturka skulelærar . .! Og kanskje daa som ein av dei mest upplyste heidersmenn i fjordarne endaatil ha *tagt* seg fram i ro og mak til det store maalet han so vonlaust hadde sparka for elles: aa koma paa storthinget? Slikt hende so ofta . .

Han laag og tenkte, tenkte. Soleis var det aa gifta seg av kjærleik . .

Kjærleik . .? Ja — kvar var det i grunnen vorte av *den* og no? . . Kven var det som i denne dag, for berre ein time elder tvo sidan . .?

»knurrepotta«, »egoist«, »surmule« — sinne og tuting. Og det berre for . .; berre for . . *Kva for?* For skillingarne til . .!

Han reiste seg svint upp og tok til aa driva att, kjende seg med eit so underleg. *Var* det kome so vidt, det og . .? Laura som han hadde halde so av; Laura som hadde delt so taalmodug og trufast all motgang med han; Laura som kanskje hadde drøymt um aa faa ein liten prins, etter alle dei store ordi og planarne han for med, og so berre fekk ein kvardags-Endre.

Den underlege kjensla vart til skamkjensla, ei tung, klam skamkjensla, som drog seg yver heile kroppen. Han hadde hug til aa springa ut til henne, men orka ikkje det helder; der var noko tungt, som heldt attende. — —

. . »Eg vilde berre faa eit av dei nye bladi og sjaa i bladkjellaren, medan barnet søv . .« Det var Laura som hadde opna døri mest ljodlaust og glytte inn. Ho var enno liksom litt raud i augo.

Ho fekk eit av bladi, men vart standande enno ein augneblink — som ho vilde seia noko, men ikkje rett fekk det fram.

Han stod eit bil paa same vis; men so kunde han ikkje bera det lenger; han gjekk burt og drog henne inn til seg.

»Eg hev tenkt betre paa det; . . du fær sjølvsagt dei pengarne du tala um,« sa han;

han var ustø i mælet, endaa han stræva med aa vera roleg.

»Nei nei . . eg hev ogso tenkt betre paa det. Eg greier meg nok; du treng dei betre,« kviskra ho . . graaten losna att.

Han vart standande reint raadlaus og berre tyssa paa henne. Uff, uff, kvar for han i grunnen med alt sit misnøgje og knurreriet sit? Um draumar var brostne og arbeidet stundom fall slitande, so hadde han enno, etter alt, henne og ein lukkeleg heim med veksande born. Ho var *enno* altid den same gode, hjartevarme kvinna som ho støtt hadde vore, um ungdomen var avblømd hjaa henne som hjaa han no. Nokor skikkeleg lukka hadde han nok aldri funne med nokor onnor likevel.

Dei vart standande hand i hand, men kom seg ikkje til aa seia meir nokon av dei etter det fyrste utbrotet. Det var so underlegt: dei var i grunnen meir bljuge for aa tala ope med einannan no, etter alle desse aars kvardagsliv saman, en i dei fyrste møti paa steinbenken bakum syrinbuskarne heime i klokkaren sin hage.

Mans-emne.

(Eit nytt stykke av Herman Pedersens dagbøker).

Eg hadde vore lærar langt inni fjordarne i ikkje so faa aar no, og var tilslutt vorten lei av aa sitja der dag ut og dag inn i den einsame kroi mi. Eg laut ta meg ei ferd til byen for aa raaka att gamle kjenningar og faa røda um gamalt og nytt. Nokre av dei var vortne gifte og væl paa det turre komne i dei tvotri aari sidan eg saag dei sist, og det skulde ikkje vera det minst morosame aa faa sjaa dei gamle vill-styringarne att som husfedrar og læra aa kjenna dei utvalde livsfylgjar-»innorne« deira. Eg hadde nok vore bedd baade til brudlaups og til vitjings hjaa eit par av dei; men det hadde ikkje høvt seg so væl, at eg hadde kunne koma der fyrr no.

Eg var komen til byen frampaa ettermiddagen. Nokre timar etter var eg alt ferdig med alle smaakjøpi mine og gjekk og grunna paa, kven av kjenningarne mine eg skulde gaa til fyrst no i kveld. Det vilde med andre ord

seia, kven det kunde vera største hugnaden aa koma til.

Ein av dei var vorten kjøpmann og dreiv det rett godt etter som eg hadde høyrt; eit par var lærarar, ein var kontorkår — gifte alle no. Det gjekk den vegen med nokokvar.

Jau eg fekk gaa til kjøpmannen. Noko svert djupt hovud var han ikkje, han Hjalmar Hansen, sant nok; men han hadde so mange andre gode sidor, som vog fullt upp mot det. Han hadde lese noko av kvart slag og kunde røda med um mest kva det var — fraa Nansens Nordpolsferd til verjetoll paa flesk og Krags symbolisme. Og han rødde ikkje av plikt um alt dette, som so mange av os andre. Han rødde avdi han hadde samhug for det; — aldri hev eg kjent mann med so mange hugmaal.

Og ikkje minder gild var han, naar me kom innpaa um gamle dagar, daa me gjekk saman paa skulen i H. Han hugsa allslags og visste aa finna det løgne ut av alt. Sist me raakadst — eit bil fyrr han vart gift — hadde me havt ein rein festkveld paa drykk og idear uppe paa det vesle ungkarsromet hans.

Han hadde vel altid lote slaa seg meir paa det sindige no, fulla; men rett djupt kunde det ikkje stikka enno, spaadde eg.

Han hadde bytt plass no og budde i ei av dei finare gatorne langt uppe i byen. Kosta aa vera kar og gifta seg, sa'n.

Eg ringde paa; ei gjenta kom og opna og synte meg inn, og ein augneblink etter stod eg inni ei liti ljos daglegstova.

Hansen sat makleg i ein voggestol og les i eit blad, og burtved bordet sat ei ung kvinna og stelte med eit handarbeid — kona kunde eg skyna.

»Nei men trur eg ikkje det er du, Herman!«

Hansen hivde bladet langt fraa seg og kom og trykte meg i handi. Synte meg so byrg og smilande fram for kona, som baud meg vælkomen likso hjartelegt.

»Tenk skal me faa sjaa ein slik kjenning i kveld!« ropte han, og skulde ein nokon gong vera trygg for, at ordi ikkje var brukte til aa løyna meiningi, so var det her. Dei ærlege augo hans lyste.

Eit bil etter var me komne til aa sitja krig bordet alle tri med ei flaska vin og glas framfor os. »Me lyt drikka ei skaal for ein so sjeldan gjest,« sa han og lo.

Nei eg hadde ikkje teke imist av Hjalmar Hansen! Han var den same gamle. Me var snart komne upp i aa røda um alt og inkjevetta og læ aat alt og inkjevetta.

Og slik ei kona han hadde fenge seg! Ven laut ein kalla henne, utan ein var fælt kravfull, og so husleg og grei og vitug. Det var snart som eg skulde vera likso gamalt kjend med henne som med han. Sjaa meg paa den kaksen

til aa ha lukka med seg i dette og. Og same hyggen som det stod av henne, stod det av heile romet. Lite, men so nauende vent og so vælskipa alt. Varmt og koselegt . . jamn trygg vælstand; hm.

Hadde eg nokon gong havt mistru til hushugnad og dei ting, so var det her blese burt som dogg for sol, og eg kunde ikkje anna en tenkja paa ei graakald sveinkallstova til samanlikning — ein tanke som just ikkje var til aa verta uppbygd av.

Nei men no maatte eg ikkje vera dum og tenkja paa anna en hugnad i kveld. Hugnaden live. Me hadde alt tømt det fyrste glaset, og eg gledde meg til ein morokveld til klokka 11—12.

Daa vart samrøda vaar med eit avbroti av eit sterkt, kvast skrik fraa romet innanfor.

»Aa du . . er han vakna!« ropte kona.

»Er ikkje gjenta der?« ropte Hansen.

»Ho er visst uti kjøken!« sa ho og upp for dei og ut aat kammerset baae tvo paa ein gong.

Eg hadde alt lenge skyna, baade av løynske minor burt mot den døri og av andre smaating, at der munde løynast noko rart der, og no fekk eg vissa.

Som ei dronning kom den unge kona att med ein liten, ikring halvtanna aar gamal, gutunge paa armarne, og faren var med og heldt han i eine foten som for aa ha part i han, han og.

»Nei so du hev sove no, vesle Sigurd?« kjæte ho og lutte seg ned og kyste han.

»Jauvisst hev han sove seg frisk og sterk no . . Skal du so ikkje helsa paa den framande mannen, Sigurd?« ropte papa og lurde seg til aa kyssa den vesle paa kinni, liksom det galdt aa ha halve retten i han i det med.

Me vart med stor høgtid »præsenterte« for einannan, vesle Sigurd og eg, og eg trykte læande vesle handi hans.

»Men *er* han ikkje søt no han hev sove?« spurde mori straalande.

Jau skam den som sagde anna. Rund og frisk og raud i kinnarne, so det lyste. Klaare, blanke augo, krulla haar, klædd i kvitt og raudt reint som ein liten eventyrprins. Eg var reint hugteken i han med ein gong. Eg laut faa han i armarne og lyfta og føykja han; og hadde dei fenge so ærlege vitnemaal fraa alle um søtleiken hans, so hadde dei ikkje havt mykje aa klaga i so maate.

Men det var ikkje berre til aa sjaa paa han var rar, vesle pusen, skyna eg snart.

»Sjaa her . . han *kan* gaa og,« sa mori storsmilande og sette han ned paa golvet. Han stod fyrst still som ein stovestabbe eit langt bil; tok so endeleg til aa ega seg burtetter golvet med stig som ein tordyvel. Daa han paa denne vis tilslutt var komen heilt burt aat bordet,

kunde foreldri ikkje halda seg: dei sette i aa læ høgt av undring.

»Men kan du ikkje tala og, Sigurd? Du hev enno ikkje *sagt* goddag til framandtal,« sa faren.

Sigurd glaama paa os med store, blanke augo, men tagde som muren.

»Aa kanskje han ikkje er i lag til aa svalla no nettupp . . Sigurd er kar som kan ha sin eigen vilje og, det!« let faren byrg. Men ein maatte berre ikkje for det tru . . !

»Nei men du skulde berre ha *høyrt* han i gaar!« ropte mama, og det synte seg aa vera heilt utruleg mykje, daa ho skulde herma ordi hans upp att.

»Ja og so den gongen du veit, daa eg kom inn med Olsen!« sa papa; so reint stutt var det ikkje aa fortelja det helder — den gongen med Olsen.

»Ja og den kvelden, du . .« Det var mama som laut faa ordet att.

Stutt aa seia: det kom for ein dag, at det fraa den vesle munnen var falne ikkje berre mange ord, men ord som berre vrange folk kunde negta aa kalla djupe ord og. Dei hugsa ikkje paa langt nær alle, som rimelegt var, naar dei var so mange.

Daa denne framsyningi av den vesle hadde vart — lat meg seia upp imot ein halv time, hugsa papa endeleg paa, at me hadde vinglas

paa bordet. Han og eg sette os att, medan kona sette seg til aa smaastulla med den vesle burti putebenken.

Hansen freista aa finna att traaden i det me rødde um sist, og eg hjelpte til; det var som vanlegt eit elder anna spursmaalet me var komne inn paa. Men fyrr eg visste ordet av, stansa han upp midt i eit ord att og gjorde teikn og underlege gjerningar til meg med neven.

Kva . .? aa veslegut att. Han var komen til aa staa i putebenken no, og ut av den vesle munnen strøymde det ord, som lyddest paalag so: »Babb, ba ba ba . . ma!«

»Høyr!« ropte papa og slog smilande ihop henderne. »Var det ikkje det eg visste, Sigurd, at du kunde svalla i kveld og!«

»Han vil vel seia, at me skal høyra paa *han* eit bil no,« meinte mama.

»Ja lat os høyra daa!« — papa var som ein hallingmann burt og sette seg med berreøyra paa den eine sida av han; mama likso forviti paa hi. Etter ei lang glaning med tvo blanke augo kom det endeleg nokre nye visdoms-ba ba att. Foreldri var i same blinken visse paa, at det sagde so mykje som: »Vælkomen til papa og mama,« og naar so gildt var, maatte eg sjølvsagt burt og bukka og takka den vesle so mange gonger for godt ynskje.

Han hadde ikkje nettupp meir aa seia os denne gongen, og eg var ikkje vond paa han

for det. For skulde det merkjelege ved han verta altfor mykje meir enno paa ein gong, so var det ikkje til aa full-lita paa, kor lenge eg kunde smila so forbina til alt som eg med retten burde. Ein sveinkall *er* ein sveinkall og kan koma i skade for so mangt.

Me sette os altso burt paa plasserne vaare att og saup litt til glasi. Men denne gongen fekk samrøda vaar ei enno svintare endelykt. For best som det var kom det burtanfraa pute-benken ein ljod, som likna paa ei fuglepipting; — det synte seg aa vera vesle Sigurd som song. Og daa me ein gong var komne inn paa den bolken um song, so tok det tid. For han *kunde* syngja, vesle Sigurd. Var det noko han hadde *sers* givnad til, so var det song, meinte faren. Han kunde alt syngja baade »Sønner af Norge« og »Blandt alle lande«, so ein godt kunde skyna det; han hadde lært det av gjenta, som song so mykje. Han var jamvæl burtpaa »Ja vi elsker«. »Er det ikkje sant, Sigurd?«

Jau, Sigurd var nok komen rektig i godlaget no. Han let os trast faa høyra den ljoden, som etter samrøystug dom fraa baae foreldri *var* »Sønner af Norge« og den som var »Blandt alle lande«. Og visst ikkje mange kunstmenn hev fenge so vælmeinte handklapp etterpaa.

»Det er i det heile mykje med smaaborn,« let Hansen. »Ein gjev aldri rett gaum paa dei, fyrr ein sjølv vert far elder mor. Det er utrulegt

alt det der kan bu i dei.« I minsto hadde *han* gjort den røynsla, endaa han turde seia med sanning, at han ikkje var so dum, at han gjorde noko sers ut av barnet, avdi det var hans eige.

Eg kunde sjølvsagt ikkje seia noko imot alt dette, eg helder. Eg freista i det heile ikkje lenger aa faa i gang nokor onnor samrøda. Eg gav meg heilt yver, til vesleprins paa eikor vis kunde koma inn i barnekammerset att.

Daa songen var slutt, laut papa til aa leika med han for aa halda han i ande. Kona fekk dermed tid og tilføre til aa fortelja meg litt meir um hans daglege liv og livemaate, og det var ikkje smaating der var aa seia um det helder. Visst er det, at det varde, til gjenta kom inn fraa kjøken og tok til aa bera paa bordet.

Me var svoltne, og maten var framifraa. Det var ikkje the og stasmat. Dei hadde koka god, traust graut og stelt til heilt som til eit gjestebod for mi skuld, saag det ut til.

Vesle Sigurd var med til bords med sin eigen vesle grautetalerk og serviet og greior, han og, ved sida av mama. Ho mata han og det gjekk heilt godt eit bil. Men best som det var kom det eit høgt kvin fraa vesle Sigurd. Eg stirde paa foreldri, uviss um eg skulde ta det for eit nytt vers — eit bordvers t. d. — elder ikkje. Men denne gongen var det nok ikkje vers lell, og eg fekk snart ei løysing paa

det: den vesle var av ein elder annan grunn vorten misnøgd med den fine postelinstalerken sin. Han hadde skubba 'n fraa seg og retta handi etter mama sin talerk. Og naar han kravde paa ein so ljodberr maate, var det ikkje onnor raad, en at han laut faa 'n.

Han gjorde strakst prøve paa grauten paa den maaten, at han kramsa nedi 'n med fingrarne og klinte seg dugeleg til um munnen etterpaa — til stort moro for papa og meg med. Han var daa ein skjemtegauk, lell. Men maten fann nok ikkje naade for hans augo. Han skuva 'n beint fraa seg att og retta ut handi med eit nytt kvin: det galdt denne gongen faren sin graut.

Mori freista denne gongen aa motmæla litt; men eit par nye kvin etter takten »Sønner af Norge« lærde os trast, at naar vesle Sigurd vilde noko, so vilde han det, det var ikkje meir rødandes um det. Han maatte altso faa faren sin graut ogso til prøve. Mama freista med det same aa ta att sin eigen grautetalerk; men ei røyst etter tonen »Blandt alle lande i øst og vest« fekk henne trast til aa lata vera med slikt langfingreri.

Han sette den nye fengdi si ved sida av den fyrste og smilte vælnøgd. Og so — ja eg for min part var alt budd paa det: so retta han handi etter grauten min ogso med ein so høg tone, at han for den saks skuld jamvæl kunde ha vore inne paa »Ja vi elsker«.

»Nei men *kjære deg* daa, Sigurd . . ikkje den framande sin, nei, nei, nei!« bad mama.

»Et no det du hev no, Sigurdmann — skal tru du ikkje skulde faa metten av det!« meinte papa skjemtande.

Men den vesle meinte kjære meg her og kjære meg der, han, og vilde eg faa ein ende paa songen, maatte eg takka til, at eg fekk gjera han til viljar.

Litt løgje var det no altid dette: den vesle med fire fat framfor seg, medan me tri vaksne sat der med lang nos og inkje. Men herregud, noko anna en løgje var det daa ikkje helder. Mama lo, papa lo, og eg lo med — tri mann lo. Og han vart nok snart snild att og let os faa att maten, meinte mama.

»Sjølvsagt vert han snart det . . naar pokker er Sigurd ikkje snild mot mama og papa og framandmann?« spurde papa.

Me laut altso til aa venta med litegrand taalmod og kom ein augneblink til aa sjaa paa eitkvart anna. Men ein hard smell mot golvet fekk os svint til aa gjeva gaum paa vesle Sigurd att; — han hadde sent mama sin grautetalerk mot golvet, so han laag der i stykkevis!

»Nei men Sigurd daa . . Sigurd!«

Mama og papa for upp, so dei var um aa riva eitkvart av bordet, dei med. Dei laut ropa paa gjenta, og mama sjølv lagde seg paa kne paa golvet og hjelpte til med aa sopa saman

grauten og broti. Men fyrr ho var halvferdig — — visste me ikkje ordet av, fyrr den skjemtegauken den Sigurden hadde trive ei av mjølkeskaalerne ogso og skjussa beint ned i nakken paa mori, so det sila ned med hals og rygg paa henne.

Nei no gjekk det for vidt!

»Me fær ta og dengja deg no, Sigurd, so mykje du veit det,« sa papa. Til dette sagde mama ingenting; ho berre grov seg upp og turka av seg best ho kunde. Men den som svara var Sigurd. Han skyna nok, at faren sit mæle var litt kvassare en vanlegt denne gongen og sette i ein kvin-graat, som sette baade »Ja vi elsker« og alt hitt heilt i skugge.

»Nei men Hjalmar daa . . *skræmer* du han!« ropte mama mest vond og utan aa ansa meir paa det ho hadde fenge ned med ryggen.

»Hyss daa Sigurd! Sigurd! Det var ikkje deg; det var mama me skulde dengja!« ropte papa forpusta og lyfte den vesle høgt paa armarne.

»Æ . . æ . . hæ!« belja Sigurd og sparka og spente.

»Aa men Sigurd, Sigurd min, du skal faa noko fint du!«

»Sigurd, Sigurd, du er gullabarnet mit du! Hyss lulla, lulla lulla!«

Daa dette ropet fraa den djupaste bas til den mest forskræmde diskant hadde vart i minst ti minutter, var det endeleg som beljingi stagga

litt att. Men til bords vilde ikkje den vesle no lenger.

»Me fær bera han ut aat kammerset og faa dadda til aa sjaa til han . . han er visst trøytt,« meinte papa, og mama hadde same meiningi.

Eit bil etter var dette endeleg vorte fullført, og me andre var komne til bords att, skjemtande yver det vesle avbrôtet. Men kor lenge var Ad . . Fyrr me visste ordet av, lyddest det eit hardt dunk mot kammersdøri og eit kvin . . vesleprins lika seg nok ikkje i fangenskap.

»Nei no fær det ikkje hjelpa; no *skal* han vera der han er, so me kan faa matfred,« sa faren morsk, og mori heldt med.

»Ein skal ikkje sleppa borni yver seg helder,« sa ho — ei grunnsetning som han paa si sida var fullt med paa att.

Men i næste blinken kom der eit, tvo, tri dunk til med kvin attaat av dubbel styrke — — upp spratt papa, upp spratt mama og kapp-sprang burt aat døri for aa opna. Hjarta maatte ikkje den *ha*, som kunde høyra paa slikt lenger. Inn steig veslegut eldraud av sinne, og eg for min part var alt budd paa nye grautetalerks-offer. Men denne gongen skulde me sleppa for det, likevel. Han vilde ikkje til bords no helder. Han let seg lyfta upp i pute-benken. Og der vart han sitjande still og berre glante med store augo, so Hansen og fru Hansen snupt maatte

klappa i henderne av undring yver, kor snild han var vorten. Me fekk eta os ferdige i full fred og ro.

Men daa det var gjort, synte det seg ogso, at me hadde gjort fullt væl i aa nøyta denne stundi so godt. For i same blinken som me reiste os, kom der ein duns som av ei klubba mot ein saueskolt burtanfraa pute-benken att; vesle-prins hadde — Vaarherre utgranske paa kva maate — mist jamvigti og laag so lang han var paa golvet . . hæ . . æ . . mæ!

Kor lenge uppstandelsen varde denne gongen, veit eg ikkje for visst. Men minder en tjuge minutter kan eg aldri tru det var, endaa der ikkje var sjaaandes likt til korkje flekk elder kull paa den runde skallen hans. Men daa denne stormen ogso endeleg tok til aa stilna, var det alt heilt ute med elskhugen min til vesle søte, rare Sigurd, og ein innvertes hite gjorde meg snartenkt. Eg saag paa klokka og let ille for, at eg laut nok alt gaa. Eg hadde desverre noko brevskriving, som eg plent maatte faa fraa meg i kveld.

Dei var reint uppi under yver dette hastverket; men naar det var meg so plent um aa gjera, so var det ingi raad med det.

»Men so fær du lova aa koma att til middags i morgon daa, so me kan faa snakkast betre,« sa Hansen venskapelegt.

»Du ma sagta koma! Me ventar deg

altso . . seier ikkje Sigurd og det?« spurde mama.

Fraa Sigurd som var helder surmulen enno, kom det berre eit par halsljod midt millom tudsekvekkjing og »Blandt alle lande.« Men foreldri som var gløgge som telegrafistar i aa tyda dulde teikn, skyna trast, at det sagde so mykje som: »Vælkomen att, framand-papa!«

»Jau naar han og seier det, maa eg fulla koma!« smilte eg ljosast eg kunde og gjekk med mange handtrykk for i kveld.

* * *

Klokka var berre halv-ti, daa eg kom heim aat losementi mi; for tidlegt til aa leggja seg og for seint til aa gaa nokon annan stad. Ein rektig hugleg kveld! Eg gjekk berre og smaables av argskap, medan eg tenkte paa kor gildt eg no kunde ha havt det hjaa einkvar god kjenningen ein annan stad.

Kunde eg ikkje ha tenkt det og, styvingen eg var, at ein slik eldhugs-fabrikant maatte missa hovudet, naar han vart far til eit slikt meistarstykke som ein unge?

Men var eg dumpa so uheppe i det denne gongen, so hadde eg daa misæl lært til ein annan gong, eg. Eg fann ei bok til aa slita ut resten av kvelden med, og daa det leid til middags næste dagen, drog eg berre paa

aksli ein grand og gjorde meg ferdig til aa gaa ned paa ei matstova.

Daa banka det varleg paa døri til romet mit. Kva . . ? Nei, det var daa endaa bra, det var ikkje han Hjalmar. Det var skulelærar Larsen, ein annan gamal kjenning; . . glade handtrykk og takk for sist.

»Eg saag deg paa gata igaar og hev fenge spyrja upp, kvar du budde,« sa han; og no vilde han berre spyrja, um eg vilde vera med han heim til middags. Han var so heppen, at han hadde fri heile ettermiddagen i dag, so me kunde faa tid til aa talast skikkeleg eit bil.

Takk, takk . . Eg tok mot tilbodet utan aa senda ein tanke til det eg hadde fyrr.

Larsen var ogso gift for ikkje mange aari sidan. Han var vel altso vorten far han ogso no til ein elder fleire smaating. Men so mykje kjende eg daa gudskelov mannen, at eg visste, at eg ikkje kunde ha slikt aa ottast for der som hjaa Hansen.

Arnt Larsen var ein roleg aalvorsmann, som aldri for med krusedullar i utide. Av hugmaal hadde han faa; men so var dei so mykje meir trauste dei som var. Det var serleg riksstellet som var hans liv utanfor skulen, og me var ikkje komne lenger en ut paa gata, fyrr me var midt uppe i dagsens politik.

Eg kjende kona hans fraa fyrste sumaren dei var gifte, so det turvtest ingi namn-nemning

her; og med borni gjekk det likso svint, som eg vona. Dei hadde alt tvo, ein ørliten i vogga og ein liten ven tvoaars gut. Han kom smilande mot far sin og retta baae henderne mot han.

»Nei Torsteinmann, ikkje i dag her er framandmann,« sa faren og smaalo og gjekk framum han.

»Aa det er hatten han vil ha, den vesle . . Han hev altid til vis aa ta mot papa sin hatt og hengja'n burt paa knaggen der for han, og so nyttar han gjerne tilføret til aa gaa og vera kar med hatten sjølv og litt,« forklaara kona smilande.

No soleis; — eg var so stutt som raad var paa skapeleg vis for aa ikkje koma inn paa nokoslags kapitel-bolk, og ho hadde finkjensla nok til aa ikkje freista med meir paa den leid ho helder. Sjølvsagt vilde ikkje Larsen vita av slikt. Han fann sæte aat meg og sette seg sjølv med hatten paa for aa sleppa meir um den ting.

Dei budde ovende huglegt, dei og. Han var komen upp i bra løn no, og at kona hans var husleg og hæv visste eg alt fraa fyrr.

Me bytte berre eit par ord um vanlege ting og var so snart midt uppe i samrøda vaar um riksstell att, medan me venta paa maten. Det leid mot nye storthingsval for byen. Larsen var paa alle maatar misnøgd med dei menn, som byen hadde sent fyrr, og sette dei av utan

naade og bøn. Dei var ikkje betre verd. Og me heldt nettupp paa aa velja og vraka og setja inn nye — — hø hø . . u, hu! — eit utbrôt av hjartesaar yl-graat bakum Larsen fekk os alle til aa springa forskræmde upp.

Men fri os væl! Paa golvet laag vesle Torstein paa magen og spralla med alle fire, knika seg i augo og freista aa gjøyma hovudet bakum ein stol.

»Men kva *er* det daa, Torstein . . kjære deg Torstein!« ropte faren og mori forstøkte paa ein gong og lyfte han upp.

Torstein kunde paa eit heilt bil ikkje svara berre for yl og graat; men endeleg kom der saart og sangrande eit ord, som likna paa hatt.

Hatt . . ? Aa no skyna dei! Han maatte ha teke det ille upp, at han ikkje fekk papa sin hatt som vanleg, daa me kom.

»Du skal faa han ein annan gong, Torsteinmann, graat no ikkje for det!« trøysta faren; men Torsteinmann snudde seg berre fraa han, tok ein enno høgare tone med higstegraat, og hengde paa lipporne, so dei hang der som ein lang, sur tût. Og faren skyna meiningi altfor væl. Det var ingi vanleg furting dette. Det maatte vera av saara ærekjensla han gret, stakkar, sidan han ikkje fekk gjera væl og ta mot papa sin hatt, so den framande ogso fekk sjaa, kva han kunde. Og daa var det i grunnen papa si skuld altsaman, som ikkje hadde vit paa dette.

»Tatal Torsteinmann . . papa tygg, men skal aldri gjera det upp att!« ropte han, hyssa og hyssa og var heilt ille ved; den kaldtenkte, gløgge politikeren var med eit burte framfor dette heilage: Torsteinmans ærekjensla.

»Det er i det heile mykje meir en me varest, kor fine kjenslor slike smaa kan ha,« sa han, blinkande burt til meg; og med eit aalvor som det galdt sjølve spursmaalet um norskt utanriksstyre elder Norigs skamlege lydrikeplass paa brevet til agent Jesper Olsen i Mandal tok han til aa fortelja fleire prov paa dette fraa Torsteinmans framfarne liv — so Torstein sjølv høyrde paa det. Dette gav mama mod til aa fortelja litt um Torsteins gode sidor og dygder paa *andre* leider og — so den same Torsteinmann høyrde paa. Det var som dei baae maatte kappast i aa gjera godt att det djupe saaret dei hadde gjeve ærekjensla hans, stakkar, og eg maatte vera helder styven, um eg ikkje alt no hadde som eit fyresviv um, at han ikkje var dotten ned bakum ein kjelke han meir en Sigurd Hansen, med kjenningsnamnet Sigurdmann.

Torsteinmann var endeleg komen til aa stansa med graaten; men dugeleg sur og truten var han enno, og det var han etter me var komne aat middagsbordet og. Me maatte sjølvsagt alle tri gjera alt me kunde for aa faa den vesle herren i godlag att, og det saag eit

bil snupt ut til, at me skulde ha lukka med os og. Men korleis det var elder ikkje veit ikkje eg: best som det var hadde eitkvart saara vesleherren, so sorgi vart rivi upp att. Han hengde djupt, djupt paa lippetuten og braut ut i ein salt, taarerennande graat att.

Mama maatte hjelpa han fraa bordet og kolka med han alt ho vann, og daa det ikkje vilde hjelpa, laut papa og fram gong paa gong og høla for han. Han var visst ikkje halvmett enno, daa eg for eit langt bil sidan var fullferdig, og eg tvilar mykje paa, um han i det heile fekk eta seg meir en halvmett, arme politikeren.

Etter me var komne fraa bordet, fann han paa aa gjeva guten ein lommekniv, og det hjelpte for ein augneblink, so jamvæl millomrikslov-kommissionen heldt paa aa dukka upp i dagen att. Men so slepte Torstein kniven ned: æ mæ! Lipporne hang minst halvfemte grad ned paa den æresaara herren og saag ikkje ulikt ut til aa kunna setja syra paa jamvæl vintergamal mysa.

Men endeleg etter ein halv times skjekkjing og mæ-hæ-lîp var han papa so ovheppen, at han fann det forløysande ordet: han spurde um vesleherren ikkje vilde lata seg trøysta, naar han fekk seg ein liten ny hatt. Dette vekte litt liv i dei salt-sure augo. Men naar fekk han hatten? mulla han tjukt som ein steinulv. Han maatte ha 'n *snart* han.

Jau han skulde sagta faa han snart, naar det galdt aa sona so mykje!

Papa tok strakst paa seg for aa springa ned paa ei kraambud etter ein hatt, og eg gjekk med. »Der er altid betre von um, at det vert gjort godt av tvo en av ein,« lo eg best eg orka. Etter ei lang veljing og vraking nedpaa fyrste kraambudi, hadde me endeleg funne ein Torsteinmanshatt, som til naud kunde greia det. Men daa me skulde upp att, var eg so ovheppen, at eg trefte ein kjenning heimanfraa bygdi, som eg fekk hefta med. Eg fann i farten paa eitkvartslags vigtugt, som eg plent maatte tala med han um, og fylgde han nedetter gata eit stykke. Larsen som maatte skunda seg heim med hatten, vitta til meg, at eg maatte koma etter, so snart eg var ferdig. Eg vitta attende.

Men daa han væl var or syne, lo eg baade av argskap og av gleda yver det hepne høvet. Dei fekk tru, kva dei vilde: eg for min part hadde fenge so fullnok av ærekjensla hjaa born for denne gongen, at eg turvte ikkje meir frametter heile ettermiddagen. Var det som utgjort og dækelen i det, at eg plent skulde koma upp i sovore? So skulde daa han sjølv gaa paa vitjing og ikkje eg. Eg laut inn ein stad og faa meg ein styrkedrykk til aa svelja argskapen med og gjekk so beint nedetter byen.

* * *

Eg hadde enno tvo dagar att aa vera i byen, og dagen etter passa eg meg væl for alle tankelause vitjingar.

Siste dagen — det var sundag — byrja paa same vis; men frampaa ettermiddagen . .; aa lova aa halda seg fraa noko er eit; aa halda det er noko anna.

Best som eg gjekk i gata høvde eg enno ein gamal kjenning, som etter helsing og takk for sist bad meg med heim. Eg kunde vel altid drikka ein kopp kaffi og sjaa korleis han budde, sa han.

Eg visste, at han var gift for ikkje so mange aari sidan, han og, og hadde minst *ein* unge; so der var vel eitkvart aa venta der med, sosant eg ikkje var heilt utan spaadoms gaavor. Men det var ingi raad med det. Det var ein ven dette som eg for skam skuld ikkje *kunde* seia nei til, naar eg ikkje hadde noko sers aa skulda paa. Eg fekk altso finna meg i min lagnad med taalmod eit bil.

Men lagnaden kan vera løgjen han, stundom. Just her, der eg var budd paa nokokvartslag, synte det seg trast, at det var ingenting aa vera budd paa.

Frua var elskverdug og barnet ikkje minder; — dei hadde berre eit enno: ein gjentunge paa tvo-tri aar. Eg fekk vita namnet hennar med det same eg kom; ho smilte med ein liten søt barnesmil og gjorde ein liten kniks; so var det

ikkje fleire trolldoms kunster med henne. Ho sette seg bljug og still paa ein ørliten skammel, medan me vaksne sette os til aa røda. Daa faren og eg etter kaffien skulde inn i eit anna rom og røykja, fann ho ein fyrdaase og flidde os med ein ny liten søt kniks. Og daa me kom att, sat ho paa ein stol ved bordet som ei vaksi frøken, blædde aalvorsfull i ei liti bilætbok og spurde av og til med klok umtanke, kva det var.

Gudskelov, det fanst daa forstandige foreldre og snilde born i byen og. Det var so yver alt eg hadde venta, at eg var reint takksam mot den vesle frøkena og totte eg laut syna henne takksemdi mi og. Eg gjekk burt og kika ned i bilætboki hennar, strauk med handi yver det gule krullhaaret hennar og spurde kor gamal ho var. Ho smilte raudnande og kunde seia det.

»Ikkje eldre, og likevel so vitug og hæv!« sa eg med ærleg yvervitning.

Daa sette baade faren og mori i aa læ paa ein gong.

»So du tykkjer det, du og?« sa mori med lysande augo.

Ja . . eg maatte vel . .

»Ja ein skal ikkje gjera *stas* av sine eigne born, eg veit det,« sa ho og lo ein gong til. Men so mykje kunde ho seia likevel, at eg ikkje nettupp var *den fyrste* som hadde gaatt, at vesle Gerda etter sin alder . . Det var soleis ikkje

lenger sidan en igaar, at prestefrua, fru Meiermann, som var innum, sagde . .

Eg sat berre og drog etter pusten, heitnande innvertes. Dei hadde kanskje tagt so fint um gjentungen sin berre avdi dei vilde, at *eg sjølv* skulde uppdaga, at ho var eit underbarn — og so var eg sprongen i glefsa som ein annan nauten merakkje?!

Jau so trøyste meg . . Eg fekk fyrst heile soga um, kva fru presten Meiermann hadde sagt, og so ei likso lang um, kva presten Meiermann sjølv hadde sagt um vesle Gerda ein dag han var innum. For han *hadde* gjeve gaum paa henne, han og.

Og sidan . . Ja var det kome for ein dag, at eg, gamle sveinkallen, var ein *slik* barneven og barneskynar, so fekk eg sanneleg vera det og; var eg komen i glefsa, so fekk eg vera der eit bil og. Det vilde vera faafengt aa freista aa bokføra berre tredjeparten av alle dei minnelege smaating, som mama ikkje kunde løyna under eit skjeppelaak no lenger. Og so laut papa imillomaat faa ordet, han og, og skøyta inn eit og anna, som *han* ikkje kunde ha under skjeppelaaket; for ho var no gullabarnet hans, ho vesle Gerda, maatru.

Ikkje teikn til nokoslags gysjing og apekattstrikor her som hjaa Hansen; ikkje kjensleri som hjaa Larsen. Stilt, smilande, mest bljugt som Gerda sjølv kom det alt; men med den

varme, djupe undertonen av undring, som det merkjelege og uvanlege *maa* vekkja.

Og so laut vesle Gerda syna den snilde framandmannen, kva ho *kunde* og. Ikkje smaating det helder, san. Ho lo av sæla og synte, at ho kunde ta ei naal upp or syskrinet hennar mama og træ ein traad paa; ho kunde seia namnet paa alle i huset; ho kunde seia namnet paa tante Hanne og onkel Pedersen-Wiig og meir — mykje meir.

Eg laut klappa i henderne av undring, og foreldri var snupt hugtekne i meg, som skyna meg so paa dei søte smaa.

»D'er sanneleg ikkje alle sveinkallar, *det!*« let ho mama.

Nokre gonger sidan freista stundom papa og stundom eg aa koma inn paa ei vanleg samrøda att — det var serleg bøker og kunst han lika aa røda um, og han hadde eit godt vit paa slike ting; men best som det var kom vesle Gerda blid og smilande burt til einkvar av oss og skulde syna eit nytt kunststykke att; — ho var nok ikkje minder glad i lovordi for det, um ho var still og bljug. So var kunsten i same blinken likso vonlaust mist som mama sin graut hjaa Hansen, og sveinkall-barnevenen fekk fulla gjera so væl og røgta sit kall att.

Og ho var ei snild og vælseda frøken, ho vesle Gerda: ho fann ikkje paa dusti av tute-

revolution, so det vart likt til grunn til aa gaa, fyrr ettermiddagen var fint til ende.

* * *

Det leid mot kveld, daa eg endeleg hadde sagt farvel og rusla nedetter byen. Eg tenkte fyrst i min forkomne tilstand aa gaa beint heim og leggja meg; men nedi ei trang sidegata kom eg til aa stansa enno ein gong. Der budde ein kjenning, ein halvgamal ugift bladmann. Eg hadde raaka han ein av dagarne fyrr og fekk hug til aa sjaa han ein gong til, fyrr eg reiste.

Han budde i eit lite rom heilt uppi tredje høgdi og var heime i hiet sit, daa eg kom. Han sat og skreiv og bad meg med eit grin — elder smil, kva ein vil kalla det — aa setja meg.

Takk . .; eg kom meg ned i ein hard krakk — noko anna var der ikkje — og var snart midt uppe i eit argt klagemaal yver, korleis det var gjenge meg hjaa dei gamle kjenningarne mine. Daa grein han berre endaa verre.

»Jaso,« sa han, »so du veit ikkje det fyrr, at naar gamle kjenningar vert gifte, so er det ute med dei? Dei kan ha havt tankar og vore so gilde dei vil: fraa den stundi er den velsigna ungen og kjeringi den tappen som verdi snur seg um.«

»Men folk fær daa born heime paa bondebygdi og, og verdi gjeng ikkje rundt nokon ny tapp for det,« stota eg. »Ho fær lov til aa skrangla og snu seg um sin gamle tapp enno,« sa eg.

»Paa bondebygdi?« snerra han. »Der fær dei berre *ungar* der — ungar, som fær bank i kvar vika, maa byrja aa gjera gagn fraa dei er fem aar og gjøymer seg som rædde hjasar for framandfolk. Dei reknar me ikkje paa.«

»So skulde daa ein annan mann og ikkje folk med tankar kasta seg burt i slikt. Giftarmaal og dei deler *er* ikkje for andre en tome skoltar, som ikkje duger til noko anna!« sa eg med yvervitning.

»Nei, det er vel ikkje . . det«, sa han litt laagt og saag tankefull fram for seg.

Eg saag paa han eit bil — gjekk so burt og lagde handi tungt paa aksli hans.

»Forrædar,« sa seg. »Naar alt kjem til alt, so er det visst ingen ting du ynskjer høgare du helder, en at det skulde vera soleis laga for deg i verdi, at du kunde faa deg ein heim med kjering og unge, som verdi sveiva seg um!«

Han vart liksom ustød i augo ein augneblink, totte eg; men so saag han meg beint i synet.

»Og du daa . . skulde vel ikkje ha litt av same ulla . . og faa eit nytt syn paa altsaman, um du sjølv kom i det?« sa han med eit grin som ein Mefistofeles.

»Eg? er du galen?« sa eg. »Ein mann med idear?!« — sa eg.

* * *

Eit lite bil etter for me nedetter byen; han vilde fylgja meg heim. Det var fin, blank vaarkveld; klaar himmel; milde luftningar fraa havet; utsprotte ljosegrønt lauv i hagarne og paa trei uppi parken. Og uppetter alle gatorne i den glade byen strøymde folk helgarklædde — upp til parken, der det skulde vera musik frametter sundagskvelden. Gamle parfolk gjekk aalvorsame for seg sjølve. Unge kjærastefolk gjekk tett innaat einannan som dei aldri vilde skiljast; gutar og gjentor glytte til einannan som dei hadde noko i tankarne, dei med.

Men dei som tok breiaste plassen av alle, totte eg, var alle dei unge parfolki, som leidde paa born millom seg; — byrge raudkinna smaagutar med straahatten bakyver nakken; fine gjentungar i raudt og kvitt; — allesaman upp mot byhagen, der vaarlauvet stod angande og ljosegrønt og tonarne tok til aa ljoma. Og kven veit, kven Vaarherre med sit kvite skjegg uppi himmelen lo mest aat i sit hjarta i denne stundi: os tvo som gjekk der einsame og bøygde mot folkestraumen og hadde tankar og hugmaal av alle slag, elder alle desse foreldri, som gjekk der so byrge og kvar for seg trudde, at dei hadde bore til verdi eit av dei største særsyn, som verdi til dessar hadde set? Ja . . klokare folk en eg fær døma um det.

Ungar.

Ungar.

Sogor for born.

Av

Rasmus Løland.

Andre utgaava.

Kristiania.
Bertrand Jensens Forlag.
1897.

Innhald:

Vondt samvit.
Soga um guten og grisen.
Nils som gjekk til skogs.

(Denne utgaava er i mange stykke umvølt og avkorta).

S. & Jul Sørensens Bogtrykkeri. Kristiania.

Vondt samvit.

1. Ola og Baard uppunder ufsi.

Det leid paa vaaren. Det grønka paa bøarne og varmdest i solbakkarne. Dei vaksne heldt paa med vaaronni, og uppunder den vesle ufsi ovanfor husi hadde Ola og Baard det likso onnugt med sit, so ofta dei slapp for aa gjera noko anna. Det var so fint og gildt uppunder den ufsi. Ho snudde beint mot soli, og der var so mange fine skaarar uppetter berget til aa byggja og bu i. I dei største lengst nede hadde dei heimejorder og stovehus og allslags gardsstell. Men i smaaskaararne lenger uppe hadde dei støylar og utslaattor. Dei bygde kunstige vegjer og bruer uppetter berget og dreiv buskapen upp og ned. Dei kom nok til aa verta heilt glupe gardmenner, naar dei voks upp, sa dei vaksne.

Ola og Baard høyrde til i kor si stova paa garden og var nettupp jamgamle. Systkeni deira var enno berre smaa, og andre jamnaldringar fanst det ikkje paa garden. Dei hadde

soleis vore uskiljelege leikebrør so lenge dei kunde hugsa. Men dei var ikkje so like aa sjaa til, som dei var like i alder. Baard hadde vore mykje sjukleg, daa han var barn. Han var enno veikleg og bleik og mjov. Men Ola var raudkinna og stor og sterk etter alderen. Han var mest hovudet høgare en hin og hadde yvermagti i eit og alt. Dette visste han Baard altfor væl. Han vaaga difor aldri anna en aa gjeva seg og tia, naar dei vart usamde um eitkvart.

Men var Baard rimeleg og fann seg i aa vera undermann, so var Ola snild og rimeleg han og. Han var aldri uvyren berre av di han hadde magti til det. Han lyfte og hjelpte Baard yver bekkjerne og der det var vondt aa gaa. Han stod paa hans sida mot all urett fraa andre og hjelpte han til aa byggja hus og laga leikety; for han var alltid mest hendig i sovore og. Og han gjorde det mest likso fint aat han som aat seg sjølv — berre ikkje fullt so fint. Naar han var meistar og yvermann, so vilde han gjerne ha eit lite yvertâk og, so folk kunde sjaa det. Og det kunde ikkje han Baard seia noko paa. Slo han seg furten, so kunde han Ola berre negta aa hjelpa han med noko, og det var verre. Daa kom han radt til skamdar. Han maatte helder takka til, at Ola var so hjelpesam som han var.

Det hadde paa den maaten sistpaa vorte soleis med alt dei aatte og stulla med: Ola hadde det beste, og Baard hadde — ikkje det laakaste, sa han Ola, men det næst beste. Stor skilen var det ikkje alltid, men støtt litegrand.

Daa dei for ei tid sidan byrja aa gaa i skulen, vart dei kjende med gutarne utpaa grannegarden. Desse kom sidan hit stundom um sundagarne. Dei saag med endaa større undring en dei vaksne paa alt uppunder ufsi. Dei hadde ingen ting so gildt som dette. Men husi og gardsstellet hans Ola var alltid bas likevel. Det totte dei alle. Ola var meistaren.

Ola lo byrg og glad, og Baard tagde. Dei var vener og væl forlikte med kvar sit, so det aldri fall so mykje som eit vondt ord millom dei.

Han morbror kjem. Hunden og katten.

Ein dag dei var uppunder ufsi og bygde og rødde paa det beste, fekk dei auga paa ein framandkar, som kom uppetter vegen nedum husi. Han hadde høg hatt og stav. Dei stansa og stirde forvitne.

»Men du, trur eg ikkje det er han morbror!« ropte dei baae mest paa ein gong. Dei sprang fraa byggjingi og for heimyver.

Mødrarne deira var halvsystrar. Bror deira var soleis morbror aat baae gutarne. Han var landhandlar og hadde store fine hus paa strandi nedved kyrkja. Naar dei var med til kyrkje, var dei alltid innum hjaa han og fekk bakri og fekk sjaa so mykje rart. Han hadde jamt eitkvart i lommarne, naar han kom hit upp og, baade sukker og søte sniglar. Og kanskje han hadde noko i dag ogso. Dei lo av venting og gleda.

Han hadde alt gjenge inn, daa dei kom ned aat husi. Staven hans stod utfor døri hjaa foreldri hans Baard, so han maatte vera der. Baard for inn med det same. Men Ola stansa uti gongen. Det var litt leitt aa snaapa seg inn i ei onnor stova, naar der var framande. Men lenge var det ikkje aa venta, fyrr han Baard kom farande ut att. Han heldt noko under trøya og lo høgt.

»Kva er det?« kviskra Ola.

Baard dansa fram-um han og ut paa dørhella. Der tok han det endeleg fram. Det var ein hund, utskoren av tre. Han var blenkjande raudmaala, hadde høge øyro, blanke augo og krølla rova. Noko so fint hadde ingen av dei set elder drøymt um fyrr. Det var so det lyste og blenkte av han. Ola hadde snautt havt han i hand ein augneblink, fyrr Baard laut faa han att og dansa rundt paa hella med han.

»Men hadde han berre denne eine?« spurde Ola ustøtt.

»Det veit eg ikkje,« sa Baard. »Men han morbror spurde etter deg.«

Daa laut Ola inn paa flekken, han og. Og det gjekk ikkje ringare for han. Han morbror lo og tok ned i den svære lomma si — og so kom Ola ogso ut med noko under trøya. Det var ein katt han hadde fenge. Og var det ei syn aa sjaa hunden, so var katten ei syn han med. Han var maala med fine, gule prikkar. Han hadde lang rova og stod som han lurde paa ei mus.

No var gleda full, daa dei hadde kvar sit. Nei slik mann som han morbror fanst ikkje. Dei hadde snart synt alle paa garden kva dei hadde fenge, og daa han morbror strakst etter gjekk att, for dei upp aat ufsi og vilde sjaa, korleis dei nye dyri høvde i husi der.

Jau, det kunde henda, at dei blenkte der og! Alt dei hadde halde gjævt fyrr — hundarne og hestarne av furubork og kyrne av tilskorne trekjeppar — vart reint smaatt og inkjevetta mot denne nye glansen. Dei var snart samde um at sjølve husi var for smaae og laake aat dei. I morgon den dag, so snart dei fekk betre tid, laut dei riva ned ein heil hurv av dei gamle og byggja kvar sit stort nytt hus.

Daa smilte han Ola løynsk, der han stod.

»Men du, kven tru er no finast av desse tvo . . hunden elder katten?« spurde han.

Dette hadde ingen tenkt paa i den fyrste gleda. Men no kunde han ikkje halda seg. Det kunde vera gildt aa ha ein fyremun no og, liksom alltid fyrr.

Hunden var fin, sa han. Ovende fin. Alle kunde sjaa det. Men naar ein saag væl etter, so trudde han likevel, at katten hans var maala med litt finare prikkar og hadde finare krøll paa rova. »Tykkjer ikkje du og det?«

Nei . . det totte ikkje han Baard so plent. Han var so glad i hunden sin, at han hadde fælt lite hug til aa staa etter denne gongen. Han totte sjølv, at hunden var baade finare og gildare en katten, sidan dei no var komne inn paa dette. Han vilde slett ikkje byta. Men høgt sagde han berre, at hunden maatte vel vera minst jamgod med katten.

Ola kunde for seg sjølv ikkje godt negta dette. Det var i det heile ikkje lett aa finna so mykje som ein prikk, som gjorde katten finare.

»Ja ja, lat dei vera jamgode daa,« sa han og gjorde seg so snild han kunde. »Men katten er *godt* jamgod med hunden, det ser du vel?«

Nei, daa vilde han Baard ikkje vita av det helder! Han vart med eit so fælande modig, der han stod.

Hadde dei fyrr vorte usamde paa denne maaten, so hadde han Ola berre kunna laga noko nytt, som var dubbelt so gildt som hans. Men no var det ingen faare for det. Han kunde aldri laga noko finare en hunden. Og det kunde vera gildt aa ha noko som var best óg ein gong — naar det *var* best.

»Eg tykkjer helder, at hunden min er *godt* jamgod med katten og væl so det, eg! Sjaa kor fint øyro hans stend!« let han.

»So? kor kan du seia det?« sa Ola; han var kje fri han var arg. Han hadde minst venta denne traaskapen no, daa han totte han sjølv hadde vore so rimeleg.

»Ja men du ser daa . .« stota Baard.

»Aa skitt med dei øyro! Eg høyrer du skynar det ikkje, tosken du er.«

Dei tok til aa sjaa paa husi og raadleggja um nybyggjingi att. Men det gjekk ikkje lenger so godt som fyrr. Det var kome liksom noko kaldt millom dei. Dei rusla snart heimyver att. Ola slo paa, at dei skulde høyra kva dei vaksne sa um finleiken, og det vilde Baard og gjerne.

Nedi tunet raaka dei fyrst mor hans Baard og spurde henne.

Jau, ho skrepte svært yver baade hunden og katten. Men sistpaa sa ho det same som han Baard. Skulde ein plent gjera skil, so var nok hunden litt finare.

»Det sa eg heile tidi!« ropte Baard glad.

»Aa det er vel ikkje alle som seier det!« let Ola og kaldlo berre. Det var ikkje meir en ventandes, at *ho* heldt med Baard'en sin. Han gjekk sin veg med katten.

3. Ola vert sinna og furten.

Men jau, det saag altfor mykje ut til dess, at alle meinte just det same som ho. Frampaa næste dagen gjekk Ola burt til hi stova og hadde katten sin med. Husfolki var just inne til dugurs, og Baard slog strakst paa, kven dei lika best av hunden og katten. No var det *han* som hadde mest hastverk med dette, sidan han fekk medhald igaar. Dei lika best hunden alle saman. Og plent sameleis gjekk det, daa dei sidan kom burt til hi stova og spurde der. Katten var gild, men hunden litt gildare: det sa mor hans Ola og tenestgjenta, og det same sa ei kona fraa grannegarden, som just var der. Det nytta ikkje kor lenge han synte fram dei fine, gule prikkarne paa katten. Han vart sistpaa so arg, at han gjekk beint ut. Sovore kjeringtøys brydde ikkje *han* seg um aa høyra paa.

Daa fekk han auga paa han Tarald, tenestguten, burtved løda. Han skunda seg inn att etter han Baard og fekk han med dit burt med

det same. Han Tarald var alltid so slug i kortspel og allslag . . *han* maatte vel skyna seg paa, kor fin katten var og. Og fekk han berre medhald av ein vaksen kar som han, so brydde han seg skitt um, kva alle kvinnfolki sagde.

Tarald stod fyrst og fingra paa hunden og katten eit bil og sagde ikkje stort noko. Men daa han høyrde, kor strid han Ola var paa dette um rangen, og kor han lagde ut um dei gule prikkarne, smilte han løynsk og sagde, at hunden var mykje finare. »*Svært* mykje finare og!« sa han. »Ein maa daa kunna sjaa det, so sant ein hev augo!« sa han.

Daa kunde Ola ikkje halda seg lenger. »Eg høyrer du er ein stor tosk, som du alltid hev vore!« sa han og sputta morsk.

Men daa grein han Tarald berre endaa verre og sagde, at hunden var eit skrepsdyr; men katten var berre — ein katt! »*Berre* ein katt!« sa han. So lo han, so han dissa. Og han Baard lo høgt, han med, og briska og synte fram hunden sin enno ein gong. Det var som han var tridubbelt glad i han, sidan han var finast. Men Ola vart eldraud av sinne; han brukte kjeft og hivde ein paak etter han Tarald og rømde so inn aat stova att. Daa Baard sidan kom inn og vilde ha han med til aa byggja nye hus under ufsi, sagde han stutt nei. »Eg hev ikkje tid til sovore rakkri,« sa han. Med det maatte Baard gaa sin veg.

Sær og myrk sat Ola att med katten sin. All sin dag hadde han vore meir en den ungen burti stova og aatt det beste, og no skulde han ikkje eingong vera jamgod med han! Nei, naar alle sagde det, so laut det vel vera so ogso, at hunden var bas. Han totte det i røyndi sjølv ogso no — naar han skulde seia plent som han meinte.

Men skitt like godt! — hadde han ikkje so mange andre ting som var best, um han ikkje hadde den velsigna hunden? Og var han ikkje Ola som var størst og sterkast og best no som fyrr? Han freista aa blaasa aat alt og sette seg til aa lesa paa leksa si. Men korleis han stræva, so vilde det ikkje hjelpa. Alt anna kom burt, naar han tenkte paa korleis han Baard gjekk der og briska for heile garden med det finaste dyret.

Kvifor skulde plent *han*, Ola, faa det laakaste og lota staa til skamdar? Var han morbror ikkje *hans* morbror likso væl som Baard sin kanskje?

Han totte han var vanvyrd og missmætt og øste seg meir og meir upp. Katten stod fin og blank framfor han i vindaugekarmen; men han saag ikkje lenger, at han var fin, sidan hunden var finare. Heile glansen var som visna. Han tok sistpaa og slengde han upp aa hylla og saag ikkje paa han heile resten av dagen.

Grannegutarne kjem. Ola tenkjer paa hemn.

Dagen etter var det sundag. Daa kom Baard att og vilde ha Ola med seg upp aat ufsi. Ola hadde no sove argingi sopass av seg, at han tok katten av hylla og fylgde med.

Baard nemnde ikkje noko um finleiken no, daa dei var tvoeine, og dei tok til aa byggja i god einskap.

Daa kom det farande ein flokk gutungar fraa grannegarden. Dei hadde høyrt gjete hunden og katten og vilde no faa sjaa dei.

Aa du, aa du so rart! Dei hadde aldri set so makelaust. Dei laut faa handfara hunden og katten alle i hop og sjaa seg mette paa dei. Baard stod berre og smaalo.

»Men ein av dei er vel *aller* finast, um dei er fine baae tvo?« sa han.

Jau, sidan det vart nemnt, so totte dei, at hunden var litt betre, dei og. Dei vilde helst havt den alle saman.

Daa Baard hadde fenge det svaret, sa han ikkje meir. Han berre lo vælnøgd og kjælte for hunden.

Dei andre sa helder ikkje meir, og det hadde kanskje vorte gløymt att med det same, dersom han Ola ikkje hadde brytt seg. Men han hadde alt fenge nok.

Det hadde vore harmelegt nok igaar; men aa lota staa her til skamdar for alle jamnaldringarne var tridubbelt verre, og dei laattarne hans Baard stakk som klunger. Han vart eldraud i skallen og stod berre og skjeggla. So treiv han katten sin og stakk han i lomma.

I det same kom det eit par gutar til fraa ein av gardarne. Dei fekk strakst sjaa hunden, og so vilde dei faa sjaa katten og. Men daa sa han Ola tvert nei.

»Hev de slik neveklaa, so kan de klaa dykk paa den skrepshunden,« sa han og freista aa læ svivyrslegt. Men ingen av gutarne lo med. Dei berre glytte paa han og tok nok alt til aa skyna eitkvart, dei med. Og so gjorde dei plent som han Tarald igaar: dei skrepte endaa meir yver hunden og hadde moro av aa knisa aat katten. Ein av dei spurde jamvel, um han ikkje liktest mest paa ei mus.

»Er nokon lik ei mus, so er det du sjølv!« snerra han Ola.

»Er eg lik ei mus, so er du lik ein katt, du Ola med mus-katten!« ropte guten.

Det vart ei overhendig læing og skraal. Men han Ola bleikna av sinne.

»Skal du koma her og skjella folk ut du, din snutafant!« ropte han. Han treiv ei laus torva og slengde etter guten, men raaka ikkje. Det lo dei endaa meir aat. Og daa dei høyrde, at han vart so vond for dette um mus-katt, so

ropte dei alle: »Mus-katt, mus-katt, mus-katt!« Og heile flokken kunde han ikkje gjeva seg i kast med.

Graatande av ilska for han heimyver. Han sette seg furten og fæl inni omnekraai, og argskapen og furteskapen hans vart med ein gong til eit eitrande hat mot han Baard. Ingen for med egling elder vondt, fyrr han tok til aa mala um denne finleiken som igaar . . var det daa ikkje *han* som var skuld i alt dette og? Og kvifor gjorde han det? Det kunde ikkje vera for anna en for aa faa honom rektig skjemd og trakka paa. Det var vel *det* han sat etter igaar og. Skulde det vera takki for at han alltid hadde vore so snild mot han og hjelpt han med allslag?

Han beit tenner av sinne, og fann at han var skamleg medfaren. Men venta berre, so skulde han faa det att, den bleiknosi! Han skulde aldri meir i sit liv hjelpa han til aa byggja hus elder noko anna. Han skulde aldri meir gjeva han noko . . aa han skulde aldri meir sjaa paa ledi etter han! So kunde han flira og læ! Han skulde rett faa sjaa, kven han hadde trakka paa!

Men korleis han svelgde i hemntankar, so var det berre ei skral trøyst. For kva gjorde det han Baard, um han hadde ringare hus og sovore, naar han hadde hunden? Daa hadde han støtt det beste likevel. Her stod han fast

som framfor ein vegg, og han augna ikkje hugnad i nokon ting lenger, so lenge det varde.

Den rakkars hunden . . han skulde ynskja han fekk slaa hovudet av han, so det fauk! So kunde han briska og læ, den ungen!

Elder um han berre kunde faa slaa rova elder øyro av han! Det var god hjelp i det med; for daa var han utskjemd og ikkje betre en katten. Daa var det slutt med heile dette tøyset med ein gong, og Baard var det væl verd.

Han grein myrkt, men skyna med det same, at dette var lettare tenkt en gjort. Vilde han gjera vondt paa hunden, so maatte ingen sjaa elder vita um det. Men no bar han Baard paa 'n som paa ein augnestein, so det var uraad aa faa tak i han ein einaste augneblink.

— Daa han eit bil etter kom ut att, for hine gutarne og Baard læande og skraalande utetter bøarne aat hin garden. Kanskje det var han og katten dei lo aat enno? Sinnet flama upp i han paa nytt lag, og han saag ikkje paa ledi etter han Baard heile resten av dagen.

5. Dei byggjer nye hus. Ola er ute i myrkni. Knekk!

Naar Ola fyrr hadde havt ein motgang den eine dagen, hadde det jamt vore gløymt og

burte den næste. Men denne gongen var det ikkje so væl. Det var likso leitt um maandagen som um sundagen. Han Baard hadde hunden, som var finast no som daa, og han sjølv hadde berre katten som daa. Han var so lei, at han tenkte beint fram paa aa kasta heile katten i omnen. So slapp han daa for aa verta lædd aat for det skrapet oftare.

Men fyrr det vart noko av, kom Baard farande i dag og. Han bar paa hunden og var heilt andpusten.

»Det er uraad aa faa ha hunden i fred nokon stad,« klaga han. »Vesle Herman og Ingeborg kramsar og vil ha han støtt. Fær dei han ikkje, so tutar og skrik dei; men skal dei faa han, so slær dei han snart sund.« Han laut gjøyma han uppunder ufsi, so snart dei fekk dei nye husi ferdige, og han vilde no faa Ola med til det.

Ola stod ferdig til aa svara rektig speande og læ aat naudi hans. Men han tok seg svint i det og svelgde . . han fekk ein svint tanke.

Gjøymde Baard hunden under ufsi, so kunde han berre lura seg upp i kveld, etter det var myrkt, og gjera kva han vilde . .!

Det var mest berre i sinne han hadde tenkt paa dette igaar. Men no daa denne uventa gode utvegen baud seg, tok han til aa tenkja paa det for fullt aalvor. Han gjorde seg med eit so blid han berre kunde, fann katten

sin og var med. Han var hjelpesam og visleg som fyrr, og Baard lo og song av gleda. Han visste ikkje av, at han hadde nokor skuld i det som hende igaar, og hadde alt gløymt alt saman.

Dei hadde snart ferdige dei nye husi og vart samde um aa gjøyma hunden og katten der i natt og. Dei var ingen stad tryggare. Sidan um dagen for dei med andre ting. Daa kvelden kom, gjekk Baard strakst inn, og det var skya og myrkt til aa vera paa denne aarstid. Alt laga seg.

Ola liska ut og inn, ut og inn og saag seg i kring. Det var so lenge for ljost. Men sistpaa laut han i veg, dersom det ikkje skulde verta altfor seint. Han gjekk ein lang krokveg som ein tjuv, utetter bøarne og upp bakkarne. So krøkte han innetter aat ufsi og fekk ljodlaust tåk i hunden.

Men daa vart han med eit so underleg. Hjarta hamra i bringa. Han tenkte paa han Baard og kor vondt dette vilde verta for han, og det var plent som for ljost enno.

Han sette sistpaa hunden beint inn att og seig nedetter bakken. Han fekk tenkja seg betre um til i morgonkveld. Men so kom han svint til aa tenkja paa at han Baard kanskje vilde ta hunden beint heim att til daa. Han hadde so mange paafunn, den ungen. So vart det aldri slikt tilføre som dette meir, og

Baard kunde gaa der i det endelause og briska med den fine hunden.

Han stansa, skaut pusten. Slik ein stakar og krjup han var, som ingen ting vaaga! Og det *kunde* ikkje vera faare for aa verta sedd no. Det var berre so vidt han saag husi heime. Han øste seg upp med alt han hadde aa hemna, snudde upp att med eit rykk og reiv ut hunden — knekk der var rumpa av i mange molar!

So sparka han til huset, so det seig i ei røys, og stakk hunden og rumpebitarne inn under steinarne. Dette hadde han tenkt ut i kveld, medan han venta. For naar hunden laag innunder steinarne, maatte alle tru, at huset hadde rasa ned av seg sjølv i natt elder blese ned og gjort ulukka. Kven kunde so mistru han?

Nokre augneblink etter var han heime att og smatt inn bakdøri.

6. Kven hadde gjort det? Ola gjeng og lurer.

Det fyrste Ola kom i hug, daa han vakna um morgonen, var det han hadde gjort um kvelden. Han spratt ende upp. *Hadde* han gjort det elder berre drøymt? Jau, han hadde gjort det! Det for som ein kaldgufs gjenom han med det same. Han var ustø paa handi,

daa han klædde paa seg. Han aat mest inkje til morgons og lurde seg strakst ut.

Det kunde ikkje vera nokon faare, det var ikkje det. Naar ingen hadde set han, so hadde dei ikkje. Naar huset hadde rasa ned av seg sjølv og gjort det, so hadde det. Og han Baard var det væl verd . . ja ja. Men det var likevel so underlegt no, daa han hadde sove paa det. Han kunde ikkje ein augneblink faa det fraa seg. Og det vilde vel verta eit hersens uppstyr og staak, naar dei saag det . .?

Han smaug svint bakum husi og rusla utetter bøarne. Um det ikkje var spelegt, so var det ikkje gildt aa koma beint upp i det helder. Best aa halda seg or vegen, til det heile var yver. Han sette seg sistpaa bakum ein askestuv langt ute og saag etter, um han Baard gjekk upp aat ufsi. Nei, det kom ingen Baard. Han laut sistpaa gaa radt ut i skogen for aa faa tidi til aa gaa. Men so fekk han med eit ein stygg tanke. Det saag kanskje nettupp underlegt ut, at han gjekk soleis og løynska og lurde seg burt plent i dag! Var det ikkje betre, at han var med han Baard upp aat ufsi, og læst verta skræmd av ulukka, han og?

Han skyna det med ein gong og laup lavøyrd og styven heimetter. Men daa han kom upp for stovenovi, uppdaga han, at det alt var for seint. Baard kom nedetter bakkarne fraa

ufsi med henderne for andlitet og tuta og gret. Han hadde nok nettupp set det.

Ola vilde røma sin veg att med det same. Men daa var mor hans Baard alt komi ut burti døri og saag han, so han vaaga ikkje. Det kunde sjaa underlegt ut, det med.

»Kva er i vegen?« ropte ho til han Baard. Han svara ikkje. Han berre slengde seg ned i ein risdunge burti tunet og tuta og ylte endaa verre.

No kom mor hans Ola og smaasystkeni hans ogso ut og spurde, kva det var.

Ola svelgde og svara laagt, at han visste det ikkje. So gjekk dei forbina burt til han Baard alle saman, og mor hans lyfte han upp.

Men soleis som han saag ut! Han maatte ha grete lenge. Han hadde raude augo og var sulka og fæl i andlitet av taaror.

»Men kva *er* det?« ropte mor hans skræmd.

»Aa hunden, hunden!« hikste han endeleg, og med ustø hand drog han den sundslegne hunden fram under trøya.

Aa nei, aa nei, men korleis hadde det gjenge til?

Det var berre so vidt Baard kunde hiksta og fortelja um det neddottne huset.

Dei totte fælt synd um han og stakra han.

»Men korleis kunde du venta anna, naar du ikkje passa betre paa hunden din? Stei-

narne maa ha lege for lause og dotte ned,« sa mor hans.

Men daa saag han upp med raude augo. Nei det var det han aldri kunde tru! tuta han. Huset var so sterkt bygt, likso sterkt som Ola sit, og det stod like heilt. Husi deira hadde helder aldri dotte ned fyrr nokon gong. Det maatte vera einkvar som hadde gjort det av vondskap for aa slaa hunden sund.

»Seg ikkje det gut! Kva mun skulde nokon sjaa i det?« sa mor hans og hyssa paa han. »Men kanskje sauerne kan ha vore deruppe i gaarkveld og skubba det ned?«

»Nei dei var uppi liderne og ikkje heime igaarkveld!« let han Baard.

Dei saag paa kvarandre, mødrarne. Tru det kunde vera raad, at nokon hadde gjort det likevel . . ?

»Skynar *du* det?« spurde mor hans Ola og saag snøgt burt paa han.

»Nei . . det stod sist me var der . . i gaarkveld,« stota han; han visste snautt sjølv, kva han sagde.

»Stakar, graat ikkje, so skal du faa noko anna fint,« trøysta mor hans Baard.

»Men eg fær *aldri* noko so fint som hunden!« jamra han, so det var saart aa høyra.

»Er det verkeleg nokon som hev gjort det med vilje, so burde han faa ris, so han aldri gløymde det!« sa mor hans Ola sinna.

»Eg kan berre ikkje skyna, kven som kunde vera slik fark,« sa mor hans Baard. Ho hadde ikkje set nokon av husmansungarne elder nokon annan heruppe i gaarkveld, og ho kunde ikkje forvæl tru, at nokon av *dei* helder var so skamleg ein skarv, sa ho.

Det same meinte mor hans Ola ogso, og so vart det stilt . .

Ola stod berre og beit seg i tunga og svelgde, svelgde og vaaga ikkje aa sjaa paa nokon.

Det han hadde gjort hadde med eit vorte so mykje verre en han hadde drøymt um. Det vår so det skar tvers gjenom han aa høyra graaten hans Baard, og han totte at alle maatte sjaa, at *han* var brotsmannen. Det maatte liggja utanpaa han. Han var so heit, at han sveitta nedetter ryggen. Han kjende at han var raud, og stod berre og snudde, snudde paa seg, so dei ikkje skulde sjaa han i andlitet. Men kanskje dei kunde gaa' det ogso og faa mistankar? Han fekk ein ny støkk og laut til aa herda seg paa berre livet. Han gjekk burt og saag paa hunden, han risste paa hovudet, læst vera forskræmd av ulukka og tykkja synd um han Baard, han med. Men korleis han bar seg, so kjende han alle augo paa seg som kvasse sylestikk, og so tok dei til med den fæle spyrjingi att. Det vår so fælt, at han ynskte seg langt under jordi.

Daa tok barnet inni stova til aa skrika, som lukka var, so ho mor laut springa inn til det. Mor hans Baard leidde gutungen sin inn burti hi stova.

Ola smaug stilt inn i gongen og upp aa stovelemen for seg sjølv.

Uh, han hadde nok ikkje vore so slug som han hadde tenkt, likevel. Det *var* utrulegt, at huset plent skulde detta ned av seg sjølv. Det var 'kje meining so utrulegt det var. Og kven kunde vera trygg for noko, naar mistrui ein gong *var* der?

Einkvar av husfolki her elder burti hi stova kunde ha set han smjuga uppetter bakkarne i gaarkveld. Berre det kunde opendaga alt. Elder dei kunde ha set han koma att. Elder beint fram sta'e attfor ein stein uppved vegen! Der var dei hundrad faarar, og det kunde alt saman koma upp no, daa dei kom heim til dugurs. Og so . .

Dei kunde ikkje tru nokon framand husmansunge til det, og so faa vita, at det var *han* . . beste venen hans Baard! Kva skulde han seia? Alt det han Baard hadde gjort mot han hadde med eit vorte so smaatt, at det aldri var til aa nemna eingong. Naar alt kom i hop, so hadde han Baard berre vore glad for han hadde det finaste dyret, og han sjølv hadde vorte sinna for det, so dei lo aat han. Kva var det daa anna en svart misunning og furteskap

alt i hop? Jau han vilde staa fint i det. Det vilde verta ei tridubbelt verre skam en han nokon gong hadde drøymt um. Ei skam som aldri var til aa halda ut.

Og medan den eine tanken kom veltande verre en den andre, heldt dei nedi stova paa med ei ustanseleg mulling um hunden, rumpa og Ola . . hunden, rumpa, Ola . . hunden, rumpa, Ola, totte han. Men det var uraad aa høyra noko skileg. Han heldt det sistpaa ikkje ut her helder. Han laut ut.

Endeleg kom faren og dei andre heim til dugurs. Ola stod rædd og liten uti gongen med øyra aat klinkeholet.

Jau, ho mor tok snart til aa fortelja um hunden og Baard. Dei undra seg paa korleis det hadde gjenge til, men ingen nemnde honom. Men det var enno ei liti hjelp i dette, dersom dei burti hi stova hadde set noko. Han smaug ut og gav seg til aa sjaa etter han Baard, so han kunde faa høyra.

Men han Baard kom ikkje ut att i dag, og aa nemna det med nokon annan vaaga han aldri. Endaa minder vaaga han aa gaa inn burti hi stova. Det gjekk time etter time i talmande uvissa, timar so lange som endeløysa. Han hadde aldri i si tid livt slik ein dag. Han vaaga ikkje helder aa vera inne med mor si og smaasystkeni. Han var so rædd

alt. Han gjekk berre og sveiv burti løda og uppi hagen.

Jau endeleg langt fram paa etternon fekk han auga paa han Baard burti tunet. Han smaug burt til han med bankande hjarta.

Nei gudskelov! det var nok ikkje kome upp noko her helder. Baard berre sutra litt um husmansungarne og visste ingen ting. Det datt som ein stein av bringa hans Ola.

— Men gildt var det ikkje aa vera saman med han Baard enno. Han var so sturen og bleik, at det var vondt aa sjaa. Det var som taarorne sat lause i kvar augneblinken. Kanskje han aldri, aldri i sit liv vart skikkeleg glad meir. Og det var *hans* skuld. Kva hugnad hadde han no av at katten var finare en hunden? Det var so vondt alt saman, at det aldri var til aa tenkja paa. Han skyna ikkje, korleis han hadde kunna gjera sovore. Men no var det gjort og for seint aa trega.

Han gjekk snart fraa han Baard att og smaug upp i løda. Han kjende seg so brôtfull, at han laut vera aaleine.

7. Kva han Tarald hadde set. Ola lyt ut med tolvskillingen.

Dagen etter var Ola seint uppe, og rødingi um den usæle hunderumpa var no endeleg

stillna av att for det meste. Han tok til aa kjenna seg fulltrygg. Naar det ikkje var kome upp enno, skyna han ikkje, korleis nokon skulde faa tâk i det sidan.

Han Tarald stod burtved løda i dag og og kløyvde paa ved, og Ola var med og hjelpte til. Tarald song stev og fortalde rispor, so det var rett morosamt.

Frampaa dagen kom Baard ogso burt til dei, og strakst etter kom ein heil flokk gutar fraa grannegarden. Dei for her og flaug so mykje oftare no, etter det hadde vorte vaar og godt ver. Baard kom snart til aa nemna ulukka med hunden med dei, og so gjekk det som ventande var. Det vart upp i ein sjø av tôt og leven um den skarve rumpa verre en nokon gong. Dei nidspurde etter alt, dei nidglaama og var forbina. Dei fekk sistpaa han Baard til aa gaa etter den rumpelause hunden, so dei rett fekk setja nosi si nytteleg væl burt i han alle saman. Og hadde dei vaksne havt mistru um at einkvar hadde gjort det, so var *dei* med ein gong visse paa det. Ein kunde daa *vita*, at eit steinhus datt ikkje ned av røyk og inkjevetta — sa dei.

Men kven i *all verdi* kunde so ha gjort det? Dei tok til aa gita og kviskra, att og fram, upp og ned, upp og ned.

Ola stod berre og ynskte seg tjuge mil burte fraa dette humlebølet. Dei var so for-

tærande nasvise, dei gaparne, um han var aldri so trygg. Men det var no som igaar, at han vaaga ikkje aa røma helder.

»Det maa vera ein som er vond paa deg, Baard, og vil hemna seg,« sa ein.

»Men veit du nokon som er sinna paa deg?« ropte heile flokken.

»Nei ikkje nettupp . .« mylte han.

Daa retta han Tarald seg upp og grein løynsk. «Men *eg* veit um ein som var sinna her ein dagen!« lêt han. »Det var ein som ikkje lika, at katten hans ikkje var so fin som hunden!«

Han lo og blinka etterpaa, og fyrr Ola visste ordet av, stod heile flokken og glande paa han!

»Det var sant, det vart han so brennande vond for uppunder ufsi um sundag og!« mulla ein.

»Jaso . . aahaa!« sa ein annan.

»So er det kanskje ikkje so visst . .!« løynska enno ein annan; — det var han som fekk torva etter seg um sundag. Og so blinka dei til kvarandre alle saman.

Ola kjende som ein hard støyt tvers gjenom bringa . . her lurde kanskje ein ny, fæl faare!

Men i næste blinken slengde han fraa seg vesleøksi og for upp i sinne, so det døyvde heile suti. Kva rett hadde dei til aa staa her og ha han til skam og bisn, naar dei ikkje

hadde set ein snus? Han gjekk beint burt for nosi hans Tarald.

»Kva er det du stend her og laprar i hop? Kanskje du vil skulda den rumpa paa meg, din ljugar?« spurde han so morsk han kunde.

»Nei høyr, so vesleguten skal til aa pusla og bruka snut no! Eg hev ikkje sagt noko, eg; men . . du veit ei rumpa er lett aa slaa av!« sa han Tarald og lo meir og meir eglande.

»No skuldar du det paa meg att! Eg skal klaga deg, din tobakstjuv!« ropte Ola endaa bøsnare.

Daa vart han Tarald óg raud i hausen og lo ikkje lenger. For det var altfor sant, at tobaksrullarne hans far inni hylla hadde minka svært fort rett som det var.

»Skal du til aa kalla ærleg mann tjuv du, din pundar?« snerra han. »D'er best du agtar snuten din, tenkjer eg. For vilde eg seia det eg hev set av deg ein kveld, so skulde det nok vanka baade bank og tuting med det aller fyrste!«

Han lo uvyrent att og skjeggla paa han Ola. Han hadde ingen verdsens ting set, men totte det var maata aa erta han.

»Kva var det du saag?« ropte gutarne yver kvarandre og flokka seg forvitne rundt han Tarald.

Han var fælt løyndomsfull og læst ikkje vilja upp med det enno. »Men det kan eg seia, at det er dugeleg ris verdt!« let han.

Heile flokken tok til aa nidglana paa han

Ola att; men han fekk ikkje fram eit ord. Han hadde fenge ein ny støkk, so han vart som vatn i knei og svimra i hovudet. Hadde han Tarald set det likevel . .! Ja, det kunde ikkje vera anna. Han kunde ha sta'e burti løda, elder . . aa der var hundrad stader, naar han fyrst var ute.

Han heldt henderne for andlitet og freista aa graata skuldlaust, men kjende sjølv kor laakt han fekk det til. So fór han med kryl paa rygg burtum løda og inn i vedskjolet. Der vart han standande og kjende snautt grunnen under seg.

No fortalde vel han Tarald det til heile flokken derburte. So vilde heile garden vita det um eit lite bil . . og so kom han far heim . .

Han dirra i knei, han vatsrann i augo. Hadde skammi vore fæl igaar, so var ho dubbel i dag, etter alt det han hadde fare med lygn og tilgjersla. Men at han Tarald ikkje hadde sagt noko igaar, naar han visste det! Han maatte ha tott synd um han. Men no . .! Uff at han ikkje hadde agta seg for aa erta han! Men kven kunde vita, kva han bar paa? Nei det var uraad aa vita noko. Det var so flokutt og faarlegt paa alle kantar, at han beint fram tenkte aa røma til skogs, so dei aldri fann han att meir. Han var alt komen utfor døri. Men so fekk han auga paa mor si burti tunet og smatt inn att. Ho var ute og ropte han

Tarald inn til nons, og dei fylgdest inn aat stova. No vaasa han vel og fortalde alt til henne ogso . .

Dette leidde honom inn paa ein ny tanke. Kanskje det var likso godt han sprang inn no med det same, han ogso, og tok mot alt, fyrr han far kom? Det vart endaa verre daa, og ingen ting var fælare en denne ventingi. Ein gong fann dei han so likevel. Han manna seg snøgt upp og steig ut or skjolet.

Gutarne stod burti tunet enno. Han venta berre paa at dei skulde læ og ropa etter han um ustykket hans; men dei knatt ikkje i seg. Hadde han Tarald ikkje sagt noko enno, likevel? Han fekk eit glim av von og sprang som paa gløder inn.

Ho mor var uti kjøken, og han Tarald sat aaleine inne. Ola smaug liten og skjelvande burt til han og spurde kviskrande, um han hadde sagt noko.

Tarald lo hemnfullt; . . han skyna alt. »Du var det væl verd, din knekt,« sa han; men han hadde likevel ikkje sagt noko — enno. So kom ho mor og dei andre inn att, so dei fekk ikkje seia meir.

Ola pusta ut og turka sveitte av seg. Gudskelov — hadde han tagt til no, so kanskje han kunde faa han til aa tia sidan ogso, naar han naudbad og lova, at han aldri skulde seia

eit vondt ord til han meir! Han maatte daa vera menneske, han Tarald og.

Han sette seg liten som ei mus ved bordet og smaug sidan ut i dørerne og freista aa faa tåk i han Tarald. Men det var ikkje so lett gjort. Han var aldri aaleine. Og sidan gjekk han og far til skogs. Ola maatte soleis venta radt til kvelds, og det vart ein etternon som ikkje var eit haar betre en igaar. Skulde no han Tarald koma paa andre tankar til i kveld, so det ikkje nytta aa be! Elder um han fortalde det med han far uppi skogen? Alt upptenkjelegt kunde henda. Og medan han maatte gaa her og syta, fór gutarne fraa grannegarden glade og syngjande heimetter att og hadde han Baard med seg. Mot *honom* kappast dei alle um aa vera snilde no etter ulukka, og han saag alt ut til aa ha vunne yver det meste. — Ola kunde mest ikkje halda graaten, og tok til aa tvila paa um han nokon gong fekk fred meir.

— Endeleg vart det kveld. Det saag ikkje ut til at han far visste noko enno, og etter ei lang luring vart Ola aaleine med han Tarald uti kjøken eit bil. Det var fælande leitt og skamlegt aa lota krjupa og be soleis; men det laut til. Men han vaaga ikkje aa lita paa berre beding helder. Han hadde ein blank tolvskilling, som han ein gong hadde fenge av gudfar sin. Det var det gjævaste han aatte, og han hadde gjøymt paa han som paa ein augnestein. Men

hjelpte ikkje anna, so laut han Tarald faa sjølve den for aa tia. Han bar paa han i handi.

Tarald lo og grein paa nytt lag, daa guten kom der og bad og tigga so rædd og tynn. Han gjorde seg litt vrang for aa ha moro av det. Men so kom han Ola stikkande med tolvskillingen.

»Ja, . . er det so spelegt, so kan eg alltid tia og,« sa han Tarald og tok mot skillingen — der sprang den og!

»Men so maa det vera visst!« kviskra han Ola.

Ja, ja daa . .

Ola smaug stilt inn aat stova att. Endeleg kunde han leggja seg med ro, trøytt og utasa etter den lange dagen.

Rumpe-Ola. Baard fær ny hund.

Nokre dagar var gjengne. Det var sundag att og blankt og fint ver. Graset grodde, og lauvet stod grønt uppi liderne. Katten sat paa dørhella og mol. Hønsi kakla burtetter tunet, hanen stod høg uppaa stabben og gol, og uppi fjelli hauka gjætargutarne. Men for seg sjølv burtved vedskjolet sat han Ola og korkje song elder var glad. Han sat berre og stirde i marki, beit i ein kjepp og tenkte.

Det var han som hadde tenkt seg so væl fri alt, daa han berre fekk han Tarald til aa

tia! Jau det var vent! Tarald hadde nok tagt, det var ikkje det. Men daa var det alt for seint. Gutungarne *hadde* alt fenge mistanke av det han løynska og sagde burtved løda den dagen. Dei hadde sidan gjenge og sneitt han for den rumpa so ofta dei saag han, og sistpaa funne paa aa kalla han rumpe-Ola. Han hadde kome i slagsmaal med dei for det uppunder ufsi ein dag og fenge baade naseblod og blaa kullar. Han Baard gjekk ogso og glyrde som han hadde mistru og hadde nok sagt det med mor si. Ho hadde vaasa og fortalt det attende til henne mor, og so visste han ikkje ordet av, fyrr *ho* kom yver han igaar og tok han i luggen og vilde ha greia paa dette. Det var berre so vidt han vann berga seg fraa henne att med graat og ljuging. Men ingen kunde vita, um ho ikkje bar det til han far ogso og han kom med bjørkeriset. Daa laut han vel til slutt upp med alt, likevel. Og samstundes gjekk han Tarald ogso og glyrde, liksom han vilde krevja endaa meir en tolvskillingen. Allting var so spelegt enno, at han hadde lote gaa og løynska for seg sjølv det meste av desse dagarne og.

Og i dag var det ikkje betre. Mest alle baade her og burti hi stova var reiste til kyrkje, og han kunde ha fenge vera med han og. Men han var so lei og modlaus av alt, at han hadde furta seg burt. Det var ingen hugnad i noko, naar alle gjekk der og mistrudde han. Og endaa

verre var det, at han morbror ogso kanskje hadde fenge vita det. Mor hans Baard hadde vore ned til han igaar, og ho hadde vel ikkje spart kjeften. So vart han vel aldri blid elder gav honom noko meir, han morbror helder. Han spurde vel ikkje etter han i dag eingong. Aa nei, ingen brydde seg um honom no snart. Han laut gaa her som eit utskôt, medan alle hine hadde det gildt og fór til kyrkje og fekk kringlor og bon-bon og søte sniglar av han morbror. Det tok han, so graaten sistpaa braut fram. Han smaug inn i vedskjolet og stridgret lenge, lenge.

Daa høyrde han einkvar, som ropte paa han burti tunet. Han turka taarorne og glytte ut. Det var han Baard. Aa, var han heime, likevel? Han hadde ikkje visst betre, en at han var til kyrkje, han og.

»Kva vil du?« spurde han laagt.

»Kom burt, so skal du faa sjaa noko!« sa han Baard. Han stod utpaa dørhella derburte og vitta med handi.

Ola gjekk varsamt burtetter.

»Kva er det no?«

»Nei du maa vera med inn aat stova!« sa han Baard. Han lo høgt og saag so titrande glad ut. Ola skyna ikkje kva han skulde tru, men fylgde sistpaa med inn. Og det kunde henda der var noko aa sjaa! Baard tok fram ei liti fin raudmaala kassa, og upp or den tok

han ein blenkjande ny hund. Han var raudmaala som den gamle, men mykje større og finare.

»Denne sende han morbror til meg i gaarkveld, daa ho mor var dernede og han fekk vita, korleis det hadde gjenge med den gamle,« sa han.

Han var so glad, at han hoppa og dansa med han paa golvet. Og han kunde nok ikkje bera paa nokoslags mistru helder no lenger, sidan det hadde enda so godt. Han slo paa tale um den gamle hunden og meinte han visste det no, korleis det hadde gjenge til. Dei hadde nok slept ut grisen eit bil den kvelden huset var neddotte. Ho Gunvor, gjenta, hadde kome til aa hugsa paa det no. Det maatte daa vera *den* som hadde vore deruppe og skubba huset ned. Ho mor trudde ogso *det* no, sa han, og mor hans Ola og. Dei hadde rødt um det, daa dei var burtved bekken i gaarkveld. »For det var ikkje rimelegt, at nokon annan en eit svin saag mun i aa gjera det« — sa dei.

»Nei det var ikkje trulegt, at nokon annan skulde bry seg . .« sa han Ola laagt; — han laut snu andlitet burt enno ein gong.

So sprang dei ut i det blanke solskinet og var gode vener som fyrr.

Endeleg kunde Ola kjenna seg fulltrygg. Endeleg! Naar dei hadde tala soleis, mødrarne, so kunde dei ikkje koma yver han med

dette fleire gonger. Han morbror hadde visst ikkje fenge vita noko helder daa. Og han Tarald skulde snart reisa, so all faare fraa den kanten ogso vart yver. Han var so glad, at han gjekk berre og lo.

Sidan um dagen gjekk dei med den nye hunden upp aat ufsi. Der stod katten urørd i huset sit enno, og Ola var no den fyrste som sagde, at den nye hunden var finast. Han skulde unna han Baard det no, um hunden hadde vore gylt. Han skulde unna han kva det var, berre han var kvitt den fæle suti.

Dei tok til aa byggja upp att det nedrivne huset hans Baard, og Ola var hjelpesam og gjorde seg fyre, so det vart mykje, mykje finare en hans eige hus.

Soga um guten og grisen.

Dei heldt paa med skuren uppaa Storebø ein dag frampaa hausten. Han vesle Eirik var med utpaa aakeren han og; han gjekk og tusla og plukka upp aks. So ropte far hans: »Spring heim etter tobaksrullen min i hylla, du Eirik. Lat meg sjaa, kor snar du kan vera!«

»Ja ja!« svara Eirik. Han hoppa byrg yver kornskruvarne burtetter aakeren og sette av stad som ei pil.

Men det var ikkje rett lenge, fyrr han sakka paa farten. Aakeren laag attanfor ein høg haug langt utpaa bøarne. Daa han var komen heimum denne, saag han ikkje folk nokon stad, og han hugsa no, at det ikkje var nokon heime helder. Alle i huset var paa aakeren. Jamvel ho mor var der. Berre husi stod derheime, store og myrke og stille og glande paa han med svarte vindaugo. Han var nær ved aa snu beint ut att. Men det var so leitt det og. Dei kunde læ aat han, og han far verta vond. Han knytte sistpaa neven i lomma,

beit tennerne byrg i hop og stemnde so heimetter, framum eldhuset og vedskjolet, framum grisehuset. Og skulde det nokon stad turvast aa vera modig, so var det fulla der. Uppaa veggen stod ei rund, blaagrøn ruta som eit fælt tudseauga; og gjenom eit hol i muren totte han plent han saag likt til trynet paa sjølve grisen. Og grisen, han var det fælaste han visste. Han var stor og stygg og mannvond. Eirik hadde vore ute for han ein gong i sumar, so han aldri gløymde det. Dei hadde ikkje havt kroken skikkeleg for døri. So hadde styggen murt seg ut og kom etter han med gapande kjeft. Og kven visste kor godt kroken var fyre i dag helder . . Han trødde stilt som ein skugge. Men korleis det gjekk til, so knast det i ein kvist under foten hans. Meir skulde det ikkje til. Grisen stokk upp med eit skræmelegt gruff og tok til aa gryla og riva paa døri, so det berre knaka og knast.

Huh! — Eirik var i tri hopp burt i kjøkendøri og smatt inn. Styggen, han var vel galen av svolt og no; for ingen hadde vore heime og gjeve han noko heilt sidan no'n.

— Eit bil etter kom Eirik ut att gjenom døri paa nedre sida. Han hadde nok gløymt baade fæling og otte no. Han smaatralla og tok dugelege bit av eit kakestykke med fløyte paa. Den store trehesten sin hadde han ogso

funne og vilde ha med seg. Han hengde han etter eit band paa ryggen.

Daa høyrde han noko som rumla burtved vedskjolet. Kanskje kararne var heime etter staur? Han sprang upp um novi . . han hadde so nære daana av rædsla. Det var sjølve grisen! Han hadde letta heile døri av jarni og kom mot han med eit fælt gruff.

Eirik kunde visst ha berga seg upp paa staburstroppi og kanskje burt aat kjøkendøri med. Men no saag han korkje dør elder tropp. Han sette i eit vitlaust skrik og rømde paa livet laust burtetter aat løda. Der saag han ikkje laavekloppi, men rømde beinleies langs smalhuset og upp paa baksida av løda.

Daa hadde han fenge ein liten fyremun, so grisen ikkje saag han. Men det var liti hjelp. Grisen kunde koma um ein augneblink, og her var det minder berg en nokon stad. Det var berre slette veggen langsetter heile løda, og slette bøen burtetter alt aat den store steinen millom løda og Storaakeren. Ja, men kunde han naa *den*! Det var fælsleg langt; men annan utveg fanst ikkje. Han beit tennerne saman og sette i veg.

Grisen hadde kanskje teke til aa gløyma han no, elder korleis det var. Han kom ikkje fram um lø'novi, fyrr Eirik var langt burtpaa marki. Daa hoppa han nok upp og kom som ei pil att.. Men Eirik var no so langt undan, at

det var ikkje det slag spelegt. Han var komen godt og væl upp aa toppen av steinen, fyrr grisen naadde burt aat 'n. Han var berga! Han slengde seg ned og gret ut i fred.

— Langt um lenge turka han taarorne og saag seg i kring. Grisen gjekk enno nedunder og rota og saag upp med dei smaa stygge augo sine. Men han kunde gaa der so lenge han vilde — her vann han aldri upp! Tvi, det var maata! No kunde han snuta. Eirik kjende seg so trygg og glad etter faaren, at han dansa i kring paa steinen og sputta ned paa grisen.

No saag han ogso, at det var ein rett gild plass denne steinen han var komen paa. Der var flatt og fint. Der grodde mjuk mose og gras. Der voks raunar og smaabjørker. Der var smaastein, som han kunde byggja hus av. Frampaa den eine sida voks ein heil liten skog av bringebærris, og daa han skulde sjaa, so raudna det av bær innunder lauvet. Attaat alt dette hadde han ogso den vesle kniven sin og hesten. Han kunde ha det svært gildt med alt dette.

Han aat fyrst bær alt han vann, og sulla og song av berre hugnad. So bygde han hus aat hesten. Han laga seg kyr og smale av kjeppar og fann paa mangt anna.

Men kor lenge han sat elder kva han fann paa, so gjekk grisen aldri or vegen. Han vart gangande der som ein vagtmann og glirde upp.

Dette tok sistpaa til aa verta helder drjugt og langsamt.

Men maatte ikkje einkvar koma heim og sjaa etter han, naar han no ikkje kom att med tobak? Han saag og saag. Nei, ingen kom, og han skyna altfor snart, at det ikkje var noko aa venta paa helder. Dei tenkte vel han hadde gløymt alt og laupe ned til gutarne paa grannegarden. Han hugsa med samvitsagg, at han hadde gjort sovore fyrr. So visste vel han far seg ei raad til aa faa tobak av hine kararne. Og noko anna hadde visst ingen aa gaa etter, fyrr ho mor kom og koka til kvelds — um mange, mange timar.

Han vart sitjande raadlaus og saag seg i kring med sure augo. Daa kom han til aa sjaa paa noko. Paa Storaakeren innanfor stod kornet paa staur so tett som ein stor, stor skog. Der maatte det vera lett som inkjevetta aa gjøyma seg burt for grisen. Og vilde det beistet berre gaa attende um løda ein augneblink, so kanskje det ikkje var so spelegt aa vaaga det vesle spranget burt til aakeren helder. Det var slett ikkje langt. Berre nokre hopp, so var ein der. Fraa aakeren var det daa snart gjort aa koma upp i bjørkehaugarne innanfor og ta kva veg ein vilde utetter til skurfolki.

Han venta enno eit bil; men grisen rikka seg ikkje meir en fyrr. So lagde han seg flat ned midt paa steinen, so grisen ikkje saag han.

Kanskje han so til slutt kunde gløyma han og gaa. Han vart liggjande lenge, lenge, endelaust lenge, med andlitet ned i mosen. Sistpaa hadde han ikkje høyrt noko til grisen paa eit heilt bil. Han var kanskje alt gjengen. Eirik glytte upp med halve auga; — daa hadde grisen ogso lagt seg og laag som han venta! Skulde ein ha *set* paa maken til udyr!

Eirik for upp i kokande sinne og hivde stein i trynet paa han, so det rauk etter. Grisen hoppa upp og gruffa og rømde paa villan flôg eit lite stykke — so kom han beint attende og nasa fortenkt paa steinarne! Graaten vilde upp i halsen paa guten, han sette i aa gaula og ropa paa folki utpaa aakeren. Det svara burti lø'veggen og uppi fjelli; men ingen annan svara. Han gaula upp att, upp att, men like faafengt. Nei, kor kunde dei høyra det so langt — alt utum den høge haugen? Her var ingen ting i verdi aa gjera utan aa vera der han var.

— Det var vidt utsyn fraa steinen, der han sat. Han kunde sjaa uppetter alle liderne og fjelli og innetter alle haugarne og bakkarne austanfor Storaakeren. Det var blankt solskin alle stader, medan løda tok til aa kasta skugge her. Aldri fyrr hadde han set det so fint og fagert alle stader. Aldri hadde han set soli raudna soleis aust i Støylsbakkarne. Aa, den som hadde vore der! Mogne neter og tytebær var der visst og. Og kanskje gjætarguten var

der med? Elder gutarne fraa grannegarden paa bærhenting? Det var sistpaa radt som han høyrde det hauka og syngja derinne. Ja dei kunde nok syngja! Alle andre hadde det gildt, medan han var botten. All verdi var fri og glad, medan han sat paa straff. Det var ikkje til aa halda ut lenger. Han slengde seg beint ned og hikstegret; han sparka etter hesten og bringebæri og alt han hadde hygt seg ved her. Alt var visna og verdlaust, daa han saag paa det no att. Alt var inkjevetta, naar ein var botten og støtt hadde den fæle grisen aa sjaa paa. Han grov i mosen, beit seg i fingrarne og turka seg i augo, so han vart svart som ein kolbrennar.

Daa høyrde han med eit noko tusla burtved løda. Han saag upp og stansa med eit graaten. Det var grisen! Han stakk alt med hovudet burtfor novi, og seint som ein snigel fylgde resten av kroppen etter. Kanskje det endeleg . .! Hjarta tok til aa hamra i guten. Han reiste seg ljodlaust, hengde trehesten paa ryggen og stod ferdig.

Berre den krulla rova stakk no fram der-burte. Men so vart det ein stans. Rova vart standande der og dirra, dirra i det endelause. Eirik stod som han brann. Han var nær ved aa banna paa den styvne rova. Men so kom han svint til aa tenkja paa, at med *den* kunde

han daa ingen ting sjaa, styggen; og skunda han seg ikkje no, so kunde grisen snart koma att.

Han steig stilt ned paa baksida av steinen og vaaga spranget. Nokre augneblink etter for han som ei pil inn millom staurarne.

Litt forbina saag han seg i kring. Kornstaurarne stod slett ikkje so tett her ved aakerreini som det hadde set ut til fraa steinen. Men litt lenger burte tjukkna dei som ein furuskog. Han gjorde eit tverrsprang dit; — daa stod dei likso spreidde der og. Der var opningar so vide som stovegolv; og beint bakanfor han var der eit fælt gap, so han saag radt ut aat løda. Og der — var grisen komen radt fram att og hadde nok alt høyrt han; for det tusla og knast i dei turre kornstubbarne, so det lyddest langan veg. Det lyddest nokre fælslege gruff att, og so kom grisen i pilande spranget!

Trøyste seg . . korleis han hadde stelt seg! Han spratt upp som ein grashopp og for med dubbel fart innetter. Men det gjekk no som fyrr — berre einstaka staurar og inkjevetta. Var det trolldom, elder korleis hadde han set? Han vart som lamslegen av rædsla. Sveitten sprang fram yver heile kroppen. Han orka snart ikkje meir. Og nærare og nærare kom grisen!

Men daa uppdaga han noko, so han fekk nytt mod. Han var komen fram til ein liten haug midt i aakeren, og kunde herfraa sjaa heilt

inn aat austre reini. Daa var det *der* staurarne stod so tett. Han maatte ha set for lite etter, daa han sat paa steinen. Men der stod dei tett so det dugde og. Det maatte vera berre so vidt ein kunde smjuga millom dei. Berre han vann dit! Han tok paa att, so bringa gjekk som ein belg. Han hadde soleis snart fenge ein liten fyremun att. Han saag ikkje lenger grisen. Men han høyrde han etter seg enno; og enno var opningarne so store, at det ikkje var tanke um noko trygt gjøymsle.

Daa stansa han med eit upp og stirde framfor seg med uppspilde augo. Han var komen til endes paa aakeren, og so stod staurarne likso grisne her som alle andre stader! Og innanfor byrja ikkje haugarne og skogen, som det hadde set ut til. Der var opne, vide bøar og engjer. Solskinshaugarne var langt burte som eit anna land enno . .

Han smaug skjelvande inn under stauren han stod attved; han visste ikkje annan utveg.

Han hadde ikkje lege lenge, fyrr grisen var komen etter og tok til aa riva i ein staur tett ved. So vart det daudstilt — styggen stod kanskje og lydde. Og so lett som han kunde høyra han her! Det tusla i halmen berre han røyvde ein fing. Han vaaga mest ikkje aa anda. Det gjekk heite og kalde flagor gjenom han. Det verkte i alle ledar av at han laut liggja so krokutt; han fekk trang til aa hosta, so han

laag berre og vreid seg. Det var so fælt, at han var um aa springa upp og skrika ut, korleis det so gjekk. Men so høyrde han grisen att — denne gongen eit heilt stykke lenger burte. Gudskelov! Han pusta ut og vaaga aa sjaa upp.

So svært langt av var ikkje grisen enno, og han saag no, at her var endaa opnare og utryggare en han hadde tenkt. Det var ikkje meining i det so utrygt her var. Berre grisen *snudde* seg derburte kunde han sjaa han. Han stirde forvildra etter eit betre gjøymsle.

Daa uppdaga han, at staurarne uppi nordre enden av aakeren stod mykje tettare en her. Dei stod som ei sky med topparne . .

Han gløymde med eit, at han var narra fyrr. Han sette i veg med ny von. Han hadde ikkje høyrt grisen paa eit bil helder no, so han kjende seg heilt trygg.

Usæle guten — han skulde berre ha visst, kvifor det var so stilt! Grisen stod med glirande augo burtfor stauren sin og lydde. Daa skulde det ikkje mykje til, fyrr han høyrde det. Og so kom eit av dei fæle gruffi att!

Eirik hadde ikkje so liten fyremun og kunde springa betre no etter kvildi. Men kva hjelpte det, naar det var trolldom i alt? Daa kapplaupet hadde vart heilt aat nordre enden av aakeren, var det likso ope der og. Daa vann han ikkje meir. Han stupte yver ende og vart

liggjande og ramskreik, til grisen kom og opna kjeften etter foten hans.

Berre ein ting kunde i denne stundi gjeva han kraft til aa ta paa spranget att med full fart. Det var synet av denne kjeften. Han reiv av seg trehesten, som no var komen til aa hanga midt frampaa bringa, og var som ein blink or syne burte millom staurarne.

Grisen sette i eit kvin, men fylgde ikkje etter med det same. Han hadde fenge trehesten midt i trynet og tok til aa nasa paa den. Eirik fekk soleis paa nytt lag eit undansprang og var sistpaa komen radt ut paa hin kanten av aakeren, der spranget byrja. Daa hadde han opne bøen framfor seg att.

Daa saag han som gjenom ei skodd steinen han hadde vore paa. Han skimta huset han hadde bygt. Han saag bringebærriset. Han saag den mjuke mosen. Og der kunde han ha sote like fri og frelst enno, hadde han berre set betre paa denne fæle aakeren og ikkje vore so utolug. Aa, aa! Men kven kunde koma der no meir, daa opne bøen laag imillom som eit fælt hav?

Han hadde krope saman bakum ein staur og stod og skalv, skalv.

Daa skaut ein tanke upp i han som elden. Um han vaaga spranget likevel! Han kunde ikkje meir en missa livet, og det miste han vel,

um han stod her og; for no kom grisen att. Utan aa bry seg um noko sette han i veg.

Det gjekk ikkje so fort no. Brystet var um aa sprengjast etter alt laupet. Men som væl var vart grisen heft av eitkvart no og. So naadde guten steinen og laag paa mosen att!

Han laag lenge og berre pusta ut i lange, lange drag og strekte seg. So grov han seg paa magen burt aat bærriset og læska seg med gode, raude bær, som der enno var nøgdi av. Aa so godt det var! Og denne herlege, trygge, gilde steinen hadde han late seg lokka ned av! Nei aldri skyna han sovore. Han snudde seg svint og saag innyver aakeren.

Aa trolldom! No var det staur ved staur att, so ein maatte kunna gjøyma seg for ein katt. Og innanfor laag haugarne og skogen i daarande fint solskin tett aat aakeren . .

— — »Er du der Eirik? Kor vart det av deg og tobaken, din slarv?« ropte det burtved løda. Det var han far som stod der og hadde fenge auga paa han.

»Aa grisen . .!« ropte Eirik. Tanken paa alle dei faarar han hadde vore i tok han, so graaten braut fram att. Han gret, daa faren kom og hjelpte han ned av steinen. Han gret etter han var komen inn i kjøken til henne mor; og det var berre med staming og hiksting han endeleg fekk fram, korleis det heile var gjenge.

Men daa han eit bil etter hadde lagt seg, gret han ikkje. Han laag og saug paa ein fing og var komen til aa grunna paa at det var ikkje alltid ein kunde tru plent sine eigne augo helder. Stundom laut ein verta klok av skade.

Nils som gjekk til skogs.

Det var ein blank dag fram paa ettersumaren. Folki uppaa Husebø var utpaa engjerne og raka i hop høyet um etternon, og smaaborni fylgde etter og leika i høydungarne. Men for seg sjølv burtpaa ein stein sat han Nils og berre vrengde med augo etter hine ungarne. Han var ikkje blid, han Nils.

Han hadde fyrr i dag vore med dei vaksne og arbeidt mest heile tidi. Men no um etternon skulde han faa vera fri, og han hadde gledt seg so til denne fritidi. For han og Sigrid, vesle syster hans, hadde daa tenkt aa gaa aust til skogs og henta blaabær. Dei var nettupp fullmogne no, blaabæri, og der var i mengdevis av dei. Det blaana i lyng og haug, sagde gjætarguten, daa han var heime av støylen igaar. Dei hadde alt i gaarkveld butt seg til med næverkoppar og bedt seg lov til aa gaa.

Men no daa tidi kom, hende det som han Nils minst hadde venta. Daa vilde ho Sigrid ikkje vera med! Ho hadde kome radt av det.

Ho moroa seg med smaapjokkarne fraa grannestova og totte det var gildare. Det hjelpte ikkje alt han tagg og bad. Det hjelpte ikkje eingong, at han baud henne ein fin papirdaase. Ho berre flogsa beint fraa han. Og utan henne med stod han fint fast.

Han var ikkje rædd av seg — det var ikkje det. Han kunde baade ta merri i buhagen og jaga stuten. Men skogen *var* skogen. Der var alltid so underleg døkt og uhuglegt, naar ein var aaleine. Han hadde aldri vaaga seg meir en eit lite stykke austum bøgarden utan nokon med, og det var ikkje betre i dag en fyrr.

Han var so arg, at han var graaten nær, og visste seg ingi raad.

Men so skaut det med eit ein byrg tanke upp i han. Um han vaaga aa gaa aaleine likevel? Der *var* daa ingen ting aa vera rædd, det visste han. Der var korkje bjørnar elder indianarar elder folk med halar, som han hadde tenkt, daa han var liten. Det var so fint og blankt austyver skogen i dag, at der visst ikkje kunde vera det slag fælslegt helder. Kva var han so rædd? Og so brennande maata som det skulde vera aat henne Sigrid, naar han kom att med næverskrukka full av bær, og ho fekk sjaa at han ikkje trong henne! Daa vilde ho nok ha av dei søte bæri, ho og; men ho skulde fint faa gaa der med inkjevetta. Ho skulde

ikkje faa so mykje som eit halvt bær, det var han mann for.

Han reiste seg, heilt uppglødd av denne hemntanken, og rusla innetter bøen. Han vilde inn aat grindi og sjaa betre paa dette, i minsto.

Daa hugsa han med eit, at han Pera-Martin burti stova hadde gjenge til støyls fyrr i dag. Han kom visst heim att no paa etternon, og støylsvegen gjekk beint nedetter skogen. Kanskje han so raaka han der inne? Aa men so fanst det ikkje skapt faare daa! Han hoppa svint yver steinmuren og svinga med næverskrukka. Her var gut som ikkje var rædd, her!

Med stav i hand og toppluva langt bakyver nakken labba han innetter breie buvegen. Det bar snart attum nokre smaa haugar, so han ikkje lenger saag heim til bøarne. Skogen stod tjukk og tett rundt paa alle kantar. Men det gjorde ingen ting. Det var som han hadde tenkt, det var ikkje det slag døkt i skogen i dag. Soli skjein paa skraa inn millom furuleggjerne, so det berre glima. Det surra av my og flugor paa alle kantar. Smaafuglar titra uppi alle greinerne. Han maatte berre undrast paa at han ikkje hadde vaaga dette fyrr, naar det ikkje var verre. Og naar han Pera-Martin . . Han smaasong av berre godt mod.

Buskapen hadde trampa ned lyngen her i vaar, so det fanst ikkje bær enno; men det

kom seg nok snart. Han for upp ein liten bakke, ned ein bakke og so upp ein att. Greinerne rokk no radt yver vegen sume stader; han gjekk som gjenom svære portar. Men vegen var like brei attende, so det var uraad aa gaa seg vilt. Og han Pera . . Han laut radt læ aat dei stakararne som var rædde til skogs.

Lyngen var no friskare, og her og der fanst nokre bær. Han slo inn paa ein liten tverrveg og fór burt gjenom nokre tette buskar. So kom han fram i ei liti opning.

Han stansa og stirde . . han lo. Tuva etter tuva burtetter blaana av bær, lavde av bær! Du mirakkel for bær. Det var so ein maatte faa næverskrukka full paa nokre tuvor. Sjaa um han ikkje hadde raaka upp i det likevel!

Han gav seg andpusten til aa henta og hadde koppen full um ikkje rett lenge. So gav han seg til aa eta, til magen var likso full. Slutteleg fyllte han ogso trøyelommarne.

So maatte han tenkja paa heimferdi. Men, ja . .; det var enno i mengde-mengde-vis av bær her. Yver helvti stod att. Det var reint for ille aa lota gaa fraa alt dette enno. Soli var ikkje nede, so det kunde ikkje ha nokor braahast helder, og han kunde henta i huva.

Han laag snart paa alle fire og henta att. Han tenkte fyrst aa faa full berre toppen paa huva. Men daa det var gjort, kunde han ikkje

lata vera aa fylla paa litt til, litt til, til ho var halv. Daa trøyttna han endeleg og laut finna seg i aa gaa fraa resten. Men so kunde han berre koma att og ta dei i morgon elder sidan um dagarne. Han kunde gaa so ofta han vilde no han var kjend. No kunde ho Sigrid vera vrang so lenge ho vilde! Ho skulde jamvel faa sjaa, at han sprong beint fraa henne, um ho so *vilde* vera med. Nista skulde han ogso ha med seg og sitja og eta paa steinen der.

Han lo i glade tankar, medan han rusla nedetter. Daa fekk han auga paa ein lynghaug litt lenger burte, som han ikkje hadde set fyrr. Det skjein liksom so blaatt der óg, totte han — det skulde vel aldri vera bær alt dette med? Han laut burt og sjaa.

Jau det var ikkje fritt det var bær, dette og! Han visste eit bil mest ikkje, um han skulde tru seg sjølv. Alt han hadde funne fyrr var smaating mot dette. Heile bakken blaana i *eit*. Det var fraa blaane til blaane. Her kunde det ikkje hefta stort aa faa radt full huva . .

Men han tenkte ikkje lenger paa korkje hefting elder morgondag. Han tenkte berre paa kor gildt det skulde vera aa faa *smikkande* full huva og, og bærmengdi drog, drog som ein trolldom. Han laag i lyngen att og henta paa livet laust. Lyngblokkor fylgde med aat huva i mengdevis og visst makkar og. Men han ansa

ingen ting, berre murde paa. Nettupp i ei handevending var ikkje huva full her helder. Ho tok mykje. Men sistpaa hadde han klara det, lell. Ho var rund som ei svær pylsa. So spratt han ende upp og fór nedetter buskarne aat storvegen. So var det strake vegen heim.

Men daa stansa han enno ein gong og stirde litt forfjamsa i kring seg. Kva leid var det no som bar heim — til høgre elder til vinstre? Han hadde vorte so fortumla av det fæle hastverket uppi tuvorne, at det var gjenge reint i surr for han; og vegen var so lik etter kor leidi, at der var ingi rettleiding aa faa. Ikkje helder hadde han soli aa retta seg etter lenger. Ho var gjengi ned, og det maatte vera for eit heilt bil sidan; for han kunde ikkje eingong sjaa, kva kant ho hadde vore paa. Den litle flekken han saag av himlen millom tretopparne heldt paa aa dra yver med kveldskyer, og dei var like jamgraae alle stader. Han maatte ha heft mykje lenger en han vardest.

Han heldt paa aa verta kald av otte; men nettupp i det same saag han noko aa retta seg etter, likevel. Det skar ein liten tverveg inn i skogen strakst burtanfor til vinstre, og han hugsa no, at han hadde fare framum ein sovoren veg trast fyrr han krøkte upp i skogen.

Det maatte vera der . . Ja ja, no saag han det greitt. Heile skogen snudde soleis, at

det bar heim. Styvingen han var som ikkje saag det strakst.

Han lagde i veg og dilta og sprang. Han maatte skunda seg dugeleg no etter all heftingi. Furuleggjerne for som eldingar bakum han.

Men so underleg umskapt som alt hadde vorte no, daa soli var nede! Trei hadde liksom drege seg nærare saman og lutte meir utyver vegen. Det var berre graatt i graatt av mose, der soli hadde glima i alle liter millom treleggjerne. Sume stader var det alt radt uhuglegt av døkk skugge, og stilt var det som i ei kyrkja. Ikkje ein fugl lêt. Ikkje ei humla surra. Og her hadde han lege og grave og ikkje gaatt nokon versens ting! Huff . .

Men noko spelegt var det daa likevel ikkje. Det var beine vegen, og han skulde snart naa aat grindi. Han tok alt til aa sjaa etter henne. Nei, ingi grind enno. Han auka paa farten, so han gjekk i fullt sprang. Men korleis han dreiv paa, so vart det ikkje annleis; berre tett, tett skog.

Dette tok til aa verta reint som forgjort drjugt, og so kom der noko endaa underlegare. Han kom fyrst aat ei bratt kleiv, som han aldri hugsa han hadde set, daa han kom til skogs. Og so kom han aat ei rund opning, som han endaa minder hugsa. Der laag gamle tømmerstokkar og gjekk vegjer ut til mange kantar.

Kva i verdi var sovore? Han stansa og

glande. Men naar han var paa rette vegen, so var han, og han hadde ikkje tid til aa hefta seg burt med sovore kringelkrangel. Han fylgde vegen yver opningi og inn i skogen paa hi sida.

So gjekk det fint og beint frametter att. No *maatte* han snart naa aat grindi og bøarne. Han sprang av sinne; han sprang paa spreng. Men det var som aa laupa etter sin eigen skugge. Han naadde ingi grind. Skogen vart berre høgare og vegen smalare. So kom han burt under ein høg bakke. Der kløyvde heile vegen seg ut i hundrad smaavegjer . .

Nei dette hang aldri i verdi rett i hop! Her kunde han aldri ha gjenge fyrr. Han stirde som klumsa framfor seg og skyna med eit alt. Han maatte vera paa villstraa! Han maatte ha teke gali leid og fare austetter skogen i staden for ut mot grindi! Den vesle tvervegen hadde vore ein galen tverveg. Ikkje under, at vegen aldri tok ende daa, og at alt var so underlegt!

Og so endelaust langt i skogen han maatte vera etter alt dette laupet! Kanskje ein heil fjordung fraa folk, medan kvelden seig paa. Det tok alt til aa skyma inni dei tettaste holorne.

Rædsla tok han, so han var nær ved aa missa pusten og setja i aa tuta, der han stod. Men daa han fekk tenkja seg litt um, svelgde han graaten manneleg att og skaut hjarta i livet best han kunde.

Um han hadde forlaupe seg stygt, so var det daa ikkje verre, en at det kunde bøtast. Han hadde beine vegen attende, og det leid ikkje lenger enno, en at han kanskje kunde naa heim, fyrr det vart radt myrkt. Og no slapp han aa laupa i uvissa lenger.

Han tok i veg attende hardast han vann, saag korkje til høgre elder vinstre etter fæle holor og var snart komen ut til den litle runde opningi att.

Men daa kom det eit nytt leitt spursmaal. Daa han skulde sjaa, gjekk det *nokre* vegjer utetter skogen fraa opningi. Kva for ein var so den rette heimvegen? Det hadde han ikkje bite noko sers merke i, daa han kom!

Rædsla vilde yver han att. Men so uppdaga han, at den eine av vegjerne var litt breiare en hine, og ved eine sida stod ein stor brake, som han totte so visst han hadde set, daa han kom. Det laut vera der! Han lagde trøystug av stad og tok snart til aa sjaa etter den kleivi han raaka, daa han kom austyver. Nei . . daa kom det ingi kleiv. Vegen tok derimot til slutt til aa gaa i ein underleg krok. So bar det ned i ein fæl, myrk dal. Og paa andre sida av denne stod nokre sævre steinar som fæle dyrehovud . . han saag med ein gong, at han var paa villveg no og. Han maatte ha teke galen veg fraa opningi!

Han sette i aa graata høgt av rædsla, medan han tok paa spranget attende. Heilt aust aat opningi laut han no att og finna rette vegen. Og medan han gjekk her og sumla, kom kvelden verre og verre yver han. Det tok alt til aa skyma her midt paa opne vegen.

Det vilde helder ikkje muna med springingi no som fyrr. Krefterne minka etter alt laupet. Han var mest sprengd, daa han kom attende aat opningi.

So — no maatte han bruka varsemd og ikkje jaala seg burt fleire gonger. Han saag og saag. Men altfor snart saag han, at no stod han nettupp fast for aalvoret! Her var enno tvo vegjer aa velja i, og det var so raadlaust som aa fjuka aa ta ut den rette. Um han stirde augo or hausen, kunde han ikkje greia det. Og aa gaa paa det uvisse ein gong til var berre aa koma verre og verre paa villstig. Alt gjekk sistpaa i surr for han, medan det skyma meir og meir.

Det hadde vore ille dei tvo gongerne fyrr; men mot dette var det som ingen, ingen ting. Rædsla seig yver han som ein fæl kald foss. Han laup forvildra i tunn att og fram, att og fram, til han sistpaa seig som naamen ned i ei tuva.

Men so fekk han ein tanke, so han for upp att som gneisten. Han hugsa han Pera-Martin

. . kanskje han no var her einkvar staden paa heimveg? Han sette i aa ropa paa han alt han orka og vann. Ingen svara. Han ropa upp att; han ylte, tuta og skreik, so han Martin *maatte* ha høyrt det, dersom han hadde funnest her i skogen. Men ikkje ômen til svar no helder, og han skyna altfor væl, at denne voni var uvissare en alt anna. Han Martin kunde vera heimfaren for lenge, lenge sidan, medan han laag uppi bærtuvorne. Han kunde ha gjenge ein annan veg uti fjelli; — elder kanskje han slett ikkje kom heim fraa støylen i kveld eingong?

Han seig yvergjeven ned i ei tuva att. Det var som stilla vart dubbelt tung og fæl etter ropingi, og myrkni drog seg inn paa han fraa alle kantar, verre og verre — som ein avgrunn som vilde ta han, medan han ingen stad kunde koma.

Naar han og Sigrid stundom hadde sote i omnekraai um kveldarne og freista aa tenkja seg noko rektig fælslegt, so hadde dei aldri visst noko verre en aa vera paa villstig og aaleine uti ville skogen um natti. Og no var han verkeleg komen ut i det! Det var mest ikkje til aa tru, endaa det var so altfor skræmeleg sant. Ho skulde berre vita dette, ho Sigrid . . og ho mor og alle! Men kor kunde dei vita det? Ingen visste, at han var faren til skogs.

Ingen kunde koma paa aa leita etter han her. Ikkje noko rop kunde naa heim fraa denne endelause skogdjupni. Han kunde paa den maaten verta liggjande hjelpelaus her heile natti . .

Heile natti . .! det var som desse ordi vekte han att. *Heile natti* . . nei det stod han aldri ut med livet! Han spratt upp og sprang rundt att og fekk so ein ny tanke.

Dersom han no fylgde ein av desse vegjerne og gjekk, gjekk i det endelause, so maatte han vel koma ut or denne fæle skogen ein gong og finna folk, um han ikkje plent fann heim? Og kom han berre til folk, so gav dei han vel alltid hus og hjelpte han heim i morgon.

Dette kveikte som eit glim av von att, og av stad sette han etter den fyrste den beste vegen paa den leidi som skulde snu heimetter. Næverskrukka sette kan etter seg; men huva heldt han fast paa.

Det var utrulegt so myrke og fæle avholor det snart vart paa baae sidor, og allslags fæle sogor um huldrar og skrymt steig fram for han som vonde styngjer. Men her var det ikkje raad til aa snu for noko i verdi, naar han berre kunde berga livet. Han tok til aa lesa fadervaaret og dei tri trudomens artiklar til aa styrkja seg med. Han las jamvel det: »Det bør sig en biskop at være ustraffelig, een kvindes

mand«. Det var mun i det med. Og han lova Vaarherre, at han ikkje skulde bry han med meir beding paa mange, mange vikor, dersom han berre vilde hjelpa han no. Han skulde helder ikkje i sit liv koma aat denne fæle skogen meir, so han trong um hjelp her oftare. At han nokon gong var komen her! Kvi var han ikkje rædd aat aa gaa aaleine no som fyrr?

Ja — men hadde det vore nokon faare, dersom han hadde gjenge heim att med' soli var uppe, og ikkje vore so stornøyten paa bær? Dette var so altfor greitt, at det var uraad aa skulda ulukka for noko. Men kven visste, um Vaarherre var so flippen til aa hjelpa, naar han soleis med si eigi havesykja var skuld i alt? Han fekk ein ny støkk, so han aldri vaaga aa tenkja paa den leidi meir. Han berre mulla paa fadervaaret.

Han orka ikkje aa springa no lenger. Han berre tusla og gjekk hardast han vann. Han kunde sistpaa ikkje tenkja klaart helder. Han gjekk lange stunderne som i halvørska og kjende berre liksom noko fælt bakum seg og rundt seg, som han maatte røma for. Ein gong vart han so trøytt og tung, at han seig ned ved vegsida, grov andlitet djupt ned i lyngen og laag eit langt bil. Men so vart otten for det fæle bakum han so sterk, at det dreiv han i veg att.

So gjekk det jamt frametter. langt og lenge. Vegen var like brei og godt sjaaandes enno. Det var tjukk skog paa baae sidor som fyrr, og han vaaga helder ikkje aa venta noko umskifte enno paa lenge, lenge. Men nettupp daa vart det eit umskifte. Det tok med eit til aa ljosna litt framfor han. Han augna ein steinmur og ei grind. Utanfor var det opne bøar, og lengst burte augna han ein krins av graa hus paa ein gard. Han var komen til mannar! Gud ske lov! Han hoppa av gleda og tok paa spranget ut aat muren.

Men kva slags gard kunde dette vera daa? Daa han sprang fraa den litle opningi i skogen, hadde han enno som ei vissa um at det i minsto bar paa leidi heimetter. Men sidan hadde han mist all greia paa det og. Det var sistpaa plent som vegen bar austetter aat hi grendi, og no vart han enno vissare paa det. For alt var annleis her en paa Husebø og i heimegrendi. Det var høge fjell paa *den* leidi og ikkje paa *den* som heime, og skogen snudde annleis til bøarne. Det maatte vera ein gard i austgrendi. Ja ja, men han slapp vel alltid inn for det.

Han stemnde byrg burtetter bøarne og kjende mest ikkje trøyttleik lenger. Men daa han kom burt mot husi, sakka han paa farten endaa ein gong.

Det var so forunderleg stilt paa denne garden. Ikkje eit liv var aa sjaa. Ikkje ein hund gjøydde. Det lyste ikkje fraa noko vindauga. Berre husi stod der myrke og daude som ein krins av store, mosegrodde steinar i utmarki. Han kunde ikkje for at fælska vilde ta han enno ein gong. Det skulde no vel ikkje vera noko i vegen med denne garden *og* som med alt anna i kveld? Han kom med eit i hug nokre fælslege sogor han hadde høyrt um huldregardar og trollhus, som folk hadde raaka paa i skogarne, naar det var myrkt . .

Nei, nei, no maatte han ikkje vera styven! Alle som visste noko, kalla sovore berre fantedom og lygn. Det maatte berre lida so langt paa natt, at alle hadde roa seg. Han fekk gaa burt og banka paa ei dør, til einkvar kom ut.

Han tok modig til aa gaa att. Det fyrste huset han kom burt aat, var eit lite som stod for seg sjølv paa eine sida av tunet. Det var visst eit vedskjol. Nei men kva var dette daa? Daa han skulde sjaa, so saag det ut plent som vedskjolet heime. Der var høg dørstokk, ein stabbe utanfor og ein stor glugg yver døri nettupp som der.

Han gjekk forbina nærmare og vilde sjaa betre. Daa høyrde han med eit noko burti tunet. Det var fotstig. Aa, var det folk uppe, likevel! Han snudde seg glad, men kom ikkje av flekken, daa han skrimsla den som kom.

Det var eit underleg stort, høgt kvinnfolk. Ho var bikande svartklædd som eit bysje. Ho hadde eit stort, svart plagg kring hovud og hals og snudde andlitet mot jordi. Soleis steig ho fram til midt paa tunet. Der stansa ho og gav seg til aa stira og glana med underlege fagter nedetter vegen til sjøs, og mulla med seg sjølv. Og so tok ho til aa reika att og fram der i halvmyrkni. Kva i verdi slags menneske var sovore? Hadde han kome i hug skrymt og tussefolk fyrr, so kom han det endaa meir i hug no. Han smaug ljodlaust inn i vedskjolet og gav seg til aa venta paa at ho skulde gaa att. Men ho gjekk ikkje. Ho vart gangande der og reika, og so — kom ho beint hit aat vedskjolet! Han drog seg avskræmd inn i kraai ved sida av døri og anda snautt. Men kanskje ho alt hadde høyrt han, likevel. Ho stakk hovudet inn og stod som ho lydde. So tok ho til aa kramsa, kramsa nedfor seg med baae nevarne innfor dørstokken . .

Nei aldri i verdi var dette noko skikkelegt menneske. Var det ikkje skrymt og trolldom, so maatte det vera eitkvartslags fælt fyrkje, som for ute um netterne og gjorde vondt. Kanskje ho jamvel drap folk og saug blodet av dei, liksom dei som gjætarguten fortalde um ifjor? Og her hadde ho han som i ein sekk! Allslags ulukkor skulde han koma upp i denne fæle natti! Han skalv av rædsla att, han krøkte seg saman

som eit nøsta i kraai og heldt att augo, liksom det var hjelp i det og. Men nærare og nærare kramsa ho . . ei kald hand tok beint burt i foten hans!

Han sette i eit vitskræmt skrik og slo fraa seg. Kvinnfolket skreik mest likso høgt og fór skræmt attende. So sette han paa livet laust ut døri fram-um henne. Men svint kom ho etter, treiv han i aksli og heldt han.

»Er det du Nils? Men fri os væl, kva er dette for ei aatferd, elder korleis er du komen her?« ropte ho — — du store under, daa var det ho mor! Han stirde og kunde ikkje faa fram eit ord, medan ho leidde han burtetter tunet. »Her hev me gjenge rædde og illhuga alle i hop og spurt og leitt etter deg,« sa ho, »og so stend du her og løynskar! Hev du gjort noko vondt?«

»Nei men . . men korleis hev du kome her . . paa denne garden?« stota han endeleg.

»Kva seier du gut . . paa denne garden? Er me ikkje heime, elder ørskar du?« spurde ho meir og meir forbina.

Var han heime? Han stirde rundt seg. Under paa under, daa var han verkeleg heime! Alt var med eit som snutt. Der stod fjelli i nord og skogen i aust. Der stod løda og alle hine husi paa rette staden, og det litle vedskjolet, det var vedskjolet heime! Han hadde slumpa til aa finna rette vegen heim, og det

var berre i hovudet hans at alt hadde snutt bakvendt.

— Eit bil etter sat Nils lavøyrd og fortumla innved omnen. Han hadde nettupp fortalt um den usæle skogferdi si, og mori hadde fortalt, korleis dei hadde leitt etter han. Ingen hadde tenkt, at han hadde vaaga seg til skogs aaleine. Dei hadde sytt for at han hadde tumla seg ned til sjøs og kome til eitkvart der. Dei var no der nede og leitte alle saman so nære som ho, og det var *dei* ho venta paa, daa ho gjekk burti tunet og dreiv. Og det ho hadde kramsa etter burti vedskjolet var berre nokre spøner, som ho henta upp i fyreklædet til aa ha under kaffikjelen i morgon!

Det var so mykje underlegt paa ein gong, at han sat berre og klaadde seg i hovudet enno.

»Men kom no og ét,« sa ho mor. Ho hadde vore ute og funne noko godt aat han. Han freista aa eta, men kunde ikkje. Han kjende seg med eit som halvdaud av trøyttleik no, daa suti var yver. Han seig ned i krakken og gret. Mori maatte bera han til sengjar. Daa hine kom heim att, hadde han somna. Men blaabæri tømde ho or huva og upp i eit fat og sette dei i hylla. Dei var like fine og blaa enno og gode aa ha til i morgon.

Rasmus Løland:

Folkeliv. Sogor. 1891 . . . . . 1.50
Skuld. Forteljing. 1892 . . . . . 0.50
Paa sjølvstyr. Forteljing. 1893 . . . 1.00
Skattegravaren. Forteljing. 1893 . . . 3.00
Kor var det av jola? 1894 . . . . . 0.50
Blodstyng og andre sogor. 1895 . . . 1.00
Gamle ungkarar. Sogor. 1895 . . . . 0.50
„Aandelige klenodier". Spelstykke. 1895 0.40
I klemma. Spelstykke. 1895 . . . . 0.50
Nervesliten. Forteljing. 1896 . . . . . 0.80
Emne. Sogor. 1896 . . . . . 2.00

Smaaskrifter:

Stevleik. 1897 . . . . . 0.25
Trollspêl. 1897 . . . . . 0.25

Daudingehandi. Spelstykke. 1897 . . . 0.50
Ungar. 2dre utgaava. 1897 . . . . . 0.80
Smaagutar. 1897 . . . . . 1.50
Hugtekne. 1897 . . . . . 3.00

Bertrand Jensen, Kristiania.

Smaagutar.

Smaagutar.



Sogor

av

Rasmus Løland.

Kristiania.
Bertrand Jensens Forlag.
1897.

Innhald:

Bjedne-kniven 7
Trollet i tjørni 27
Guten med klumpfoten 45
Visna kvist 77
Guten som sagde sant 99

S. & Jul Sorensens Bogtrykkeri. Kristiania.

Bjedne-kniven.

1. Korleis han Paal fekk kniven, og korleis han slepper han.

Dei var uppi bakkarne og gjætte smalen, Paal og Gunnar. Det laag snø og klake mange stader nedpaa slette bøarne enno. Men uppunder fjelli var det for lenge sidan taana og grønka alt under ufser og steinar. Seljorne stod med utsprottne palmor, og kvitveisen stakk upp or den grøne mosen. Der gjekk sauerne og aat paa groren og bladknopparne.

Men paa ein stein nedanunder sat gutarne og saag etter. Det var ein stor svær stein. Han var høg og avlang som eit skip, og tvers gjenom han gjekk det nokre store rivnor. Det saag ut som han skulde ha slege seg i stykke i det same han kom veltande ned fraa Storenuten og stansa her. Men millom rivnorne var det godt aa sitja, og dei kunde herfraa sjaa smalen kring alle bakkarne. Kom ein sau ned og vilde renna heim, so sette dei berre i aa remja og gjøy til han snudde att.

Fram paa dagen var ogso Kolbein og Andres, smaabrørne deira, komne upp. Kolbein var bror hans Paal og Andres bror hans Gunnar. Dei hadde funne seljegreiner uppi bakkarne og sat no og laga seg fløytor alle fire.

Men daa dei hadde fenge sva'et av, laut alltid han Paal gjera resten — skjera ljodhol og faa laat i fløyta. Det kunde ingen gjera so godt som han; for det var han som hadde beste kniven. Han hadde ein blenkjande ny tolekniv, medan hine hadde berre kvar sin bordkniv. Det fanst ikkje kvassare kniv paa heile garden, og det skulde spyrjast um han fanst nokon stad, meinte han Paal. Det var daa helder ikkje ofta det hadde hendt han noko so uventa gildt som den dagen han fekk den kniven. Han drøymde minst um det i vinter, daa han gjekk der og totte det var i storom berre han hadde den vesle fallekniven, som attaat lakra i fjøri.

Men so var det den dagen han Bjedne skulde reisa i vaar. Han hadde tent i huset i mange aar, han Bjedne; men no skulde han til Amerika. Han hadde strakst fyrr vore i byen og løyst farekort, og med det same kjøpt eit nytt knivstell. Og det var knivstell som var noko. Slira var fint utkrota med ormar og ein paafugl. Skaftet var skinande brunmaala, bladet blankt som spegel, og eggi so fin at ein kunde skjera lause haar. Dei prøvde han paa haar-

busterne hennar Helga den kvelden ho hadde somna attved rokken. Han tok dei snupt. Men det var ikkje mange som fekk sjaa den kniven. Han Bjedne var so rædd for han, at han gjøymde han radt paa kistebotnen, og gjekk ikkje med han til kyrkje eingong.

Men so kom den dagen han skulde fara. Han stod uppi lemtroppi med noko under trøya og bad Paal koma upp.

»Eg hev ein liten ting aat deg her . . dersom du vil koma meg i hug einkvar gongen«, sa han, og han var so underleg uppi augo. So kom han fram med det nye knivstellet. Det skulde Paal ha!

Det var mest for mykje til aa tru i fyrste laget. Han hadde so nære gløymt aa takka. Han laut ut og skjera i alle veggjer og tre av berre gleda, og fraa den dagen var dette knivstellet det gildaste han aatte i verdi. Han sette ein stor knapp i baade kvardags- og sundagsbroki, so han kunde bera det til alle tider. Han synte det byrg fram til alle som kom til gards, og det var berre valde folk som nokon gong fekk kniven i hand til laanings. Han hadde jamvel rømt ut og vore utan nonsmat ein dag far hans vilde ha han og banda ei bytta med han. Han skulde rett klussa med kniven til byttebanding, den karen! Nei takk, sa'n.

— Han sat nettupp varsam som ein doktor uppaa steinen og skar til ei fløyta. Daa uppdaga

dei, at ei heil horg av sauerne var komne ned or bakkarne og tok til rens heimetter. Dei sette i aa gaula og gjøy som vanleg; men sauerne ansa ingen ting denne gongen. Dei trudde alltid dei skulde faa eitkvart godt, naar dei kom heim.

Paal og Gunnar laut av stad etter dei, og det i ein so fjukande fart, at han Paal gløymde aa stikka kniven i slira. Han vart liggjande etter paa mosen.

Dei jaga sauerne langt upp i bakkarne og kom sidan til aa hefta eit heilt bil der. Dei fann fjorgamle neter og flogsa og flaug berrføtte. Dette hadde dei nok ikkje lov til enno; men naar ingen saag det so. Dei vaaga seg radt ned paa dei kalde snøfennerne og rømde ikkje meir en so maateleg langt, daa dei saag likt til ein ormespræl uppi ein runne.

Daa høyrde dei med eit eit skræmt rop innanfraa steinen, og han Kolbein tok til aa tuta og graata. Paal gaadde med ein gong, at han hadde gløymt kniven, og fekk ein stygg støkk. Kanskje dei hadde skamskore seg med han! Dei sprang paa livet laust attende aat steinen.

Nei, daa var det ikkje likt til at nokon av dei smaa blødde. Dei stod berre bleike og forskræmde og stirde. Men endeleg kom det med hiksting og graat fraa han Kolbein: han hadde brukt kniven litt, og so kom han til aa

sleppa han ned, so han gleid paa den haale mosen — beint ned i den djupe trange glovra midt i steinen.

Paal kjende seg som raama av eit hardt slag og skalv i knei, daa han sprang burt aat glovra og saag ned. Men med eit rop for han upp att.

»Eg ser atti han!« ropte han.

Jau so menn! Glovra smalkna av eit stykke nede, og der hadde kniven sett seg fast. Men lenger nede vart ho vidare att; for det var berre so vidt han hang og dingla. Berre dei no kunde finna eitkvart til aa ta han upp att med! Dei sprang etter ei lang bjørkepreka og laga ein krok. Paal stakk han ned i rivna og fekk han heppeleg inn under kniven.

Jau, han fylgde uppetter bergsida. Kolbein tok til aa læ av gleda. Men der glapp taket, og ned att for kniven som til avgruns. Dei sette i eit skræmt rop alle saman. Nei men tenk! der hadde han stansa no og, men lenger nede no. Det var berre so vidt dei skrimsla og saag atti han.

Paal var so rædd, at han visste ikkje um han skulde vaaga nokon ting meir. For slepte han ein gong til, var det ikkje tanke um von lenger. Kniven kunde smjuga gjenom klemma som ein aal. Men det var ikkje vaagalt aa venta helder. Det var som hans eige liv hang i ein traad yver avgrunnen. Han laut freista att, og for ned med kroken.

Med endelaus varsemd som ein klokkevisar gjekk det upp att. Seint som ein makk. Dei anda mest inkje. Berre ei halv al var sistpaa att . . daa vart Paal som naamen av otte og spaning. Kroken skalv som eit ospelauv, og kniven fór att. Og denne gongen stansa han ikkje. Rivna gjekk paa skraa lenger nede, og dei høyrde han rulla, rulla aat svarte botnen.

Det var um aa gaa svart for augo hans Paal. Det fyrste han tenkte paa var aa banka upp veslebroren, som var skuld i dette. Men daa han saag, kor denne tok til aa stridgraata att, let han det vera. Det kunde kje berga upp att nokon kniv, likevel. Han laag snart paa mosen og stridgret han og, endaa det var leitt, at han Gunnar skulde sjaa det.

— Det saag ikkje rart ut med Paal og Kolbein, daa dei kom heim til nons. Dei var raudgretne og hirne, so mor deira vart radt skræmd. Men daa ho fekk vita, kva det var, meinte ho det endaa kunde verta ei raad. Dei skulde faa han Tormod, tenestguten, med upp. Kanskje han kunde vita ei raad, sa ho. Jau, han var med paa flekken. Han stod og saag paa rivna eit bil. So sputta han tobak og sa: »Er de galne ungar? Den kjem aldri upp att, um de so fær lensmannen med,« sa han. Og nokre store toskar var dei, som kunde umaka han upp for sovore. So larka han beint heim att.

2. Han er ute og leitar um kvelden. Kniven er burte, burte.

Dei hadde lagt seg um kvelden. Men han Paal fekk ikkje sova. Han kunde ikkje gløyma kniven og laag enno og grunna paa bergingsraader, so hovudet verkte. Det var som han ikkje enno rett kunde tru, at all von var ute, kva han Tormod so sagde. Det var so altfor fælt til aa tru.

Daa skaut det ein tanke upp i han, so han for heilt upp i sengi. Der var ein liten hellar paa vestsida av steinen, og han hugsa no, at han og Gunnar ein gong for lenge sidan hadde set eit hol der, som bar endaa lenger inn. Kanskje ein kunde koma so langt inn der, at ein naadde radt aat botnen paa glovra? Tosken han var, som ikkje hadde kome paa det i dag! Han fekk gaa upp i morgon, so snart det ljosna.

Han freista aa slaa seg til ro med dette so lenge; men denne vesle voni hadde sett slik uro i blodet hans, at han fekk endaa minder somna no. Og det var so endelaust lenge aa liggja i denne uvissa heile natti.

Han gjekk sistpaa fram og stiltra seg burt aat loftsvindauga. Det var fint og ljost ute. Maaneskin og blank vaarkveld. Det kunde visst ikkje vera nokon vande aa gaa upp no med det same. Han hivde svint paa seg klædi og smaug ut.

Det var altid noko meir hustert og uhuglegt en han hadde tenkt, daa han kom upp mot steinen. Maaneskinet var so bleikt og alt so stilt. Det var halvmyrkt under hellaren og radt kolmyrkt i hola innanfor. Men tanken paa kniven staalsette han mot alt. Det var radt som han ikkje var heilt aaleine, naar kniven laag der. Det var mest som kniven hadde eit slags liv og laag der i den fæle rivna og hadde det vondt. Og no *vilde* han ha greia paa dette, naar han var komen so langt.

Han gjekk modig paa og smaug paa kne og aalbogar inn i hola. Ho var sopass rumleg, at det var ingen faare for aa smjuga seg fast. Men lenge var det ikkje, fyrr han støytte med hovudet mot faste berget og kom ikkje lenger.

Han freista paa ein annan kant, men stod like fast der og. Han hadde snart trivla heile hola rundt . . berre faste steinen alle stader og ingi rivna aa kjenna. Han kjende ikkje so mykje som ein liten klove i berget.

Han vart liggjande som klumsa ein augneblink; so vart han teken av fælska, so det for iskaldt gjenom han. Det var som alt med ein gong var umskift, daa voni ikkje lenger heldt han uppe. Kniven var berre ein daud kniv, og myrkni laag som ein fæl mur rundt han og yver han. Han murde seg ut att, so han reiv seg til blods. So for han paa livet

laust heimyver og totte det lo og lêt fælt etter han uppunder steinarne.

Han laag berre og hustra av fælska lenge etter han var komen i seng, og skyna ikkje korleis han hadde vaaga dette. Men daa han endeleg vart rolegare att, seig det som ei fjell-tyngd yver han, at no var all von um kniven burte for alltid — no daa dette og gjekk i mist. Ingi magt i verdi kunde faa han upp att. Aldri meir skulde han no ha kvassare kniv en dei andre. Aldri skulde han ha noko fagert kniv-stell aa syna fram meir. Han hadde berre tome slira, og det var ingenting. Han laut vel til aa bruka utskjemde bordknivar han ogso no.

Det var som han sokk i sengi der han laag, og no fyrst skyna til bottnar det endelause tapet sit. Ingen ting vilde verta gildt meir etter dette. Og kva vilde han Bjedne ha sagt, dersom han hadde visst dette? Han hugsa med eit so livande paa han Bjedne. Han hugsa den dagen han for. Han hugsa kor underleg han var i augo den dagen. Og det var med eit som han skyna det so godt. Soleis var det, naar ein laut skiljast fraa noko som det var so vondt aa skiljast fraa. Han vart so teken, at graaten losna som ei elv. Det var som han vilde renna burt i graat. Det varde til han somna.

3. Han fær seg ein Torsteins-kniv.

Han hadde lege som i ein fæl spindelvæv av vonde draumar, daa han vakna um morgonen. Stundom var det som han sjølv laag fast i rivna og hadde vorte eit med kniven, og stundom var det som han hadde funne han att. Men so snart han skulde til aa verta glad, laag det ein fæl otte under, otten for den vonde sanningi.

Han var so hugtung, at det var berre so vidt han kom seg or sengi. Alt var som graatt og svart ute og inne i dag, og graaten sat ikkje svært fast no helder.

Han far hadde ogso fenge vita det no, og han vart ikkje meir en so maateleg blid. »Ein skulde rett gjeva dei noko, som ikkje passar betre paa det,« sa han. »Ris burde dei ha,« sa han. Men ho mor totte fælt synd um han og freista aa trøysta han best ho kunde i dag og.

»Me fær høyra med han Torstein, um han ikkje kan smeda deg ein ny,« sa ho. Ho hadde alltid sopass skillingar, at ho skulde vita ei raad til aa løysa ein kniv, sa ho.

Paal tok etter denne voni med baae hender og kunde ikkje venta ein einaste dag. Han laut av stad til han Torstein paa flekken. Det var som han ikkje kunde halda det ut utan ein god kniv no.

Jau han Torstein nedmed strandi lova væl. »Eg skal gjera det best eg kan,« sa han. Og han smaalo, daa han Paal lova blanke skillingar paa klypen, so snart kniven var ferdig.

»Eg tenkjer rett det, at eg fær skillingarne,« sa han Torstein.

Tvo dagar etter var det kome ein liten pakke til han Paal. Det var den nye kniven. Han hadde fint, kvitt skaft og var so blankslipa og fyreseg-gjord, at det var svært.

»Jau menn fær du kniv no, so du tarv ikkje kjæra,« sa ho mor, og han far skrepte, han og. »D'er visst ein grepa kniv,« sa han. — Han høvde godt i slira ogso og saag rakande kvass ut.

Det skaut ei stor gleda upp i han Paal. Men daa han hadde havt kniven i hand eit bil og set betre paa han, tok gleda helder snart til aa sakka. So fin som Bjedne-kniven var han likevel ikkje, um han var aldri so fin. Han hadde ikkje det fine, skinande brune skaftet og ikkje paa naame nær det fine laget paa odden. Og eggi . .

So snart ho Helga kom inn og sette seg ved rokken, lurde han seg bakum henne og prøvde kniven paa haarbusterne hennar i nakken. Men nei, han tok ikkje likt til haar som Bjedne-kniven. Han laut sistpaa halda i nokre haar og skjera hardt til, fyrr han fekk dei av, og

daa for ho Helga upp, so han so nære hadde fenge eggi i neven.

»Er du fraa deg, unge?« sa ho og gav han ein under øyra. Han slo ikkje att som han elles alltid gjorde. Han tagde og gjekk ut i djupe tankar.

Nei, det var ikkje ventandes, at han var so kvass som Bjedne-kniven. Det var ikkje meir en *ein* kniv som var Bjedne-kniv.

Men han var daa rett bra denne og, um han ikkje plent rokk den andre! Det var lygn aa seia anna. Ein maatte kje vera urimeleg helder. Han freista aa trøysta seg best han kunde, og daa han dagen etter sat uppaa steinen med hine gutarne att, lagde han paa med skrøyt og kyt det som kniven vanta i seg sjølv.

Men korleis han kytte, so vilde det ikkje hjelpa. Det var so *altfor* stor skil; di lenger det leid, di betre saag han det. Bjedne-kniven var so forunderleg fin, naar han rett skulde tenkja etter. Det var som han saag han, naar han let att augo. Men denne vart som ringare for kvar dag. Slik ein kvardags-paak. Det var radt som han saag styven ut og liktest han Torstein sjølv, totte han.

Han vart sistpaa so lei av han, at han beint fram bytte han burt til han Gunnar mot ein gamal fallekniv og ei halv sirupskaka. Han

hadde so nære fenge ris, daa han far sidan fekk høyra det. Men det var det same: han *vilde* ikkje ha ein sovoren kniv.

4. Han kjøper ein kniv hjaa landhandlaren.

Det leid til sumars, og smalen var jaga til fjels, so dei slapp aa gjæta lenger. Daa fekk han Paal vera med far sin ut fjorden til landhandlaren ein dag. Der var so mange rare og underlege ting aa sjaa i vindaugo, og sistpaa uppdaga han ein fin blank kniv, som ogso hang der. Slira var av skinande nysylv, skaftet var glimande svart og hadde blanke holkar i endarne. Han vart standande og einstirde og kunde ikkje riva seg laus. Du, den som hadde havt raad til aa kjøpa den! Den maatte vel vera baade so god og betre en den burtkomne. Men han var vel speglande dyr? Han kunde sistpaa ikkje halda seg, han gjekk inn og spurde.

»Kostar ein krone,« sa handlaren. »Skal du kjøpa han, kanskje?«

Det gjekk heitt i Paal. Ein krone! Han aatte nettupp so mange pengar og hadde dei med i ein liten lereftspung. Skulde han lata dei springa? Han vart standande og saag og saag . . fyrr han sjølv mest visste ordet av, hadde han late pengarne springa og teke mot kniven.

Han var radt sveitt, daa han kom ut etter denne store avgjerdi. Men var pengeutlegget svært, so var det ogso noko til kniv! No var det ikkje røding um aa kalla Bjedne-kniven betre lenger.

Han gjekk berre og saag paa han og lo og spegla seg i det blanke bladet.

Men det var ikkje verdt, at han far fekk sjaa han enno. Han vart kanskje vond ein gong til for han hadde øydt upp so mange pengar. Han gjøymde 'n i lomma innanpaa trøya, daa dei for heim.

— Daa han var komen upp aa stovelemen og vilde leggja seg um kvelden, tok han fram det nye knivstellet og saag paa det att. Daa kom det med ein gong so underlegt yver han, at han skyna det ikkje sjølv. Men han saag det skileg no: denne kniven var ikkje som Bjedne-kniven likevel! Nei nei, han var ikkje. Han var ikkje so lite minder en den, og so var han so mykje tunnare og grannvornare i alle endar. Det var som han saag med andre augo no han var komen heim og hugsa skikkeleg paa den gamle. Denne var berre som ein blank stas mot den. Han skyna ikkje, korleis han hadde kunna tru noko anna. Men kva hugnad var det so i aa ha han?

Det var med eit som heile glansen var stroken av han. Og for ein sovoren kniv hadde

han gjeve alle sine pengar! Han vart teken av trege, so han kom mest paa graaten, og gjøymde knivstellet i eit hol uppunder taket. Ingen skulde faa vita, at han var narra. So lagde han seg, tung i hug. No hadde han baade kniven og pengarne aa trega.

5. Uppaa steinen eit aar etterpaa.

Eit heilt aar var gjenge, og det var vaar att. Paal og Gunnar saag til smalen uppi bakkarne som ifjor og heldt til paa same steinen.

So var det ein dag dei klauv nedi smaaskaararne paa austsida av steinen. Dei vilde freista aa koma upp ein veg, der dei aldri hadde vunne upp fyrr. Men berget var bratt og vondt. Dei rasa ned att gong paa gong. Ein gong Paal datt soleis kom han til aa riva med seg ei tjukk mosefilla, som grodde uppetter eit lite skraaberg tett nedved marki. Daa kom det til syne ei djup rivna i steinen, som fyrr hadde vore løynd. Og daa ein skulde sjaa, so hang ho i hop med den som kniven datt ned i ifjor. Ho var so smal lenger uppe, at ein berre so vidt saag henne. Men her var ho mykje breiare att.

Paal vart standande og einstirde og gløymde reint aa klyva upp att.

Kanskje det *her* kunde verta ei raad til aa faa tâk i den kniven som han aldri hadde

tenkt aa faa att! Ein kunde stikka ein lang krok inn og freista aa faa han ut.

Mangt og mykje hadde hendt frametter dette aaret, og mangt nytt hadde han fenge seg. Han hadde fenge ei liti klokka av nysylv og ein daase med spegel i. Han hadde fenge nye styvlar og hatt og meir, og den burtkomne Bjedne-kniven hadde etterkvart vorte berre ei gamal soga. Men so glad som daa han fekk den, hadde han aldri vorte for noko av dette. So gildt som den var det ikkje helder. Aldri meir vart noko so gildt som den kniven, det visste han no. Han kunde berre ikkje skyna, korleis han Bjedne hadde fenge tåk i ein slik kniv; for maken kunde han aldri tru var aa faa nokon stad no. Det var som han enno saag, kor glimande fin han var, naar han tenkte væl etter.

Han ropte paa han Gunnar og sagde kva han tenkte. Jau, han Gunnar trudde ogso, at det her maatte vera ei von. Dei sprang heim etter ei lang stong, batt ein jarnkrok i enden og tok til aa kara inn i det djupe holet.

Det var lenge berre rot og eldgamalt lauv dei fekk ut. Men til slutt var det plent som kroken hadde tak i noko avlangt, og det skrapa som i jarn . . det maatte vera kniven! Hjarta tok til aa hamra hardt i han Paal. Tenk aa faa kniven att likevel! . . det var mest for mykje. Og naar dei heime og alle fekk sjaa det! . .

Men det var ikkje so greitt aa faa han ut, um ein hadde tâk i han helder. Han sette seg fast i stein og rot i kvar augneblinken. Dei laut faa seg ein krok til. Paal flaug upp i bakkarne og vilde skjera ein.

Daa sette han Gunnar i aa ropa nedved steinen. »Her er han! Eg hev fenge han!« Paal tvibykste ned att, og Gunnar rette ein kniv ut mot han. Han tok mot 'n, men vart so standande og berre einstirde. Det var nok ein kniv ja, men kva slags kniv var sovore? Han minnte alltid noko um Bjedne-kniven; han hadde brunt skaft og var kvass og avlang paa odden som den. Men det var ikkje den, korso. Han var so underleg liten og smal. Skaftet var so bleikt og bladet so tunt. Heile kniven var berre som ein fatigsleg hâm av den rette.

»Kven kan det vera som hev mist denne her?« spurde han sistpaa varasmt.

Daa sette han Gunnar i aa læ høgt. »Korleis er det du stend? Kjenner du ikkje att kniven din?« spurde han. »Han maa ha lege radt turr under lauvet; for det finst mest ikkje rustflekk paa han, og skaftet er like fint det og.« »Eg ser det,« sa Paal laagt.

Han fekk i det same auga paa ei innskrift paa bladet og eit merke paa skaftet plent som paa Bjedne-kniven . . jau det var *den,* likevel! Han saag det med ein gong no.

Men korleis i vide verdi hadde han vorte soleis? . .

Han vart med eit so underleg flat der han stod, at han snudde seg burt og læst som han prøvde eggi. Han lika ikkje aa verta sedd i andlitet.

— — Dei var uppi urerne og samla heim smalen um kvelden. Gunnar sulla og song i villan sky av kjeta. Men han Paal gjekk der tagall og tankefull enno. Han hadde gjøymt kniven under mosen nedved steinen og nemnde han ikkje meir med eit ord. Han vilde helder ikkje ta han heim og syna han der. Det var ikkje noko aa syna paa. Den kniven han hadde kjøpt hjaa landhandlaren ifjor var ein god mole finare. Jamvel Torsteins-kniven som han Gunnar enno hadde, var mest likso fin. Og mange av dei andre luterne han hadde var likso mykje verd. Han hadde berre gjenge og drøymt i hop slikt som inkje var.

Han skyna det ikkje, han Paal. Han hadde ingen ting mist i dag, og likevel var det som han hadde mist noko no og. Det kjendest mest som ein løynleg trege, at han hadde funne kniven att, liksom ifjor etter han hadde mist han. Han skulde mest ha gjeve noko, dersom han ikkje hadde funne han paa denne maaten. So hadde Bjedne-kniven for alltid vore like blank og skinande fager.

Trollet i tjørni.

1. Uppved tjørni.

Dei vilde av og lauga seg, Paal og Gunnar og Kolbein og Andres, og tok vegen uppetter aat vesletjørni. Ho laag eit heilt stykke utunder urerne, bakum ein haug, so ingen saag dei. Der var fin torvbotn langt utetter, og vatnet var mest lunka no midt paa sumaren. Maken til laugingsplass fanst ikkje. Dei hadde vore der mest kvar dag no med' det var paa det varmaste.

Men ingen dag hadde det vore so heitt som i dag. Dei var aalsveitte, daa dei kom upp. Soli stod høgt paa himlen og steikte, so det var so det dirra av varme burtetter all myri rundt i kring. Ikkje ein gust av havgula var kome enno. Ikkje ein gust fraa fjellet var kjennandes. Myrfivlarne stod burti tuvorne og sprikte med den kvite ulli si som dei vilde fjuka til vers. Dei store kvite blomarne paa bukkebladi burti diket hang med topparne. Dei breie tjørnerosbladi uppi enden av tjørni laag

late og somde paa vatnet, og lauvet paa skogen uppetter all uri hang som det var visna. Det var som alt laag i halvørska av varme i den kyrre middagsstundi.

Dei reiv av seg klædi frampaa ein liten bergnabb paa eine sida av tjørni, og i eit hopp var Gunnar og Paal i vatnet, so fossen stod etter. Kolbein og Andres stod eit bil fortenkte og saag paa, men so laut dei uti, dei og. So skvette dei vatn paa kvarandre, so dei skreik som lomungar, tok ryggtak uti vatnet og gjekk takomtil radt under.

Langt um lenge laut dei upp att og sette seg paa bergnabben til aa turka seg. Huh, so godt og svalt det var!

Men so var det kleggjerne og flugorne. Det var snart i eit tôt rundt dei, so dei hadde fullnok med aa slaa fraa seg. Men ingen ting hjelpte. Kleggjerne vart fleire og fleire. Dei laut ut i vatnet att og faa dei fraa seg.

Men so meinte Paal og Gunnar, at det var best dei saag aa tyna so mykje som raad var av det utyet med det same. Dei sat stille som kjeppar og let kleggjerne bita seg fast, so dei kunde faa dei med ut i vatnet.

Det var fælt aa halda ut alle stikki. Dei sat snart berre og skjekkte og gav seg. Men ein laut noko tola og noko gjera, skulde det ikkje ta yverhand, tyraset. Og so gjorde det fulla godt aa faa løysa paa blodet her og der og,

liksom naar dei vaksne igla seg — meinte dei. Dei beit tennerne saman og tagde som karar.

Kolbein og Andres laut sistpaa for skam skuld lata nokre blindkleggar haka seg fast, dei og . . hurr so bar det i vatnet med heile skreidi. Kor det vart av kleggjerne var ikkje godt aa vita; men rimelegt var det ikkje, at mange livde yver denne syndflodi.

Men so fann Gunnar og Paal paa noko endaa betre. Dei vassa ut i øvste enden av tjørni, der tjørnerosorne voks. Det var søylutt og gyrmutt der, og so djupt at dei kanskje aldri stod botn. Men nettupp dette drog allermest. Dei vaaga seg so langt, at dei vilde radt missa anden og var biksvarte av søyla, daa dei kom upp att. So laup dei burtetter all myri med dette og skulde vera negerslavar. Men Kolbein og Andres skulde vera kvite 'merikafolk, som tana etter dei med lange bein og fæle sleng paa armarne og skulde ta dei paa laupe — plent som i Almuvenboki.

Men dei kvite vann ikkje ta negerslavarne. Dei berre huja skræmeleg og laup sistpaa yver ende burti eit dike, so dei vart svarte negerslavar, dei med. Berre tennerne lyste kvitt paa dei. Og bank fekk dei attaat av dei store negerarne. So laut dei attende aat tjørni og verta kristne folk att alle i hop. Ho var god for alt, ho.

2. Dei uppdagar noko fælt i tjørni.

Dei maatte endeleg til aa klæ paa seg att uppaa bergnabben. Det var teke til aa gusta litt havgula innetter fjorden no, so det var litt svalare. Lauvet blakra uppi uri. Dei høge straai i løken uppum tjørni svaga att og fram, og smaa dottar av myrfivelull losna og siglde til vers, langt upp mot Storenuten. Det var kanskje dei som til slutt vart til kvite skyer, naar det vart mange av dei, meinte han Paal.

Jau det kunde godt vera, meinte han Gunnar og. For burti Amerika der hadde det ein gong dotte ei sky beint ned yver ein dunge med slavar, og ho saag ut plent som ull. Det stod skileg skildra i Almuvennen alt i hop.

»Men korleis kan det so koma regn or dei?« undrast han Kolbein.

»Aa dei er vel nedpaa sjøen um netterne og syp seg fulle av vatn,« meinte han Gunnar. Dei totte alltid det var noko underlegt dette, dei andre; men det maatte fulla eikorleis ha seg og.

Best som dei stod og furdest paa dette, fekk han Kolbein auga paa noko, som liksom røyvde seg burti tjørni. Det var atti sevgraset paa den andre sida.

Dei saag det snart alle, og han Gunnar vilde vassa yver og sjaa kva det var. Men svint spratt han upp att; for fyrr han visste

ordet av stakk det noko graatt som ein snut upp i vatslôket tett ved han. Dei saag skileg noko som naseboror og likt til kjeft. So dukka det svint under, og nokre bublor steig upp.

Kva *var* sovore? Fisk fanst det ikkje i tjørni, og orm elder sleva kunde vel aldri vera i vatnet. Dei gav seg til aa kasta stein der dei hadde set det, men fekk det ikkje upp att, og vatnet var uppgyrma etter all laugingi, so dei ingen ting kunde sjaa nedi det. Men best som det var stakk snuten upp att ein augneblik burtved torvorne paa ein heilt annan kant. Og no saag dei han endaa betre. Han var slimutt og stygg og gjekk ut og inn paa eine sida som ein belg.

Huff, det maatte vera eitkvart slags udyr, og kanskje eit rektig fælt eit og. Dei kunde lenge ikkje ha nokon tanke um kva det var. Men sistpaa fekk han Gunnar ein tanke. Det maatte vera ein sjøorm. Ikkje ein av dei store som var i havet, men ein unge. Dei visste alle, kva ho bestemor hadde fortalt um sjøormen. Han var fraa fyrst av berre ein vanleg lyngorm. Men naar det hende, at ein lyngorm fekk stikka tri menneske paa rad, vart han esla til sjøorm. Han beit seg daa i sprælen og trilla seg som eit tunneband ned i ei tjørn. Der livde han, til han vart halvstor, og so fylgde han bekkjer og ær til havs, der han vart fullvaksen. Ein

sovoren stygg maatte det vera som no var komen her.

Dei visste kje noko anna aa tru dei andre helder. Og her hadde dei lege og sumla og lauga seg saman med dette trollet! So lett han kunde stukke dei alle saman elder snaara seg rundt dei!

Dei stokk, so dei stod bleike og berre saag paa kvarandre. Kolbein og Andres var graaten nær, og dei var ikkje fri dei saag etter alle saman, um dei ikkje hadde fenge ormestikk, so dei ikke vardest det. Nei, dei kunde ingen ting sjaa. Men trøyste den som stakk ein fot i denne fæle tjørni meir. Det var uhuglegt berre aa staa for næmme vatnet.

Dei stod enno eit bil og saag etter den graa snuten, men saag han ikkje meir no. So grov dei seg bleike og hirne paa heimvegen.

Daa totte han Kolbein braatt, at han kjende vondt etter eit stikk, likevel. Det stod kvast som ein syl nedi hummelsboti. Han sette i aa tuta av rædsla. Dei laut ta han millom seg og sprang paa livet laust heim til mor hans og fortalde alt.

Ho stokk i fyrste laget og tenkte paa ormestikk. Men daa ho hadde set paa saaret, lo ho berre. »Det er berre eit lite kleggestikk«, sa ho, »og de maa ikkje tru, at der er sjøorm uppi den filletjørni. Men der er rumpetroll og

styggedom, so det er best de held dykk derfraa,« sa ho.

Han kjende etter dette ikkje fullt so mykje vondt og stagga paa med graaten. Men um trollet i tjørni kunde ho seia kva ho vilde, so var det der likevel. Naar dei hadde set det, so hadde dei. Dei gjekk med otten i seg heile dagen og sov ikkje altfor rolegt um natti etter helder.

— Dagen etter hadde alle paa garden fenge vita det, og dei sagde alle liksom mor hans Kolbein, at det var berre skræmor. Men gutarne hadde sine eigne tankar endaa dei. Det var likso blankt og varmt i dag som igaar; men dei vaaga aldri aa gaa i nærleiken av tjørni, dihelder lauga seg. Paal lika det ikkje eingong meir en so maateleg, daa han fram paa dagen laut gaa aaleine ut i buhagen etter hesten. Kven kunde vera trygg for at sjøormen ikkje gjekk upp aa land og? Han var glad han kom seg upp aa hesteryggen og fekk rida heim.

3. Dei er paa veiding etter ormen.

Dagarne gjekk, og dei hadde sistpaa paa ei heil vika ikkje vore uppved tjørni. Daa tok Paal og Gunnar endeleg til aa samla mod att.

Var det sjøorm, so var det for det fyrste greitt, at han ikkje kunde gaa paa land. Det

var altfor mykje ræddhug aa tru det. Men daa kunde det ikkje nettupp vera nokon faare aa gaa upp att og *sjaa* — naar ein elles var varsam. Og for det andre so kunde han vel ikkje vera noko fælt *stor* enno, naar han livde i den vesle tjørni. Kanskje det daa ikkje var radt uraad, at ein kunde faa gjera av med han og verta kvitt han, naar ein var hendig? — Dei fann seg kvar sin lang paak og sette ein kvass spikar i enden. Kom han so upp att med snuten sin, kunde dei freista aa stikka tvers gjenom han.

Det var i grunnen eit stygt vaagespel dette, det visste dei. Men det spelege drog, drog, so dei aldri hadde rett ro paa seg. Og hadde ikkje dei vaksne vit til aa gjera noko, so fekk dei bruka mannskapen *dei* som betre vit hadde. Det kunde verta verre, naar han fekk veksa seg stor, ufyglet.

Kolbein og Andres fekk ogso vita um det og vilde gjerne vera med, naar dei største vaaga det. Dei fekk kvar sit handyvle dei og, og so tok dei ein god dag uppetter bakkarne med hjarto høgt i bryst, som dei skulde paa veiding etter sjølve bjørnen.

Dei kunde lenge ingen ting sjaa uppi tjørni i dag. Udyret maatte halda seg burtunder torvorne. Det var kanskje so slugt, at det skyna eitkvart ogso og løynde seg, naar det

høyrde dei. Dei fekk sitja daudstille eit bil og venta.

Dei lagde seg paa magen utpaa bergnabben med hovudi utyver vatnet. Dei anda snautt og hadde spjoti ferdige til aa fara ut som ljon, so snart hovudet synte seg. Dei burde nok helst ha lege paa kvar sin kant, men kjende seg ikkje trygge nokon annan stad en her.

Det var lenge ingen ting aa sjaa elder høyra no helder. Ikkje so mykje som eit rumpetroll stakk upp i vatsloket. Men fyrr dei visste eit skapt ord av, lyddest det eit vitskræmt skrik og eit slups i vatnet, so det fossa etter. Det var han Kolbein som hadde stukke nosi si so langt fram, at han hadde mist jamvigti og var stupa med hovudet fyre lukt ned til ormen!

Større rædsla var aldri høyrd elder spurd fyrr, korkje ved tjørni elder paa heile garden. Gunnar og Andres sette paa vitskræmt flôg burtetter marki og vilde berga seg sjølve. Paal hadde so nære fylgt same vegen, han og. Men det var altfor fælt aa laupa fraa veslebroren soleis og. Han laut sjaa aa berga han, um han so skulde vaaga sit eige liv. Han sprang ut paa torvorne med eit av spjoti, fekk han til aa ta i det og hala han so lukkeleg i land. Daa vaaga dei tvo andre seg ogso attende og hjelpte til aa bera han upp aa bergnabben.

Han var blaa av rædsla og laag berre og drog etter veret millom kvar gong han skreik

enno. Men noko ormestikk kunde dei ikkje sjaa paa han denne gongen helder, daa dei fekk dei vaate klædi av han. Dei anda letna, og Paal tok eit av spjoti og vilde fiska upp huva hans, som enno laag uti vatnet . . daa stakk den fæle ormesnuten upp beint mot han i det gyrmutte vatnet, nettupp der han Kolbein hadde stupa ned! Han stokk langt attende og gløymde reint aa bruka spjotet paa udyret. So svint det kunde ha drepe armingen, naar det var so nær! Dei stod som klumsa av støkken att, og vaaga aldri aa nemna det med han Kolbein. Han hadde meir en nok med det som var, han.

— Det var mest kveld, daa dei for heimetter, ikkje heilt so modige no som daa dei for upp. Dei hadde turka klædi hans Kolbein best dei kunde og lova han ein blank koparskilling, dersom han ikkje vilde seia noko heime. For det kunde godt verta ris av, fekk foreldri vita dette.

Sjøormehovudet hadde dei set atti enno ein gong, fyrr dei gjekk, men ikkje vaaga so mykje som aa peika etter det med spjoti. Gagnlaust var det og. Ingen kunde vera snar nok, og han visste nok aa våra seg, styggen. Det var ikkje eingong visst, um det ikkje var med trollkunster han hadde lokka han Kolbein uti, liksom lyngormen lokka lerka ned til seg. Ein fekk ta seg i vare kva ein gjorde.

Dei gjøymde spjoti sine bakum smidja uppaa bøen og smaug stille som tjuvar heim.

4. Dei freistar med nye raader.

Fjortan dagar var gjengne att, og dei hadde i heile denne tidi ikkje set korkje tjørni elder ormen. Dei kom aldri paa den leidi eingong. Men faa han or tankarne kunde dei enno aldri. Tenkje seg til eit slikt troll liggjande ikkje lenger fraa garden — det vart berre underlegare og mest endaa uhuglegare, di lenger det leid. Aller uhuglegast var det, daa kveldarne tok til aa myrknast etterkvart som sumaren leid. Daa var dei slett ikkje so trygge paa, um han ikkje var paa land att um netterne. Det var radt fælslegt aa gaa berre bakum husi um kvelden, og dei stokk so snart dei høyrde det tusla aldri so lite. For var han berre paa land, so kunde han nok bita seg i sprælen og trilla kor han vilde som fyrr.

Han vart sistpaa til eitslags underleg lindorm, som dei ikkje var trygge for nokon stad, og det vart meir og meir ille, at ein ikkje skulde vita raad til aa tyna han. Spjoti vart standande uppved smidja; men Paal og Gunnar gav likevel ikkje upp voni. Dei grunna støtt paa nye raader og fann sistpaa ei, som dei fekk fælande god tru til. Um dei freista aa *skjota* ormen med ei byrsa, naar han stakk snuten

upp? Daa kunde han aldri faa tid til aa røma snart nok.

Far hans Paal hadde ei gamal byrsa standande burti budi, og ein kveld i myrkningi fekk dei lura seg inn og ta henne; dei vaaga aldri aa be um aa faa henne. Sidan fann Gunnar utveg til aa ta krut i skaapet hjaa far sin, og so sat dei uppfor smidja ein dag og ladde, so det maatte vera nok for tvo ormar. Til kula hadde dei eit avlangt jarnstykke, som dei hadde funne i smidja. So kjende dei seg so modige, at dei vaaga seg beint upp aat tjørni med ein gong. Dei bygde ei liti steinborg utpaa bergnabben til aa støda byrsa paa, og so sette dei seg ljodlause til aa venta. Paal sat med byrsa, og Gunnar saag etter og skulde gjera teikn, dersom han saag likt til snuten.

Eit heilt bil var det daudstilt; men . . uh . . puff-urrr . .! Det smalt so det duna i berg og nabbar, Gunnar stokk so han hoppa høgt upp, og Paal tulla bakyver og vart liggjande med alle fire i veret.

Um skotet hadde raama langt burti myrfivlarne, elder um det hadde raama tjørni, var ikkje godt aa vita. Det hadde i vissa ikkje raama sjøormen, som dei hadde set atti burtved tuvorne. Paal var berre so vidt komen paa føterne att, daa snuten paa nytt lag stakk upp nettupp paa same staden og bles nokre bublor etter seg — plent som han vilde ha dei til løgje.

»Me fær freista upp att,« kviskra han Gunnar. Men han Paal meinte nei. Han hadde fenge ein støyt av byrsestokken, so han var likso nær til aa graata som til aa læ. Han trøysta seg ikkje til aa raama den vesle snuten, som kom og kvarv som blinken, og det var ikkje mykje trulegt, at han Gunnar gjorde det betre. Skulde ein faa skôt paa det trolltyet, so maatte ein faa det upp aa land og ta skikkelegt sigte. Men korleis skulde dei faa 'n paa land?

Dei laut smjuga heimyver med ugjort erende som sist, og dei hadde ikkje altfor godt samvit for den fæle smellen helder. Skulde dei no ha høyrt det heime og nasa upp baade um byrsa og krutet?

Dei tok ein lang umveg aust under bakkarne og gjøymde byrsa uppunder Glovresteinen til i kveld. So lurde dei seg heim kvar sin veg.

Men daa dei sidan seint um kvelden skulde npp etter byrsa, hadde han Gunnar funne paa ei raad, so han gjekk berre og slog seg paa laaret. Mi sann skulde det hjelpa. Dei skulde fiska ormen upp or vatnet med ein hôv, og so skjota han i fillor, daa dei hadde han der! Naar ein kunde ta brisling og fisk med hoven, so maatte det vel vera ei raad med denne og. Og far hans hadde nettupp ein stor hôv stan-

dande nedi naustet, som dei kunde gaa etter i morgon dag.

Dette totte han Paal og var framifraa. Dei let byrsa liggja, og næste dagen lurde dei seg strakst etter hoven og bar han langt upp i buhagen.

Det stod no berre att kven som skulde ta ormen med hoven. Det kjende dei seg ikkje rett sterke til nokon av dei, naar det kom til stykket. Dei laut sjaa aa faa ein paalitande vaksen med. So fekk dei sjølve staa for skjotingi. Dei vart sistpaa samde um aa høyra med han Tormod, drengen hjaa far hans Paal.

Jau han var ikkje uviljug. »Me fær sjaa aa vita ei raad med den sjøormen,« sa han og lo. Han skulde vera med næste dagen. Daa var det sundag, so han hadde tid.

5. Dei fær tak i sjøormen.

Dagen etter lagde dei strakst i veg alle fire gutarne og Tormod. Paal og Gunnar henta byrsa og ladde henne dugeleg. Dei hadde støypt seg ei skikkeleg kula av gamle blyraamor no. Alt var reidugt.

Der var lenge ingen versens ting aa sjaa i dag helder, daa dei kom upp. Tjørni laag der still og blank som eit lite auga i myri. Ein

stor augnestikkar surra att og fram. Ein flokk av mygg stod som i sky yver ei liti vik.

Tormod stod med hoven uti vatnet og berre plystra. Men med eit for han upp som ein gneist. Der var snuten, tett under dei svarte torvorne . . der, der! Glosvint var han etter med hoven . . der hadde han ormen i 'n! Hui . . hu! Dei skreik av gleda og rædsla og spaning paa ein gong alle gutarne; Kolbein og Andres stod paa spranget til aa røma, um det galdt, Paal letta byrsa . .

Men daa hoven var komen upp aa land, tagna det med eit med lætet, og alle glande forbina. So sette han Tormod i aa læ, so han stod berre og dirra. Han slengde seg sistpaa so lang han var i lyngen og nid-lo.

»Skunda dykk no gutar og skjot sjøormen,« bles han.

Dei svara ingen ting og lo endaa minder. Dei stod berre lavøyrde og glande paa kvar-andre og paa det som var i hoven enno — det var ei stor graa padda! Ei padda, som hadde stukke snuten upp og pusta . .

— Kva dei sagde, daa dei kom heim, hev me aldri høyrt elder spurt. Men sjøormen lika dei aldri aa ha nokor røding um meir, og dei hadde kje noko vidare godt auga til paddorne helder. Dei jaga dei lukst av land, naar dei sidan saag dei uppi tjørni elder myri.

So vart laugetjørni etterkvart likso gild som fyrr og kom godt i bruk att. Soli skjein og verdi var som fyrr fri for allslags trollskap og uvette.

Guten med klumpfoten.

1. Kva han Haldor dugde til.

Haldor heitte han og var mykje til gut etter sin alder. Han var eldste sonen i huset. Far hans hadde tidleg byrja aa ta han med ut paa arbeidet, og Haldor var snar til aa læra baade det eine og det andre. Det var so gildt aa kunna det som faren og dei andre vaksne kunde. Han kunde hogga ved og styra hesten for lasset; han kunde bruka ljaaen og sigden og mykje anna, endaa han var berre paa tiande aaret.

Det vanta daa helder ikkje paa lovord og anna godt for alt dette. Far hans hadde lova aa kjøpa ei klokka aat han, naar han reiste til byen i sumar. Mori kytte av han so ofta det kom framandfolk i huset, og det same gjorde konorne burti grannestovorne, naar han kom innum der.

»Sjaa paa han Haldor! Han gjer dykk alle til skamdar,« sa dei, naar gutungarne deira var sære og dovne. Og naar han var med til

kyrkje fekk han ikkje minder gode ord av allslags blide fastrar og mostrar og gudmødrar. Dei hadde høyrt kor hæv han var, og laut plent faa klappa han og fylla lommarne hans med sukkerklumpar og anna godt.

Haldor raudna og lo glad og sæl til alt dette og lagde seg meir og meir ut um aa veksa i dugleik. Aa vera kar vart det største han visste. Men aa vera unge vart det laakaste av alt i verdi, og han skunda seg aa leggja av alle dei ungevanar som fanst. Han grein aldri for maten elder leksorne. Han sagde aldri nei som hine ungarne, naar mor hans bad han gjera eitkvart. Han vaska seg jamvel i kaldt vatn. Fall det stundom stridt alt dette, so var all møda gløymd, naar han etterpaa fekk lovord for dette og. Det fekk han jamt, og det gjekk so rart til, at di fleire han fekk, di betre lika han dei. Han heldt seg gjerne der dei var aa faa, og lika aa syna kva han kunde. Han gjekk byrg som ein kongens kar, naar han kom med hest og lass frametter tunet under vindaugo hjaa grannarne. Han laga det jamt so, at alle kunde sjaa kor stor dunge han hadde fenge, naar han hogde smaaved, og han sputta karslegt i nevarne, fyrr han tok til øksi. Her var gut som kunde det, her.

2. Dei fær ein ny tenestgut. Haldor røykjer.

Ein dag fram paa vaarparten kom far hans heim med ein ny tenestgut for sumaren. Han heitte Aasmund og var ein stor lang kar. Han stod burti vedskjolet og hogde, dei fyrste dagarne. Av og til kom ogso dei tvo vaksne gutarne burtpaa Haugen og stod der og rødde. Dei var nok kjende med han fraa fyrr og hadde alltid so god tid, dei.

Haldor tok strakst til aa halda seg der han ogso, so ofta han hadde ei stund. Han synte kva kar han var til aa hogga, og visste alltid ei raad til aa slaa burtpaa um alt det andre han kunde ogso. Aa verta halden for dugande kar av vaksne karar som desse var alltid det gildaste, lell. De tvar alltid noko anna en lovord av kvinnfolk og mostrar.

Men det synte seg snart, at det ikkje gjekk paa lang veg so lett her. At han kunde hogga og kjøyra — aa ja; dei kunde ikkje seia, at det var so lite det. Men det lyddest ikkje so, at dei totte det var so mykje helder. Dei sagde ingen ting vidare. Minst av alt han Aasmund. Han stod berre og glyrde.

«Men kan du røykja elder ta deg ei skraa?« spurde han, ein gong han stod og kveikte pipa si. »Du kan vel det, naar du er slik kar?« sa han.

Nei, det kunde han Haldor ikkje. Han hadde ikkje eingong freista med sovore.

»Aa nei, det er ikkje ventandes av ein slik liten gut!« sa han Aasmund og grein.

Haldor kjende seg skjemd og gjekk beint fraa han. Men daa han tenkte seg betre um, vart han arg. Det var nok ein vrangkrok og tosk, den Aasmunden; for alle maatte daa vita, at det var meir det han kunde en aa staa og puffa paa ei pipa.

Han lova med seg sjølv, at han aldri vilde ha meir drøs med han. Det heldt han radt til næste dagen. Men daa kom han so uvarleg til aa gaa burt til han att. Og lenge var det ikkje daa, fyrr han Aasmund kom med sit same: kunde han ikkje røykja i dag helder?

Det hjelpte ikkje for Haldor aa slaa seg arg. Han tok til aa faa ei lei kjenning av at det var smaatt stell, naar ein ikkje kunde røykja elder tyggja skraa. Det vanta noko daa. Ein var ikkje rett kar som dei andre.

Den kvelden gjorde han det han aldri hadde drøymt um fyrr. Han lurde seg til aa ta pipa og tobak hjaa far sin, karva dugeleg i og sette seg til aa puffa og røykja uppaa stovelemen.

Det gjekk kallegt. Han vart braatt so brennande tumlen. Han laut i ein fart aat vindauga og kasta upp, so det berre sprutte.

Han var graaten nær etterpaa og vaaga ikkje aa tenkja paa sovore meir. Men dagen etter — tok han til aa tenkja paa det, likevel. Han kjende seg meir og meir brydd for denne vankunna si, so ofta han saag han Aasmund. Ingen hadde set han igaar, som væl var; og han hadde alltid høyrt, at det var byrjingi som røynde mest paa.

Han tok til aa stræva og røykja att, varlegare no, men aldri lenge imillom.

Det var stridt enno. Augo stridrann. Men naar det laut til, so laut det, og um ikkje rett lenge tolde han det mykje betre. Og fyrr han Aasmund visste ordet av, kom han burt til han ein dag og røykte av pipa hans som inkjevetta var.

Nei sjaa paa det, du! No *laut* han Aasmund ogso laata væl. »Det kunde eg tru, at du kunde det og!« lêt han. »Eg visste fulla det« — sa han. Sidan sagde dei vaksne Haugengutarne og det same og flirde og skrepte.

Haldor var byrg som ein hane og vaaga seg snart til med ei skraa og.

5. Nye farstykke.

Aasmund og Haldor var etter dette fine vener og bussar i mange dagar og vart betre og betre kjende.

So vart det sundag. Aasmund og gutarne fraa Haugen sat burtpaa laavekloppi og spela kort, og alle gutungarne paa garden hadde flokka seg kring dei. Haldor var der ogso og kom med byrge vaksne ord, so ofta han totte det høvde. So kom dei vaksne paa aa spyrja, um han kunde ta hine gutarne i ryggtak. Dei peika paa Sjur og Tormod og Kristen burtanfraa stovorne.

Nei, det kunde han ikkje helder meir en so maateleg. Han var ikkje det slag større en dei og hadde aldri lagt seg ut um aa læra det. Han laut likevel prøva seg for skam skuld, og daa gjekk det ikkje betre en at han vart slengd paa rygg gong paa gong.

»Aa haa . . so!« ropte dei lange kararne. Dei storlo og slo seg paa laari, og ingen hugsa lenger, at han kunde røykja. Det var som inkjevetta. »Ein smaagut er ein smaagut« — sa dei.

Haldor fekk ei svart sturerid att og heldt seg fraa dei heile resten av dagen.

Han skyna ikkje sovore. Han hadde ikkje visst betre en at han kunde mangt, han. Men no saag det ut til at alt som i grunnen *var* karsverk, det kunde han nettupp ikkje. Han var graaten nær av argskap, men lova samstundes med samanbitne tenner, at dei ein gong skulde faa sjaa noko anna.

Daa han Aasmund sidan um kveldarne kom heim, lurde han seg etter han upp aa lemen og vilde faa greia paa dei beste ryggtaki. Aasmund totte det var moro. Han var svært viljug til aa læra han, og daa Haldor sidan raaka einkvar av gutarne so ingen av dei vaksne saag det, fekk dei ikkje fred for han. Han vilde støtt prøva seg i ryggtåk og temja seg upp. Det han ikkje vann med magti, vann han med fanteknip, som han hadde lært av han Aasmund. Han hivde snart alle i flokken, so dei ofta fekk baade blaa kullar i skallen og naseblod. Dei fauk upp med sinne og vondt. Det vart hundehus med slaastnad for fullt aalvor, og enda gong paa gong med at dei for tutande heim og vilde klaga han.

Haldor vart stygt utrygg i samvitet, daa han sidan hugsa paa mødrarne deira, som alltid hadde laate so væl yver han. Han gjekk og løynde seg som ein brôtsmann. Men det gav seg svint, daa han sidan ein sundag fekk syna dei vaksne, at han vann kven han vilde i ryggtåk.

»Du vert snart ein kjempekar,« lêt han Aasmund.

4. Haldor seier nei.

Ein dag uti slutten paa vaaronni stod Aasmund og Haldor burti stallen og fyllte i

kjerra, medan dei kjøyrde hevdi paa aakeren. Dei godrødde og røykte imillomaat.

Daa kom mori ut i kjøkendøri og ropte paa Haldor.

»Kom inn og vogga barnet litt! Eg slepp ikkje fraa gryta,« sa ho.

Han hivde greipi fraa seg og gjekk som vanleg vilde gjera det.

Daa han eit bil etter kom att, stod han Aasmund i stalldøri med henderne i broklommarne og lo.

Kva var det no?

»Er det vesledrengen som lyt dilta fraa vinnearbeidet og stulla barnet?« glikka han Aasmund.

«Kjem det deg ved kva eg gjer?« spurde Haldor litt kvast.

»Nei tenk koma meg ved! Du kan fulla vogga og byssa og gjera kva du vil for meg. Det er godt, at einkvar kan *det* og!« sa han Aasmund og grein endaa verre. So tok han greipi og sa ikkje meir.

Haldor vart standande gloraud atti døri. Han var so sinna, at han stod i fullt renn til aa bruka kjeft. Men so kom faren med hesten og tomkjerra, so han laut halda seg so lenge. Og daa faren gjekk att, vart det helder ikkje noko av. Han var so snøgt komen til aa grunna paa um han Aasmund ikkje hadde litt rett i dette ogso. Kanskje det *var* uhøvelegt for

honom aa gaa og gjera sovore, som kvar den unge kunde gjera? Han maatte vel skyna seg litt paa det, han Aasmund? . .

Han var ikkje i godt lag lenge etter. Og sidan um dagarne . . Ja, han sagde ikkje nettupp nei, naar mori bad han gjera eitkvart. Men han tok seg væl i vare for aa gjera sovore, naar han Aasmund elder andre vaksne karar saag det.

Men i lengdi var det ikkje alltid so beint aa faa laga det plent so. Ein dag ei vikes tid etter stulla han med eitkvart burtved løda att. So kom mor hans ut or eldhuset og bad han koma med eit fang ved aat henne.

Han tok til aa henta upp i fanget av ein dunge, som laag utfor vedskjolet. Daa høyrde han einkvar burtved stalldøri. Det var han Aasmund. Og der stod han alt og glirde, so augo hans var plent som tvo granne nymaanar aa sjaa til.

Haldor hivde kjepparne langt fraa seg og svor — ikkje nettupp høgt. Men inni seg lova han dyrt, at no *skulde* det vera slutt med dette. Han brydde seg ned og nord um aa gaa her og verta flird aat, han!

Litt etter kom mori ut or eldhuset att og spurde etter veden. Ho trong han no strakst, sa ho.

Daa rette han seg byrg upp og sputta og svara morsk, at han kom ikkje med nokon ved.

»Sovore rakkri kan de gjera sjølve,« sa han og læst vera onnug med sit.

»Kva er dette? — svarar *du* soleis?« spurde ho forbina. Ho saag paa han eit bil. So gjekk ho etter ved sjølv og tagde.

Han kjende seg alt anna en god i samvitet no og. Men han døyvde det strakst med traass og argskap. Kunde ikkje smaaungarne gjera sovore? Naar han ikkje *var* nokon unge, so var han ikkje — so mykje maatte dei vel skyna.

— Men daa han hadde vaaga dette, so var han sidan ikkje so rædd. Han sagde nei so ofta han vilde, naar ikkje nettupp faren var til stadar. Gav mori seg til aa skjenna og klaga, so rømde han sistpaa beint fraa henne.

»Kvinnfolksgnaal! Det er ikkje berre *eit* dei mannfolki skal vera plaaga av helder!« sa han byrg til han Aasmund.

5. Haldor er sinna og vond.

Det var sundag att, og dei vaksne gutarne sat som vanleg burti laavedøri med gutungarne kring seg. Det var so godt aa sitja i solskinet der. Dei vilde spela kort, og Haldor sprang inn paa stovelemen skulde henta kortleiken hans Aasmund. Han svinta med det same inn i stova og saag etter, um det snart leid til dugurs.

Daa reiste mori seg burtved vogga. «Aa nei, men eg som gløymde aa ta inn barnerøyvet

burtved bekken! Du fær svinta burt etter det, du Haldor . . *snart*, eg lyt ha det no,« sa ho.

Denne gongen var faren ogso inne. Men det fekk ikkje hjelpa. Haldor rikka seg ikkje til aa lyda. Skulde han gjera dette, so kom Aasmund og heile hurven paa laavekloppi til aa sjaa det. Og det skulde verta ei ven grining . . barnerøyvet!

»Gaa no fort, din drile! Du kan vel lyda denne eine gongen!« ropte ho.

Daa kunde han ikkje halda seg. »*Eg bryr meg ikkje um sovore skitt!* Altid skal *eg* vera til aa jaga paa og læ aat!« snerra han og freista aa gjera seg tjukk i mælet. So gjekk han morsk og vrang ut aat kjøken.

Det vart ei svær røding inne, høyrde han. Mori vaasa vel og fortalde eitkvart um han. At han var so styven, at han gjekk inn i det humlebølet! Han vilde røma ut fraa alt i hop; men fyrr han visste ordet av, kom faren og stansa han i døri.

»Kva er dette eg høyrer um deg? Vil du gjera deg til slurv, du som altid hev vore so snild fyrr?« spurde faren, og det lyddest ikkje vidare blidt.

Haldor saag ulken nedfor seg og svara ikkje eit ord.

»Ver no snild og lyd, lat meg sjaa!« sa faren blidare; men Haldor stod like tver endaa.

Daa tok faren han hardt i armen. »Vil du no berre gaa og det fort!« ropte han. Det var ikkje onnor raad for Haldor — han laut i veg. Liten og krylen og med augo i marki drila han aat bekken. Endaa krylnare kom han att med røyvet, midt for augo aat alle. Det var ikkje raad til aa gaa i skjol. Dei ropte etter han, men han læst ingen ting haa elder gaa, berre smaug inn.

Litt etter kom han ut aat kjøken att og saag ut gjenom vindauga. Aa jau — dette venta han! Der sat dei og storlo alle saman. Og han Aasmund sat som han fortalde eitkvart . .

Haldor gjøymde seg i ei kraa og vaaga korkje aa gaa ut elder inn. Kva hadde han no for alt han hadde vunne fyrr um dagarne? Skjemd og hædd framum alle andre! Og det berre for foreldri fann paa slike krokar. Var det *det* han skulde ha til takk for at han alltid hadde vore so dugande? Han totte han var ærelaust medfaren. Han gret av sinne og lova, at no skulde han nettupp bry seg endaa minder um aa lyda slikt gnaal.

6. Haldor hinkar og er far att.

Ein times tid etter stod Haldor burtfor ei nôv og kika burtetter til Haugen. Guteflokken hadde reika dit burt no, daa han ikkje kom att med kortleiken. Dei sat i ein krins utpaa tunet og song og hadde moro.

Han hadde for eit bil sidan tenkt, at han aldri meir kunde syna seg for dei vaksne gutarne etter dette. Men no hadde han alt fenge andre tankar. Han *laut* herda seg og sjaa aa finna paa raad mot skammi no som fyrr. Elles vart det aldri annleis.

Staaket der burte drog og drog, og lenge var det ikkje, fyrr han kom smjugande framfor ei nov burtpaa Haugen.

Gutungarne kasta med ein ball, og .dei vaksne strekte seg i soli. Men ingen ansa paa at han kom, minst av alt dei vaksne gutarne. Han kjende seg so liten og laag, at han trega berre han var komen. Han vart standande hiren og still bakum alle hine og visste ingen versens ting aa finna paa.

Det var i grunnen aldri skikkeleg gildt som fyrr lenger; han skyna ikkje sovore. Berre upp og ned, upp og ned, men aldri noko visst vunne, korleis han bar seg. Det var som med sniglen, som skulemeistaren ein gong fortalde um. Han vilde upp i eit tre, sniglen, men seig ned att kvar natt det han hadde stræva seg upp um dagen og kom so aldri lenger.

Best som dei sat soleis, sette hunden i aa gjøy. Det var ei husmanskjering som kom ruslande. Ho var gamal og krokutt og halt. Gutungarne kniste og lo, daa ho for burt mot kjøkendøri. Daa flein ein av dei vaksne gutarne til dei. »Lat os no faa sjaa, kven som er kar

og vaagar aa gaa burt og hinka bakum henne!« kviskra han.

Dei flirde, men ingen vaaga. Jau sjaa der! Fyrr dei visste ordet av kom han Haldor fram, heit og andpusten. Han for still som ein katt burtetter tunet, til han var tett bakum henne. So laga han seg til med krokutt rygg og halt fot og humpa etter henne radt aat kjøkendøri. Men ho gaadde ikkje noko; ho var tunghøyrd.

Burtpaa dørhella snudde ho endeleg paa seg; — daa stod guten der so fin og skikkeleg som ingen ting var. Han helsa goddag og spurde korleis ho stod seg med helsa. Ho var so blid, at ho var um aa klappa han.

Dei laag berre og strekte seg av laatt dei lange kararne, daa ho hadde gjenge inn og han kom attende. Haldor var basen for alle likevel! Kunde han gjera det ein gong til?

Jau han var ikkje sein aa be um det. Han krøkte seg til og hermde etter drøset hennar og; han klynka seg og andvarpa. Dei storlo alle i hop, og han Aasmund klappa han paa aksli.

»Dette kan ikkje dei andre gjera so godt, um dei var samanlagde i ein klatt alle i hop,« let han. *Ein* klatt, sa han.

»Du maa koma burt til os sidan um dagarne og, Haldor!« sa Haugen-gutarne, daa dei skildest og gjekk heim til middags.

7. Han held paa med nye kunster.

So byrg og høg som no hadde Haldor aldri vore fyrr. Det hadde gjenge so reint uventa godt, og den soga fraa fyrr i dag var som blesi burt. Han gjekk berre og rødde vaksent med han Aasmund heile resten av dagen.

Og fraa den dagen stod han aldri fast for dei vaksne gutarne, naar det galdt aa syna dugleiken sin. Han gjorde berre nye kunster av same slaget som i dag, hermde og laga seg etter einkvar. Dette lika dei alltid framum alt anna, og han fekk det alltid so godt til. Kanskje han hadde sers lett for det — elder kanskje det berre kom seg av at han lagde seg so ut um det. Visst er det, at det vart berre tufs mot honom, um hine gutarne prøvde seg, og dragsmaal og sovore kom reint i skugge mot dette.

Etter han hadde drive paa og vore husmanskjering eit bil, var han mannen hennar og alle hine husmennerne. Sidan var han Mons burti stova og klaadde seg i hovudet, som naar denne fekk regn i høyet. Og sistpaa var det snautt ein mann elder ei kona paa heile garden elder i grannelaget, utan han kunde laga seg etter dei. Han gaadde snart, at det vart aller best motteke, naar han blanda drjuge ord og banning i hermingi. So smurde han meir og meir paa av det. Han passa berre paa, at han

ikkje hermde etter foreldri aat nokon av dei som var til stadar.

Men um dei no fekk vita eitkvart likevel? Det vilde enno upp ein agg i han rett som det var, og han totte dei *saag* so underlegt etter han alle dei konorne som fyrr hadde vore so blide. Kanskje dei alt visste noko?

Ja — men kva gjorde so det, um dei visste noko? Var *han* nokon kjeringunge, som trong blidskapen deira? Elder nauva han, um dei var vonde? Han kunde berre lata vera aa gaa burt aat stovorne deira, so var ikkje det meir.

Han berre risste av seg ræddhugen og var snart komen upp i aa skrøyta med han Aasmund, korleis han hadde ert upp heile kjeringbølet.

Ikkje meir brydde han seg, um mori sa eitkvart. Ho hadde eit par gonger kome yver han og Aasmund, daa dei heldt leven burti laaven. Kanskje ho hadde høyrt eitkvart paa annan maate og. Ho tok ein dag til aa klaga og skjenna paa han att.

»Gjeng du soleis og skjekkjer etter folk lenger, skal eg klaga deg for far din og be han dengja deg,« sa ho.

Han freista fyrst aa ljuga fraa seg alt og slaa det burt. Men daa det ikkje vilde hjelpa, gjorde han snut og gjekk sin veg.

»Trur du eg bryr meg um noko tøys?« sa han.

— Ein sundag han hadde glefst i seg maten og fór ut, kom far hans etter i døri og spurde, kor det no skulde bera av.

Haldor kunde ikkje negta for at han flaug etter dei vaksne gutarne. Daa jaga faren han beint inn att. Han skulde slutta med den diltingi etter han Aasmund støtt og stendigt, sa han. »Kan du ikkje stulla med smaasystkeni dine?« spurde han.

Haldor laut lyda. Men sinna var han og tenkte just ikkje aa bry seg for mykje um dette. Vera med dei smaa! — han grein berre han tenkte paa det. Dei tusla med leikety og smaahus nedunder stova og innunder Seljehaugen, dei. Han hadde sjølv vore med og funne hugnad i dette fyrr. Men no iddest han snautt aa sjaa paa det. Det var rett noko for han det! Han hadde jamvel sparka ned sit eige leikestull innunder Seljehaugen ein sundag han og Aasmund gjekk framum og vilde til sjøs.

8. Det kjem ein ny mann til gards. Klumpfoten.

Det leid mot hausten. Haldor hadde vore med dei vaksne gutarne so mykje han kunde frametter heile sumaren.

Han hadde lært meir og meir aa vera som dei, og aa herma var han komen so i

trekk med, at han ofta gjorde det so han sjølv snautt vardest det.

Han heldt seg snart heilt som ein av dei vaksne, og dei totte visst det same. Det var aldri tale um nokor fliring lenger som i vaar. Den eine av gutarne paa Haugen hadde gjeve han ein blank fin tobaksdaase. Den andre hadde gjeve han ein blank lommekniv. Og han Aasmund sagde ofta, at det var skade at han ikkje hadde gjenge for presten. For han var i grunnen komen yver den alderen — sa han Aasmund.

Daa var det ein dag kome ein framand til gards, og det ein underleg ein. Det var ein lægdekall, som skulde vera litt hjaa kvar. Han var byrja hjaa næraste grannen.

Han var gamal og liten og tudsevoren aa sjaa til og fælt halt. Den eine foten hans var heilt vanskapt, stutt og tjukk som ein klump, og tærne snudde beint inn mot leggen paa den andre foten. Han var dertil ikkje væl vitug helder. Han fór upp i eitrande sinne og var speleg, so snart ein tirra han aldri so lite, fortalde granneborni. Ein maatte ta seg i vare. Han sat innved omnen det meste av dagarne. Men stundom kom han paa at han grov seg ut i vedskjolet og knarta sund litt ved.

Haldor tok strakst til aa sjaa med læande augo etter denne underlege kallen, og freista um han kunde krøkja sin eigen fot likeeins.

Jau ikkje so lite. Og um tudsen var speleg aa erta . . det var ikkje minder moro for det!

So snart han kom burt aat vedskjolet tredje dagen, lurde Haldor og ein flokk gutungar seg etter. Dei stakk burt i han med ein stav, so han laut sjaa upp. Daa stod det ein liten skapnad i døri, med kryla rygg og tilkrøkt fot plent som han sjølv — grinande og rettande tunga ut mot han.

Jau, det kunde henda han vart sinna! Han for upp med ein fæl eid og kom setjande ut. Men i same blinken var den litle med foten og heile flokken farne som eldingar burtfor alle husi. Dei berre stakk hovudi fram og lo.

Kallen grov seg inn i vedskjolet att. Men so stod guten med klumpfoten der paa nytt lag. Soleis heldt det paa, til stakaren gret og skalv av sinne og grov seg inn aat stova att.

Sidan um dagarne var det det største moro dei visste aa faa tirra kallen soleis. Var Haldor der ikkje naar han kom ut, so kom einkvar av ungarne strakst springande og spurde etter han. Ingen fekk det til som han, og han vart meir og meir modig, di meir han saag at alle venta seg noko stort av han.

Det var ikkje nettupp so stor faaren for aa verta teken av kallen. Han var laak til aa springa med hestefoten sin og datt ofta i koll. Men han kasta med kjeppar og stein, so det rauk og fauk. Og so var han so fælsleg aa sjaa,

eldraud i andlitet og kvit i augo. Hine ungarne rømde med kvin og skraal, so snart dei berre saag atti han. Men Haldor var ute med foten sin, so han ofta var paa eit hengjande haar um aa faa stein og paakar i nakken.

Um sundagen fekk Aasmund og gutarne paa Haugen ogso sjaa dette, og han vaaga denne gongen endaa meir end fyrr. Han *sprang* med krokutt fot framfor kallen heile tunet kring, til denne sistpaa vart liggjande i ein risdunge og ylte av sinne.

Men daa kunde det ogso henda, at dei totte det var godt gjort. Dei hadde set Haldor svær fyrr og; men dette gjekk yver alt.

»Eg veit ikkje, um eg sjølv hadde vaaga det,« let han Aasmund.

»Aa skulde det vera so spelegt aa vaaga?« sa Haldor byrg. Han spanta att og fram i laaven, der dei heldt til i dag og, og gaadde ingen ting til at dei vaksne grein bakum ryggen hans.

7. Bjørkeriset.

Men fyrr han vardest vart det ein stans i denne leiken.

Grannekona som hadde kallen i huset, kom næste morgonen i fullt sinne burt til mor hans Haldor.

Naar kallen kom inn etter han var terga, var han ikkje styrandes lenger, sa ho. Han var

ferdig til aa slaa smaaborni ulives. Og det var Haldor si skuld alt i hop, som ikkje kunde lata han i fred.

»Sluttar han ikkje med det no, fantetraven, so klagar me han for baade presten og fatigforstandaren!« let ho. »Det er so mykje de veit det de, som foreldri er.« Ho fortalde med det same mykje anna vondt um han og.

Haldor stod atti kjøkendøri og høyrde alt. Men ho var so bysti, at ho ikkje brydde seg um aa seia eit ord til han. Ho læst som ho aldri saag han.

Mor hans sagde helder ikkje stort. Ho visste det nytta ikkje. Ho berre venta, til faren kom heim. Men daa var det ikkje rett lenge, fyrr denne gjekk etter eit ris og henta Haldor inn.

Han hadde heilt fraa i vaar høyrt um det eine fantestykket etter det andre av guten. Men han hadde støtt vona, at han snart skulde ta til vit att, og ikkje gjort meir ved det. Det var so leitt aa ta til med ris og vondt mot guten no han var so stor og so hæv i andre ting. Men no daa det vart berre verre og verre etterkvart, var dei nøydde til aa bruka aalvoret likevel. Det var ikkje raad for anna. Dei skyna seg ikkje paa guten, som alltid hadde vore so snild fyrr. Faren synte han riset og lova, at han skulde vera viss paa aa faa av det, dersom dei høyrde ein knyst um fleire av desse gapestykki.

Haldor maatte lova godt, det var ikkje onnor raad. Men etterpaa gjekk han berre og ølmde.

Riset! — han hadde aldri i sit liv fenge ris, og dei vaaga nok minder enn aa koma med sovore no. Dei kunde berre prøva seg! Kva han vilde gjera daa, visste han ikkje nettupp so visst. Men noko godt var det fulla ikkje.

Det gjorde likevel so mykje dette trugsmaalet, at han var varsam, naar foreldri kunde sjaa noko. Men so var dei ein dag innpaa bøarne baae tvo, og han hadde ei fristund fyre non. Daa var han snart komen midt upp i ein guteflokk, som erte kallen burti tunet att.

Dei hadde i dag funne paa noko endaa løglegare enn fyrr. Dei sprang i ei stor skreid rundt vedskjolet hjaa grannen med kallen etter seg. Naar han kom fram-um den eine novi, var dei um den andre i vill runddans. Haldor var støtt den siste i flokken med foten sin. Daa visste han ikkje ordet av, fyrr heile flokken stansa og spratt attende — far hans stod uppyver han.

»Held du paa med dette i dag og?« spurde han og treiv han i aksli. Haldor stod som klumsa. So vart han lyft upp som ein vott og leidd burtetter tunet mot stovedøri. Gutarne og sjølve lægdekallen stod etter og glaama forbina, og han augna han Aasmund burtved

løda; — dei var nok nettupp komne heim til nons. Det tok til aa gaa rundt for han . . so vart døri slegi i etter han.

Denne gongen vart det ikkje berre med drøset. Han fekk ris, so det svei etter.

— Eit bil etter stod han uti gongen, liten og krokutt. Han var raudsprengd og stygg i augo. Det hikste og skok av og til nedi brystet hans enno. Døri var opi, og han saag han Aasmund staa og stella med ljaaen sin burtved løda. Rundt han stod heile guteflokken. Og der hadde dei vel sta'e heile tidi og høyrt han skrika under riset.

Han kjende enno svie etter slagi. Men ti gonger verre, hundrad gonger verre var svien av skammi. Dengd so alle høyrde det. Dengd som ein stakarsunge, han, *Haldor*, som var so mykje meir enn alle dei andre derburte! Dengd so alle hadde det aa gapa um og læ aat i det endelause. Han kjende seg vanæra og avvyrd, so det aldri kunde bøtast att; aldri i verdi. Han kom aldri til aa kunna vera ute millom folk meir.

Han fall sistpaa i ein ilter hikstegraat att. Han lagde seg paa magen paa ein krakk og sparka med beini.

Faren hadde truga han til aa tia; men han *vilde* ikkje tia. Han *vilde* nettupp gjera paa tverke for faren; han hata far sin og mor si, som hadde ført alt dette yver han. Den som

berre hadde vore sterk nok til aa slaa dei att! Det skulde vera dei væl unt. Han knytte neven.

Daa høyrde han han Aasmund koma utanfor. Han for svint upp, smaug ljodlaust upp aa stovelemen og var der mest heile resten av dagen.

10. Klumpfot ein gong til. Agta deg!

Eit par dagar var gjengne, og Haldor gjekk enno mest for seg sjølv, furten og tagall. Aasmund og gutarne burti stovorne løynde han seg for, so dei snautt fekk sjaa han. Sette faren han til aa gjera eitkvart, so gjorde han det so seint og slurvutt som han berre kunde.

Um sundagen fór far hans til kyrkje. Daa Haldor eit bil etter kom inn, var ogso mori og gjenta og dei tri minste borni ferdaklædde. Dei vilde gaa ned til sjøs og ro inn til henne moster paa Fosland eit bil.

»Vil du ikkje vera med du óg?« spurde ho mor. Han var nær ved aa verta glad. Der var alltid so mykje eple og pæror aa faa hjaa henne moster um haustarne. Han sprang ut i kjøken og vilde vaska og fli seg. Men so fekk han svint ein tanke og stansa.

Naar no mori og smaasystkeni ogso gjekk, var berre Aasmund og han att heime, og daa kunde han enno ein gong vaaga aa tirra kallen.

Og skulde noko kunna berga han upp or den fæle skammi, so maatte det vera dette. For daa fekk dei sjaa, at han ikkje var rædd etter risingi helder. Kor lenge han hadde grunna, var han alltid komen attende til dette. Han visste ikkje noko anna. Sagde kjeringi burti stova noko til foreldri i kveld, so kunde han gjøyma seg av elder ljuga det fraa seg.

Han smaug svint upp aa stovelemen og gjøymde seg, so dei ikkje fann han att. Dei maatte sistpaa gaa utan han. Han glytte gjenom vindauga og saag dei fara nedetter vegjerne. Mori leidde dei tvo, og gjenta bar veslebarnet paa ryggen.

Det var so skinande fint og blankt ute i dag. Det hadde vore regn, men var no sol. Alt var som helgarklædt liksom smaasystkeni, som var med mori. Fjelli og liderne stod ljose i haustsoli. Det glima i gult lauv nedetter bakkarne og haugarne. Nedanfor timde han atti fjorden, skir og blank . . det var der dei rodde innetter til Fosland.

Det tok han, so graaten sprengde paa, daa han tenkte paa at han ikkje kunde vera med. Men han svelgde det svint ned att.

Eit bil etter var han uti tunet og saag etter han Aasmund. Han laag og sov burti løda og var lenge ikkje aa faa tak i. Men endeleg kom han geispande og sette seg paa laavekloppi. Haldor seig burtetter mot han.

»Er det den karen?« sa han Aasmund og flirde og geispa att.

Haldor svara ikkje.

»Du hev vel ikkje set noko til kallen i dag . . hæ?« kom det eit bil etter, og den uvyrne fliren auka.

Haldor kjende seg gloheit.

»Kanskje du trur eg er *rædd* den kroken?« spurde han so morskt han orka.

»Nei var det likt?« sa han Aasmund og lo — lang og lat.

Nokre av gutarne burti stovorne hadde alt set dei og kom springande. Fleire fylgde etter, og Haldor saag godt kor dei kaldflirde alle saman. Han kunde ikkje halda seg lenger; han rette seg byrg upp og spurde, um dei kunde faa kallen ut.

»Det sku' vera løgje aa faa *røda* litt med den karen!« sa han og sputta.

Jau, det skulde nok verta ei raad. Nokre av gutarne flaug paa timen og fekk lokka han ut. Og daa fekk dei strakst sjaa, at Haldor ikkje var rædd. Han sprang med umvriden fot berre nokre stig framfor kallen og ansa ikkje paa, at det rauk kring øyro hans av stein og paakar. Flokken paa laavekloppi skreik av spaning, og han Aasmund laag radt paa ryggen av laatt.

Daa høyrde Haldor med eit eit skræmt rop . . agta deg, agt . .! Han saag attende —

daa hadde kallen fenge tak i ei stor, blank øks og lyft henne i veret, ferdig til aa slengja henne lukst i nakken paa han. Det kom so svint paa, at han ikkje fekk tid til aa springa i skjol nokon stad. Han laut springa beint undan upp langs løda. Men det var ikkje so lett gjort aa røma undan lenger. Kallen kjende honom no og vart betre til fots, di meir uppøst og rasande han vart. Han hoppa paa den klumpne foten sin, so det var fælt aa sjaa — og der kjende Haldor øksi susa tett framum øyro sine. Han stokk, so han spratt eit langt stykke til side og var um aa stupa i koll. Men av dette vart han heft, so kallen kom tett i nakken paa han. Han hoppa vitskræmd undan og saag i forfjamsingi ingen annan utveg en aa springa uppyver laavekloppi til løda hjaa grannen. Men for seint uppdaga han, at det var aa laupa beint i sekken. Døri var nedteki, so han ikkje kunde lata att etter seg. Paa den eine sida av laaven var høystaden, paa den andre sida kornstaden, høge som veggjer, og der kom kallen alt etter utfor døri!

Han hadde so nære sett i eit skrik av rædsla, men heldt seg enno og gjorde eit hivande hopp uppetter reiseverket i innarste enden av laaven. Der var ein glugg høgt uppaa veggen, som han vilde freista aa naa upp til. Men der var kallen alt beint under han. Han hadde spronge fraa øksi no, men treiv i staden ein stor

staur, som stod der. Haldor fekk eit fælt slag yver eine armen og stupte so lang han var i laavegolvet. Eit einaste vitskræmt skrik fekk han fraa seg. So var kallen yver han, skomande som eit vilt dyr av sinne, og gav han eit slag i hovudet med stauren, so han sansa ikkje meir.

II. Slutning.

Daa Haldor raadde med seg att, laag han inni stovesengi. Mor hans stod uppyver han, bleik og raudgreti. Burti ei kraa stod smaasystkeni, bleike og forskræmde.

Kva var dette? Han vilde reisa seg, men kjende i det same eit fælt stikk i eine armen og ei blytyngd i hovudet, so han snautt orka aa røra seg; han hugsa med eit alt burti laaven.

»Haldor! vaknar du?« kviskra mori, daa ho saag han opna augo. Ho lutte seg ned aat han og spurde med skjelv i maalet, korleis han hadde det. Det var berre so vidt han orka aa svara.

Eit bil etter hadde ho fortalt alt, korleis det var gjenge til. Gutarne hadde høyrt skriket hans burti løda og fekk springa burt og berga han, fyrr det var for seint. Men paa høg tid var det og. Kallen stod med stauren yver han og skytta ikkje kva han gjorde lenger. Sidan sende dei folk til aa henta henne, og dei hadde no sent folk etter faren og doktoren og.

Eine armen hans var nok avbroten og hovudet blodutt og blaaslege.

»Men korleis kunde du venta anna, naar du heldt paa soleis?« sa ho til slutt og turka seg i augo.

Han laag og kava og freista aa finna eitkvart aa orsaka seg med, men kunde ingen ting finna. Alt hadde med eit vorte so vesalt og laakt, og alt han hadde gjenge her og stræva for og gjort seg til av, hadde vorte so meiningslaust smaatt. Og for dette hadde han gjort foreldri sine imot, til han sistpaa gjekk her og bar hat mot dei . . foreldri som alltid hadde vore so gode mot han.

Han kjende seg so underleg liten, at han snautt vaaga aa sjaa upp, og ordi hennar mor gjekk som stikk gjenom han, endaa dei var so stille og varsame. Det var som det heldt paa aa smelta noko inni han, som lenge hadde vore tilfrose. Han laag lenge og stridde, stridde med seg sjølv — so braut han ut i ein saar graat.

* * *

Eit bil lenger fram paa dagen hadde doktoren vore der. Det vilde ta tid, fyrr guten kom seg, sa han; men elles var det ingen livsfaare, naar han var varsam.

Han hadde fenge somna no, og smaasystkeni sat ved sengi og saag til han.

Visna kvist.

Det fyrste og det siste ein saag, naar ein kom ned aat det vesle strandtorpet ved fjordbotnen, var smaaborni. Dei sprang som maur utetter alle strandsteinarne og gret inni stovorne. Men ingen stad var det vel so mange jamnsmaae som i den vesle stova hjaa Torbjørn fiskar og Ragnhild. Der hadde paa fjortan aar vorte ein flokk paa sju-aatte stykke, gjentungar alle saman. Der hadde som venteleg var etterkvart vorte trangt um husrom og endaa trengre um livemaate. So lenge han Torbjørn livde og grov og fiska og tente litt paa alle kantar, gjekk det endaa paa ein maate. Men so kom han burt utpaa fjorden ein stormkveld, og kona sat att med heile flokken — det yngste berre nokre maanar gamalt.

Ho var eit stort, svært kvinnfolk, ho Ragnhild. Ho var sterk som ein kar og hadde store, knokutte nevar. Men aa berga seg med heile denne flokken var meir en ho vann. Endaa minder var det ventandes, sidan ho jamt brukte so mykje av tidi til aa røda elder kjeftast

med grannefolki kringum paa strandi — ikkje minst det siste. Det vart bygdi og lita paa, og ho var snart den tyngste paa kassa i heile gjeldet. Men for snautt var og vart det likevel. Ungarne var store og grovbygde som mori og storétne og svoltne, so ho svor paa, at dei til slutt kom til aa eta livet av henne.

Men so underlegt gjekk det til: det vart likevel ikkje alle desse storetararne det i lengdi vart mest stræv med. Den mest plaagsame av dei alle saman var eit stakars lite ting, som nett-upp ikkje kunde eta som hine. Det var ho vesle Eli, den fjorde i rekkja. Ho var reint ulik dei andre. Daa ho kom til var ho so liti og møsleg, at ingen skulde tru ho var liv laga. Men jau, ho livde, og ein fekk finna, at ho livde og. Ho kunde snautt setja føterne under seg, fyrr ho var tri-fire aar. Ho hadde vondt i magen og annan vesalldom mest støtt, og surskapen hennar var det ikkje ende paa. Berre ein stakk en fing burt mot henne, ylte ho enno, daa ho var sju-aatte aar gamal. Og just dette var ei stendig freisting for systkeni til aa erta henne. Det fekk dei hogg for, og so erte dei henne endaa meir til hemn, naar mori var ute. Ho var sistpaa so forskræmd, at ho kraup bakum omnen berre ho høyrde dei koma stormande uti døri; og ho vaaga seg mest aldri ut, medan dei flogsa ute seint og tidlegt.

So kom det ein vaar skarlakssot til Nauststrandi. Hjaa henne Ragnhild lagdest dei mest alle saman, og den som fekk det fyrst og verst var sjølvsagt ho Eli; ho var no ni aar. Hine smaahestarne kom seg att paa nokre dagar; men ho vart liggjande vika etter vika. Ho var ei tid mest maallaus. Ingen kunde drøyma um, at ho kom seg att. Mori var so kløkt ved denne gode voni, at ho gret — det gjorde ho ikkje ofta. Men tidi gjekk. Det eine barnet etter det andre strauk med burtetter alle stovorne. Det var likferd i kvar vika. Men i stakarstinget her hang, hang livet enno; — til slutt sat ho paa den vesle skammelen sin bakum omnen att, smal og liti som ein fugleunge, graa i andlitet og med store, stirande augo, som saag ut som dei laag mest utanpaa.

Ho Ragnhild fekk seg sidan ikkje til aa fella ei einaste taara av medkjensla, naar grannekonorne gret og tala um born dei hadde mist. Ho skyna seg beint fram ikkje paa sovore — kva Vaarherre meinte med dette i lengdi.

Og soleis som ungen no sat, saag det ut til at ho vilde verta sitjande. Det gjekk maanad etter maanad; men ho korkje kom seg elder vart verre. Ho berre sat der, so vesall at systrarne ikkje eingong totte dei kunde erta henne lenger; og maten var ho vand paa, so det var ingen utveg med henne. Ho vilde lkkje ha

anna en søt mjølk og kraasmat, og det var ikkje so greitt aa faa tak i til kvar dag. Men fekk ho ikkje det, so var det svelting all dagen lang. Mori gav vondt, men laut sistpaa alltid ut i bygdi og be um hjelp aat henne, kor leitt det var. Det var uraad aa sjaa og høyra paa sovore.

— Eit heilt aar gjekk, og enno varde dette. Enno sat ho der og hadde vorte berre endaa styggare i staden for aa koma seg etter alt strævet ein hadde med henne. Daa kunde mori ikkje lenger tru, at det var berre vanhelsa dette. Det maatte vera vrangskap, naar ho ikke vilde ha den maten som hine vart sterke og friske av. Ho gjekk ut etter eit ris ein dag, daa det ikkje hjelpte aa lokka elder truga ungen aat grautefatet med hine.

Eli maatte til bords, det var ikkje bøn for anna. Men so snart ho hadde teke ei skeifull, hivde ho seg sparkande ned yver krakken.

Mori lyfte henne upp som ein visk og treiv riset. Men det synte seg snart, at det ikkje var so greitt med det helder. Det peip i ungen etter det fyrste vesle slaget, so det ikkje var godt aa vita, um ho ikkje snart slokna. Og dette var ikkje nettupp den beste maaten det kunde henda paa, so bra det elles kunde vera. Ho laut svint halda upp og setja henne burt i kraai att.

Men so skulde eitt vera visst: no skulde ho fint faa sitja til svolten mykte henne, um det so var heile jamdøgeret.

Ungen kunde ingen ting seia til alt dette. Ho sat og skalv og vaaga ikkje aa knetta i seg. Ho berre stirde beint nedfor seg.

Men etterkvart som det leid frametter dagen, saag ho lenger og lenger burtetter golvet — til slutt heilt upp paa mori; og dei store augo i det vesle fugleandlitet fekk slik ein underleg glans.

Mori sat og bøtte gamle klæde. Ho læst lenge som ho ikkje gaadde noko. Ho berre snudde seg fraa henne. Men daa dette hadde vart enno ein times tid, for ho med eit upp og hivde arbeidet langt fraa seg. Det var vondt naar ungen gret og sutra — desse augo var verre. Ho laut faa sit, kor i verdi det so skulde koma fraa, og riset vart ikkje nemnt meir. Uraad *var* uraad. Men kva det skulde vera til, at folk skulde mødast med sovore, skyna ho minder og minder. Ho for ut og inn som ei sint hunbera, og gudbetre den av hine ungarne som daa gjorde noko gale. Riset var alltid laust.

Eli skyna altfor væl, at det var hennar skuld alt saman. Ho vart so forskræmd, at ho sistpaa ikkje kjende seg trygg i omnekraai helder. Ho smaug ut um dagarne og sette seg i ei avsides kraa nede millom nausti. Det var solskin

og vaar no, som væl var, so ho godt kunde sitja ute.

* * *

Som ho sat der ein dag med hovudet støda mot henderne, vart ho skræmd upp av fotstig tett ved. Det var eit framandt kvinnfolk, som kom upp fraa bryggja. Ho var stor og høg liksom mori. Ho var svartklædd og hadde eit ramnsvart plagg langt fram yver augo. Eli vart rædd og vilde røma; men den framande hadde alt set henne og bad henne venta. Ho kom nærare og saag paa henne. »Er det ikkje Eli hjaa henne Ragnhild?« spurde ho, og det lyddest so godt.

Det var berre so vidt Eli vaaga aa svara ja.

»Hev nokon vore vond mot deg, sidan du sit her so aaleine?« spurde framandkona.

Nei . . Ho vaaga ikkje nettupp aa seia det. Men fyrr ho sjølv vardest det, hadde kona fenge henne til aa seia alt . . at ho sat her av di ho var so rædd alle. Det var som ho ikkje kunde dylja noko, naar ho vart spurd paa denne maaten, og graaten tok uviljandes til aa losna.

Framandkona strauk henne yver hovudet. »Vil du vera med meg heim?« sa ho. »Det er ikkje so langt stykket aa gaa.«

Eli stirde paa henne, uviss um ho skulde tru det elder ikkje. Men andlitet aat kona

gjorde henne snart trygg. Ho stakk dei smale fingrarne sine inn i den store handi hennar og vilde fylgja.

I det same kom det ogso ein mann upp fraa bryggja. Han var ferdaklædd liksom kona. Ho kviskra nokre ord med han. So bar det uppetter bakkarne og bakum haugarne, der Eli aldri hadde vore fyrr.

Men korleis skulde ho no finna heim att? Ho tok til graaten og stansa.

»Me skal lata einkvar fylgja deg,« sa kona, og det lyddest so paalitande, at ho med eit vart trygg att.

Men det var langt aa gaa. Det bar yver ein bekk og uppetter ei bjørkelid. Ho var snart so andpusti og trang for bringa, at ho ikkje vann meir.

Daa kviskra kona til mannen att. Han smaalo, og fyrr Eli visste ordet av, tok han henne paa ryggen og bar henne uppetter eit par bakkar. So kom dei upp til ein gard. Der var eit stort raudmaala stovehus og hage framanfor. Trei i hagen blømde, og alt var liksom so stilt og ljost.

Mannen vart etter ute; men kona tok henne med inn i ei stor stova. Der var det ogso stilt og ljost, reinvaska paa golvet og fine stolar, so ho aldri hadde set det so gildt.

Kona bad henne venta litt her og gjekk

ut aat kjøken. Litt etter kom ho inn att med mat aat henne. Og so sette ho seg ved sida av henne og tok til aa røda. Ho rødde so mange ting. Ho rødde so underlege ting. Ho fortalde um ei gjenta paa lag so stor som Eli og um tvo smaagutar. Dei hadde for berre eit aars tid sidan spronge friske og glade her i stova. Men no var dei burte alle tri. Det var den vonde skarlakssotti ifjor som tok dei. Dei tvo gutarne fór fort. Men gjenta trudde dei so plent skulde ha kome seg. Ho hadde alt besna, so dei kjende seg visse. Dei var so glade alle saman. Og so fór ho likevel. Ho hadde nok sote for nære burt i draget fraa døri ein dag. Meir skulde det ikkje til. Og no hadde ho ingen att . .

Men i dag hadde ho og faren vore ute paa kyrkjegarden og set paa graverne; for det var nettupp eit aar i dag sidan gjenta døyde. Nettupp ein fin ljos dag som i dag . .

Ho turka seg til slutt i augo, den store kona. Og so spurde ho, um Eli ikkje vilde koma oftare hit upp.

»Eg burde ha tenkt paa deg fyrr og,« sa ho; »for eg er nok gudmor di og hev bore deg for presten. Men eg hev vore liksom so burte fraa alt, sidan det med borni. Du kan koma, so ofta du berre vil. No veit du vegen,« sa ho.

Sidan tok ho henne med ut og synte henne kalvarne burti fjoset og veslegrisen og so mykje anna rart, og so ropte ho paa ein gutunge burti tunet. Det var ein systerson ho hadde i huset, sa ho. Han skulde fylgja Eli nedyver att.

Han stirde forbina paa den bleike ungen og flytte seg attende som fraa noko stygt, men vaaga ikkje aa seia nei helder.

Det gjekk i ein fart nedyver att. Han gjekk fort, so han ikkje skulde koma henne for nær, og ho maatte kava alt ho vann for aa fylgja. Dei var snart frampaa ein bakke, so ho saag heim og fann vegen sjølv.

Heime hadde dei alt teke til aa leita etter henne nedved alle bryggjorne og ottast det verste; for ingen hadde set henne fara uppetter, og det hadde aldri hendt fyrr, at ho hadde vore burte so lenge. Daa kom ho endeleg farande ovanfraa, friskare i kinni en dei nokon gong hadde set henne. Andpusti fortalde ho um den store ferdi si, fyrr nokon fekk spyrja. Og ho hadde dertil fenge med seg heim eit heilt knyte av kringlor og godt óg. Ho vilde i si store gleda til aa dela med seg, daa dei var komne inn i stova.

Daa stansa mori henne med eit grin.

»Du treng det sjølv,« sa ho.

Ungen grov seg skjemd burt i kraai si og tagde. Men um eit bil kom ho i hug eitkvart,

som ho ikkje hadde fortalt um enno. Ho laut burt til mor si att.

»Kva? Er det no denne gudmor att? Det er vel motgongen som hev gjort henne so skikkeleg no, at ho vaagar aa gjeva fatigungen ei kringla. Ho hev visst slikka skillingarne væl fyrr,« kvesste mori.

Eli vaaga sidan ikkje aa nemna eit ord meir um ferdi. Men for seg sjølv sat ho og livde det upp att og upp att — helst med attlatne augo. Og naar ho berre vilde, kunde ho gaa upp att. Det var som eit heit nytt liv hadde opna seg for henne.

— Altfor snart var det ende med det ho hadde fenge med seg, og so tok ho for aalvoret til aa tenkja paa ferd att. Det var regn nokre dagar, so ho laut venta. Men so blenkte det upp med solskin ein dag, og ho lagde modig i veg.

Uppetter dei fyrste bakkarne gjekk det godt. Men so kom ho upp i ei bjørkelid, der ho ikkje kjende seg att lenger. Der var so mange vegjer, og ho visste ikkje aa finna den rette. Ho laut snu.

Sidan um dagarne freista ho enno eit par gonger; men det gjekk berre endaa verre. Ho raaka hestar uppi bjørkebakkarne. Ho var glad ho slapp heim att med livet, og vaaga sidan ikkje aa tenkja paa aa gaa der aaleine meir.

Men aa faa nokon til aa fylgja seg var likso raadlaust. Ho vaaga aldri aa nemna dette med mori elder nokon annan vaksen, og smaasystrarne var likso rædde hestarne og ukjende med vegen som ho.

Men tru ho gudmor sjølv ikkje skulde koma att einkvar gongen? Ho gjekk burt millom nausti, der ho sat den fyrste gongen, og gav seg til aa venta. Men nei, ho kom ikkje. Det gjekk den eine lange dagen etter den andre, og ingen var aa sjaa. Berre sjøen skvatla inn mot steinarne, og det lyddest skrik fraa ungarne burtetter strandi.

Ho sette seg sistpaa uppved vegen um dagarne og stirde, stirde etter alle kvinnfolk ho saag koma. Gong paa gong totte ho so visst, at det var kona uppaa garden. Ho for upp og vilde gaa mot henne. Men daa ho kom nærare, var det aldri ho. Ho vart sistpaa so lei, at ho gret og sparka i sanden — enno kom det ingen. Nei, ho hadde nok gløymt henne og kom aldri att. — Daa nokre vikor var gjengne, venta ho ikkje lenger. Ho laut gjeva upp denne voni og, og alt var som fyrr.

Nei, verre en fyrr; verre. Det var som alt her heime hadde vorte audslegare og uhuglegare no, sidan ho hadde upplivt dette underlege eventyret, det einaste i heile livet hennar. Minnet um det vart meir og meir fagert, di

meir vonlaust det var aa koma upp i sovore meir.

Ho kjende seg ogso laakare no en fyrr. Ho hadde slik ein vond, slitande hoste; han hadde auka meir og meir paa fraa tidleg i vaar. Ho hadde stikking for bringa og varme og frost i kroppen. Det var som det gav seg, naar ho sat i soli nedfor nausti um dagarne; men det kom alltid att, naar det svalna mot kvelden. Ho gav seg sistpaa yver i vonlaus draum; ho stirde ut i lufti, til ho totte ho høyrde underlege ljod og saag allslags rare ting dansa for augo. Ho laut krjupa aat sengi si, medan soli blenkte og flugor surra utanfor.

* * *

Det leid fram paa hausten. Eli sat paa ein krakk burtved vindauga um dagarne og saag ut. Ho kom sjeldan elder aldri lenger no. Ho vart so snart andpusti, naar ho skulde gaa aldri so lite, og det var alt byrja aa verta kaldt ute. Ho var endaa meir graableik og innturka no. Hosten var endaa verre. Augo endaa meir store og stirande.

Mori var av paa gardarne og skar no um dagarne. Dei største av systrarne var ogso av, og dei minste flogsa som vanleg ute, so ho laut sitja aaleine mest heile dagarne. Dei brydde seg ikkje um, at mori hadde sett dei til aa sjaa til henne. Ho hadde mest aldri hug paa nokon mat no, so det galdt just ikkje so paa for det.

Men ho vart so ottefull, naar ho ingen saag, og i dag hadde ho vorte so brennande tyrst og kunde ikkje finna vatn elder nokoslags drykk inne. Ho gret til slutt, med' ho venta; men ingen kom.

Daa grov ho med stort stræv ein krakk burt aat hylla og klauv upp aa 'n. Ho vilde leita etter vatn der. Men so kom ho til aa trø uvarlegt, so krakken vippa med henne — ho treiv forfjamsa burt i hylla, men det ho fekk tâk i der fylgde ogso med . . i næste blinken laag ho paa golvet med ei stor raas etter seg.

Mori hadde nettupp kome ovanfraa ein av gardarne fram mot kvelden og stod og rødde med ei framandkona burtved vegen. Daa kom det eit skjerande skrik innanfraa stova. Ho for inn, og der laag ungen og somde i ein sjø av skyr or ei krukka, som ho hadde drege ned og slege i knas. Fleire kopper hadde óg gjenge same vegen.

Ho kunde ikkje lenger styra sinnet sit. Ho lyfte henne upp med fingrar som klør og risste henne som ei vaskefilla, daa ho ikkje vaaga aa slaa.

Eli korkje skreik elder sparka imot lenger. Synet av det eldraude andlitet aat mori hadde som lamslege henne. Ho kneip att augo og berre so vidt let i seg. Daa vart døri slegi upp, og ho høyrde einkvar framand koma inn.

Korleis det so gjekk til visste ho ikkje; men i næste blinken hadde den framande teke henne fraa mori og lyft henne upp. De lyddest nokre harde ord millom mori og den andre, og so kjende ho seg bori ut gjenom døri. Det vart so underlegt, at ho laut sjaa upp att. Ho saag beint upp i eit stort andlit, som ho hadde set fyrr . . ho stirde med uppspilde augo. Var det henne ho hadde venta so lenge paa, elder drøymde ho berre no og? . . Ho gav seg ikkje tid til aa grunna meir paa det. Ho berre tok fast tâk i den framande med baae hender, pusta ut og vaaga aa sleppa graaten laus.

Det fall enno nokre harde ord millom dei tvo kvinnfolki; men ho korkje skyna elder brydde seg um aa høyra kva det var. So vart ho bori lenger burtetter og sistpaa sett høgt upp ein stad — daa ho skulde til aa sjaa, var ho komi upp aa ein kløvhest. Der ved sida stod ogso den mannen som var med i sumar. Dei saag ut til aa vera komne av ferd no og. Dei rødde eit lite bil. So bar det uppetter bakkarne.

Ho sat godt fast uppi kløvi. Ho heldt upp med graaten og heldt att augo enno. Ho hadde som ein otte for at ho skulde sitja heime i stova enno, dersom ho saag upp — at det var berre ein av dei draumarne ho so ofta hadde drøymt.

Men sistpaa bar det so langt, at det ikkje forvæl kunde vera det helder. Ho glytte upp og saag, at dei var komne langt upp i skogen. Eit bil etter var dei komne upp til ein gard. Ho kjende seg no att fraa sist. Der var den raudmaala stova.

Det hadde alt byrja aa myrkna, daa dei kom upp millom husi; men inni stova hadde dei kveikt i ljos. Ho augna gutungen og fleire burtpaa ein benk; men so tok det til aa gaa uklaart for augo hennar. Ho var so fortumla i hovudet enno etter fallet ned av krakken, og so gjenomtrøytt etter rædsla og alle hendingarne, at ho orka snautt aa staa. Kona leidde henne inn i eit lite rom og fann mat aat henne som sist. Men det var uraad aa smaka mat no. Ho var ikkje eingong tyrst no lenger. Berre trøytt og hadde slik ein vond hoste nedi halsen. Det laut vera med alt anna, til ho hadde kvilt seg.

Eit bil etter laag ho i ei seng og heldt paa aa siga inn i halvdraum. Men med eit for ho upp i rædsla. Naar skulde ho heim att? kviskra ho.

»Du skal sleppa for aa flutta herfraa meir no . . dersom du vil,« sa kona stilt. Eli seig ned att og sov snart med tung ujamn pust.

* * *

Soli skjein inn paa veggen yver henne, daa ho vakna att. Romet var so underleg høgt, og der var ingen ting ho kjende. Kor var ho? Ho vart mest rædd . . hugsa so med eit i gaarkveld og alt som ein lang, underleg draum. Ho var hjaa henne som kalla seg gudmor! Og ho hadde sagt, at ho skulde faa vera her alltid no. Ho for upp i gleda og vilde klæ' seg, men seig strakst som naami ned i lega att. Trøyttleiken fraa i gaarkveld laag yver henne enno. Det svimra for augo, og ho fekk ei lang fæl hosterid, so det sistpaa kom blod.

Ho gudmor hadde høyrt henne; ho kom inn fraa stova og stulla um henne. Sidan kom ho med mat og ein liten kjole, som ho skulde ha. Han var etter veslegjenta, sa ho.

Eli vilde springa upp av gleda ein gong til og prøva 'n, men hugsa so trøyttleiken og laut venta. Det var slik ein underleg trøyttleik. Ikkje so vond nettupp; men so blytung i alle ledar og limer. Med maten laut det ogso vera enno, til dette gav seg. Men det var gildt aa sjaa paa 'n likevel og vita, at dette kunde ho ta det ho vilde av, naar ho berre vilde. Kjolen laut ho ogso faa ha hangande, so ho saag han. Soleis vart ho liggjande og stirde framfor seg, til ho seig i ein uroleg sømn att.

— Frampaa dagen var ho endeleg komi til aa sitja i sengi og støda seg paa høyendet. Ved sida sat gudmor og spøta. Ho hadde

nettupp fortalt um kyrne og sauerne, um hagen der det var bær, og so mange andre rare ting. Og alt dette hadde ho lova aa syna henne, so snart ho kom seg att. Og mykje meir til. Ho skulde faa vera med alle stader. — Det var kome liv i augo og mest frisk lit i kinni paa ungen.

Men tru det kunde verta lenge no, til ho kom seg? Ho saag fortenkt upp.

»Aa . . tru det skulde verta lenge no?« sa ho gudmor og. Ho var litt underleg i maalet; men Eli kjende seg trygg likevel. Naar berre denne trøyttleiken gav seg . .

— Det rusla einkvar uti dørerne og banka til slutt paa kovedøri. Ho gudmor let upp, og eit kvinnfolk kom inn. Det gjekk eit rykk gjenom Eli . . mori! Ho var blid i dag og smilte til henne; men Eli kjende seg likevel som naami, daa ho hugsa i gaarkveld. Ho vann snautt røra seg; ho vann ikkje eingong løyna andlitet under klædi, som ho hadde havt mest hug til. Ho berre kneip augo att og vart liggjande daudstill.

Dei tvo rødde noko, som ho ikkje høyrde. So vart det stilt eit bil, ho visste ikkje rett kor lenge. Kanskje det var svært lenge. Men best som det var kjende ho noko trivla burtyver seg.

»Er du rædd meg i dag? Du er vel ikkje

rædd mor di?« sa det tett ved øyra hennar, — det var mori, som støtt smilte.

Eli kunde ikkje faa seg til aa svara; ho berre kneip i hop augo att.

»Vil du ikkje helder vera med meg heim, naar du er so sjuk?«

Ikke svar.

»Men det er ikkje greitt for framandfolk aa ha stræv med deg no du ligg sjuk soleis,« sa mori.

Eli saag seg forskræmd i kring og kunde ikkje sjaa nokon annan en mori, som stod der og rette ut henderne, liksom ho vilde ta henne og bera henne heim . . kanskje det var aalvoret? Ho fekk ein støkk, so ho for upp med eit skrik, fikta og kava med armarne.

»Eg vil ikkje . . eg vil ikkje!« ropte ho. Men so kjøvdest mælet hennar av ei hosterid, so ho blaana av og seig attende i sengi. Dei sprang etter vatn og lyfte og stelte med henne; men ingen ting hjelpte. Der gjekk nokre harde rykkjingar gjenom henne; munnen opna seg, og augo vrengde seg. So stilna ho av, og augo var brostne. Ho var slokna — denne gongen var ho ikkje berre nær ved det.

* * *

Ei vikes tid etter var ho komi i kyrkjegarden, og der var ingen ting som minte um henne meir — utan den tome kraai i hytta nedi Nauststrandi. Sætet hennar stod der

enno; men det vesle uttærde andlitet var burte. Dei store augo var burte.

Ho gjekk liksom stillare ut og inn en fyrr, ho Ragnhild. Ho brukte aldri so harde ord som fyrr mot hine ungarne. Ho tretta ikkje med grannekonorne som fyrr. Det hadde ikkje vore so lett aa missa ein unge, likevel, um der var mange att. Dei store augo, som rann so lett fulle av vatn — fylgde henne enno.

Guten som sagde sant.

1. Svein kan ikkje leksa si og kjem i knipa.

Det var siste skuletimen um dagen. Skulemeistaren spurde borni i »tabellen«, som dei hadde leksa i. Han var just komen til han Svein, ein tiaarsgamal gut paa midtbenken.

»Sju gonger tvo er fjortan; sju gonger tri er . . hø; sju gonger fire . . hm . . æ . .« stota guten. So stod han radt fast.

»Sju gonger fire er?« spurde skulemeistaren.

»Er fjortan . .«

Dei andre gutarne tok til aa knisa, so skulemeistaren laut hyssa paa dei. So baud han Svein aa lesa upp att alt.

Guten freista baade ein og tvo gonger, men stod like fast.

»*Kan* du ikkje leksa di i dag helder?« ropte skulemeistaren og var ikkje blid. »No er det tredje gongen du stend fast i denne vesle sju-gongen.«

Svein stirde nedfor seg. Det var altfor sant, at det var tredje gongen.

»Hev du ikkje vunne paa aa læra han paa so lang tid?«

Svein tagde skamfull. Han hadde jamt kunna leksorne sine fyrr, um dei var mykje tyngre. Men no hadde han flogsa ute um kveldarne, og tenkt at ikkje plent *han* vart spurd.

»Vil du verta slurv og dovning no daa?« spurde skulemeistaren og gjekk burt og tok han i haarluggen. Han var ein stillfarande mann, skulemeistaren. Han sette sjeldan nokon i skamkraai elder brukte onnor refsing. Men laut det til, so gjorde han det med aalvor, so det kunde hugsast eit bil.

Svein vart eldraud og gjenomheit, der han sat. Men so rette han seg upp best han vann og fortalde, at han hadde kasta burt boki si uppi vegjerne i gaarkveld. »Eg stakk henne upp under vesten, og so hadde ho smoge ned,« sa han. »So kunde eg ikkje læra . .«

»Ja so . . er ho burte enno kanskje?«

»Nei, eg fann henne att i dag. Men daa var det for seint . .«

»Kunde du ikkje faa laana bok hjaa nokon annan helder?«

»Nei . . eg spurde; men dei brukte bøkerne sine alle saman.«

Skulemeistaren saag paa han eit bil.

»Sjaa no upp paa meg og fortel det ein gong til!« sa han. Han tok guten under hoka og snudde det raude andlitet hans upp mot ljoset.

Svein laut byrja. Men aa ljuga lett og visshøvt i ei klemma som denne var ikkje greitt. Han stod snart fast og tok til graaten, so det var altfor greitt kor han for. Ingen av dei andre gutarne visste helder av at han hadde spurt dei etter bok. Daa tok skulemeistaren han i aksli og sette han i skamkraai, so det sokk etter.

»Staa no der eit bil!« sa han. »Du skulde ha sloppe for denne gongen ogso, hadde du berre lova visst aa læra leksa til i morgon. Men dette slepp du ikkje for. Veit du ikkje, at det er større skam aa sitja her og ljuga en aa ikkje kunna leksa? Saa fær du sjaa aa hugsa det til sidan daa!«

Skulemeistaren tok til aa høyra hine i leksa. Gutarne paa dei øvste benkjerne grein og flirde i løynd aat han i kraai. Dei minste gutarne og gjentungarne kniste høgt. Tridubbel skam hadde han fenge i staden for aa berga seg or knipa. Han heldt seg for andlitet og hikstegrêt. Men staa der maatte han likevel. Og daa dei andre strakst etter slapp fri og gjekk heim, maatte han enno sitja etter lenge og væl og lesa paa sjugongen.

Det hadde alt teke til aa myrkna, daa han endeleg slapp. Det var haustar tid og stutte og myrke dagar, og han hadde lang veg aa gaa. Han høyrde heime paa ein gard heilt uppunder fjelli. Han lagde i veg i fullt sprang. Men rett lenge var det ikkje, fyrr han sakka paa. Strakst ovanfor Hustuft, der skulehuset stod, byrja det med skog og utmark. Der vart det med eit so mykje myrkare. Der fanst ikkje folk, og han hadde alltid vore so fælt myrkerædd. Det tok alt til aa laga seg augo og andlit her og der, so det for kaldt i han. Og verre kunde han venta seg det etterkvart. Skogen vart endaa tettare lenger uppe, og der var ein fæl, svart hellar tett ved vegen. Der skulde det jamvel liggja nedgravne mannabein.

Han stansa snart radt upp og vilde snu ned att. Han fekk be einkvar fylgja seg. Men kva . . var det? Det var plent som det tusla i buskarne tett nedanfor. Han tenkte fyrst paa skrymt og skræmsle. Elder kanskje det var den olme uksen nedpaa Indre-Hustuft? Han gjekk ofta ute um netterne og kunde ha høyrt han. Der knast det i kvisterne ein gong til! Han slengde nistetina si fraa seg og for paa livet laust uppetter bakkarne og upp i ei ur strakst nedanfor Svartehellaren. Der klauv han upp i ein stor bjørkestuv og kjende seg endeleg sovidt livberga, daa han sat uppi høgste toppen.

Men so var det myrkni og fælingi — den var han ikkje berga for her helder. Det vart fælare og fælare uppetter lidi, di lenger han sat. Og det var ikkje aa venta, at det kom folk her desse tider. Kva skulde det so verta av han?

Det tok til aa svimra for han, der han hekk hjelpelaus millom himmel og jord. Og alt dette kunde han ha sloppe so fint for og kome heim i kveld som fyrr, hadde det ikkje vore for det styvne paafunnet um boki. Han fall i ein saar graat, og laut sistpaa spyrja seg sjølv, um det var anna aa venta helder — en dette. Hadde ikkje skulemeistaren alltid sagt, at det kom ille attum for alt sovore? Og aa ljuga var nok ikkje det beste.

Det var sjeldan Svein hugsa so svært paa, kva skulemeistaren elder nokon annan sagde elder ikkje sagde. Men i denne klemma kunde han ikkje anna; og han totte han skyna so altfor greitt, at Vaarherre hadde sent dette nettupp til ei straff.

Og det var nok ikkje berre i dag helder han hadde forgjenge seg soleis. Han hugsa altfor mange gonger, naar han tenkte seg um. Liksom den gongen han sa, at han Randius hadde hogge amerikaøksi i stein; men just so hadde han gjort det sjølv. Og den gongen han spann upp, at han hadde set tri store ormar og slævor utpaa bøen berre for aa skræma Sjura-

gutarne, so dei ikkje skulde gaa der og henta bringebær i Storerøysi?

Han hadde bore seg nett som han ikkje skulde havt vit elder tanke, det hadde han; men no fekk han nok svia for alt.

Han gret so han hikste. Men vart han berre berga denne gongen . . aa so skulde han aldri meir i si livetid gjera sovore! Aldri. Han skulde ikkje helder vera lat med leksorne. Han skulde i det heile halda seg fraa allslags uskikkelegt etter denne dag — berre han kom or denne fæle naudi.

Det var som han kjende seg mykje sterkare etter denne store lovnaden. Han tok til aa tenkja rolegare og grunna paa bergingsraader. Aa koma nedyver att var det ikkje tanke um. Men uppetter uri langs ufserne var det vel ikkje so greitt for uksen aa fylgja, og myrkni fekk han freista aa tola.

Han steig ljodlaust ned og lydde etter. Der var ingen ting aa høyra. So skaut han hjarta høgt upp og smaug i veg.

Det var fælt so svart det var uppetter. Under Svartehellaren var det som lange nevar tøygde seg ut etter han. Augo gløste, kjeftar gapte, og langt uppi berget stod det eit andlit med ei nos so lang som eit hestehovud. Men ikkje noko fekk tåk i han, og uppetter bar det med hamrande hjarta og sveittande rygg. Endeleg

fekk han auga paa eit ljosglim millom tretopparne — ljoset fraa vindaugo heime.

2. Ei rift i fartet.

Morgonen etter var Svein enno noko hiren etter skammi og myrkerædsla i gaarkveld. Men det gav seg strakst i leksetimen. Daa rann leksa or han med slik sprutande fart, at skulemeistaren smilte og klappa han paa hovudet; og i fritimen til middags var soga um skamkraai alt so gløymd, at han skraala og song so byrg som nokon.

Dei hadde det ogso fælande fritt til aa skraala og staaka i fritimen. Skulehuset stod for seg sjølv burtved vegen eit heilt stykke fraa gardarne i kring. Naar so skulemeistaren gjekk burt til Hustuft til middags, raadde dei seg heilt som dei vilde. Dei hoppa fraa benk til benk elder krabba nedunder og jamta som kattar. Sume klauv uppetter omn og glaskarmar og gol som hanar. Dei aller modigaste sette seg til skrevs uppaa lærarstolen og var prestar og klokkarar og gaula yver alle hine, som det høvde seg for prest og klokkar.

Men ein dag fann dei paa noko endaa betre. Nokre av gutarne sprang rundt lærarstolen og skulde ta kvarandre. Dette var til slutt heile flokken med paa i vilt laup. Men

best som det var lyddest det eit skrik gjenom staaket. Ein av gutarne hadde spronge seg i koll millom lærarstolen og veggen, og ein heil hop stupte yver han. So kom det ein som med ein himmelsprett vilde setja yver heile hurven. Men det vart eit spelegt hopp. Han fata upp i eit kart paa veggen og reiv ei lang rift i det.

Heile flokken sette i eit skræmt rop, og laupet stansa med ein gong. Kven var det som gjorde det? Det var han Ole Martinus . . trøyste han, der han gjekk og stod! Skulemeistaren vart vond berre han saag ein prikk i ei bok, og so ei lang rift i den eine halvkula!

Ole Martinus stod graableik med graat i hals og augo, og alle hine saag rædde og raadville paa kvarandre. For det var ikkje sagt, kor skuldfri dei var nokon av dei som hadde vore med i denne faarlege leiken.

Daa trødde han Reinert Myraa fram med ei byrg mina; han var ein av dei eldste og den største i heile skulen.

»Haldt berre kjeft, so skal me sjaa!« sa han. So klauv han upp paa ein benk og synte, kva dei skulde gjera.

Kartet hekk paa ein rullestokk, som laag med endarne paa tvo knaggar høgt paa veggen, og rifti var tett uppunder stokken. Naar ein no rulla litt av kartet upp, var ho heilt løynd; men ein saag like godt heile halvkula. Ingen kunde daa drøyma um nokor rift, og ho vart

kanskje aldri sedd, fyrr kartet vart teke ned, eit anna aar elder so. Og daa kom det ikkje dei ved.

Dei lettna alle saman.

»Men no maa de halda kjeft og ikkje seia noko, elder so skal de faa!« let han. Nei nei, dei skulde ingenting seia. Det lova dei høgt og dyrt alle i hop. Og so sat dei so fine og stille som i kyrkja, daa skulemeistaren kom. Han vart ikkje var nokor rift den dagen, og ikkje dei næste dagarne helder. Dei kjende seg trygge og tok til aa gløyma det heile. Men so gjekk det som det so ofta gjeng: eit harmelegt slumpehøve kom til aa setja eit strik i rekningi. Ein gut var framme og skulde peika paa eit-kvart paa kartet, men rokk ikkje upp. So saag skulemeistaren, at det ikkje var skikkeleg nede. Han drog i det, og heile rifti gapte midt framfor han!

»Naar er den komi der?« ropte han forbina. Det gjekk ein støkk gjenom gutarne; men i næste blinken svara dei roleg, at dei ingenting visste.

»Ho er visst gamal,« sa han Reinert.

»Det ser mest ut til det,« sa skulemeistaren ogso. »Men veit nokon, korleis ho er komi der fyrr?« Han saag harm nedyver flokken. Men dei sat like skuldlause og svara hugheilt nei — Reinert, Njæl, Ole Martinus, Tore, Nils, store og smaa. Han Reinert slog jamvel paa

um ikkje vaskekjeringarne kunde ha gjort det, sist dei var her. Berre *ein* tagde heile tidi. Det var han Svein. Aa besa og forraada felagarne sine vilde han ikkje for aldri det. Ole Martinus kunde endaa faa ris. Men aa ljuga var ikkje betre. Han hadde ikkje gløymt kor ille det gjekk sist, og kva han lova den kvelden i den fæle knipa.

Berre skulemeistaren ikkje spurde honom serskilt um noko! For daa *laut* han seia eitt. Men fekk han sitja umerkt og tia, so korkje laug han elder besa paa nokon, tenkte han Han einstirde nedfor seg og gjorde seg so liten som ei mus. Men endaa totte han plent, at skulemeistaren saag just paa han. Han sat i slik otte, at han vart gjenomheit og bøygde seg radt ned yver pulten.

Skulemeistaren kunde ikkje seia meir, daa ingen visste noko. Han stod der og fingra med kartet. Men so kom han av eit hende til aa sjaa paa han Svein.

»Du Svein!« ropte han med eit. «Bilar det deg noko, elder veit *du* noko um dette?«

Det gjekk uklaart for augo hans Svein. Han tagde nokre augneblink; — det var so fælande lett aa seia, at han hadde vondt i hovudet, og koma fraa alt. Men so spurde skulemeistaren, um han hugsa sist og vaaga aa ljuga att.

Nei nei, han vaaga kje. Med graatande mæle fortalde han alt.

Skulemeistaren stod berre og saag seg forstøkt i kring. Var det soleis dei bar seg, naar han var or augo? Ole Martinus hikste og gret alt, og det var ikkje berre turre augo hjaa alle hine helder.

Sidan det var gjort so av vanvare, skulde dei likevel sleppa for straff for dette, denne gongen. Men den som ikkje slapp var han Reinert, som hadde lokka heile flokken til fanteferd og ljuging. Denne gongen var det han som kom aat skamkraai. Der fekk han endaa ei lang skjennepreika; og riset skulde vera visst, dersom han gjorde likt til sovore meir. Han burde havt det i dag og, men skulde sleppa for denne eine gongen, sa skulemeistaren. — Der laut Reinert staa til bisn for alle frametter halve timen.

Svein hadde langt um lenge turka taarorne og vaaga aa sjaa burt aat kraai. Men svint snudde han seg att. Reinert saag paa han so myrk av sinne og hat, at det gjekk kaldt heilt gjenom han. Og korleis vilde det gaa, naar dei kom ut? Reinert kom visst til aa slaa han mest i hel. — Han sat berre og svelgde og fylgde ikkje med i noko.

Dei slapp fri til middags, daa timen var ute. Svein sprang fram fyre dei andre og skunda seg ut med nistekoppen sin. Daa skule-

meistaren litt etter kom ut, stod han graatande langt burti vegen.

»Gaa berre inn att med maten din. Dei skal ikkje slaa deg. Eg hev tala med dei,« sa skulemeistaren. Svein vaaga ikkje anna en aa lyda. Han sette seg liten og still som ein brotsmann burti ei kraa. Dei andre sat kring benkjerne og aat. Reinert saag ikkje paa ledi etter han, og ingen sa eit ord til han. Dei sat berre noko ulknare en vanleg og smaarødde. Det var greitt, at dei var rædde skulemeistaren. Svein anda lettna, og tok alt til aa vona at det snart skulde gaa i gløyme att.

Daa byrja det med eit ein underleg haas laatt burtpaa benken, der Reinert sat. Han sat med ryggen mot hine og nid-lo. Kva var det? Dei var ferdige med maten og flokka seg forbina kring han. Reinert heldt lenge paa og lo berre endaa haasare; men so spratt han upp og grein, so munnen rakk langt upp mot øyro.

»Jau so menn, no veit me det og!« sa han. »Fyrr hev me havt berre skulemeistaren yver os her; men no hev me fenge ein embætsmann til — han Svein besetut!« Heile flokken sette i ein skrellelaatt.

»Og ein slik storkar ber ikkje sverdet til inkjes, han helder!« let han Reinert. »Me fær taka huva av for han og agta os, kva me gjer. Men tru det skulde vera spelegt aa *peika* litegrand paa han?«

Han grein paa nytt lag og peika paa Svein med ein kvass sleikefing. Det vart ein ny skrell av laatt, og snart yrde det av peikande fingrar heile huset yver.

Svein for eldraud upp. Han vilde seia, at han ikkje hadde gjort dette for aa besa; men ingen vilde høyra paa han. Alle var gloharme paa han. So vilde han røma ut; men der stod nokre i døri og stengde, og dei verste av gutarne slo radt ring rundt han og peika.

»Eg skal klaga dykk!« skreik han.

»Kva vil du klaga os for?« spurde han Reinert. »Ein katt hev lov til aa sjaa paa sjølve *paven*, og so kan vel ingen gjera os noko, um me peikar paa ein besetut!« Han lo av sinne og peika radt burtunder nosi paa stakaren. Svein slo fraa seg med knytt neve, men var so fortumla, at han raama med full fart beint burt i ein kvass kant paa ein pult.

Med eit yl seig han ned paa golvet og heldt seg yver fingrarne, og daa kunde det henda dei fekk læ! Dei laag flate yver benkjerne og lo. So treiv Reinert huva si og for ut. Heile flokken fylgde etter.

Graatande laag Svein etter. Han var so sinna, at han vilde liggja soleis, radt til skulemeistaren kom att, so kunde han sjaa korleis dei hadde fare aat.

Eit godt bil laag han og; men sistpaa vart det kalleg drjugt, dette. Han vart saar i alle

knokarne og fekk vondt i hovudet. Han fekk helder gaa burt til Hustuft til skulemeistaren og klaga seg.

Han reiste seg og tok i veg. Men so kom han til aa spyrja seg sjølv, kva han i grunnen skulde seia. At dei peika paa han — var det noko aa klaga seg for, naar dei ikkje slo? Og skulde han seia det, so kunde dei seia, at han hadde slege seg sjølv av berre sinne, og sjølve skulemeistaren kunde læ aat han.

Han skjemdest til slutt for alt i hop og tok til aa sjaa etter hine skuleborni. Men dei var ikkje aa sjaa nokon stad. Dei var nok strokne burt til grannegardarne. Han laut gaa der aaleine og stura heile timen, og drjugare time hadde han enno aldri upplivt i skulen. Det var nok ikkje ein fjordepart av timen han hadde lege og plaaga seg til inkjes paa golvet.

— Endeleg kom flokken nedanfraa vegjerne. Dei hadde funne neter og lo og hadde det gildt. Svein stod uti gongen. Han freista aa lata alt vera gløymt, sidan dei var so glade. Men han fekk berre uvyrne grin til svar og nataskurn slengde etter seg.

Ole Martinus og Tore og Tjerand var fraa same garden som han. Dei hadde alltid vore beste venerne hans, og han hadde jamt fylgst med dei heim. Men i kveld sprang dei sin veg og brydde seg ikkje dusti um han. Han

sprang ikkje etter. Naar han berre var i vegen so —. Han seig seint i veg aaleine.

Slik ein dag dette hadde vore! Graaten losna att, daa han tenkte attende paa alt. Det var mykje verre dette, en um dei hadde slege han aldri so vondt; for dette kunde han korkje klaga seg for elder verja seg for.

Daa han kom heim att, var han tung og svevnug etter all graaten i dag og ikkje i lag til aa lesa. Soleis bar det til at han ikkje kunde leksorne, daa han um morgonen skulde aat skulen. Men aa vera ustø i dei no, daa alle ynskte han ilt, vilde han minst av alt. Han laut faa vera heime til middags. Daa kunde han nok leksorne godt og væl; men so vilde skulemeistaren vita, kvifor han ikkje kom fyrr. Han vaaga ikkje aa ljuga og seia han hadde vore sjuk. So vart skulemeistaren snubben for denne skulkingi; — so fekk Reinert og dei andre noko aa grina aat likevel! Maken til vrangskap kunde han ikkje hugsa radt sidan den gongen ifjor, daa han slengde ein tresko etter veslebror sin, men raama den nye rokken hennar mor og slo hjulet radt skjeivt. Men det var eit spursmaal, um det rokk upp mot dette, likevel.

3. Politilovi og hestarne.

Ettermiddagen var gjengen, og det teikna endeleg betre att. Han hadde fenge vera bra

i fred i frikvarteret. Daa dei slapp fri um kvelden, sprang han ut i fyrevegen og stod og vagta paa Ole Martinus, Tore og Tjærand. Han hadde ein brun sukkerklump, som han fekk av henne bestemor i gaarkveld, daa han gjekk og sturde. Denne vilde han no skifta millom dei tri, so han i minsto kunde koma til full soning med *dei* att.

Dei saag ikkje vonde ut helder, daa dei kom. Men fyrr han visste ordet av, kom han Reinert og nokre andre gutar ogso nasande og vilde vera med. Dei hadde ærend upp til ein av gardarne. Dei sette huvorne paa sned og sveisa av stad med drøsing og sputting som andre sprøytne karar.

Svein gav seg fyrst lavøyrd etter. Naar den skarve Reinerten var med, nytta det ikkje med noko. Men kanskje han snart kunde gaa ein annan veg med fylgjet sit? So kunde han faa fylgja dei tri andre resten av vegen. Han skunda seg etter so nære som raad var, so han kunde naa atti dei til daa.

Gutarne gjekk lenge som dei ikkje saag han. Men uppi bakkarne uppum Hustuft snudde han Reinert seg med eit. »Kva nasar du etter i hælarne vaare?« spurde han.

»Eg vil berre heim att eg,« sa Svein og gjorde seg so liten og spák han kunde.

»Gaa heim so lenge du vil, din maur; men haldt nosi fraa os! Trur du me vil ha nokon

til aa lura ut kvart ordet me seier og besa det til skulemeistaren?« snerra han Reinert, og so sette han i aa syngja, so det ljoma:

Aa besetuten er lett aa kjenna,
i alle hælar du ser han renna.
Han augo hev som en liten gris,
og dengjast skal han med tri slags ris.

Det vart fælande laatt etterpaa.

»Tig still!« kvein Svein. So song dei det berre upp att alle i hop!

Større skam hadde Svein aldri vore ute for. Slengjestev og nidvisor hadde han aldri høyrt um andre en farkar og fæle kvinnfolk, og so song dei sovore um han og! Og i morgon vilde vel Reinert læra alle i skulen det. Han sette i aa yla og graata.

»Ja berre prøv aa fylgja os, so skal du faa meir og!« let han Reinert. »For veit du ikkje, kva det stend i *politilovi* du?«

Nei det visste Svein ikkje noko um.

»Jau der stend, at naar nokon lurer seg etter folk, so hev dei lov til aa setja han paa hovudet og tranten upp i ei mauretuva!«

Men Svein høyrde kje meir av politilovi. Han for hikstande utetter bakkarne og vilde gaa ein annan veg lenger ute i skogen.

— Arm i arm og med karslegt svall tok gutarne i veg att. Reinert hadde berre funne paa aa snu til eit gamalt stev aat Svein, og tenkte ikkje meir paa det. Dei fekk ogso snart

anna aa tenkja paa. Dei saag Hustuft-hestarne uppi bakken ovanum bøgarden.

»Piske meg, lat os ta dei og rida!« ropte Reinert.

»Berre dei ikkje *spenner,*« sa Ole Martinus.

»Aa haa! Er du rædd aat aa ta ein hest du?« ropte Reinert.

»Nei langt ifraa, dei filleøykjerne!« let Ole Martinus; — han sprang nokre stig fyre hine for rett aa syna, kor modig han var.

»Aa nei . . og naar *eg* er med!« sa Reinert.

Dei var fælande forhuga paa aa rida alle saman og reiv av seg sokkebandi til beisl. Ole Martinus og Njæl skulde ta merri hans Torstein Hustuft. Reinert skulde ta hesten hans Brita-Navar. Dei nærma seg hestarne med hjarto høgt i bryst. Men i det same dei tvo kom burt aat merri, saag ho upp og geispa og synte so store tenner, at dei fauk som grashoppar attum ein stein.

»So, ver no ikkje krjupar! ropte Reinert. »Hei Reinert, ver ikkje rædd den fillegampen!« skraala Ole Martinus attende; for daa Reinert tok etter hesten, gjekk det ikkje betre. Hesten snudde bakenden mot han, so han spratt hovudstups yver ein brakebusk og kom paa magen millom tvo nibbesteinar. Men som kveikt krut for han upp att.

»Vil du *spenna* du? Eg skal læra deg aa staa, eg!« kvesste han. Han treiv ein svær paak

og skreid upetter att. Men hesten skyna nok ikkje dette paa den maaten, at han skulde staa roleg. Han spente upp, so torvorne fauk og gutarne fauk likso høgt kvar sin veg. So sette han i villan flôg ned mot grindi og hine hestarne etter. Og grindi — den hadde dei gløymt aa lata skikkeleg att, daa dei gjekk der forhuga paa ridingi. Hestarne rende beint igjenom og for som ei fæl fosserei nedetter bøarne og aakrarne, radt ned mot skulehuset. Der gav dei seg til aa tvidansa midt i ei fin ækra. Kven kunde so ta dei att?

Dei modige gutarne stod bleike og med opne munnar. Alle kunde vita, at *dei* hadde gjort dette; for folki nedpaa garden hadde set dei fara uppetter. Kva vilde so skulemeistaren og alle seia i morgon? Dei minste var graaten nær og vilde at dei skulde springa ned til gards og seia det, fyrr hestarne fekk gjera endaa meir vondt. Men Reinert og Njæl likte ikkje det. Det var so leitt og skamlegt.

Men der kom dei paa raad! Dei kunde berre lata att grindi og brota hol i skigarden nedanfor. So kom alle til aa tru, at hestarne hadde brote seg heim sjølv! Dei sprang ned og fekk det gjort i ein augneblink. So smaug dei som revar uppetter lidi. Langt uppe lurde dei seg fram paa ein haug og saag ned att.

Hustuftmennerne hadde endeleg set hestarne og kom uppetter mot grindi med dei. Dei var

fælt sinna, lyddest det. Dei ropte til kvarandre og nemnde skulegutarne. Men so saag dei brôta i skigarden. Dei stod der med lange nasor og tok til aa krusla og vøla han upp att.

Daa lo skjelmarne uppaa haugen og kjende seg fulltrygge. Det var i grunnen maata, det var det. Han Brita-Navar gjorde alltid slik snut, so snart dei trødde med halve foten burt paa bøen hans. »Men no kan han skjenna paa hestarne med den skakke kjeften sin!« sa han Njæl. Dette totte dei var so løgje, at dei laag flate millom tuvorne og lo.

4. Ei papirflysa i andlitet.

Dagen etter var det fæle skraamor etter hestarne burtanfor skulehuset. Heile ækra var i *eit* hakk. Men ingen kunde seia noko, naar hestarne hadde brote seg heim sjølve.

Skulemeistaren visste det same som dei andre og nemnde det ikkje, fyrr dei kom inn etter middagstimen. Han kom daa til aa spyrja, um nokon hadde skræmt hestarne igaar, sidan dei vart so galne.

Nei — dei hadde ikkje *set* dei eingong, lêt Reinert og felagarne hans. Dei var berre fælt forbina paa korleis det hadde gjenge til, dei ogso.

Skulemeistaren gjekk etter bøker og spurde

ikkje meir. Reinert og Njæl blinka til Ole Martinus. Han blinka attende. Men paa midtbenken sat ein, som ogso gaadde denne blinkingi. Det var Svein. Han sat med blanke augo og raude kinn. For han visste noko, han og!

Daa hine gutarne hadde jaga han fraa seg i gaarkveld, hefte han litt utved ein bekk og vaska taarorne av seg. So høyrde han ei fæl hestetramping og klauv skræmd upp i ein høg stuv tett ved. Og derfraa saag han alt: at dei hadde sett grindi opi og braut ned garden. Dei drøymde nok ikkje mykje um det!

Det hadde bronne i han radt fraa i morgon, daa han saag kor dei gjekk der og løynska og lo aat ustykket sit. Han hugsa, kor uvyrne dei hadde vore mot han. Han hugsa slengjestevet. Og no kunde han med *eit* ord gjeva dei att for alt! So kunde dei faa læ ein annan laatt.

Men nei, han vilde ikkje seia noko, likevel. Han hadde stridt hardt med seg sjølv og vunne. Det var so skamlegt aa besa. Han fekk gløyma uretten og sjaa aa verta til vens med dei att. Skulemeistaren kom nok ikkje til aa spyrja han um noko helder i dag. Naar han so sidan fortalde dei dette, maatte dei vel faa god tru til han att! Han var so glad og lett som han ikkje hadde vore paa lenge.

Skulemeistaren hadde klove upp aa ein stol og tok bøker ned av hylla. Han bad ein-

kvar koma og ta imot dei, og ingen var daa svintare og viljugare en han Svein. Daa visste han ikkje ordet av, fyrr det kom fjukande noko og raama han midt i andlitet. Det var ein blaut, fæl klatt av samantogge papir. Det kom fraa han Reinert, saag det ut til. Og der sat heile fylgjet hans og lo, so det risste.

Svein stod gloheit og turka av seg, og sinnet for i han, so det gjekk uklaart for augo hans. Var det sovore han skulde ha for han hadde gjenge her og tenkt berre godt, og tagt um alt? Alle dei gode tankarne hans var burte i ein blink. Han snudde seg beint mot skulemeistaren og sa høgt og greitt, at han hadde set noko i gaarkveld og visste alt um hestarne.

»Eg bryr meg ikkje um nokor tigjing og ljuging som dei andre,« sa han.

Det gjekk ein rykk av rædsla gjenom gutarne paa øvste benken. Reinert for halvvegjes upp med stygge minor. Men Svein let seg ikkje skræma. Han var harm. Han fortalde alt han hadde set, etterkvart som skulemeistaren spurde. So gjekk han roleg burt og sette seg att.

Skulemeistaren var bleik. Han gjekk burt til Reinert og spurde med laagt mæle, um det var sant dette.

»Nei, han lyg!« ropte Reinert haas og banna av sinne. Skulemeistaren stansa han med eit slag i pulten, so det skrall, og so gjekk

han beint ut etter eit langt ris. Dei minste av dei som hadde vore med hikstegret alt og skulda paa Reinert og Njæl. Desse laagna og bleikna ogso kalleg, daa skulemeistaren stod framfor dei med riset. Men so gjekk han fraa dei att og lagde riset paa hylla.

Dei burde havt det med det same, og det dugeleg, sa han. Men naar han laut bruka riset, vilde han helst tala med foreldri fyrst og faa tilsynsmannen til aa vera med. Han hadde alltid gjort det fyrr. Han vilde gaa kringum til dei i kveld. So kunde dei vera visse paa riset i morgon.

Det gjekk tungt og uhuglegt frametter resten av dagen, og Svein fekk stygge augo fraa alle kantar. Men han brydde seg skitt um aa skjelva og ottast lenger, han. Dei olme augo kveikte berre sinnet hans endaa meir. Aa slaa vaaga dei ikkje, og med vondord og hæding kunde det vel ikkje verta verre en det alt var. Men dei var vel ikkje so modige paa dette helder no, dei stod under riset, travarne. No fekk dei sjaa. Han kjende mest ei hemnfull gleda.

Det synte seg strakst i frikvarteret, at dei hadde mjukna no. Reinert og Njæl gjekk trutne av illska, men korkje peika elder brukte unamn. Um kvelden flaug dei tri grannegutarne fraa han uppi vegjerne, men vaaga ingen annan ting aa gjera.

5. Dei brenner upp riset.

Morgonen etter gjekk han ogso aaleine. Grannegutarne brydde seg aldri um aa spyrja etter han no og var gjengne. Dei hadde vel havt meir hug til aa vera heime i dag, skjelmarne, men vaaga nok ikkje.

Med varsame stig nærma han seg skulehuset. Kanskje tilsynsmannen alt var komen, so dengjingi skulde byrja strakst?

Nei, daa han kom inn, var berre skulemeistaren og borni der. Dei sat stille paa kvar sin plass, og alt byrja som vanleg.

I middagstimen laut Svein gaa aaleine att, og paa nytt lag gjekk han der og venta paa tilsynsmannen. Men skulemeistaren kom att aaleine som ingen ting var, no ogso.

Korleis hekk dette i hop?

Jau, i frikvarteret fekk han endeleg greia paa det av gjentungarne.

Skulemeistaren hadde i gaarkveld vore ned til foreldri aat Reinert og Njæl. Men dei totte ikkje, at fantestykki var noko aa bry seg um, naar deira eigne ungar hadde gjort dei. Dei lo berre aat slugskapen deira og vart snubne for dette drøset um ris. Og tilsynsmannen var ikkje heime, so det var ingi greia aa faa hjaa han helder. Det laut vera til i morgon med alt.

Dagen etter fekk Svein strakst vita, at tilsynsmannen var komen heim. Men skule-

meistaren gjekk ikkje etter han i dag helder. Alt gjekk sin jamne gong. Reinert og felagarne hans kunde berre leksorne sine mykje betre og bar seg finare en vanleg.

Endeleg fram paa ettermiddagen ein gong slo han frampaa att um fantestykket med hestarne, og fingra med riset. Han heldt ei lang skjennepreika og fekk Reinert og Njæl til aa lova, at dei aldri skulde gjera sovore meir. So lagde han riset paa hylla og tok ned bøker. Reinert grein løynsk etterpaa. Daa skulemeistaren sidan, i frikvarteret, gjekk ut, tok Reinert ned riset, braut det av paa midten og slengde det i omnen.

»Agta deg, han finn snart eit nytt!« ropte ein liten gutunge.

Reinert lo berre svivyrslegt.

»Det skulde me verta svært rædde! Kanskje nokon trur den turrfisken *vaagar* aa gjera os noko?«

»Han hadde visst freista óg daa; for han hev visst *klaa* nok til det!« sa Ole Martinus; han maatte seia noko karslegt, han og.

»Han veit nok, kven som gjev han løn, den tiggaren, so han kan nok vera mjuk!« sa Njæl, som var son aat ein av dei rikaste i grendi.

»Men kva *skal* so det fille bjørkesveget slengja paa hyllorne etter?« spurde han Reinert.

Det var greitt, at all tanke um ris var yver no. Skulemeistaren totte kanskje synd um dei, sidan dei bar seg so fint. Elder kanskje det var sant som dei sa, at han vaaga ikkje? Det saag ut til noko av kvart. Dei gjekk byrgare en nokon gong. Men den som ikkje var ferdig med denne soga *so* lett, det var han, Svein. Det *han* hadde gjort var ikkje so svint gløymt, um det andre koka burt. Aa nei. Dei hadde vore litt varsame, so lenge dei stod under riset, Reinert og hine. Men no tok dei sin mun att. Dei grein aat han verre en nokon gong og jaga han fraa seg som ein hund. »No veit me *skikkeleg*, kva det bur i den sleipe ungen, og skal agta os for han,« let Reinert.

6. Ein apekatt!

Daa Svein kom aat skulen eit par dagar etter, var det ei svær drøsing ute og inne. Han trudde fyrst det var eitkvart leitt um *han* att, men fekk snart anna aa vita. Ein gut nedanfraa sjøen hadde stort nytt aa fortelja. Der laag ei jægt nedpaa fjorden, og der hadde dei ein apekatt! Han hadde folkeskapnad, men var haarutt som ein hund, sa guten. Ingen hadde set slikt under fyrr. Og han kunde gjera allslags kunster. Guten hadde berre set han utpaa dekket i dagmorgon; men jægtekaren hadde

gjeve han lov til aa koma utpaa seinare og sjaa han skikkeleg. Og i middagstimen kunde dei godt springa ned alle saman og ro utpaa med jollen. Men det maatte plent vera i dag. For i morgon vilde nok jægtemannen alt fara.

Heile flokken var um aa hoppa upp av spaning og gleda. Dei sat berre og kviskra og var urolege frametter heile fyremiddagen.

»Men hev han ikkje fæle klør og er speleg?« spurde ein gjentunge, ein gong skulemeistaren var utum døri.

Det visste ikkje guten so skileg. Men han Reinert visste greia, han.

»Klør ja!« sa han, »jau det er nok ikkje fritt, det. Dei fær finna det i Australia det, der han liver vill. Han stikk armarne inn gjenom vindaugo, tek ungarne or vogga med klørne som paa ein gaffel og êt dei upp i ein javs.«

»Uh, nei eg torer ikkje vera med paa jægti!« let gjentungarne. Men av dei blanke augo var det altfor lett aa sjaa, likevel, at det gildaste i verdi var aa koma paa jægti.

Daa det endeleg var middag, gav sume seg tid til aa eta eit par bit, sume ikkje. Skor og sokkar reiv dei av seg, so dei fauk. Og i veg bar det — Svein midt i flokken, so glad og forhuga som nokon. Men fyrr han visste ordet av, saag han ein neve framfor nasa si. Det var han Reinert som hadde snutt seg mot han.

»So du trur me vil ha *deg* ogso med!« ropte han og storskjekkte.

Svein stokk, men manna seg strakst upp att.

»Eg spør ikkje deg um aa gaa til sjøs. Du eig ikkje vegen meir en eg!« kvesste han.

»Ja ja; — men eg skal vita raad kor som er, eg!« ropte Reinert. »Eg skal halda deg her, til alle er komne langt undan, og so laupa fraa deg, skarveunge. So skal me ro fraa land, fyrr du kjem, so du ikkje fær sjaa nokon ting!«

Vatnet sprang fram i augo hans Svein. Han sprang paa berre livet nedyver. Men Reinert hadde snart kloi i han att.

»Aa, kan han ikkje faa vera med?« spurde nokre.

»*Nei!*« sa Reinert. Han bau dei største aa leia dei minste millom seg, og av stad for dei. Svein ylte, beit og sparka. Men ingen ting hjelpte. Magti raadde. Daa flokken var komen langt or syne, slepte Reinert han endeleg og sette av stad paa sjumilstyvlar. Aa laupa etter no gagna ikkje. Svein slengde seg ned og ylte.

Daa han langt um lenge ikkje orka aa graata lenger, grov han seg upp aat skulehuset og tok bøkerne sine. Han vilde upp til Hustuft og fortelja alt med skulemeistaren. So vilde han gaa heim og aldri koma her meir. Skulemeistaren fekk seia kva han vilde; dette heldt

han aldri ut lenger. Han tvinga fram graaten att, so han skulde sjaa rett fæl ut.

Men daa han kom upp til Hustuft, hadde skulemeistaren nettupp lagt seg til aa kvila middag, og det vart lenge aa venta. Svein hadde fenge hovudverk av graaten og vart snart lei. Han bad husfolki seia, at han hadde vorte sjuk, og gjekk so sin veg. Han fekk tala med skulemeistaren ein annan gong.

— Heime hadde han ikkje sagt noko um alle desse leie skulesogorne enno. Han hadde støtt vona, at det snart skulde godna seg att. Men no laut han upp med det. Han fortalde alt saman med rennande taaror til mor si.

Ho var snild som alltid; ho totte svært synd um han og var vond paa dei uvyrne gutarne. Ho gjekk jamvel etter ei smørkringla aat han. Men at det var so tungt, at han ikkje fekk sjaa apekatten — det skyna ho ikkje.

»Ein apekatt-trave, er *det* noko?« sa ho. »Det er ingen ting, det,« sa ho. Og daa han slo paa, at han ikkje vilde aat skulen meir, spurde ho, um han var styven.

»Du skal sjaa det vert godt att alt saman i morgon,« sa ho. »Naar dei ikkje vaagar aa slaa deg, skal du aldri bry deg um litt uvyreskap« — sa ho. Det var greitt, at ho heldt alt for berre furteskap, ho.

Han gjekk surmulen fraa henne. Han fekk sjaa aa faa dei til aa skyna det i morgon; for

aat skulen vilde han ikkje meir. Og skikkeleg bra att vart det aldri meir her i verdi — det visste *han* det.

— Morgonen etter maatte mori ropa dei fem gongerne, fyrr ho fekk Svein or sengi; og so kom han med det same som i gaarkveld: han vilde ikkje aat skulen. Det hjelpte ikkje, korleis ho talde for han. Ho laut ut og seia det til faren. Daa han høyrde, at guten fann paa dette berre for ein apekatt og sovore, gjekk han beint inn og trødde i golvet.

»Er det *ris* som vantar?« spurde han.

Nei, ikkje nettupp det helder; av stad laut Svein i ein fart.

I skulen hadde dei hundrad ting aa røda um i dag. Apekatten var soleis og soleis, so det var ikkje ende paa det. Han skjekkte so fælt, naar ein gav han tobak; og han hadde so nære som eit haar bite øyra av han Nilsa-Hans Ola! Og han hadde meir og, jægtekaren. Han hadde eit skjoldpaddeskal, ei peparkvern, steinbitar i eit fat og ein *trompet!* — slike løglege dyr, som Svein snautt hadde høyrt gjete fyrr, di helder set.

Det skulde *magt* til aa halda graaten nede i dag og.

Det var laurdag i dag, og dei fekk gaa heim ved middagstid. No var det ingen ting i vegen for aa klaga seg for skulemeistaren. Men

kva nytta det no, naar foreldri jaga han aat skulen likevel?

Nei . . han fekk nok tia og finna seg i alt som vanleg, han. Han seig tungt og seint uppetter. Dei andre tri var sprongne ned til sjøs og vilde vera med Reinert og Njæl og fiska.

Det var han som tenkte, at det ikkje kunde verta verre en det alt var, den gongen han fortalde det um hestarne! Aa jau, det var vent! Det kunde alltid ha snutt seg att daa. Men no var alt so flokutt, at han ikkje augna ende paa det.

— So var det skule att og graaver um maandagen. Hendingarne i fyrre vika tok endeleg til aa verta gamle no. Ingen kalla han med utnamn lenger, og gjentungarne og dei minste gutarne var fullt snilde att. Men eitt stod fast: han fekk aldri vera med dei største gutarne som fyrr, naar dei hadde noko moro for seg sjølv. Han var og vart utstøytt der. Og so lenge det varde, var det ikkje rett hugnad i noko; for det var dei som fann paa gildaste moroi.

— I fritimen jaga dei fraa seg alle dei minste gutarne ogso. So var dei burte lenge og væl, so ingen høyrde ein knyst til dei. Eit par dagar etter gjorde dei like eins, og dei var svært løyndomsfulle i fristunderne.

Dagen etter, torsdagen, freista Svein aa lura seg etter dei burti bakkarne. Men dei passa

paa som revar og jaga han fraa seg. Det saag ut til, at dei hadde noko sers for seg. — I frikvarteret etterpaa trilla det eit stort eple ut or lomma hans Njæl. Han treiv det svint att og sa, at han hadde kjøpt det uppaa Hustuft. Men Svein gaadde, at han og Reinert blinka til kvarandre med det same.

7. Svein gjeng i tankar.

Svein var paa heimveg um kvelden, aaleine som vanleg no. Han gjekk og grunna djupt, djupt.

Svein var ikkje den som hadde havt det mykje med aa grunna paa lagnaden sin fyrr. Sorg og gleda var umskifte so svint og lett som sol og regn paa ein vaardag. Det eine var gløymt, daa det andre byrja. Men denne motburden var so drjug, at han til slutt ikkje kunde anna en tenkja etter. Snart tvo vikor var gjengne no, sidan dette tok til, og alt han hadde vore ute for fyrr var berre smaating mot dette. Han tok til aa spyrja, kva det kom seg av, alt dette. Og det var snart gjort aa finna ut det. Siste gongen han erte upp gutarne mot seg, var det vel mest av sinne, sidan dei var so uvyrne. Men det som hadde gjort dei so vonde og drege alt hitt etter seg, var det, at han ikkje vilde ljuga den gongen um kartet.

Det skulde vera so spelegt, medan ærlegdom varde lengst. Det hadde han trutt den kvelden han var i knipa under Svartehellaren, og so hadde han lova aa seia sant alltid.

Han kunde korkje lesa elder sitja roleg den kvelden. For daa han var komen til dette, kom det eit nytt, leitt spursmaal.

Alle dei andre, som ikkje var so rædde for kva dei sa elder gjorde — dei hadde havt det berre gildt heile tidi. Det vart nok tala um ris av og til; men ingen vaaga aa gjeva dei det.

Han derimot, som hadde halde lovnaden sin, hadde ikkje havt anna en ulukka.

Men kor vart det so av det drøset, at det var so godt aa vera sann?

Kunde han ikkje havt det likso gildt som hine heile tidi, dersom han hadde gjort som dei?

Det fekk til slutt sinne og argskap til aa koka upp i guten, dette spursmaalet. For svaret var altfor greitt.

Det var dei styvingarne som var ærlege, som fekk svia for det, det var sanningi. Det andre dei hadde smurt i han var tøys og tull. Det var nok so, at det gjekk ille for han den kvelden under Svartehellaren; men var det anna en slumpehøve? Hadde dei vore tvo um paafunnet med leksa, so hadde dei ikkje kome i nokor knipa. Elder um han hadde sagt ei slu-

gare lygn, so skulemeistaren ikkje hadde fenge nokor mistru?

Daa han var komen til aa sjaa det paa den maaten, tok aatferdi hans Reinert og hine gutarne ogso til aa sjaa annleis ut. Kanskje han slett ikkje hadde havt so stor retten til aa skulda dei for vondskap? *Kunde* dei anna en verta sinna, naar han gjekk der ag vaasa um allslag? Dei var ikkje verre mot han en mot andre fyrr. Jamvel han Reinert var berre snild daa.

Men naar det hekk soleis saman, so visste han ogso, kva han vilde. Meir en lenge nok hadde han vore tosk no. Trongst dei fleire gonger, so skulde han ljuga, um det so var fem gonger paa rad, det lova han. Rakkaren skulde vera raud og stakarsleg. Han bles aat all otten. Han skulde gjerne ljuga, um det ikkje eingong trongst. Ljuga for berre moro. Og naar Reinert og hine saag, at han var so god som dei, so maatte dei vel ein gong verta snilde att og? Han augna endeleg ei von til soning, der det fyrr hadde vore berre svart; og kanskje det alt i morgon den dag kunde verta ei raad til aa syna dei den gode viljen sin.

Han var ikkje lenger so radt uvitande um kor dei for, naar dei lurde seg burt um dagarne. Han hadde havt ein mistanke um det heile tidi; men sidan Njæl miste det eplet i dag, kjende han seg viss. Dei var nok av paa eplenasking,

og det kunde ikkje vera nokon annan stad en uti nyhagen hans Torstein Hustuft, utunder bjørkeliderne. Der var mykje eple i aar, og ingen stad var det lettare aa vaaga seg til. Der var skog og haugar paa alle kantar og eit heilt stykke fraa folk. Gjekk dei no der i morgon og, so kunde han berre lura seg etter og koma beint yver dei. Daa vart dei nøydde til aa be han aa tia, og han kunde med eit slag syna, at han var aa lita paa!

8. Epletjuvarne.

Dagen etter gjekk Svein med skygge augo og berre venta paa middagstimen. Berre dei no vilde gaa der i dag og! Jau, det laga seg. Dei tok til aa kviskra strakst dei var komne ut — burte var dei.

Svein var ikkje fri han fekk hjartebanking, daa det bar til stykket. Men han døyvde det manneleg ned. No *maatte* han passa paa. Betre tilføre vart det aldri. Han smatt nedetter buskarne og stakk snart hovudet framfor ein hatlerunne utved aplarne.

Jau der var dei! Han hadde ikkje misteke seg. Dei var nok nettupp komne, dei og. Dei nærma seg hagen med ljodlause stig.

Han var komen fraa ein annan kant en dei, og buskarne var tette her, so dei hadde ikkje set han enno. Han gjekk ikkje fram strakst helder. Han vilde fyrst sjaa, at dei tok eple; daa var det uraad for dei aa negta noko. Aplarne var store og høge, so dei rokk ikkje uppi med paakar (det var gamle suraplar, som var pota i). Dei laut klyva uppi, og der var Reinert og Njæl alt uppi ein topp og risste, so det klaska.

No maatte han fram. Han tok til aa smjuga ut fraa busken. Men nettupp i det same var det som det tusla i buskarne strakst burtanfor og. Han saag seg forbina i kring . . der skrimsla han ein hund og tvo vaksne menn gjenom lauvet. Det var skulemeistaren og Torstein Hustuft!

Det gjekk som ein heit sturt yver han. Han kraup saman som eit nysta bakum busken og skyna alt i ein blink. Dei maatte ha fenge mistanke dei ogso, og kom no og lurde seg yver tjuvarne! Og skulde dei no uppdaga han og! Kva hjelpte det daa, at han var skuldlaus, naar dei fann han her? Han skalv og vaaga ikkje aa sjaa upp med eit halvt auga.

Det heldt paa aa tusla der burte og kom liksom nærmare og nærmare. I kvar augneblinken kunde dei sjaa han . . . elder hunden faa veret av han og kasta seg yver han med

eit yl. Og han som no kunde ha sote trygg heime i skulehuset som fyrr . . aa!

Det var sistpaa so fælt, at han *laut* pusta ut og sjaa upp . . daa var hunden og mennerne komne mykje lenger burt og kom or syne bakum buskarne. So braut det laust med gjøying og rop — tjuvarne vart tekne, og han var berga!

Dirrande krabba han fraa busk til busk nedetter. So sette han av stad i vilt laup, til han var komen langt, langt inn paa hin kanten av skulehuset. Der slengde han seg til slutt mest kjøvd ned paa marki.

Ein halv times tid etter kom han smjugande upp aat skulehuset, liten og still. Han raaka nokre av dei minste gutarne utanfor, og fekk vita korleis det stod til. Skulemeistaren og tilsynsmannen og Torstein var inne med gutarne, som var tekne. Han Torstein var so vond at han vilde klaga foreldri, dersom dei slapp for refsing no. Attaat at dei hadde teke eple hadde dei brote ned mange av dei beste greinerne, elder slege dei ned med paakar. Det um hestarne hadde han ogso fenge vita og fleire ting med.

Skulemeistaren trega paa, at han hadde late dei sleppa so lett sist, hadde han sagt, og han hadde nettupp henta inn ris. Der var ogso sent bod etter foreldri aat Reinert og Njæl. Det var berre dei dei no venta paa.

Svein vaaga ikkje aa sjaa nokon i augo, med' dei fortalde. *Denne* gongen vart det nok anna en drøs av! Og so nære som han sjølv hadde vore til aa koma upp i alt dette! Han var so underleg i blodet enno, at han smaug langt ned i buskarne og gjøymde seg att. Han vilde ikkje høyra paa, naar dei vart dengde.

9. Nei han trega ikkje.

Dagen etter var dei største gutarne enno kalleg hirne og skamfulle etter hendingi igaar. No kunde *han* læ aat dei, um han vilde. No var det ikkje *han* som hadde forraadt dei. Men han lo ikkje aat nokon. Han var for lukkeleg til det i dag. Gleda yver at han so væl var ut-or alt dette, fyllte han med godleik mot all verdi.

Det var laurdag i dag, og skulen skulde slutta for ei tid. Daa dei var paa heimveg, kom han Torstein Hustuft og ropte paa Svein. Han tok honom med inn i heimehagen. Han skulde faa eple, sidan han ikkje hadde vore med hine paa alle fantestykki deira, sa han. »Skulemeistaren hev fortalt so mykje um deg,« sa han.

Svein vart so underleg ved, at han kunde

mest ikkje svara. So skulemeistaren hadde gaatt alt dette, likevel? — Han fekk so mange eple han kunde ha i lommarne, og i nistetina med.

Paa fjukande spranget for han uppetter, til han naadde att Ole Martinus, Tore og Tjærand. Det fyrste han daa gjorde var aa gjeva dei med seg av epli. Han læst som han aldri hugsa det som var hendt igaar, og dei nemnde ikkje det som var hendt fyrr. So gjekk det som av seg sjølv, at dei vart fullgode vener att som fyrr.

Dei kom upp i eit svært goddrøs og vart samde um at dei i morgon skulde gaa til skogs og henta neter. Radt uppunder Kvitafjellet i den store hatlelidi. Og vera der heile dagen. — Svein var so glad, at han gjekk berre og lo.

Uppved Svartehellaren sette dei seg til aa kvila eit bil. Det var solskin i dag og fint og ljost alle stader. Jamvel innunder hellaren var det ljost. Det glima i det svarte berget og i den grøne mosen, som hekk full av drôpar. Og der lenger nede stod bjørkestuven, som han var i den kvelden; han stod der so ljos og lavande haustgul i solskinet.

Svein hadde med eit vorte so still og tankefull. Bjørki og hellaren minte honom so livande um den kvelden; han hugsa den fæle

knipa han var i, og lovnaden som hadde drege so mykje etter seg. Og han tenkte med seg sjølv . . . nei han tenkte ikkje noko so skileg. Alle dei arge tankarne han hadde gjenge med for eit par dagar sidan, var berre so underleg burtkomne etter hendingarne igaar. Og han ynskte ikkje aatferdi si sidan den kvelden so radt umgjord — likevel.

UNIVERSITY OF ILLINOIS-URBANA
3 0112 119934799